

Årsmelding 2022

Volda Kommune

Kommunedirektøren si innleiing

Vi kan oppsummere 2022 med at Volda kommune er inne i ei god utvikling. Samfunnsdelen i kommuneplanen som vart vedteken i fjor haust trekkjer opp dei langsiktige linene for satsing og korleis kommunen skal utvikle seg framover. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har sagt at det er ein føresetnad for god utvikling i ei kommune at ein driv planmessig utviklingsarbeid gjennom kommuneplanen. Målsettingane i kommuneplanen vert følgt opp i budsjett- og økonomiplan og verksemdstyring i årshjulet.

Pandemien følgde oss også inn i fjoråret, og det var høgt sjukefråver i delar av tenestene våre første kvartal. Særleg krevjande var dette i pleie- og omsorgstenestene. Det var mange som gjorde ein stor ekstra innsats for at kommunen kunne halde tenestene i gang. Situasjonen normaliserte seg ut på våren

Volda kommune busette 147 flyktningar siste året. Det er på nivå med det vi vart spurt om å busetje. Dette er i all hovudsak ukrainarar som har måtta flykta på grunn av krigen i landet. Det har vore ei stor mobilisering i organisasjonen vår for å busetje og rigge tenester til alle flyktningane.

Volda kommune har positiv folketalsutvikling. Volda er blant dei 5 kommunane i fylket som i perioden 2012 – 2022 har hatt folketalsvekst på over 10 %. Veksten er størst i Volda sentrum. Det er nedgang i dei fleste grunnkretsane, men nokre grunnkretsar som Mork, Lid, Folkestad og indre del av kommunen med Kalvatn, Viddal og Grodås har litt vekst.

Det er stor investeringsaktivitet både blant private og offentlege aktørar i Volda. Blant dei private kan nemnast fleire større bustadprosjekt, næringsparken på Rotset og Voldaportalen. Blant dei større offentlege prosjekta kan nemnast utbygging på høgskulen, Volda sjukehus, Volda ungdomsskule og badeanlegget som starta opp på tampen av fjoråret.

Volda kommune har generelt høg prioritering av tenestene samanlikna med andre kommunar. KOSTRA-tala viser at vi har eit samla kostnadsnivå på drifta av tenestene som ligg ca kr 1000 høgare pr innbyggjar samanlikna med Ørsta. Samanlikna med gjennomsnittet i fylket og kommunegruppa i landet vert kostnadsnivået i Volda frå høvesvis kr 1800 og 6000 høgare pr innbyggjar. Dei siste åra har det i samsvar med den demografiske utviklinga vore dreia ressursar frå oppvekstsektoren til helse- og omsorgssektoren.

Driftsresultatet vart betre enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak høgare skatteinntekter for heile kommunesektoren der Volda som inntektskommune får auka inntektsutjamning. Vi har motteke høgare tilskot knytt til flyktningar enn vi har budsjettet med. Vi har god økonomistyring og dei tre største sektorane har mindreforbruk. Siste års resultat vil styrke disposisjonsfondet som no nærmar seg 100 mill. Dette gir kommunen eit visst økonomisk handlingsrom. Ein slik buffer er viktig når kommunen i dei næraste åra kjem opp på eit gjeldsnivå på om lag 2 mrd, og som skal forrentast ut frå eit aukande rentenivå. Det er viktig å halde fram med omstilling og utnytte ressursane best mogleg for å prioritere god kvalitet på kjernetenestene. Framover vil det verte lagt fram analyser av økonomien som gir god oversikt over dagens prioritering og konsekvensar av ulike alternativ for at politikarane skal ha gode premisser for sine avgjerder. Utfordringa i åra framover vil vere å velje driftsreduserande tiltak som ikkje får for store konsekvensar for standarden og kvaliteten på kjernetenestene.

I kommuneplanprosessen vart det sett fokus på FN sine berekraftmål gjennom utpeikte satsingsområde. Dette har gitt seg utslag i auka satsing på tidleg og tverrfagleg innsats for barn og unge, og tidleg tiltak i innsatstrappa i helse- og omsorgstenestene. Heiltidskultur starta opp som prosjekt med fokus på å betre kontinuiteten og kvaliteten på tenestene, samt styrke arbeidsmiljøet og ei løn å leve av for tilsette. Det vart sett i gang eit demokratiutviklingsprosjekt for å stimulere til auka politisk deltaking, auka


representasjon blant underrepresenterte grupper og mobilisere innbyggjarane til å engasjere seg. Gjennom kommuneplanprosessen vart det også sett sterkare fokus på klima og miljø. Kommunane sitt bidrag i arbeidet med å ta ivare klima og miljø vil verte den største utfordringa vi som samfunn kjem til å stå overfor i tida framover.

Volda kommune vert opplevd som attraktiv. Vi rekrutterer godt og folk vil busetje seg og investere i Volda. Vi er heldige som har ein samarbeidskultur og ein tillitskapital i relasjon mellom politikarane, administrasjonen og tillitsvalte. Dette er avgjerande viktig for å forstå kvarandre og ha positiv utvikling. Denne samarbeidskulturen gjer det også lettare å få til gode samarbeid med andre partar i samfunnet. Samla sett resulterte 2022 til god utvikling i kommunen som organisasjon og samfunn.

Rune Sjurgard

kommunedirektør

Organisasjonskart



Personal og organisasjon

Årsverk

I alt var 1263 personar var tilsett i Volda kommune ved utgangen av 2022.

Sektor	Tilsette årsverk	Antal	Kvinner	Menn
Administrasjon	24,95	31	25	6
Oppvekst	404,6	465	381	84
Helse og omsorg	328,3	470	382	88
Samfunnsutvikling	92,91	150	45	105
Volda kommune	850 ,76	1116	833	283

Offentleg sektor er kvinnedominert, og Volda kommune er ikkje noko unntak. 74,6 % av dei tilsette er kvinner. Dei største forskjellane finn vi i barnehagesektoren (92 % kvinner) og i enkelte avdelingar i helse og omsorg. I teknisk sektor er det 87 % menn.

Likestilling

Likestillings- og diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege forhold ved ein person.

Volda kommune har gjennom ein tydeleg personalpolitikk og eit godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane arbeidd aktivt for å fremje lova sine føremål.

Volda kommune har ei overordna forventning til veremåte blant alle tilsette, formulert slik:
I Volda har vi nulltoleranse mot mobbing og trakassering. Vi unngår uttrykk, vitsar eller meiningar som rettar seg mot kjønn, graviditet, etnisitet, religion, livssyn, seksuell orientering, alder eller funksjonsnedsetting på ein negativ måte.

Om vi ser eller oppleve noko som bryt med verdigrunnlaget vårt og vår ønska veremåte, eller brot på reglement eller norsk lov, har vi alle ei plikt til å ta tak og handtere det på riktig måte. Vi har eigne rutinar for varsling i slike saker, og dei er det viktige at du gjer deg kjent med.


Vi har ei eiga prosedyre og retningslinjer ved mobbing og trakassering, som også omfattar seksuell trakassering.

Likeløn: I Volda kommune fyl vi lønsfastsetting etter Hovudtariffavtalen. Det er delegert til personalsjef å fastsette løn utover tariff. Dette er med på å sikre lik handsaming av lønskrav som kjem ved rekruttering eller etter dei ulike forhandlingsparagrafane i avtaleverket. Ein har merka dei siste par åra at enkelte yrkesgrupper er svært vanskeleg å rekruttere, og at dette gjev grunnlag for å forhandle løn ved oppstart som ligg over minsteløna i tariffavtalen. For 2022 er grunnløna for kvinner i prosent av grunnløna til menn, justert for stillingskode, 98,5 prosent. Dette er ein oppgang frå 2021, da den var 97,5 prosent.

HMS


Arbeidet med helse- miljø- og tryggleik (HMT) i Volda kommune er organisert i ulike utval og grupper. Det er 39 verneområder og plassverneombod i kommunen. Kvar arbeidsplass har si eiga partsgruppe for samarbeid, tryggleik, inkludering og miljø, også kalla lokale STIM-grupper. Her sitt leiar, verneombod og plasstillitsvald. På overordna nivå finn vi Arbeidsmiljøutvalet (AMU). I AMU sitt det fire representantar for arbeidsgivar og fire representantar for dei tilsette.

Vi nyttar systemet Compilo for registrering og handsaming av avvik. I 2022 vart det registrert 645 HMT-avvik. Dette er ei betydeleg auke og svært positiv utvikling frå tidlegare år. Av desse 645 avvika hadde 536 låg alvorsgrad, 81 hadde middels alvorsgrad og 28 avvik hadde høg alvorsgrad. Helse og omsorg står for 76 % av alle HMT-avvik.



Fråvær per tenestområde

Rapportert til: Summert underliggjande nivå
1. jan. 2022 - 31. des. 2022



Tenestområde

Administrasjonsstab
Oppvekst
Samfunnsutvikling
Helse og Omsorg
Personal
Økonomi
Sum tenestområde

Fråvær 2022

Korttid i %	Langtid i %	Samla % fråvær i %
2,94 %	1,79 %	4,73 %
3,03 %	7,50 %	10,53 %
1,94 %	8,26 %	10,20 %
3,49 %	9,88 %	13,37 %
3,89 %	3,25 %	7,14 %
4,02 %	2,53 %	6,55 %
3,11 %	8,26 %	11,37 %

Oppfølging handlingsregler

Finansielle måltall

Finansielle måltall

Volda kommune har definert og vedteke finansielle måltal i budsjettvedtaket. Tabellane under samla oversikt viser måltala slik dei ligg i 2020 og 2021, samt budsjettal for åra 2022 -2025 basert på budsjettvedtaket.

Dei reelle tala for rekneskapen 2022 ligg ikkje i dei automatiske tabellane i Framsikt men følgjer i tabellen under:

Resultat finansielle måltal Volda kommune:

	Mål	Rekneskap 2022
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,75 %	1,8 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsutgifter	< 120 %	150,5 %
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	> 5 %	8,0 %

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av inntekter etter at utgifter er trekt i frå. Finansinntekter og –utgifter er ein del av netto driftsresultat. Netto driftsresultat kan nyttast til investeringar eller setjast av til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi anbefalar ei netto resultatgrad på 1,75 %.

Lånegjeld utover 100 % av kommunen sine inntekter gir lågt handlingsrom. For å arbeide mot målalet betyr det at nye investeringar må vere mindre enn det kommunen kvart år betalar i avdrag.

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som kommunen fritt kan nytte til finansiering av både drift- og investeringsutgifter. Frå og med rekneskapsåret 2020 skal eit mindreforbruk setjast av til disposisjonsfond, og tilsvarande skal eit meirforbruk finansierast frå disposisjonsfondet.


Dei finansielle måltala skal vere eit styringskompass for kommunestyret for å ivareta sitt overordna økonomiske ansvar og den økonomiske handleevnen over tid. I FN sin berekrafttrapport frå 1987 er berekraftig utvikling uttrykt som «utvikling som tilfredsstiller dagens behov utan å øydeleggje framtidige generasjonar sine moglegheiter til å tilfredsstille sine behov.»

Dersom ein har høg gjeld må ein kompensere med høgare netto driftsresultat. Det inneber i praksis at ein må effektivisere og kutte i drifta for å tole høge kapitalkostnader. Har ein eit stort disposisjonsfond kan ein tære på dette og ev utsetje å effektivisere og kutte i drifta. Dersom ein brukar denne utsettinga til å førebu omstilling og effektivisering i drifta, vil ein kunne ha ei planlagt god økonomistyring. Dersom ein berre utset å omstille og redusere drifta vil ein styre mot ein opplevd krisetilstand.

Samlet oversikt

Indikator	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	Regnsk
Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,0	0,1	
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,0	2,1	
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	0,0	5,3	
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	0,0	132,2	
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	0	127 613	
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	0,0	5,7	


Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Title -NO	KOSTRA 2019	KOSTRA 2020	Regnsk
Prognose	0,0	0,0	
Resultat/Budsjett	0,0	0,1	
Handlingsregel	0,0	0,0	

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

Årsmelding 2022



Title -NO


KOSTRA 2019

KOSTRA 2020

Regnsk

Prognose	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	0,0	2,1
Handlingsregel	1,8	1,8

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Title -NO


KOSTRA 2019

KOSTRA 2020

Regnsk

Prognose	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	0,0	5,3
Handlingsregel	5,0	5,0

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Title -NO


KOSTRA 2019

KOSTRA 2020

Regnsk

Prognose	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	0,0	132,2
Handlingsregel	120,0	120,0

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar



Title -NO

KOSTRA 2019

KOSTRA 2020

Regnsk

Prognose	0	0
Resultat/Budsjett	0	127 613

Title -NO

KOSTRA 2019

KOSTRA 2020


Regnsk

Handlingsregel

120 000

120 000

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter



Title -NO

KOSTRA 2019

KOSTRA 2020

Regnsk

Prognose

0,0

0,0

Resultat/Budsjett

0,0

5,7

Handlingsregel

7,3

7,3

Økonomirapportering drift

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000


	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Sum generelle driftsinntekter	-766 986	-825 470	-839 758	14 288	1,7 %
Netto finansutgifter	67 137	75 716	75 385	331	0,4 %
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-4 363	-456	20 807	-21 263	-
					4658,0 %
Til disposisjon	-704 213	-750 211	-743 567	-6 644	-0,9 %
Administrasjonsstab	30 942	36 475	43 044	-6 569	-18,0 %
Oppvekst	290 143	313 776	309 161	4 615	1,5 %
Samfunnsutvikling	74 567	84 056	78 992	5 064	6,0 %
Helse og Omsorg	292 845	331 042	330 042	1 000	0,3 %
Personal	13 648	14 638	12 381	2 257	15,4 %
Økonomi	2 068	-29 776	-30 183	407	1,4 %
Kommunestyret	0	0	130	-130	0,0 %

Årsmelding 2022

	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Sum disponering	704 213	750 211	743 567	6 644	0,9 %
Meirforbruk -/mindreforbruk +	0	0	0	0	0,0 %

Totaloversikt økonomi viser oss midlar som er til disponering i sektorane og korleis dette er disponer.

Vurdering og kommentarar til økonomisk avvik under sektorane ligg på kvart enkelt tenesteområde i årsrapporten. Under kvart tenesteområde ligg også utvalte kostratal. Tabellen under viser netto utgifter pr innbyggjar år 2022 for Volda, Ørsta, snitt Møre og Romsdal og snitt kommunegruppe 7:



Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2021	Opph. budsjett 2022	Justert årsbudsjett 2022			Rekneskap 2022	
			Utgift	Inntekt	Budsjett 2022	Utgift	Inntekt
Administrasjonsstab	37 858	30 942	47 176	-10 701	36 475	54 388	-11 344
Oppvekst	279 498	290 143	456 335	-142 559	313 776	449 911	-
							140 750
Samfunnsutvikling	100 904	74 567	155 705	-71 649	84 056	168 551	-89 559
Helse og Omsorg	292 018	292 845	441 954	-110 912	331 042	443 306	-
							113 264
Personal	12 045	13 648	15 742	-1 104	14 638	14 031	-1 650
Økonomi	-31 632	2 068	63 227	-93 003	-29 776	61 548	-91 730
Kommunestyret	2 130	0	0	0	0	130	0
	692 820	704 213	1 180 139	-429 928	750 211	1 191 864	-
							448 297

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Bruk av avsetninger						
Bruk av bundne driftsfond	-17 531	-54	-14 395	-21 355	6 960	48,3 %
Bruk av disposisjonsfond	-9 152	-4 363	-7 385	0	-7 385	-100,0 %
Sum bruk av avsetnader	-26 683	-4 417	-21 779	-21 355	-425	-1,9 %
Avsetninger						
Overføring til investering	0	0	850	662	188	22,2 %
Avsetninger til bundne driftsfond	19 883	774	6 633	19 814	-	-198,7 %
					13 180	%
Avsetninger til disposisjonsfond	27 732	0	13 656	22 476	-8 819	-64,6 %
Sum avsetnader	47 616	774	21 140	42 951	-	-103,2 %
					21 811	%
Netto driftsresultat	-20 933	3 643	640	-21 596	22 236	3476,4 %
						%
Sum driftsinntekter	-1 122 512	-1 041 643	-1 183 942	-1 205 375	21 433	1,8 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,9 %	-0,3 %	-0,1 %	1,8 %	103,7 %	0,0 %

Netto driftsresultat for år 2022 er 21, mill kr, noko som gir ei netto resultatgrad på 1,8 %. Revidert budsjett viser eit negativt netto driftsresultat på 0,6 mill kroner, eit avvik på

21,4 mill kroner. Avviket kjem av at vi har fått inn meir i frie inntekter gjennom skatt og inntektsutjamninga. I tillegg ser vi at dei største sektorane vår kjem ut med mindreforbruk. Meirinntektene på skatt og mindreforbruket i sektorane gjer at vi får styrka disposisjonsfondet med 22,5 mill kroner.

Eit positivt netto driftsresultat og ei styrking av disposisjonsfondet gjer at handlingsrommet til kommunen også vert styrka. Dette er viktig då vi framleis har ei stigande lånegjeld og vi er inne i ei periodar med usikre renter. Vi viser til kapittel "Oppfølging handlingsreglar" som viser utviklinga i kommunen sine finansielle måltal.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskudd	-412 181	-397 607	-420 733	-430 616	9 883	2,3 %
Inntekts- og formuesskatt	-294 601	-299 899	-306 716	-309 852	3 136	1,0 %
Eiendomsskatt	-21 715	-28 044	-28 044	-27 424	-620	-2,2 %
Andre generelle driftsinntekter	-33 911	-41 437	-69 977	-71 866	1 889	2,7 %
Sum Frie disponible inntekter	-762 407	-766 986	-825 470	-839 758	14 288	-1,7 %

Volda kommune fekk 13 mill kr meir i **frie inntekter** enn budsjettet. Dette er knytt til auken i skatteinntekter, der 10 mill kr kjem gjennom inntektsutjamninga.

Andre generelle driftsinntekter:

Dei 71,9 mill kronene som ligg under andre generelle driftsinntekter fordeler seg slik:

- Inntekter knytt til flyktning 51,2 mill kr
- Havbruksfondet 9,2 mill kr
- Rentekompensasjon kyrkje, skulebygg/svømmeanlegg og institusjon/omsorgbustader 3 mill kr
- 4,1 mill kr naturressursskatt og 2,6 mill kr i konsesjonsavgift
- Spelemidlar 1,7 mill kr

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-2 877	-7 671	-11 031	-7 706	-3 325	-30,1 %
Utbytter	-7 149	-7 110	-7 110	-6 963	-147	-2,1 %
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-6 942	-7 300	2 500	1 891	609	24,4 %
Renteutgifter	17 807	30 456	35 800	29 574	6 226	17,4 %
Avdrag på lån	51 313	58 761	55 557	58 588	-3 032	-5,5 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	52 151	67 137	75 716	75 385	331	0,4 %

Lånegjeld

Låneporteføljen til Volda er fordelt mellom Husbanklån, ordinære lån med både fast og p.t rente, sertifikatlån og obligasjonslån:

Eksterne lån	Bokført verdi 01.01.22	Endring i året	Bokført verdi 31.12.22
Obligasjonslån	595 315 196	5 000 000	600 315 196
Sertifikatlån	391 210 298	- 167 518 918	223 691 380
Andre lån	557 181 220	331 418 918	888 600 138
Husbanklån	87 810 326	15 385 480	103 195 806
Lånegjeld Volda	1 631 517 040	184 285 480	1 815 802 620

Nøkkeltal i låneporteføljen

Lån med forfall i 2023	599 006 576
Herav lån som må refinansierast	599 006 576
Langsiktig gjeld med fast rente	357 181 220
Langsiktig gjeld med flytande rente	1 458 621 300
Rentebindingstid	1,25 år
Vekta gjennomsnittrente	2,82 %
Kapitalbinding	5,36 år

Rentebindingstid:

Porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Talet viser tida renta på sertifikat, lån og obligasjonar er fast. Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege renteinnbetalningar har ei rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

Kapitalbinding:

Porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Talet viser tida det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Til høgare tal, til mindre er Refinansieringsrisikoen i porteføljen.

Rentebinding

17,34 % av låneporteføljen låg ved årsskifte med flytande rente med p.t vilkår og 62,99 % med flytande rente med forfall under 1 år.

Svingande rentemarked hausten 2022 er ein av årsakene til høg andel på pt. lån og korte sikringar. På nyåret i 2023 er det gjort refinansiering p.t lånet til eit 12 mnd sertifikat.

Årsmelding 2022

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	357 181 220	19,67 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	1 144 006 576	62,99 %
Sum rentebinding	1 501 187 796	82,66 %
Flytende rente (p.t. vilkår)	314 924 379	17,34 %
SUM	1 816 112 175	100,00 %

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Rentebinding over 1 år (fastrente)	357 181 220	19,67 %
Rentebinding under 1 år (flytende rente)	1 458 930 955	80,33 %
SUM	1 816 112 175	100,00 %

Tabellen under viser oversikt over alle lån i låneporteføljen, fordelt på lånegjevar, endringer i året, hovudstol og forfall:

Lånegjevar	IB 01.01.2022	Endringer lån 2022	UB 31.12.2022	Forfall
Danske Bank NO0010829732	158 588 529	-158 588 529	0	
KNB obl.lån NO20190371	220 000 000	-220 000 000	0	
Danske bank obl.lån NO0010928468	216 726 667	-216 726 667	0	
DNB Bank ASA NO0010894439		158 588 529	158 588 529	28.09.2023
DNB Bank ASA NO0010928468		216 726 667	216 726 667	10.02.2023
DNB Bank ASA NO0012508516		225 000 000	225 000 000	25.04.2025
Sum obligasjonslån	595 315 196	5 000 000	600 315 196	
DNB Bank ASA NO0011155277	123 691 380	-123 691 380	0	
DNB Bank ASA NO0010876097	161 518 918	-161 518 918	0	
DNB Bank ASA NO0011107500	106 000 000	-106 000 000	0	
DNB Bank ASA NO0012552373		223 691 380	223 691 380	05.06.2023
Sum sertifikatlån	391 210 298	-167 518 918	223 691 380	
9900.201.00854 Kommunalbanken (BULL.17.12.25)	170 000 000		170 000 000	22.12.2025
Kommunalbanken 20180086 FRN lån	100 000 000	-100 000 000	0	

Årsmelding 2022

Kommunalbanken 9900.201.60297 (BULL.19.06.41)	150 000 000		150 000 000	21.06.2041
KLP 8317 56 89 411	137 181 220		137 181 220	06.03.2025
Kommunalbanken 20190371		220 000 000	220 000 000	03.09.2029
Kommunalbanken p.t 20220270		211 418 918	211 418 918	23.09.2047
Sum andre lån	557 181 220	331 418 918	888 600 138	
Lånegjeld utan Husbanklån	1 543 706 714	168 900 000	1 712 606 714	
Husbanken 135425734	11 716	-11 716	0	
Husbanken 135473361	39 515	-11 110	28 405	01.07.2025
Husbanken 1355 02656	30 000	-10 000	20 000	01.12.2024
Husbanken 135517753	465 888	-56 874	409 014	01.12.2031
Husbanken 135538676	380 000	-40 000	340 000	01.06.2031
Husbanken 135549681	405 670	-39 580	366 090	01.03.2032
Husbanken 135574374	1 073 551	-81 045	992 506	01.12.2034
Husbanken 135583482	470 423	-33 236	437 007	01.02.2035
Husbanken 135585602	596 349	-40 746	555 603	01.07.2035
Husbanken 135594224	2 406 912	-150 777	2 256 135	01.10.2036
Husbanken 135599520	2 717 181	-155 799	2 561 383	01.04.2038
Husbanken 135608941	3 059 231	-126 315	2 932 916	01.04.2043
Husbanken 13561406	194 571	-7 604	186 967	01.01.2043
Husbanken 135617891	2 596 714	-98 905	2 497 809	01.06.2044
Husbanken 135650000	1 312 169	-44 578	1 267 591	01.06.2047
Husbanken 146313531	749 329	-60 022	689 307	01.04.2034
Husbanken 146320734	2 644 512	-194 914	2 449 598	01.07.2034
Husbanken 146326855	3 987 114	-417 179	3 569 935	01.04.2035

Årsmelding 2022

Husbanken 146333166	1 298 126	-82 811	1 215 315	01.04.2036
Husbanken 146338827	9 388 568	-547 506	8 841 062	01.10.2037
Husbanken 146345343	4 938 344	-273 626	4 664 718	01.04.2038
Husbanken 146352315	4 175 576	-213 367	3 962 209	01..8.2039
Husbanken 146367826	3 166 786	-146 481	3 020 305	01.01.2041
Husbanken 146371133	7 284 152	-327 222	6 956 930	01.06.2041
Husbanken 146378468	4 223 222	-179 078	4 044 144	01.07.2042
Husbanken 146382874	4 394 378	-176 447	4 217 931	01.06.2043
Husbanken 146387840	6 392 302	-250 720	6 141 582	01.04.2044
Husbanken 146391735	9 556 854	-285 432	9 271 422	01.05.2050
Husbanken 146394705	9 851 352	-282 554	9 568 798	01.05.2051
Husbanken 146397542		19 731 124	19 731 124	01.05.2052
Husbanken	87 810 326	15 385 480	103 195 806	
LÅNEGJELD VOLDA KOMMUNE	1 631 517 040	184 285 480	1 815 802 520	

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-412 181	-430 616	-397 607	-420 733
Inntekt- og formuesskatt	-294 601	-309 852	-299 899	-306 716
Eigedomsskatt	-21 715	-27 424	-28 044	-28 044
Andre generelle driftsinntekter	-33 911	-71 866	-41 437	-69 977
Sum Sum generelle driftsinntekter	-762 407	-839 758	-766 986	-825 470
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-2 877	-8 065	-7 671	-11 033
Utbytte	-7 149	-6 963	-7 110	-7 110
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-6 942	1 891	-7 300	2 500
Renteutgifter	21 732	36 850	35 685	41 029
Avdrag på lån	51 313	58 588	58 761	55 557
Sum Netto finansutgifter	56 076	82 302	72 366	80 943
Sum sentrale inntekter og finansposter	-706 331	-757 456	-694 621	-744 527
Tenestekområda - drift	685 398	735 860	697 424	744 326

Årsmelding 2022

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Netto driftsresultat	-20 933	-21 596	2 803	-201
Sum driftsinntekter	-1 122 512	-1 205 375	-1 041 643	-1 183 942
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,9 %	1,8 %	-0,3 %	0,0 %

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsetninger til disposisjonsfond	27 732	22 476	0	13 656
Overføring til investering	0	662	0	850
Bruk av bundne driftsfond	-8 244	-8 986	0	-13 438
Avsetninger til bundne driftsfond	19 883	19 814	774	6 633
Bruk av disposisjonsfond	-9 152	0	-4 363	-7 385
Avsetninger til bundne driftsfond	-12 785	-13 158	-774	-774
Netto avsetninger - sentrale poster	17 436	20 807	-4 363	-456
Avsetninger til bundne driftsfond	12 785	13 158	774	774
Bruk av bundne driftsfond	-9 288	-12 368	-54	-957
Netto avsetninger i tenesteområda	3 497	790	720	-183
Sum sentrale inntekter og finansposter	20 933	21 596	-3 643	-640

Avsetninger og årsoppgjersdisposisjoner - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Overføring til investering	0	0	850	662	188	22,2 %
Avsetninger til bundne driftsfond	7 099	0	5 860	6 656	-796	-13,6 %
Bruk av bundne driftsfond	-8 244	0	-13 438	-8 986	-4 451	-33,1 %
Avsetninger til disposisjonsfond	27 732	0	13 656	22 476	-8 819	-64,6 %
Bruk av disposisjonsfond	-9 152	-4 363	-7 385	0	-7 385	-100,0 %
Netto avsetnader	17 436	-4 363	-456	20 807	-21 263	4658,0 %

Disposisjonsfond, ubundne- og bundne fond

Pr. 31.12.2022 har Volda kommune over 259 mill kr på fond som kan nyttast inn mot drift/investering.

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
Disposisjonsfond	96 143 717	73 668 091	55 087 355
Bundne driftsfond	54 599 532	56 140 555	52 669 566
Sum driftsfond	150 743 249	129 808 646	107 756 921
Ubundne investeringsfond	78 487 564	75 792 418	66 920 250

Årsmelding 2022

Bundne investeringsfond	26 394 820	22 828 999	19 844 630
Sum investeringsfond	104 882 384	98 621 417	86 764 881

Bundne fond er øyemerka til spesifikke formål, der fleire av dei har rapporteringsplikt og må tilbakebetalast om midlane ikkje vert nytta.

Bundne driftsfond fordelt på sektor:

Bundne driftsfond fordelt på sektor	31.12.2022	31.12.2021	31.12.2020
Administrasjonsstab - bundne driftsfond	19 353 964	21 014 384	20 672 447
Økonomi - bundne driftsfond	1 712 664	3 589 962	2 062 664
Skule - bundne driftsfond	7 897 678	7 974 198	7 467 761
Barnehage - bundne driftsfond	2 058 125	2 859 056	2 246 465
Barnevern - bundne driftsfond	2 738 917	3 034 480	3 439 031
Helsestasjon - bundne driftsfond	894 841	209 968	488 200
Helse og omsorg - bundne driftsfond	5 128 507	4 824 610	5 354 601
Samfunnsutvikling - bundne driftsfond	14 814 836	12 633 895	10 938 397
Sum bundne driftsfond	54 599 532	56 140 555	52 669 566

Dei største bundne driftsfonda er:

- Prosjektmidlar kommunesamanslåing 5,7 mill kr
- Tilskot frå kraftfond Volda 5,7 mill kr
- Kommunale vassverk 5,7 mill kr
- Kommunale avløp 3,5 mill kr

Bundne investeringsfond

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
Fond Etablering barnefamilier - Leige til eige	-5 118 484	-5 118 484	-5 118 484
Gåver til Volda Omsorgsenter	-22 693	-22 693	-22 693
Torvmyrvegen 7, forsikringsoppgjær brann	-716 105	-716 105	-716 105
Myldreområde i rådhusparken	-291 391	-291 391	-291 391
Fond ballbinge Volda U-skule	-58 000	-58 000	-58 000
Fond frikjøp parkeringsplassar	-315 825	-315 825	-315 825
Fond tilfluktsrom	-346 242	-346 242	-346 242
Fond Øyraelvs- prosjektet	-35 741	-35 741	-35 741
Fond Brannvern tunnelberedskap	-37 845	-37 845	-37 845
Fond turveg Volda stadion - Rotsetstranda	-5 607	-5 607	-5 607
Fond nedbetaling husbanklån	-18 256 624	-14 690 804	-9 832 637
Fond krisepakke Volda U-skule (finanskrise)	-57 280	-57 280	-57 280
Fond turveg Flommen 2014	-161 565	-161 565	-161 565
Fond friluftstiltak	-562 583	-562 583	-562 583
Utstyr innventar omsorgs. Hornindal	-166 452	-166 452	-166 452
Prosjekt kaiområde -	-14 615	-14 615	-14 615

Dampen			
Bronsefond svor museum	-122 667	-122 667	-122 667
Andre tiltak svor museum	-60 000	-60 000	-60 000
Brannbil gåve	-20 100	-20 100	-20 100
Enovatilskot EL varebil VA	-25 000	-25 000	-25 000
	-26 394 819	-22 828 999	-19 844 630

Investeringer

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Investeringar i varige driftsmidlar	187 115	449 322	295 970	254 461	41 508	14,0 %
Tilskot til andre sine investeringar	1 519	0	0	197	-197	
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 180	0	50	2 136	-2 086	0,0 %
Utlån av egne midlar	6 752	0	2 086	0	2 086	100,0 %
Avdrag på lån	4 649	0	0	0	0	
Sum investeringsutgifter	202 214	449 322	298 106	256 794	41 311	13,9 %
Kompensasjon for meirverdiavgift	-23 885	-74 153	-49 388	-39 238	-10 150	-20,6 %
Tilskot frå andre	-15 811	-450	-3 959	-8 233	4 273	107,9 %
Sal av varige driftmiddel	-33 832	0	0	-5 699	5 699	
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	-190	190	
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-53	0	0	-53	53	
Bruk av lån	-145 252	-394 719	-262 122	-214 234	-47 889	-18,3 %
Sum investeringsinntekter	-218 833	-469 322	-315 470	-267 646	-47 824	-15,2 %
Vidareutlån	13 149	20 000	20 000	8 818	11 182	55,9 %
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0	0	
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	0	4 615	-4 615	
Mottatte avdrag på vidareutlån	-9 507	0	0	-8 180	8 180	
Netto utgifter vidareutlån	3 641	20 000	20 000	5 252	14 748	73,7 %
Overføring frå drift	0	0	-550	-662	112	20,3 %
Avsetningar til bundne investeringsfond	6 532	0	0	5 352	-5 352	
Bruk av bundne investeringsfond	-2 428	0	0	-1 786	1 786	
Avsetningar til ubunde investeringsfond	8 872	0	0	4 831	-4 831	
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	-2 086	-2 136	50	2,4 %
Dekning av tidlegare års udekka	0	0	0	0	0	

Årsmelding 2022

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
beløp						
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	12 976	0	-2 636	5 599	-8 235	-312,4 %
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	-2	0	0	0	0	

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Avløpsanlegg	-	-	11 567	5 692
Bilar Oppvekst	500	549	500	549
Bustadfelt under utbygging	34 403	954	1 163	845
Eigenkapitaltilskot og aksjar	-	-	2 136	2 136
Elbilar og kommunal infrastruktur	15 125	11 138	11 444	6 466
Garantiansvar	-	-	1 250	310
Grunn og næringsutvikling	-	-	16 250	11 852
Helseplattforma	36 200	489	600	489
IKT investeringar Oppvekst	-	-	5 930	1 711
IKT investeringar Volda kommune	15 550	8 379	5 025	3 634
Inventar, bilar og utstyr	-	-	625	499
Helse og omsorg	-	-	-	-
Kommunale vegar	-	-	4 255	2 502
Ledningsprosjekt	75 300	2 088	1 597	871
Maskin og utstyr eigedom	2 004	1 762	2 004	1 762
Maskin og utstyr Utvikling	2 163	1 126	400	359
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	-	-	940	603
Maskin, bilar og utstyr brann	-	-	1 512	0
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	12 224	5 084	6 478	3 648
Ny ungdomsskule	220 000	164 170	105 041	112 603
Nytt vassverk HB2	28 500	28 904	15 859	15 561
Oppgradering kommunale bygg	-	-	28 540	22 795
Sentrum og friluftstiltak	-	-	23 517	13 729
Svømmehall	241 125	15 031	15 359	11 425
Trafikktrygging	-	-	3 500	783
Utbygging kommunale vegar	60 403	30 638	25 411	25 669
Utbyggingsavtalar	-	-	1 142	55
Vassverk	16 200	2 108	2 200	2 060
Velferdsteknologi og IKT	-	-	1 500	550
Helse og omsorg	-	-	-	-
Sum andre prosjekt	69 492	81 824	2 360	7 636
Sum	829 189	354 245	298 106	256 794

Busetting av flyktningar 2022

Busetting av flyktningar i 2022

Krigen i Ukraina utløyste i 2022 ein ekstraordinær krisesituasjon. Menneske har vorte drive på flukt, og dei har hatt behov for ein trygg plass å kome til.

Volda kommune kom i møte oppmodinga frå IMDi om busetting av 150 flyktningar i 2022. Resultatet viser at 147 flyktningar vart busette, og dette er nær seks gongar så mykje som i eit «normalår».

Administrasjonen fekk ei stor oppgåve med å rigge organisasjonen for å auke busettingsnivået frå 25 til 150 flyktningar. Oppgåva er løyst på ein god måte av fleksible og motiverte leiarar og tilsette, og ved god hjelp og stort engasjement frå private huseigarar og frivillige organisasjonar og privatpersonar. Det at kommunen valde å opprette ein tverrfagleg operativ samhandlingsgruppe gjorde at kommunen greidde å omstille tenestene til ein ny kvardag med seksdobling av tal flyktningar for busetting. I samhandlingsgruppa sit leiarar frå sentrale tenester som har delt informasjon og fordelt og koordinert oppgåver,

Etter ein svært uoversikteleg ankomssituasjon første halvår i 2022, skjer busettinga i dag så likt ordinært flyktningarbeid som mogleg. Læringssenteret organiserer og informerer samarbeidspartar om busetting, og opprettar kontaktperson i tenesta. Dei skaffar bustader, primært på den private utleigemarknaden, innanfor eit prisnivå som flyktningane kan betene med introduksjonsstønad og bustøtte. Bustadene er stort sett ferdig møblert, ev. vert dei supplert med brukte møblar. Kulturavdelinga og Styrk Arbeid bistår med å klargjere bustadene, skaffe møblar og utstyr. NAV sørgjer for livsopphald inntil vedtak om introduksjonsprogram og utbetaling av introduksjonsstønad. Barnehagebarn får tilbod om barnehageplass, og skulebarn får velkomstilbod med innføringsgruppe. Helsestasjonen gjennomfører mottakssamtalar og obligatorisk helsekartlegging. Akutt helsehjelp vert gitt av legesenteret. Barn og vaksne får tilbod om deltaking i organiserte fritidsaktivitetar i samarbeid med lag og organisasjonar og frivillige.

Fleire tenester fekk auka ressursar til arbeidet i 2022. Det er midlertidig engasjert programrådgjevarar, miljøterapeutar/-arbeidarar, lærarar og assistentar, helsesjukepleiarar og frigjort ressursar i kulturavdelinga. I tillegg har andre tenestemråde bidrege med verdifull kompetanse og arbeid som har ført til at oppgåver er løyst på ein god måte.

Rekneskap 2022 - Kostnader knytt til flyktningar frå Ukraina:

Samla kostnader for år 2022 er 11,65 mill kr.

Rekneskap og budsjett 		
Ansvar		Rekneskap hiå.
► 2 Oppvekst		7 572 047
► 3 Samfunnsutvikling		1 229 388
► 4 Helse og Omsorg		2 853 882

Internkontroll

Internkontroll er regulert i kommunelova:

§ 25-1. Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a) utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering*
- b) ha nødvendige rutine og prosedyrer*
- c) avdekke og følg opp avvik og risiko for avvik*
- d) dokumentere internkontrollen i den morfen og det omfanget som er nødvendig*
- e) evaluere og ved behov forberdre skriftlige prosedyrar og andre tiltak for internkontroll*


§ 25-2. Rapportering til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og statlig tilsyn

Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.

Volda kommune har på plass overordna internkontrollsystem og ser internkontrollen som eit ledd i den


Internkontroll – del av heilheitleg verksemdstyring

Styringsaktivitetar i årshjulet



overordna plan- og verksemdstyringa:

I forhold til modenheitsparamiden ligg internkontrollnivået i administrasjonen samla sett mellom formalisert og systematisert. Administrasjonen har eit ambisjonsnivå om at modenheitsnivået for internkontrollen skal kome opp på heilskapleg nivå i løpet av 2023.



Internkontrollen omhandlar ulike område:

- Beredskap og samfunnssikkerheit
- Tenestene
- Helse, miljø og sikkerheit
- Økonomi
- Personvern
- IT-sikkerheit

Kvalitetssystemet Compilo er bygt opp med dokumentregister med oversikt over rutinar og dokumentasjon av internkontrollen, samt ein varslingsmodul der avvik frå lover og forskrifter skal meldast til overordna leining. Varsel vert følgt opp med tiltak.

Statlege tilsyn er også ein del av verksemdstyringa og kvalitetsutviklinga i kommunen. I fjor vart det utført to statlege tilsyn. Eitt i bu- og habilitering knytt til bruk av makt og tvang i helse- og omsorgslova, og eitt tilsyn ved Øyra skule knytt til skulemiljø etter opplæringslova. Desse tilsyna vert nærare kommentert under sektorkapitla helse-/omsorg og oppvekst.

Kommunedirektøren si leiargruppa har kvalitetsrådsmøte ein gong i året der vi går gjennom avviksrapportar frå kvalitetssystemet.


Det vert vist til sektorvis rapportering av internkontroll.

Status sjekkliste

Overordna status Volda kommune

■ Nei ■ Ikkje svara på ■ I arbeid ■ Ja

Status sjekklisterkategoriar



Internkontroll og statleg tilsyn

Næringsutvikling

Næringsfond/kraftfond –

Det har vore gitt tilsegn på kr. 2 411 597,- av kraftfondet i 2022 av dette er kr 736 700.- frå tilsegn som er gjevne før 2022. Tilsagn som ikkje er utbetalte er i storleik kr 600 000.-. Kraftfondet vart i 2022 tillagt kr. 2.826 930,- inkludert renter og sum etter utbetalte og disponerte tilsagn er kr 5 167 069 .-

Covid 19 – Tilskot til lokalt næringsliv

Kommunane har vidareformidla kompensasjonsordning til lokale verksemdar. I 2022 vart det utbetalt kr 212 500.- frå fondet.

Kjøp og sal av eigedom

Kommunen kjøpte 14 eigedomar i 2022 til ein samla kostnad på 17 517 450 kr og har solgt eigedomar for 2 003 458 kroner. 5 eigedomar vart solgt i 2022 og ein festeavtale vart forlenga.

Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Kjøpesum	Tinglyst	Merknad	Solgt/Kjøpt av Volda Kommune		
1	4	1		kr 0	mar.22	Feste, Yksnøya	Feste		
206	193			kr 32 670	jan.22	Veggrunn	Kjøpt		
206	194			kr 60 550	jan.22	Veggrunn	Kjøpt	Kjøpt eigedom for	kr 17 517 450
206	191			kr 115 625	jan.22	Veggrunn	Kjøpt	Antal eigedomar kjøpt	14
206	190			kr 15 650	feb.22	Veggrunn	Kjøpt		
178	89			kr 197 147	mai.22	Veggrunn	Kjøpt	Solgt eigedom for	kr 2 003 458
19	1025			kr 585 808	mai.22	Veggrunn	Kjøpt	Antal eigedomar Solgt	5
19	468			kr 10 450 000	jul.22	Samfunnshuset	Kjøpt		
19	1033				jul.22	Samfunnshuset	Kjøpt	Feste	1
19	1034				jul.22	Samfunnshuset	Kjøpt		
19	1035				jul.22	Samfunnshuset	Kjøpt		
19	1036				jul.22	Samfunnshuset	Kjøpt		
20	360		1	kr 2 900 000	okt.22	Bustad	Kjøpt		
20	360		2	kr 3 150 000	okt.22	Bustad	Kjøpt		
97	31			kr 10 000	nov.22	Branngarasje	Kjøpt		
185	36			kr 10 000	sep.22	Tilleggsareal bustad	Solgt		
204	38			kr 991 639	okt.22	Bustadtomt	Solgt		
30	460			kr 991 819	okt.22	Næringsareal	Solgt		
30	114			kr 10 000	nov.22	Tilleggsareal bustad	Solgt		
30	115				nov.22	Tilleggsareal bustad	Solgt		

Digitaliseringsprogram

Visjon

«Der teknologi og tradisjon møtest»

Digitaliseringsprogrammet i Volda kommune skal gje ein enklare kvardag for innbyggjarar, næringsliv og frivillig sektor gjennom betre tenester, meir effektiv ressursbruk og legge til rette for auke i produktivitet. Digitaliseringsprogrammet skal styre den digital transformasjon i kommunen, og følgje opp realisering av gevinstar.

Mål

Programmet skal:

- Fornye, forenkle og forbetre Volda kommune sine tenester og arbeidsprosessar
- Måle og rapportere på gevinstar gjennom programmet si levetid

Overordna føringar

FN-sambandet sine berekraftsmål

I regjeringa sine «*Forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023*» er det forventa at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for regional og kommunal planlegging. Volda kommune har lagt FN sine berekraftsmål til grunn for arbeidet med den kommunale planstrategien, og nyttar dei 17 berekraftsmåla aktivt i prosessen.

Digitaliseringsprogrammet til Volda kommune nyttar berekraftsmåla i evalueringa når ein skal legge til nye tiltak og prosjekt i porteføljen. Til dømes er berekraftsmål *nr 6 - Reint vant og gode sanitærforhold* og berekraftsmål *nr 4 – God utdanning* avhengig av ein tilgjengeleg og robust infrastruktur. På same vis står digitalisering sentralt i å realisere berekraftsmål *nr 16 - Fred, rettferd og velfungerande institusjonar*.

Nasjonal digitaliseringsstrategi

Volda kommune har saman med samarbeidskommunane; Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta, ein felles Digitaliseringsstrategi for perioden 2018-2021. Rullering av strategien er starta, og den vert erstatta med regjeringa sin digitaliseringsstrategi «En digital offentlig sektor». Årsaka til dette er at regjeringa sin digitaliseringsstrategi erstattar «*Digital agenda*» og KS sin «*Digitaliseringsstrategi for kommuner og fylkeskommuner 2017-2020*» som samarbeidskommunane sin strategi er basert på. Ein felles digitaliseringsstrategi styrkar arbeidet med samordning og samanhengande tenester på tvers av forvaltningsnivå.

Volda kommune har difor regjeringa sin digitaliseringsstrategi som rettesnor, saman med resten av søre Sunnmøresamarbeidet, og vi vil gjennom digitaliseringsprogrammet gjere vårt for å nå måla som regjeringa har satt. Volda kommune er også med i nasjonale finansieringsordninga «Digifin» for realisering av nasjonale digitaliseringsprosjekt i kommunesektoren.

Regjeringa har definert følgjande mål for offentlig sektor fram mot 2025:

- Offentleg sektor digitaliserast på ein open, inkluderande og tillitvekkande måte
- Fleire oppgåver løysast digitalt og som samanhengande tenester

- Alle innbyggjarar, næringsdrivande og frivillige organisasjonar som har evne til det, kommuniserer digitalt med offentleg sektor
- Offentleg sektor nyttar potensialet i deling og bruk av data til å lage brukarvenlege tenester, og til å bidra til verdiskaping for næringslivet
- Kommunale og statlige verksemder bygger sine tenester med utgangspunkt i eit felles digitalt økosystem for samhandling
- Kommunale og statlige verksemder hentar gevinstar frå digitalisering på en systematisert måte

For å oppnå disse måla og understøtte digital transformasjon, fokusera strategien på følgende innsatsområder:

- Brukerane skal settast i sentrum gjennom utvikling av meir samanhengande tenester basert på viktige livshendingar
- Offentleg sektor skal samhandle betre om digitale tenester og effektivisere ressursbruken gjennom styrka samordning på tvers av forvaltningsnivå og sektorar, og systematisk uthenting av gevinstar frå digitalisering
- Data skal i større grad delast og gjenbrukas i offentleg sektor, og opne data skal publiserast for innovasjon og verdiskaping i næringslivet
- Nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling, fellesløysningar og felles arkitekturar, skal etablerast i eit heilskapleg og overordna styrt og koordinert økosystem
- Samarbeid med privat sektor på digitaliseringsområdet skal styrkast for å oppnå betre og meir effektive tenester og for å legge til rette for innovasjon

Kva meiner Volda med digitalisering?

I Volda kommune er digitalisering eitt av tre viktige satsingsområde, og digitalisering er ein av dei viktige driverane i utviklinga av samfunnet.

Med digitalisering meiner vi ikkje at det er nok å «setje straum på papir», men at vi skal nytte teknologi til å endre prosessar, arbeidsmåtar og grensesnitt mellom kommunen og innbyggjar/næringsliv. Digitalisering handlar i stor grad om å nytte teknologi til fornying, forenkling og forbetring av tenester.

Etablerte arbeidsmetodar og tradisjonell tenking vil bli utfordra. Leiarar må setjast i stand til også å leie digital utvikling, og kommunen sine verdiar, visjonar, og kultur vil bli påverka og endra.

Digitaliseringsprogrammet i Volda kommune er eit stort løft for organisasjonen og eitt av måla er å få realisert gevinstar kontinuerleg gjennom "smidig" tankegang. Det betyr at forbetringar innførast kontinuerleg inntil det definerte målet for tiltaket/prosjektet er nådd.

Tilsette, innbyggjarar og næringsliv i Volda kommune vil merke dette gjennom små og store forbetringar i den daglige arbeidsflyten der digitalisering forenkler arbeidsoppgåvene.



For å lykkast kan vi ikkje berre fokusere på teknologi - vi må sjå samanhengen mellom menneske, organisasjon, og teknologi for å kunne skape nye arbeidsprosessar.

Det er heller ikkje nok å berre digitalisere dagens tenester, vi må tenkje nytt og løyse samfunnsoppdraga våre på nye måtar. Vi skal vere nysgjerrige og utfordre oss sjølve - automatisering og robotisering (RPA og AI) vil kunne gje oss muligheiter vi ikkje ser i dag.

Å digitalisere tenester er ikkje ein snarveg til ei betre framtid, det er hardt arbeid.

Portefølje og endringsforslag

Tiltak og prosjekt som skal leggst til i porteføljen vert vedteke av kommunedirektøren si leiargruppe (Porteføljestyret).

Pågåande tiltak og prosjekt

Digitaliseringsprogrammet består av fleire tiltak og prosjekt. Dei er komne inn i programmet etter ønskje frå avdelingane sjølve, SSIKT-samarbeidet og frå nasjonale fellesløyser.

Felles tiltak og prosjekt i regi av SSIKT-samarbeidet ([vedlegg 5](#)) er inkludert i digitaliseringsprogrammet til Volda kommune for å gje ei heilskapleg oversikt over det totale digitaliseringsarbeidet vi driv. Satsingar i samarbeidet gjev oss høve til å både gjennomføre og gevinstrealisere større tempo enn aleine.

Digitaliseringsprogrammet støtter avdelingane i utarbeiding av tiltak og prosjektforslag, ved å bidra med rådgjeving og rettleiing når det gjeld utarbeiding av forslag og gjennomføring av tiltak og prosjekter. Etter kvart vil avdelingane verte meir sjølvgåande i dette arbeidet, noko som i seg sjølv er ein av gevinstane vi ønskjer å realisere.

Digitaliseringsprogrammet har særskilt fokus på gevinstplanlegging(før-prosjekt) og gevinstrealisering(i- og etter-prosjekt).

Oversikt over tiltak og prosjekter(Weblenke vert gjort tilgjengeleg innan kort tid)

Pr. tid sjå vedlegg 1 og vedlegg 2

Nye prosjekt og tiltak, og endringsforslag

Digitaliseringsprogrammet følg økonomiplanprosessen. Avdelingane spelar inn behov og ønskjer i tidleg fase i samband med budsjettprosess. Digital utvikling går fort og kommunen ønskjer også at ein skal kunne spele inn endringsforslag når eit behov oppstår, og ikkje vente til neste budsjettprosess. Digitaliseringsrådet har eit særleg ansvar for å sjå moglegheiter og kome med råd til leiinga som går utover det avdelingane spelar inn.

Innkome forslag og endringsforslag vert handsama regelmessig av Digitaliseringsrådet. Kvalitetssikra forslag vert sendt over til Kommunedirektøren si leiargruppe med forslag til prioritering. Leiargruppa avgjer kva som skal takast inn i programporteføljen.

Send inn forslag her(LENKE - blir gjort tilgjengeleg innan kort tid)

Pr. tid sjå vedlegg 3 og vedlegg 4

Tidsplan/Varighet

Digitaliseringsprogrammet er ei strategisk satsing over fleire år utan definert slutt p.t.

Programporteføljen (tiltak og prosjekt) vert endra i takt med det som til ei kvar tid måtte være av behov og føringar. Dette fordi vi skal være i stand til å raskt tilpasse oss utviklinga i samfunnet elles (sjå visjon) og levere gode digitale tenester (sjå mål).

Kvart år gjev Digitaliseringsprogrammet ut ei årsmelding med informasjon om programmets framdrift, og utvikling:

[LENKE TIL ÅRSRAPPORTAR - blir gjort tilgjengeleg innan kort tid]

Styring av prosjekter i porteføljen

Prosjekt som ligg til porteføljen vert styrt ved bruk av Prosjektportalen. Prosjektportalen er utarbeida på mal etter Digitaliseringsdirektoratet sin Prosjektveiviser. Kommunen har på denne måten oversikt over alle digitaliseringsprosjekt i ei portefølje.

Prosjektleiingar får opplæring i bruk av systemet, og det er etablert eit prosjektleiingarforum for erfaring- og kompetansedeling. På den måten vert det etablert felles prosjekt-, språk, metode og standardar.

Organisering

- Programeigar, Rune Sjurgard - Kommunedirektør
 - Har vedtatt etablering av Digitaliseringsprogrammet
 - Leiar Porteføljestyret (Leiargruppa i Volda kommune)
 - Har det overordna ansvar for å sikre økonomisk finansiering slik at programmet, inkludert prosjektporteføljen kan gjennomførast
 - Vedtek avslutning av programmet
- Programleiar, Paul Ottar Tornes – Digitaliseringsrådgjevar
 - Etablere og vedlikehalde programmandat (dette dokumentet) i samsvar med Kommunedirektøren sitt vedtak
 - Utarbeide samla program og programbudsjett
 - Etablere prosesser og relaterte verktøy for
 - Endringshandtering
 - Kvalitetsstyring (gevinst)
 - prosjektstyring og rapportering
 - økonomistyring
 - risikostyring
 - koordinering mellom prosjekt og prosjektleiarar
 - Syte for heilskapleg plan for programmet (innhente oppdaterte planar og status frå prosjektleiarar, oppdatere samla plan for programmet)
 - Budsjettansvar og innkjøpsansvar for IKT-utstyr og tenester i kommunen
 - Følge opp at prosjektleiarane følg opp sine prosjektleiaroppgåver
 - Følge opp at leveransar frå prosjekt blir leverte til avtalt tid, kostnad og kvalitet
 - Følge opp måloppnåing i samsvar med programmets mål
 - Rapportere til Porteføljestyret:
 - Samla status og framdrift for programporteføljen
 - Avvik og risiko for programporteføljen
 - Sikre avslutning og erfaringsoppsummering frå prosjekter og programmet
- Programmedlemmer, Digitaliseringsrådet
 - Støtte Programleiar i styring av programmet
- Prosjektleiarar vert peika ut for kvart prosjekt

Kommunikasjon

- Saker på Intranettet vert merka med #digitaliseringsprogram
- Nyheitsbrev ein gong i kvartalet vert sendt ut av programleiar
- Årsberetning

Gevinstar

For alle tiltak og prosjekt som blir tatt inn i porteføljen er det gjennomført gevinstplanlegging, og alle gevinstar er systematisert i prosjektportalen. Prosjektportalen vert nytta til gevinstmåling for å dokumentere gevinstrealisering.

Eigarskap til gevinstar ligg til prosjektleiar i prosjektet si levetid, og når prosjektet er avslutta ligg det til ansvarleg leiar i linjeorganisasjon.

Måling av gevinstar vert koordinert gjennom Digitaliseringsprogrammet.

Tiltak digitaliseringsplan

Tiltak	Overordna tiltaksskildring inkludert gevinstar	Tilleggsinformasjon
Felleskomponentar frå KS FIKS Plattforma		
- DigiOrden	Vi skal skal ha eit aktivt eigarskap til informasjonsforvaltning, verksemdsarkitektur, informasjonsikkerheit og personvern. Kommunen tok i 2021 i bruk den nasjonale felleskomponenten FIKS DigiOrden frå KS som gjev oss eit godt digitalt verktøy for å dokumentering all handsaming av personopplysningar i kommunen sitt virke. Dette er ikkje eit nytt tiltak, men vi har framleis mykje arbeid med kartlegging og dokumentering igjen før vi er kome på eit dokumentasjonsnivå som gjer det tilstrekkeleg med kvartalsvise revisjonar. Tiltaket er difor framleis synleggjort i digitaliseringsprogrammet. Vi har også fått registrert omlag 150 system/applikasjonar som kommunen nytta, inkludert systemeigar, systemansvarlege og superbrukarar. Det gjenstår framleis ein del, og det er forventa at tal system/applikasjonar vil vere rundt 200-250 system/applikasjonar. Gevinstar Heilt eller delvis realiserte i 2022: - Digital oversikt over kommunen sin behandling av personopplysningar(GDPR) - Oversikt over system og data som ligg til systemet - Auka IKT-sikkerheit - Auka informasjonssikkerheit - Auka bevisstheit/sikkerheits-kultur i kommunen - Ha sanntidsoversikt over kommunen sin verksemdsarkitektur, som vil gjere kommunen i stand til å gjennomføre digital transformasjon meir effektivt og til høgare kvalitet, t.d. ved automatisering og robotisering.	Kommunen er deltakar i det nasjonale brukarrådet for KS FIKS DigiOrden. Brukarrådet påverkar i stor grad den vidare utviklinga av felleskomponenten. Oppretting av gruppe for erfaringsdeling gjennom Digi Møre og Romsdal for Orden i eget hus vart etablert 2022. Volda kommune var utprøvkommunen i Søre Sunnmøre samarbeidet, og resten av kommunane i samarbeidet har enten innført eller held på å innføre system for Orden i eget hus (DigiOrden). Samarbeidet har fleire like fagsystem, og eit tett samarbeid om dette er naturleg. Endringar og aktivitetar framover: - Dokumentering av system/applikasjonar, og datasett - Dokumentere behandlingsprotokollar for alle kommunens tenester - Dokumentere ROS- og DPIA-analyser - Gjennomføre kursing for tilsette i IKT-sikkerheit

- Min side	MinSide er ei løysing som samler alle kommunale tenester under ein paraply og der det er mogeleg gjere dei tilgjenglege døgnet rundt. På Mi side kan innbyggjar løyse oppgåver når det passar, uavhengig av opningstidene til kommunen. Ein kan lese digital post sendt til og frå kommunen, sjå eigedomsinformasjon, byggesaker og gå vidare til ei rekkje nasjonale tenester frå for eksempel Skatteetaten, NAV og husbanken. Løysinga er ein felleskomponent frå KS og vert vidareutvikla av KS. For å logge inn på Mi side må ein ha elektronisk ID, til dømes BankID. Ein får tilgang til informasjon frå alle kommunane du har eit forhold til, til dømes fritidseigedom. Interne kommunale systemer kan koplast på etter kvart som funksjonaliten er på plass. DigiVestland er ein av pådriverane saman med KS for denne felleskomponenten, sjå https://www.digivestland.no/prosjekt/nasjonale-prosjekt/ks-min-side Gevinstar - Auka tilfredsheit hjå innbyggjarar - Redusert ventetid for innbyggjar ved sjølvbetjening - Auka tillit til kommunen - Redusert manuelt arbeid i kommunen	
Tiltak og Prosjekt Lokale og samarbeidstiltak gjennom Søre Sunnmøre samarbeidet		

Innføre Prosjektportalen365 (portefølje, program og prosjektstyring)	Prosjektportalen gjev prosjektleiar eit standardisert styrings- og støtteverktøy, og med integrasjon til Microsoft Teams blir løysinga også eit kommunikasjonsverktøy for prosjektleiaren. Prosjektportalen gjev også kommunedirektøren ei oversikt over kommunen sin prosjektportefølje. Det er også mogeleg å publisere ei alltid oppdatert porteføljeoversikt på kommunen sin nettside. Dette er vert satt i drift i 2023. PP365 nyttar appar i M365 og gjev ein meir saumlaus og meir intuitiv arbeidskvardag både for prosjektleiarar, prosjektdeltakarar og prosjekteigar. Gevinstar - Sanntids oversikt over alle pågåande prosjekt i kommunen(portefølje) - Redusert tidsbruk på prosjekt og porteføljerapportering - Muligheit for innsyn for allmenta i overordna prosjektstatus - Muligheit for å gje politikerar sanntidsoversikt over prosjekt som er relevante for utvala - Felles rammeverk for styring av prosjekter dermed kvalitetssikring med standardoppsett for oppgåver, interessentar og fasesjekkliste.	
---	--	--

Microsoft 365	Microsoft 365 vart satt i drift i juni 2022. Løysinga gjev tilsette høve til ei meir digital samhandling, med redusert mengd e-postar og dokumentversjonar. Kommunen sin bruk av Microsoft 365 er heilt i startgropa, og det vert arbeidd med innføring, opplæring og praktisk bruk vidare i 2023. Det er ikkje alle kommunane i samarbeidet som har tatt i bruk Microsoft 365. Dette er også eit hinder for oss då vi har opplevd behov for fleire endringar i oppsettet, men slike endringar vil ikkje vere mogeleg før samarbeidet er klart til ei felles evaluering og endring. Gevinstar - Auka effektivitet (samskriving, chat, videomøter) - Digitalisering av oppgåvestyring for å gje større grad av sporbarheit og redusere risiko for feil. (Planner og Tasks)	Døme for fleire gevinstar: 1. .Betre samarbeid og kommunikasjon - Forbetre kommunikasjon og samarbeid mellom tilsette, uavhengig av kvar dei arbeider frå. T.d. kan verktøy som Teams, Outlook og SharePoint gjere det enklare å dele informasjon og samarbeide i prosjekt. 2. Effektivisering av arbeidsprosessar: Microsoft 365 inkluderer ei rekke verktøy som kan hjelpe med å automatisere arbeidsprosessar, noko som kan spare tilsette for tid og gjere arbeidsflyten meir effektiv. 3. Betre tilgjengelegheit: Programvaren og dataene er lagra i sky, så kan tilsette få tilgang til tenester og data frå kvar som helst med ein internettilkopling, noko som kan forbetre tilgjengelegheita og fleksibiliteten i arbeidet. Det er verdt å merke seg at innføringa av Microsoft 365 også kan ha nokre ulemper og utfordringar, som til dømes kostnadar knytt til implementering og opplæring, avhengigheita av ein internettforbindelse, og potensielle tryggleiksrisikoar knytt til skybasert datalagring. Sikkerheit og personvern har difor hatt, og framleis har, stort fokus i vårt arbeid med innføring av Microsoft 365.
----------------------	---	--

Robotisering(RPA) - Innføring av robotiseringsprosessar i kommunen	Volda kommune søkte om skjønnsmidlar for søre Sunnmøresamarbeidet og fekk tilsegn på 500 000kr for å få utarbeidd ei handlingsplan for innføring av robotteknologi i blant anna sakshandsaming. Det er ingen direkte investering eller driftskostnadar for dette arbeidet utover eigeninnsats blant tilsette som vert involverte i prosessen. Gevinstar - Automatisert ein eller to prosessar - Utarbeida prioritert handlingsplan over prosessar som skal automatiserast ved bruk av RPA-teknologi - Redusere manuelt, regelstyrt, og tidkrevjande arbeid - Redusere behov for administrative ressursar	
Saumlause Klasserom	Auka kvalitet på undervisninga i voldaskulen. Enkel, smidig, robust, tilgjengeleg samanheng i det digitale miljøet i klasseromet. I fyrste denne delen IKT strategien: saumlasue klasserom er vi hovudsak kome til Skjermar og lyd. Lyd og bilete som pedagogiske verkemiddel er svært vikitge for alle elevane. Det handlar også om inkludering og tilpassa opplæring. Anskaffelse er gjennomført ettermetodikk frå det nasjonale programmet for Innovative anskaffelser. Anskaffinga vart gjort i to omgongar. Lydutjamningsanlegg for klasseroma er ferdig anskaffa og vert montert når varer er tilgjengleg i marknaden. Vi opplev diverre nokre forsinkelsar grunna produksjonsforsinkelsar på prosessorar. Skjermar vert kjøpt inn via rammeavtale med Ålesund kommune for skjermar til undervisningsrom. Gevinstar - Alle elevane blir inkludert - Alle tilsette får utstyret til å fungere etter intensjonen - Meir tid til eleven - Tilsette som meistarar	

Modernisering og oppgradering av skjermer, pc-er, møterom osv.	Mykje av IKT-utstyret som våre tilsette er avhengige av idag er utdatert og gammalt. Det stetter ikkje krav frå moderne system og fører til at arbeidsprosessar tek lenger tid enn naudsynt, og i nokre tilfeller så vil ikkje nye system fungere i det heile, til dømes videomøter. Krav til teknologi og arbeidsprosessar har endra seg radikalt dei siste åra, og kommunen har hatt ei god utvikling på fleire områder men her har vi ikkje heilt lykkast å halde tritt med utviklinga på dette området. Den tekniske gjelda til kommunen må reduserast. Utan dette vil vi ha utfordringar med gevinstrealisering ved bruk av nye teknologiar(t.d. system). Til dømes vil oppgåver i sakshandsaming og fagsystem ta lenger tid enn naudsynt, og våre tilsette vert på den måten mindre effektive. Det er difor naudsynt å gjennomføre eit moderniseringsløft ved å investere i nytt og moderne IKT-utstyr, som vil kunne fungere i ei årrekke framover. Erfaringsmessig vert IKT-utstyr utdatert og krevjande å halde vedlike etter omlag 5 år og for å redusere kommunens tekniske gjeld, vert det kvar vinter kartlagt kva utstyr som ikkje settar dagens behov. Avdeling for Innovasjon og digitalisering går gjennom kartlegginga med tenestene og vurderer behovet som ligg til dei einskilte fagfelta. Vi skal ikkje investere i ny teknologi og erstatte utdatert utstyr etter eit fast intervall på 5 år, men vi skal ha oversikt over utstyret vi eig til ei kvar tid, og ved behov investere i nytt, etter eit definert behov. Teknologien endrar seg raskt, og nye einingar kan erstatte den tradisjonelle kontorplassen for mange av våre tilsette.	Etter koronapandemien traff oss har vi sett at det er behov for å modernisere møteromma. Kommunen har møterom både på rådhuset og andre bygg innanfor oppvekst, helse og omsorg, og samfunnsutvikling. Bruk av videokonferanse har redusert behovet for å reise i stor grad. Gevinstar av bruk av video er redusert tapt arbeidstid, reduserte reiseutgifter og eit mindre miljøavtrykk. Videokonferanse gjev ein også høve til å gjennomføre korte møter med fleire deltakarar, som eit alternativ til å måtte planlegge større møter fram i tid. På den måten har videokonferanse gitt auka produktivitet/effektivitet. Sektor for Oppvekst har vore prioritert i 2022, samtidig som vi har fått løyst og dekt fleire av behova til dei øvrige sektorane. Blant anna har vi fått kjøpt inn nye einingar til Helse og Omsorg som stetter krav til Helseplattforma Kommunen har framleis høg teknisk gjeld, og det er avgjerande at vi held fram denne fornyinga i åra framover. Vi klarer med dagens nivå å halde den tekniske gjelda under kontroll, men dette er "ferskvare" og vil auke raskt om ein ikkje held fram satsinga her. Dømer på gevinstar
---	---	--

		- Enklare innføring av nye system - Redusert tapt arbeidstid - Meir fornøgde tilsette
--	--	---

Modernisering og oppgradering av IKT infrastruktur i kommunen	Behovet for robust og sikker infrastruktur i kommunen vert større for kvart år. Tal einingar som har behov for tilgong til kommunen sitt nettverk aukar raskt. I dei to største sektorane våre, Helse og omsorg, og Oppvekst så har det kome på plass eit par tusen nye einingar dei siste åra, og det er forventa at den utviklinga vil halde fram, til dømes ved innføring av velferdsteknologiske løysingar og fleire digitale læremiddel og verktøy. Også innannfor samfunnssektoren har det vore ei stor utvikling, og her har vi nok berre sett starten. Til dømes har Eigedom innført robotar innanfor reinhald, både støvsugarar og vaskarar. Det er forventa at sektoren vil ta i bruk fleire typar nye sensorteknologiar innanfor alle fagområder som ligg til sektoren. Kommunen må difor modernisere og utvide kapasiteten i sin eigen infrastruktur på jamnleg basis. SSIKT har ansvar for å drifte og vedlikehalde eksisterande IKT infrastruktur i kommunen, men det er kommunens eige ansvar å syte for utvida infrastruktur i kommunen, til dømes fornying av nettverk mellom bygg og inne i bygga. Vi har lukkast godt i 2022 med å etablere alternative løysingar i samband med Telenor si stenging av koparnettet.	Ein skulle gjerne hatt større endringstempo her, men jamt over har arbeidet god framdrift og er i samsvar med plan. Kommunen har gjort fiberbyte med Tussa for fleire einingar i kommunen der vi får reduserte driftskostnader, og erstatta gammal ustabil løysing med ny stabil og sikker løysing. Der det ikkje er mogeleg for kommunen å løyse behov via andre aktørar (Tussa/Telenor osv..) så bygger vi eige nettverk fram. Vi gjer og oppgraderingar av IKT infrastruktur i bygg for å stette nye løysingar som velferdsteknologi og anna IoT. Dømer på gevinstar - Tilsette kan nytte IKT-einingar i arbeidet utan å miste nettverk. - Redusert tapt arbeidstid som følgje at at ein kan løyse oppgåvene der ein er. Det fører også til redusert reisetid internt i kommunen - Tilsette opplever ein enklare arbeidskvardag og dermed blir meir fornøgde og opplev mindre frustrasjon i kvardagen.
--	---	---

Programvare bibliotek	Systemet som biblioteka nyttar idag vert avvika, og kommunen må difor skifte ut Micromark. Dette er ei felles utfordring for alle kommunane i Møre og Romsdal. Anbod og innkjøp, samt drift vert koordinert for alle kommunane av Fylkeskommunen Møre og Romsdal. Møre og Romsdal har vore med som opsjonskommune for ein anskaffelse i regi av Oslo kommune - Deichmans. Deichmans har anskaffa kjerneløysing, men det er ingen aktørar i marknaden som stetter Deichmans krav til formidlingsløysingar(sjølvetjening). Møre og Romsdal fylkeskommune har no starta opp ein prosess for korleis ein skal gå framover. Prosjektet vert vidareført for 2023 Gevinstar: - Meir fornøgde brukarar av bibliotektenesta - Meir fornøgde tilsette - Redusert manuelt arbeid	
DigiBarnevern	Dagens situasjon Dei siste årene er det gjennomført fleire vurderingar av kvaliteten til IT-løysningane som nyttast i det kommunale barnevernet i Norge. Hovudkonklusjonen er at utilstrekkelig IT-støtte avgrensar barnevernet si evne til å gje god og effektiv hjelp til born og unge som treng det, og at manglande hjelp frå IT-løysningar hindrar barnevernet i å nå formålet med barnevernlova. Frå Bufdir: Barn og familier (tjenestemottakere) får ingen hjelp av IT-løsninger til å ha oversikt over saken sin eller å utøve brukermedvirkning. Ansatte i barnevernet får liten hjelp av IT-løsninger til å levere barnevernstjenester som er effektive, forsvarlige og av høy kvalitet. Ledere i barnevernet får liten hjelp av IT-løsninger til å lede, styre og rapportere i barnevernet på en god måte. Det finnes ingen god støtte for digital samhandling når de ulike aktørene i og utenfor barnevernet skal kommunisere eller overføre informasjon. DigiBarnevern har pågått siden 2016 og har vært gjennom en konseptfase (2016-2017) og en planleggingsfase (2017-2019). DigiBarnevern er nå i gjennomføringsfasen som er anslått å være til ca. 2022.	Det er gjennomført leverandørdialog i regi av Digi MR, etter sterk oppmoding om dette frå Volda kommune. Leverandørdialogen gav eit overraskande konkurransebilde. Det var forventa at berre to leverandørar var aktuelle i marknaden, men dialogen gav oss totalt fem potensielle leverandørar. Det gjenstår å sjå om dei tre nye leverandørane vert godkjende "DigiBarnevern"-leverandørar. Det vert arbeid vidare med vurdering av fellesanskaffing i regi av Digi MR. Det er forventa anskaffing vinter 2023. Dette er svært positivt for Volda. Vi får delta i alt

	Dagens løysning har ei rekkje faglige og tekniske utfordringar, og det nasjonale rammeverket forvalta av Bufdir og KS stiller krav som vår eksisterande løysing ikkje kan støtte. Løysinga må difor erstattast med ny løysing. Investeringsprosjektet vil gjennomføre anskaffing av løysing inkludert innføring og driftssetting.	arbeid, men vi er ikkje avhengige av å leige inn eksterne konsulentar. Vi oppnår felles kompetanse og kvalitetsheving i Møre og Romsdal grunna Digi MR. Gevinstar: - Digitale innbyggjartenester(KS Minside) med oversiktleg innsikt i eigen sak og saksgang, tilgang til dokumenter, chat-/kontaktfunksjon og annan kommunikasjon, samt kunne gje eller ta vekk samtykke osv. - Tilby eit arbeidsverktøy for våre tilsette som innheld naudsynt funksjonalitet for å støtte lovkrav. - Redusert tapt arbeidstid som gjennom mindre feil og manglar i nytt system - Redusert anskaffelseskostnad gjennom Digi MR
Helseplattformen	Kommunestyret har hausten 2021 vedteke at Volda vert med i Helseplattforma AS. Tiltaket var synleggjort i økonomiplanen 2021 - 2024, men er no oppdatert med kvalitetssikra tal. Samla investeringsramme er 36,2 mill kroner. I dette ligg også implementeringskostnadar og prosjektleiar frå vår 2022 til ut år 2024. Prosjektet ligg i linjeorganisasjonen til Helse og omsorg, med eigen lokalinnføringsleiar. Helseplattforma vert ikkje utgreiia vidare i denne samanstillinga, men vert likevel gjort synleg her. For meir informasjon sjå eige kapittel for Helse og omsorg i årsrapporten.	

Trygg løysing for video til bruk for opplæring og evaluering for avdeling Barnevern og Heimeteneste.	Heimetenesta Mål: Ei trygg videoløysing der ein sjukepleiar frå heimetenesta kan reise til sjukehuset/pasienten (t.d. Ålesund sjukehus), få god praktisk gjennomgang av komplisert medisinsk prosedyre og filme denne. Så kan ein gje tilgang til dei sjukepleiarane som skal til pasienten, og dei har høve til å sjå gjennom fleire gongar. Det vil også vere ei god støtte når ein er tilbake frå til dømes lengre ferie og treng oppfrisking i prosedyra før dei skal til pasienten. Ei slik ordning vil også vere stressreducerande og kan bidra til å førebygge sjukefråvær. Desse sjukepleiarane står ofte åleine langt ute i periferien i kommunen og må løyse utruleg mange ulike tekniske og medisinske prosedyrer og mange forskjellige apparat og maskiner. Gevinstar Ei slik løysing vil difor kunne gje både pasientar og pårørande ei betre teneste, då sjukepleiaren som kjem inn døra har roa over seg fordi han/ho nettopp har fått gått gjennom prosedyra ved å sjå opplæringsvideo før han/ho kjem til pasienten.	Barnevern Barneverntjenesten er pålagt å tilby familier råd og veiledning. I flerie av rettleingsmetodane som nyttast i barnevernet er videoopptak av familien naudsynt. I tillegg er det behov for å kunne ta opptak av rettleingar for opplæring, videreutdanning og sertifisering av rettleiarar. Vi har behov for å finne en trygg og god løsning for opptak, oppbevaring, redigering, lagring og sletting av filmar for å sette krav i GDPR. Dagens løysing består av videokamera som er utdaterte og gamle, og difor lite eigna til redigering. Det er også blitt brukt ordinære pcar til visning av video, noko som er ein sikkerhetsrisiko. Opptak av video er alltid gjort med informert og skriftelig samtykke. Status 2022 Det er gjennomført marknadsanalyser, dialogar med SSIKT og IKA Møre og Romsdal Personvernombod. Det har blitt utforma ein casebasert konkurranse og denne var ute i marknadene ved årslutt 2022. Det er forventa tildeling av kontrakt og innføring av ny løysing innan sommaren 2023. Investeringsmidlar blir difor flytta over til 2023
---	--	--

Programvare flyktning	Flyktningtenesta nyttar idag eit eldre system, som også vart nytta av NAV Volda før ein inngjekk samarbeid om NAV med Ørsta kommune. NAV Ørsta/Volda har halde i drift dei gamle systema til Volda og Ørsta kommune, og Flyktningtenesta har difor kunne halde fram å nytte denne. NAV Ørsta/Volda har grunna endra behov måtte gå til anskaffing av nytt system, og vil vert sett i drift 01.01.2022. Det gamle systemet til NAV Ørsta/Volda vert drifta i ein periode utover 2022, men vil til slutt bli avvikla og sletta. Flyktningtenesta i Volda må difor gå til innkjøp av nytt system som dekkjer faglege behov og som stettar lovkrav.	Status Det er inngått avtale med Visma om levering av Visma Flyktning. Det har dessverre oppstått forsinkelsar grunna tekniske utfordringar, skifte av sentrale tilsette hjå Visma, og auka arbeidsmengde innanfor tenesta. Systemet er satt oppg og installert no i 2022, men opplæring og driftsetting vil skje tidleg i 2023. Gevinstar - Effektivisering – Nytt systemet vil gjere at vi kan arbeide meir heilhetleg på VLS og slippe masse manuelle papirlister. - Auka tenestekvalitet – Alle har oversikt over tiltak kring den einskilde til einkvar tid, noko vi ikkje har idag. - Reduserte kostnader – Ukjent, men vil lette arbeidskvardagen for dei tilsette - Redusert tid til administrasjon – vil kunne frigjere 5 % adm. arbeid
Programvare vaksenopplæring	Vaksenopplæringa nyttar idag eit eldre system, som også vart nytta av NAV Volda før ein inngjekk samarbeid om NAV med Ørsta kommune. NAV Ørsta/Volda har halde i drift dei gamle systema til Volda og Ørsta kommune, og Vaksenopplæringa har difor kunne halde fram å nytte denne. NAV Ørsta/Volda har grunna endra behov måtte gå til anskaffing av nytt system, og vil vert sett i drift 01.01.2022. Det gamle systemet til NAV Ørsta/Volda vert drifta i ein periode utover 2022, men vil til slutt bli avvikla og sletta. Vaksenopplæringa i Volda må difor gå til innkjøp	Status Det er inngått avtale med Visma om levering av Visma Flyktning. Det har dessverre oppstått forsinkelsar grunna tekniske utfordringar, skifte av sentrale tilsette hjå Visma, og auka arbeidsmengde innanfor tenesta. Systemet er satt oppg og installert no i 2022, men opplæring og driftsetting vil skje tidleg i 2023. Gevinstar

	av nytt system som dekkjer faglege behov og som stettar lovkrav.	- Effektivisering – Nytt systemet vil gjere at vi kan arbeide meir heilhetleg på VLS og slippe masse manuelle papirlister. - Auka tenestekvalitet – Alle har oversikt over tiltak kring den einskilde til einkvar tid, noko vi ikkje har idag. - Reduserte kostnader – Ukjent, men vil lette arbeidskvardagen for dei tilsette - Redusert tid til administrasjon – vil kunne frigjere 5 % adm. arbeid
Nytt økonomi, løn og personalsystem	Tiltaket er berre gjort synleg i denne oversikta. Sjå kapittel for viktige hendingar under Økonomi og Personal for meir utfyllande informasjon.	
Nye tiltak og prosjekt som har oppstått		

Digital heimeoppfølging	Prosjektsøknaden om tilskot til Digital heimeoppfølging(DHO) er innvilga støtte frå Helsedirektoratet. Volda sjukehus og kommunane på Søre Sunnmøre ønsker å auke samhandlinga kring kronisk sjuke pasientar. Vi ønsker å skape eit tilbod som opplevast trygt, samanhengande og heilskapleg for pasientane. Pasientane skal få støtte og verktøy slik at dei kan meistre eigen helsesituasjon og ha mindre behov for helsetenester. Dette ønsker vi å oppnå gjennom bruk av digital heimeoppfølging, og vil organisere tilbodet ved Søre Sunnmøre legevakt. DHO vil derfor vere ein naturleg del av korleis tenestene skal drivast i framtida. Det er også stort fokus på berekraftige løysingar som følger FN sine berekraftsmål, og ein leiter etter løysingar som sett innbyggjarane i stand til å meistre eige liv og helse med minst mogleg bruk av tilsetressursar ettersom dette er i ferd med å bli mangelvare. Vi ser eit stort potensiale i legevakta si rolle i den kommunale tenesteytinga og i samarbeidet mellom kommunar, fastlegar og sjukehus. Legevakta ligg sentralt plassert i nye lokale med svært kompetente tilsette. Ein moglegheit er å utvikle en variant av "helsevakt" med ulike tenester, og mogleg alarmmottak for fleire typar velferdsteknologi på sikt, slik som tryggleiksalarmar og lokaliseringsteknologi.	Mål Prosjektet skal utvikle varige strukturar for heilskaplege tenester for personar med kronisk sjukdom. DHO vil bli implementert i ordinær drift i tenestene. Ei naturleg vidareføring av prosjektet vil vere å få dette implementert i alle kommunane i Sjustjerna, og at vi kan vere ein katalysator og pådrivar for andre kommunar i fylket. Sjustjerna og helseforetaket skal ta i bruk Helseplattformen og vil få eit unikt samhandlingsverktøy som også vil være gunstig for DHO. Det er eit mål for oss å vere i drift med DHO før det største trøkket med innføring av Helseplattformen. Sjustjerna er med i ein rammeavtale på VFT med ATEA som varer til april 2023. Vi er no i gang med arbeidet om ny avtale som vil sikre fortsatt gode avtalar på innkjøp av utstyr. Prosjektet er leiia av Søre Sunnmøre Legevakt og held fram i 2023
--------------------------------	--	---

Oppfølging av mål og satsingsområder

Livskvalitet og meistring

Beskriving av satsingsområde

Livskvalitet og meistring er eit satsingsområde inn mot FN sine berekraftsmål

- 3 – God helse og livskvalitet
- 4 – God utdanning
- 17 – Samarbeid for å nå måla
- 16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane sjølve og alle sektorane i kommunen tek aktivt del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal meistre liva sine og nytte ressursane sine til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Kommunen har ei viktig rolle i å bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistarar tilværet, sjølve livet.

Folkehelse handlar om førebyggjande arbeid innan alle kommunen sine verksemdar, og det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar er viktig for å sikre livskvalitet og meistring.

Målsettingar

- Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar

Mål

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	2021	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Volda kommune samhandlar internt og tek initiativ til samskaping med innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar	Bruk av fritidskort		70,0 %		
		Involvere frivillige i evt tilbod om sommarskule	3,0	2,0		
		Medverknad frå lag og organisasjonar i revidering av kvalitetsplan		100,0 %		
		Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar	4.8	4.8		
		Reduksjon i kostnader tiltak utanfor heim		0,0 %		
		Alder ved tildeling av døgnbemanna omsorgsbustadar for eldre.	84,0	84.5		
		Volda kommune planlegg og legg til rette for at innbyggjarane				

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	2021 resultat	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
	kan bu lengst mogleg i eigen heim		Alder ved tildeling av langtidsopphald i institusjon	85,0	85.5		
			Alt i alt, kor fornøgd er du med helse- og omsorgstenestene du har hatt siste året		5.4		
			Sakshandsamingstid for søknader om heimebaserte tenester og praktisk bistand	32,0	24,0		
	Volda kommune vidareutvikler tenester for born og unge slik at fleire oppleve meistring og fellesskap		Andel elevar med spesialundervisning (reduksjon)		5,0 %		
			Auka nærvær barnehagar	90,0 %	91,0 %		
			Auka nærvær skule	92,0 %	92.5		
			Barnesamtalar med alle 5-åringar i barnehagar		100,0 %		
			Del elevar som er nøgd med skulehelsetenesta - elevundersøkinga		90,0 %		
			Elevundersøkinga - medvirkning 10. årsssteg	3.1	3.2		
			Skulebidragsindikator 1.-4. årsssteg		0,0		
			Trivsel i grunnskulen	4.1	4.2		

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

Beskriving av satsingsområde

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

9– Industri, innovasjon og infrastruktur

11- Berekraftige byar og lokalsamfunn

17 – Samarbeid for å nå måla

16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

For Volda kommune er det viktig å stimulere til eit breitt samarbeid for å løyse samfunnsutfordringar i innovative partnerskap med ulike samfunnsaktørar, næringslivet og sosiale entreprenørar.

Det er viktig å sikre fysisk og digital infrastruktur av høg kvalitet som knyt saman små og store bu- og arbeidsmarknadsregionar, og ta i bruk ny teknologi og nye digitale løysingar i utvikling av tenestene.

For å sikre eit lokalsamfunn i utvikling må ein legge til rette for vekst i arbeidsplassar og bulyst.

Volda kommune er ein aktiv utviklar av eit lokalsamfunn som er attraktivt for handel, tenesteyting, næringsutvikling og busetnad. Eit velfungerande sentrum er avgjerande for å oppretthalde Volda sin regionale funksjon i framtida.

Målsettingar

- Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.

Mål

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.	Gjennom samskaping med innbyggjarar og næringsliv legg Volda kommune til rette for blomstrande kultur og møter mellom folk både ute og inne.		Andel lag og organisasjonar som brukar Friskus	63	70		
			Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	2.2	3.5		
			Besøk per kinoforestilling (antall)	16,0	10,0		
			Oppgraderte leikeplassar i kommunen		3,0		
			Tal aktive Aktivitetsvennar	25,0	30,0		
			Tal søknader til tilskotsordning kulturmidlar		10,0		
			Volda kommune tilrettelegger for transformasjon og	Utbygging av ØRN 3	Planlegging		

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
	nye, bærekraftige og attraktive næringsområde.						
	Vi utviklar Volda kommune til ein unik reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur, autentiske og eksklusive opplevingar.		Ansatte i overnattings- og serveringsvirksomhet	72		75	
			Turisme: opne kommersielle bedrifter februar måned	10		11	
			Turisme: Overnattingar	5 404,0		5 900,0	
	Volda kommune styrkar sin regionale posisjon ved å ha framtidsretta infrastruktur.		Auke i kollektivtilbud			1,0	

Grøn omstilling

Beskriving av satsingsområde

Grøn omstilling er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

- 13– Stoppe klimaendringar
- 17 – Samarbeid for å nå måla
- 16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Volda kommune skal gjennom si planlegging, verksemd og i samhandling med andre sikre redusert klimaavtrykk. Vidare legge til rette for at innbyggjarane kan ta miljøvennlege val.

Kommunen skal arbeide målretta med samfunnstryggleik for at innbyggjarane skal kjenne seg trygge, og arbeide for å ivareta naturverdiar og økosystem.

Målsettingar

- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.

Mål

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska 2021	Oppnådd 2022	Statusbeskriving indikator
Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.	Volda kommune bygger ut og legg til rette for miljøvennleg infrastruktur		Antall km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for	8	8	
			Elbil per ladepunkt (antall)	17,0	16,9	
			Elbiler i kommunen (antall)	300,0	330,0	
			Hurtiglading (antall)	8,0	26,0	
			Normallading (antall)	9,0	10,0	
	Volda kommune energieffektiviserer og optimaliserer si verksemd		Formålsbygg, kommune Strøm Energibruk (MWh)	6 869	6 869	
			Herav energikostnader per kvadratameter (kr)	89,0	88,0	
	Volda kommune er klimavenleg i sine innkjøp		Del av kommunen sin person- og varebilpark som er elbil	10,0 %	30,0 %	
			Klimakrav i anbud og kontrakt	Ja	Ja	
	Volda kommune sikrar sjølve og gjennom sitt renovasjonsselskap at avfall gir verdi		Kildesortering mat-papir-plast	Ja	Ja	
			Materialgjenvinning gjennom VØR	58,6	59,0 %	

Organisasjonsutvikling

Beskriving av satsingsområde

Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde i Volda kommune som er forankra i kommunen sine verdiar

Raus

Modig

Kompetent

Lærande

For Volda kommune er det viktig at innbyggjarane er involvert i demokratiske prosessar som er prega av openheit og tillit. Representasjon i den politiske deltakinga skal spegle samfunnet.

Volda kommune skal vere ein føreseieleg og attraktiv arbeidsgjevar som er tydeleg i sine forventningar, der dei tilsette meistrar, trivest og får nytta ressursane sine.

Målsettingar

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.

Mål

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse Indikator delmål	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat indikator	Statusbeskriving
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Heiltidsandel for Volda totalt				
		Høg rolleklarheit		4.1		
		Sjukefråvær i organisasjon	9.1	9,0 %		
	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner. Gjennom aktiv informasjonsflyt oppnår ein meir deltaking og eit levande lokaldemokrati.	Auka engasjement inn mot politiske saker		10,0 %		
		Folkemøte		2,0		
		Kommunedirektøren gjennomfører informasjonsmøte		2,0		

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
			med tilsette				
			Månadens hendingar sett frå ordførar sin ståstad	2,0	8,0		
			Meistringsklima		4,0		
			Meistringsorientert leiing		4,0		
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru		Meistringstru		4.2		
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.		Ei drift i samsvar med budsjettramme	100,0 %	100,0 %		
			Investering i samsvar med budsjettrammer	90,0 %	95,0 %		
	Volda kommune sitt beredskapsarbeid trygger samfunnet.		Årleg gjennomgang av beredskapsplanen	Gjennomført	Gjennomført		

Kommunen sine tenesteområde

Administrasjonsstab

Skildring av tenesteområde

I administrasjonsstaben har ein samla ansvar for informasjon, beredskap, innovasjon og digitalisering, prosjektutvikling, næringsfond, grunnforhandlingar og rådgjeving. Sakshandsaming etter alkohollova og serveringslova ligg til administrasjonsstaben. Skal ein nå satsingsområda som ligg i kommuneplanen, samtidig som vi skal oppnå krav om effektivisering og innsparing, må ein ha eit målretta fokus nettopp på tenesteutvikling, mål- og kvalitetsarbeid og digitalisering. Samfunnsutviklinga medfører behov for endringar, og det vil liggje målkonflikter mellom intensjonar og økonomiske realitetar. Ein vert utfordra på å gjere prioriteringar. Administrasjonsstaben vil vere sentrale for å initiere og setje i verk ulike prosessar saman med leiarane i sektorane for å ha eit stadig fokus på best mogleg utnytting av ressursar – til beste for heile Volda kommune.

Kommunikasjonsmål i Volda kommune

Gjennom vår kommunikasjon, både internt i kommunen og eksternt til innbyggjarar og andre interessentar, har vi som mål å;

- Gjere informasjon om kommunen sine tenester og tilbod lett tilgjengeleg.
- Leggje til rette for medverknad i saker som vedkjem innbyggjarar.
- Gi auka kunnskap om kommunen sine samfunnsoppdrag.
- Formidle komplekse saker på ein enkel og forståeleg måte.
- Synleggjere kommunen sine aktivitetar og resultat i ulike sektorar.

Viktige hendingar

Administrasjonsstab

Ørsta kommune sitt erstatningskrav for tapte kraftinntekter i samband med grensejustering av Bjørke vart handsama i skjønsmemnda. Både Volda kommunane og Ørsta kommune anka skjønsmemnda si avgjerd.

Språkprofil kom på plass gjennom interkommunalt samarbeid i sjustjerna. Språkprofilen legg grunnlag for styrka demokrati og effektiv kommunikasjon.

Voldakortet vart innført som 3 årig prosjekt frå og med studieåret 2020/2021. Voldakortet er eit samarbeid med Volda næringsforum der studentane får kortet til ein verdi av kr 5000 mot å melde flytting til Volda kommune. For 2020/2021 var det 553 som melde flytting og for 2021/22 var det 260 som melde flytting.

Dokumentasjon og service

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern har hatt eit sterkt fokus i Volda kommune i løpet av 2022, både gjennom opplæring, kartlegging og arbeid i kommunedirektøren si leiargruppe. Volda

kommune inngjekk avtale med Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal om kjøp av personvernombodstenester, i tillegg til at kommunen har ein personvernrådsgjevar i 30 % stilling.

Når det gjeld dokumentasjonsbehandlinga, så har det blitt gjennomført fleire endringar som bidreg til effektivisering og auka digitalisering knytt til sakshandsaminga.

Arkivgruppa på Søre Sunnmøre har samarbeidd om ei rekke digitale kurs for å gje sakshandsamarane god opplæring i bruk av sakshandsamlingsverktøyet. Papirarkivet til tidlegare Hornindal kommune har blitt flytta frå Smia til Volda kommune sitt fjernarkiv og depot, og eit par av dei store, avslutta arkivdatabasane har blitt konvertert og klargjort for langtidsbevaring.

Politisk

Det vart lagt fram sak med forslag om å redusere antal kommunestyremedlemmer frå 33 til 27 og utvalsmedlemmer frå 9 til 7 frå og med komande valperiode. Kommunestyret valte å fasthalde dagens medlemstal. Kommunestyret vedtok endra oppstartstidspunkt for kommunestyre- og formannskapsmøta. Formannskapet startar kl 1000 og kommunestyret kl 1200.

Det vart oppstarta eit demokratiprojekt med fokus på politisk deltaking og mobilisering av innbyggjarane til å engasjere seg.

Innovasjon og digitalisering

Avdeling for Innovasjon og Digitalisering arbeider på tvers av alle sektorar og tenester. Det vert vist til kommunen sitt digitaliseringsprogram for oversikt over kommunen sine digitaliseringsaktivitetar.

Framheva viktige hendingar i 2022

Breiband

Kommunen har lykkast godt med å både stimulere til kommersiell utbygging der utbygger bygg ut utan offentleg stønad, og utbygging med støtte frå den nasjonale breibandsordninga som er forvalta av Fylkeskommunen.

Ekstern strategisk vurdering av digital tenesteutvikling og IT-drift for kommunane på Søre Sunnmøre

Volda kommune søkte og fekk innvilga skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren for å få gjennomført ei ekstern strategisk vurdering av digital tenesteutvikling og IT-drift for samarbeidet på Søre Sunnmøre. Det vart utarbeida konkurransegrunnlag vinteren 2022. Konkurransen vart gjennomført tidleg i 2023, og den strategiske vurderinga skal ende i ein sluttrapport med tilrådingar og er planlagt ferdig til sommaren.

Verksemdsarkitektur, informasjonssikkerheit og personvern

Kommunen har stort fokus på sikkerheit og personvern. Difor har arbeid med dette blitt prioritert høgt i kommunen, og vi har no etablert eit godt dokumentasjonsgrunnlag for vidare arbeid med verksemdsarkitektur*.

*Verksemdsarkitektur er ei skildring av verksemda si organisering, styring, tenester, arbeidsprosessar, informasjonsgrunnlag, IT-system og teknologi. Verksemdsarkitektur inkluderar ein metode for å identifisere endringar verksemda må gjennomføre for å nå sine strategiske mål.

Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal (IKA) kåra Volda kommune til årets personvernkommune i fylket i 2022. I grunngjevinga for at Volda kommune fekk prisen vart det blant anna at øvste leing i kommunen forstår viktigheita av at arbeidet med personvern er godt implementert i heile organisasjonen. Dette avspeglar seg i ressursar og prioriteringar som kommunen vel å bruke på feltet.

Internkontroll og tilsyn

Internkontroll knytt til IT-sikkerheit og personvern har hatt høg prioritering. Dette arbeidet vert initiert og koordinert frå administrasjonsstaben, men heile administrasjonen vert involvert i dette arbeidet. Kommunen brukar KS sitt verkty "Digiorden" for å få oversikt over alle datasystem og IT-arkitekturen i kommunen. Det vart inngått avtale med det interkommunale arkivselskapet IKA Møre og Romsdal om å ivareta funksjonen som personvernombod. I administrasjonsstaben vart det prioritert å reservere 30 % stilling som personrådgjevar for å byggje opp rutinar, koordinere og drive opplæring innanfor personvern. Sikkerheitsansvarleg, personvernrådgjevar og digitaliseringsrådgjevar samarbeider i team for å byggje opp internkontrollrutinane innanfor IT-sikkerheit, personvern og informasjonssikkerheit. Det vart gjennomført digital opplæring både i personvern og IT-sikkerheit.

Det er ein eigen funksjon for å rapportere avvik på personvern i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo. Det vart meldt 31 avvik i heile organisasjonen i fjor. Avvik som kan innebære at personopplysningar kjem på avvege vert meldt til datatilsynet. Alle avvik vert kommentert av personvernombodet og følgt opp gjennom egne tiltak.

Administrasjonsstaben koordinerer vedtaksloggen som er ein del av internkontrollen. Vedtaksloggen vert lagt for kommunestyret kvart tertial med ei attendemelding om status for oppfølging av politiske vedtak.

Det var ikkje statleg tilsyn på tenesteområdet administrasjonsstab i 2022.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
11-Administrasjonsstab	19 641	12 185	-7 455	-61,2 %
13-Dokumentasjon og service	6 021	6 242	222	3,6 %
14-Politisk	5 017	5 147	130	2,5 %
15-Innovasjon og digitalisering	12 365	12 900	535	4,1 %
Sum	43 044	36 475	-6 569	-18,0 %

Kommentar til status økonomi

Administrasjonsstaben kjem i 2022 ut med eit stor meirforbruk. Dette har samband med at overskjønnsnemnda knytt til grensejustering Bjørke enda med eit forlik mellom Ørsta og Volda. Dette

inneber at vi i 2022 har utbetalt 8,5 mill kroner til ørsta for åra 2020 - 2022, samt 540 000 kroner i advokatutgifter som forfalt i 2022.

Dette vart først kjent i januar 2023 og kostnaden er ikkje justert i budsjettet og sektoren får difor eit meirforbruk.


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	14 683	14 939	15 171	232	1,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	9 390	9 417	6 054	-3 364	-55,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	961	13 096	13 102	7	0,1 %
Overføringsutgifter	19 835	16 936	12 849	-4 087	-31,8 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	44 869	54 388	47 176	-7 212	-15,3 %
Salgsinntekter	-2 272	-8 576	-8 161	414	-5,1 %
Refusjoner	-4 739	-2 734	-1 737	998	-57,4 %
Overføringsinntekter	0	-34	0	34	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-803	-803	100,0 %
Sum Driftsinntekter	-7 011	-11 344	-10 701	643	-6,0 %
Netto resultat	37 858	43 044	36 475	-6 569	-18,0 %


Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.
- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.
- Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		Høg rolleklarheit		4.1	4.4	
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Sjukefråvær i organisasjon	9.1	9,0 %	4,7 %	
	Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner. Gjennom aktiv informasjonsflyt oppnår ein meir deltaking og eit levande lokaldemokrati.	Auka engasjement inn mot politiske saker		10,0 %		
		Folkemøte		2,0	10,0	
		Kommunedirektøren gjennomfører informasjonsmøte med tilsette		2,0	1,0	
		Månadens hendingar sett frå ordførar sin ståstad	2,0	8,0	0,0	
		Meistringsorientert leiing		4,0	4,7	
	Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru		4.2	4,3	
	Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjetttramme	100,0 %	100,0 %	119,1 %	
		Investering i samsvar med budsjettammer	90,0 %	95,0 %	71,8 %	
	Volda kommune sitt beredskapsarbeid trygger samfunnet.	Årleg gjennomgang av beredskapsplanen	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	
Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv	Gjennom samskaping med innbyggjarar og næringsliv legg	Andel lag og organisasjonar som brukar Friskus	63	70	90	

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.	Volda kommune til rette for blomstrande kultur og møter mellom folk både ute og inne.					
	Volda kommune styrkar sin regionale posisjon ved å ha framtidsretta infrastruktur.	Auke i kollektivtilbud		1,0	0,0	
Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Volda kommune samhandlar internt og tek initiativ til samskaping med innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar	Bruk av fritidskort		70,0 %	62,0 %	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B)	6 463	7 841	5 366	6 214	5 869
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B)	420	532	334	455	380
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B)	4 498	5 655	4 302	4 646	4 485
Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb (B)	270	209	363	148	198
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	6,7 %	8,0 %	6,3 %	6,6 %	6,5 %
Levekår					
Indeks berekna utgiftsbehov	1,040	1,029	1,047	1,028	1,011

Auken i administrasjonskostnader frå år 2021 har samanheng med at kostnad knytt til grensejustering Bjørke (utbetaling til Ørsta for åra 2020-2022) er kostnadsført på denne funksjonen. Overføringa til Ørsta samt kostnadar kring saka er tilsaman 9 mill kroner i 2022.

Nederste line i tabellen viser utgiftsbehovet til heile kommunen. Denne viser at Volda i 2022 var 2,8 % dyrare å drifte enn gjennomsnittskommunen.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Reknesk
IKT investeringar Volda kommune	15 550	8 379	5 025	3 6
Sum	15 550	8 379	5 025	3 6

Statustekst investeringar

IKT investeringar Volda kommune

Investeringsprosjekter er stortsett i samsvar med plan.

Prosjekter som ikkje vil bli avslutta i år har blitt overført til neste år, med informasjon i statusfeltet på kvifor desse måtte flyttast.

Samandrag status investeringar

Innovasjon og digitalisering

Investeringar er utført stortsett i samsvar med plan, men for nokre tiltak har det av eksterne årsaker oppstått forsinkelsar i 2022. Aktuelle tiltak vert ført over til 2023.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	1,89 %	6,40 %	8,29 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,77 %	0,00 %	1,77 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,94 %	1,79 %	4,73 %

Dokumentasjon og service

Skildring av tenesteområde

Dokumentasjon og service

Avdelinga har ansvar for servicekontoret på rådhuset og for servicekontoret i Hornindal, for postmottak og arkiv. Vi har arkivfagleg ansvar for dokumentasjonsforvaltninga i kommunen og står for dagleg drift, utvikling og internkontroll av kommunen sitt sakshandsamarsystem. I tillegg er avdelinga politisk sekretariat og ansvarleg for gjennomføring av val. Rollene som sikkerheitsansvarleg og personvernrådsgjevar er lagt til avdelinga.

Viktige hendingar

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern har hatt eit sterkt fokus i Volda kommune i løpet av 2022, både gjennom opplæring, kartlegging og arbeid i kommunedirektøren si leiargruppe. Volda kommune inngjekk avtale med Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal om kjøp av personvernombodstenester, i tillegg til at kommunen har ein personvernrådsgjevar i 30 % stilling.

Når det gjeld dokumentasjonsbehandlinga, så har det blitt gjennomført fleire endringar som bidreg til effektivisering og auka digitalisering knytt til sakshandsaminga.

Arkivgruppa på Søre Sunnmøre har samarbeidd om ei rekke digitale kurs for å gje sakshandsamarane god opplæring i bruk av sakshandsamlingsverktøyet. Papirarkivet til tidlegare Hornindal kommune har blitt flytta frå Smia til Volda kommune sitt fjernarkiv og depot, og eit par av dei store, avslutta arkivdatabasane har blitt konvertert og klargjort for langtidsbevaring.

Kommentar til status økonomi

Avdelinga har eit mindreforbruk på 221.788 kr. Årsaka til dette er ei auke i inntekter, hovudsakleg gjennom sal av eigedomsopplysningar/meklarapakkar, i tillegg til inntekter gjennom refusjonar.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	4 940	4 606	4 629	23	0,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 478	1 617	1 226	-391	-31,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	0	550	550	100,0 %
Overføringsutgifter	390	391	1	-390	-42424,1 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	6 808	6 613	6 406	-207	-3,2 %
Salgsinntekter	-247	-403	-161	242	-150,0 %
Refusjoner	-617	-189	-2	187	-8659,3 %
Sum Driftsinntekter	-864	-592	-163	429	-262,6 %
Netto resultat	5 944	6 021	6 242	222	3,6 %


Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)


Årsmelding 2022



Detaljvisning drift (graf)



Driftsinntekter



Politisk

Skildring av tenesteområde

Formannskap og dei tre tenesteutvala; tenesteutval for helse og omsorg, tenesteutval for oppvekst og kultur og tenesteutval for forvaltning og utvikling, har 9 medlemmar kvar. Kommunestyret er kommunen øvste organ og har 33 medlemmer, ordførar er Sølvi Dimmen. Hovudoppgåva er å vedta overordna mål og utvikle langsiktige strategiar for verksemda til kommunen. Kommunestyret vedtek òg kommunen sitt budsjett og økonomiplan.

Politisk sekretariat skal bidra til eit velfungerande lokaldemokrati., og skal legge til rette før auka demokratisk deltaking for innbyggjarane. Gjennom digitalisering skal politisk sekretariat bidra til auka openheit og innsyn i politiske prosessar i Volda kommune.

Politisk sekretariat skal følgje opp rutinar for vedtaksoppfølging og rapportering av vedtak.

Kommentar til status økonomi

Politisk har eit mindreforbruk på 99.903 kr. Dette skuldast i hovudsak eit mindreforbruk på konto 14700 - overføringer til andre.


Rekneskap

Beløp i 1000



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	3 281	4 156	3 965	-192	-4,8 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	672	580	623	44	7,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	85	0	-85	0,0 %
Overføringsutgifter	412	220	559	339	60,6 %
Sum Driftsutgifter	4 364	5 041	5 147	106	2,1 %
Salgsinntekter	0	1	0	-1	0,0 %
Refusjoner	-6	8	0	-8	0,0 %
Overføringsinntekter	0	-34	0	34	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-6	-24	0	24	0,0 %
Netto resultat	4 359	5 017	5 147	130	2,5 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Innovasjon og digitalisering

Skildring av tenesteområde

Innovasjon og digitalisering er ei avdeling i administrasjonsstaben.

Digitaliseringsaktiviteten i kommunen er styrt gjennom kommunen sitt Digitaliseringsprogram. Programmet er omtalt i eige kapittel. Digitaliseringsrådgjeveren i avdelinga leiar kommunen sitt digitaliseringsprogram og kommunen sitt digitaliseringsråd. Digitaliseringsrådgjevar representerer også kommunen i det interkommunale digitaliseringsrådet.

Avdelinga har ansvar for:

- Syte for overordna samordning innanfor innovasjon- og digitaliseringsarbeidet som vert gjort i kommunen, og Sjustjerna-samarbeidet.

- Ansvar for å følge opp Søre Sunnmøre IKT sin leveranse til kommunen.
- Budsjett og resultat-ansvar for IKT investeringar, og IKT Tenester (inkludert SSIKT)
- Portefølje og prosjektstyringsmetodikk og verktøy for kommunen
- Oppfølging av tenesteleveranse frå IKT Nordfjord i samband med drift av system som er under avvikling frå tidlegare Hornindal kommune
- Halde oversikt over kommunen sin IT-arkitektur, herunder alle IKT system, integrasjonar, og datasett
- Utarbeide og halde oversikt over kommune sin verksemdsarkitektur*
- Legge til rette og syte for breibandsutvikling i kommunen

*Verksemdsarkitektur er ei skildring av verksemda si organisering, styring, tenester, arbeidsprosessar, informasjonsgrunnlag, IT-system og teknologi. Verksemdsarkitektur inkluderar ein metode for å identifisere endringar verksemda må gjennomføre for å nå sine strategiske mål.

Viktige hendingar

Avdeling for Innovasjon og Digitalisering arbeider på tvers av alle sektorar og tenester. Det vert vist til kommunen sitt digitaliseringsprogram for oversikt over kommunen sine digitaliseringsaktivitetar.

Framheva viktige hendingar i 2022

Breiband

Kommunen har lykkast godt med å både stimulere til kommersiell utbygging der utbygger bygg ut utan offentleg stønad, og utbygging med støtte frå den nasjonale breibandsordninga som er forvalta av Fylkeskommunen.

Ekstern strategisk vurdering av digital tenesteutvikling og IT-drift for kommunane på Søre Sunnmøre

Volda kommune søkte og fekk innvilga skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren for å få gjennomført ei ekstern strategisk vurdering av digital tenesteutvikling og IT-drift for samarbeidet på Søre Sunnmøre. Det vart utarbeida konkurransegrunnlag vinteren 2022. Konkurransen vart gjennomført tidleg i 2023, og den strategiske vurderinga skal ende i ein sluttrapport med tilrådingar og er planlagt ferdig til sommaren.

Verksemdsarkitektur, informasjonssikkerheit og personvern

Kommunen har stort fokus på sikkerheit og personvern. Difor har arbeid med dette blitt prioritert høgt i kommunen, og vi har no etablert eit godt dokumentasjonsgrunnlag for vidare arbeid med verksemdsarkitektur*.

*Verksemdsarkitektur er ei skildring av verksemda si organisering, styring, tenester, arbeidsprosessar, informasjonsgrunnlag, IT-system og teknologi. Verksemdsarkitektur inkluderar ein metode for å identifisere endringar verksemda må gjennomføre for å nå sine strategiske mål.

Kommentar til status økonomi

Avdeling for Innovasjon og Digitalisering har gjennomført det meste som var planlagt i 2022, men vi har opplevd nokre forsinkelsar som har ført til at nokre investeringar har måtte flyttast til 2023. Det har også kome utgifter frå KS som skulle vore fakturert tidleg i 2021, men som ikkje kom før midt ut i 2022.


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	731	465	480	15	3,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	12 530	12 520	-10	-0,1 %
Overføringsutgifter	10 474	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	11 205	12 995	13 000	5	0,0 %
Salgsinntekter	0	-240	0	240	0,0 %
Refusjoner	-341	-389	-100	289	-289,2 %
Sum Driftsinntekter	-341	-629	-100	529	-529,2 %
Netto resultat	10 864	12 365	12 900	535	4,1 %


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



■ Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
 ■ Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
 ■ Overføringsutgifter

Driftsinntekter



■ Refusjoner
 ■ Salgsinntekter

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Reknesk
IKT investeringar Volda kommune	15 550	8 379	5 025	3 6
Sum	15 550	8 379	5 025	3 6

Statustekst investeringar

IKT investeringar Volda kommune

Investeringsprosjekter er stortsett i samsvar med plan.

Prosjekter som ikkje vil bli avslutta i år har blitt overført til neste år, med informasjon i statusfeltet på kvifor desse måtte flyttast.

Samandrag status investeringar

Investeringar er utført stortsett i samsvar med plan, men for nokre tiltak har det av eksterne orsakar oppstått forsinkelsar i 2022. Aktuelle tiltak vert ført over til 2023.

Oppvekst

Skildring av tenesteområde

Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistar og lærer

Visjonen kjem fram i ny oppvekstplan utarbeidd i 2022. Oppvekstplanen og visjonen skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som arbeider i sektoren. Dei lovpålagde oppgåvene og måla styrer arbeidet vårt, medan visjonen peikar på det overordna målet og teiknar opp kursen vår.

Den interkommunale barneverntenesta som Volda er vertskommune for, utfører oppgåvene kommunen har etter barnevernlova. Tenesta skal, saman med samarbeidspartnarar, ha fokus på tidleg oppdaging og tidleg intervensjon.

Helsestasjonen si verksemd vert styrt av helse- og omsorgstenestelova (avgrensa til helsestasjonsverksemd), helsepersonellova (avgrensa til helsestasjonsverksemd) og folkehelselova. Dette inneber svangerskaps- og barselsomsorg, helsestasjon og skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom og studentar. Kommunepsykolog og familie- og ungdomsrettleiar er organisatorisk lagt til avdeling helsestasjon.

I 2022 var det oppretta stilling som koordinator tidleg innsats. Koordinator arbeider no hovudsakleg med ulike tverrfaglege utviklingsarbeid som skal gjere organisasjonen betre i stand til tidleg oppdage skeivutvikling og kunne setje inn rett tiltak for å hindre dette.

Volda kommune har 7 kommunale barnehagar som utfører oppgåver styrt av barnehagelova m. forskrift og rammeplan for barnehagen. Spesialpedagogisk koordinator er organisatorisk lagt til avdeling barnhage. Kommunen har tilsyns- og rettleiingsansvar for dei 6 private barnehagane. Det er i tillegg ein open barnehage i kommunen.

Kommunen har 7 grunnskular som utfører oppgåver styrt av opplæringslova m. forskrift og læreplanverket for grunnskulen. Kulturskulen og logoped er organisatorisk lagt til avdeling skule.

Vaksenopplæring og integrering har ansvar for grunnskule og spesialundervisning for vaksne, norskopplæring og introduksjonsprogram. Tenesta utfører oppgåver styrt av opplæringslova og integreringslova.

Volda er ein del av interkommunal PPT, med Ulstein som vertskommune.

Tidleg innsats er eit grunnleggande prinsipp i sektoren, som skal arbeide førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr. Dei skal møte tilgjengelege tilsette med rett kompetanse og som er trygge i rollene sine.

Sektor for oppvekst skal vere ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling har fokus. Alle tilsette skal oppleve eit inspirerande miljø, fritt for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering.

Viktige hendingar

Busetjing av flyktningar har vore den største og kanskje viktigaste hendinga i sektor oppvekst i 2022. Det vart busett i alt 147 flyktningar, noko som er mange gongar meir enn det organisasjonen var budd på. Mykje av arbeidet knytt til busetting ligg til Volda læringssenter, men også andre tenester har fått fleire oppgåver.

Det er skrive meir utfyllande om dette i eige avsnitt i årsmeldinga.

Barnevernstenesta har i 2022 halde fram arbeidet med å implementere oppvekstreformene og tilpasse seg endringar i lova.

Utover dette vart det siste del av 2022 arbeidd med sak om inkludering av Vanylven kommune i den interkommunale barnevernstenesta. Det vart før nyttår gjort vedtak om dette i ale samarbeidskommunane, og Vanylven vart ein del av samarbeidet frå 01.01.23.

Vaksinering har vore ei stor og ressurskrevjande oppgåve for helsestasjonen. I 2022 såg vi vonleg enden på både pandemien og behovet for massevaksinering, sjølv om det framleis vert vaksinert utvalde grupper. Pandemien ga helsestasjonen ekstra oppgåver, og ein måtte omdisponere i drifta. Utetter i 2022 har drifta vorte meir "normalisert". Den ordinære skulehelsetenesta er i normal drift, og helsestasjon for ungdom og studentar kom i gong att.

Særleg første del av 2022 var krevjande for barnehagane. I utgangen av pandemien var sjukefråværet til dels svært høgt. I denne perioden var det krevjande å ha normal drift, og det første til stor slitasje for personalet.

I 2022 vart det gjennomført tilsyn på barnehageområdet: Kommunen som barnehagemyndigheit. Volda kommune fekk gode tilbakemelding frå Statsforvaltaren, og det vart ikkje funne noko lovbrøt.

Utetter i 2022 kom grunnskuledrifta og kulturskuledrifta i normalt gjenge. Før nyttår gjennomførte Statsforvaltaren tilsyn med kommunen og Øyra skule: Det vart ført tilsyn med kommunen sitt arbeid for

å sikre eit trygt og godt skulemiljø. Det var eit relativt omfattande tilsyn. Alt i alt viste tilsynet at kommunen og Øyra skule gjer eit godt arbeid for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Noko av det Statsforvaltaren påpeikte var at kommunen må sikre at alle tilsette kjenner godt rutinar og retningslinjer i arbeidet med å sikre eit godt skulemiljø.

Krigsutbrotet i Ukraina fekk store konsekvensar for drifta av Volda læringscenter. Det vart gjort vedtak om busetting av 150 flyktningar i 2022. Det vart busett 147 personar, og var mogeleg grunna ein ekstraordinær innsats av tilsette ved Volda læringscenter, men også i andre tenester i kommunen. I tillegg til sjølve busettinga gir senteret norskopplæring til flyktningar i tillegg til ordinær grunnskuleopplæring til vaksne og spesialundervisning til vaksne.

Internkontroll og tilsyn

Gjennom 2022 har sektoren arbeidd vidare med å styrke og sikre det interne kontrollarbeidet i sektoren slik at lovar og forskrifter vert følgt opp.

Det er ikkje krav om ein bestemt mal i dokumenteringa av internkontrollsystemet. I sektor oppvekst er / vil systemet vere bygt opp slik at det kjem fram korleis lovkrava innan det enkelte tenesteområdet vert oppfylt. Vidare er det utarbeidd rutinar og retningslinjer som meir konkret skildrar utøvinga i tenesta.

I samband med tilsyn Volda kommune og Øyra skule har Statsforvaltaren vurdert internkontrollsystemet i grunnskuletenesta, og funne at kommunen har "stort fokus på internkontrollarbeid for å få på plass eit internkontrollsystem som oppfyller lovkrava i kommunelova § 25-1". Samstundes fann Statsforvaltaren at kontrollen ikkje i tilstrekkeleg grad sikra lovoppfylting. Administrasjonen vil innan fristen i juni 2023, rette opp det Statsforvaltaren har funn å kunne setje fingeren på.

Statsforvaltaren førte også tilsyn med Volda kommune som barnehagemyndigheit i 2022. Her konkluderer Statsforvaltaren at kommunen oppfyller regelverket på dette området.

Uttetter i 2023, held sektoren fram arbeidet med eit heilskapleg internkontrollsystem.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
21-Stab oppvekst	9 519	10 524	1 005	9,5 %
22-Barnevern Volda	19 879	21 001	1 122	5,3 %
23-Helsestasjon	12 340	12 955	615	4,8 %
24-Barnehage	105 742	106 725	983	0,9 %
25-Skule	140 330	141 948	1 618	1,1 %

Årsmelding 2022

Avdeling	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
26-Vaksenopplæring og integrering	21 015	21 143	129	0,6 %
27-Interkommunalt barnevern	336	-520	-856	-164,7 %
Sum	309 161	313 776	4 615	1,5 %

Kommentar til status økonomi

Sektor oppvekst hadde i 2022 eit positivt avvik på 4 488 743 kroner. Det tilsvarar 1,4 % av tildelt budsjett.

Stab oppvekst

I stab har det vore mindre utgifter enn budsjettert til skuleskyss og PPT.

Barnevern Volda

Mindreforbruk 1 118 516 kroner. Hovudsakleg knytt til mindre utgifter til kjøp av tenester frå andre.

Helsestasjon

Mindreforbruk 615 495 kroner. Dette er hovudsakleg eit tilskot som også skal brukast i 2023.

Barnehage

Mindreforbruk 930 771 kroner. Hovudsakleg knytt til større inntekter enn budsjettert.

Vikarutgiftene er i tillegg lågare enn den reelle kostnaden sidan styrarar går inn og dekker noko av fråværet.

Skule

Mindreforbruk 1 537 147 kroner. Mindreforbruk på fleire budsjettpostar.

Vaksenopplæring og integrering

Mindreforbruk 121 392 kroner. Langt på veg er dette å sjå på som balanse mellom budsjett og rekneskap.


Rekneskap

Beløp i 1000



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	315 176	338 113	343 339	5 225	1,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	26 121	27 791	27 563	-228	-0,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	79 120	80 734	82 934	2 201	2,7 %
Overføringsutgifter	2 972	3 272	2 499	-774	-31,0 %
Finansutgifter	1	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	423 390	449 911	456 335	6 424	1,4 %
Salgsinntekter	-16 445	-16 682	-17 047	-365	2,1 %
Refusjoner	-126 961	-123 909	-125 387	-1 477	1,2 %
Overføringsinntekter	-487	-159	-125	34	-27,0 %
Sum Driftsinntekter	-143 893	-140 750	-142 559	-1 809	1,3 %
Netto resultat	279 498	309 161	313 776	4 615	1,5 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.
- Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska 2021	Oppnådd resultat 2022	Statusbeskriving indikator
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Heiltidsandel for Volda totalt			
		Høg rolleklarheit	4.1	4,0	
		Sjukefråvær i organisasjon	9.1	9,0 %	10,5 % Det er fråværet 1. tertial som dreg opp det samla sjukefråværet. Då var organisasjonen på veg ut av pandemien.
		Meistringsorientert leiing		4,0	3,9
		Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru		4.2	4,1
		Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjetttramme	100,0 %	100,0 % 98,5 %
		Investering i samsvar med budsjetttrammer	90,0 %	95,0 %	27,0 %
Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.	Volda kommune er klimavenleg i sine innkjøp	Del av kommunen sin person- og varebilpark som er elbil	10,0 %	30,0 %	
		Kildesortering mat-papir-plast	Ja	Ja	
Volda sine innbyggjarar	Volda kommune samhandlar internt	Involvere frivillige i evt tilbod om	3,0	2,0	Det vart inga ordning med sommarskule i

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska Oppnådd Statusbeskriving 2021 resultat resultat indikator 2022		
opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	og tek initiativ til samskaping med innbyggjarar, frivillige, lag og organisasjonar	sommarskule			2022
		Medverknad frå lag og organisasjonar i revidering av kvalitetsplan	100,0 %		Ein nådde ikkje målet om involvering frå frivillig lag og organisasjonar slik det var sett mål om
		Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar	4.8	4.8	4,2 Resultatet var 4,2 også i 2021. Det er lagt inn feil tal i budsjettarbeidet. Ein har med andre ord oppnådd målet om likt resultat i 2022.
		Reduksjon i kostnader tiltak utanfor heim	0,0 %		Det samla talet på barn i tiltak utanfor heim er redusert frå 2021 til 2022. Kostnadene er likevel ikkje redusert, sidan tiltaka har vore dyrare etter innføring av barnevernreformen.
		Volda kommune vidareutvikler tenester for born og unge slik at fleire oppleve meistring og fellesskap	Andel elevar med spesialundervisning (reduksjon)	5,0 %	10,0 % Talet elevar som har spesialundervisning er redusert frå 78 i 2021 til 70 i 2022. Det tilsvara ein reduksjon på 10,3 %.
		Auka nærvær barnehagar	90,0 %	91,0 %	86,2 % Ein oppnådde ikkje målet om 91 % nærvær i barnehagane. Dei første månadene i 2022 var fråværet høgt grunna siste "rest" av korona.
		Auka nærvær skule	92,0 %	92.5	90,7 % Første månadene i 2022 var sjukefråværet relativt høgt grunna siste "rest" av korona. Ein nådde av den grunn ikkje målet om nærvær.

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska Oppnådd Statusbeskriving		
			2021 resultat	2022 resultat	indikator
		Barnesamtalar med alle 5-åringar i barnehagar	100,0 %		
		Del elevar som er nøgd med skulehelsetenesta - elevundersøkinga	90,0 %	90,0 %	86,1 % av elevane er ganske nøgd, nøgd eller svært nøgd med skulehelsetenesta. Svara for "litt nøgd" er unnateke off. Med dei tala er det truleg at resultatet ville vere 90 %.
		Elevundersøkinga - medvirkning 10. årssteg	3.1	3.2	3,6
		Skulebidragsindikator 1.-4. årssteg	0,0	-1,2	Skulebidragsindikatoren for 1.-4. klasse er framleis negativ
		Trivsel i grunnskulen	4.1	4.2	4,2 Resultatet samla frå 5. til 10. klasse er 4,15. I Framsikt vert dette runda oppover til 4,2

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B)	0,7	1,2	0,4	0,7	0,6
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B)	3 486	4 088	3 204	3 746	3 735
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	13 446	15 733	12 154	14 911	15 026
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	187 667	194 290	195 511	186 097	182 861
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	110 587	111 619	108 872	109 667	104 258
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	3 265	3 355	2 324	3 729	2 962
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B)	3 365	5 652	6 619	7 244	6 973
Produktivitet					
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)	11,5	11,2	12,5	12,1	13,1
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	170 061	176 441	184 320	185 760	179 625
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B)	20 210	18 702	21 984	21 451	22 851
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-22 år) med tiltak (B)					
Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (B)	128 417	183 562	453 932	340 936	408 509
Dekningsgrad					
Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)	8,9 %	13,6 %	12,1 %	8,2 %	4,5 %
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B)	94,5 %	88,0 %	93,5 %	89,9 %	87,1 %
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	99,7 %	100,8 %	99,5 %	98,2 %	97,1 %
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	0,0 %	0,0 %	1,7 %	5,2 %	3,1 %
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	59,9 %	60,9 %	63,0 %	48,1 %	55,4 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	17,4 %	19,4 %	11,9 %	19,7 %	14,0 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	6,6 %	5,7 %	6,2 %	9,7 %	7,8 %
Barn med undersøkelse ift. antall	4,2 %	3,8 %	2,9 %	3,2 %	3,8 %

Årsmelding 2022

innbyggere 0-17 år (B)

Kvalitet

Begge kjønn Universitets- og høyskoleutd. med annen pedagogisk utdanning Lærere (prosent)	12,2	13,4	12,8	10,8	13,0
Begge kjønn Universitets- og høyskoleutdanning. med en lærerutdanning Lærere (prosent)	81,8	79,9	81,0	77,3	74,0
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,2	4,2	4,4	4,1	
Gjennomsnittlig deltakelseslengde (månader)	8	6	7	0	0
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	5,7	5,5	5,5	6,0	5,8
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	50,0	50,0	50,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk	50,0	51,0	50,0	49,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	51,0	52,0	49,0	49,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	50,0	50,0	50,0	50,0	
Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	55	55	52	53	
Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	54	56	53	53	
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,0	5,0	5,1	4,7	4,8

Kvar einskild indikator er kommentert.

Oppsummert viser Kostratala for 2022 mellom anna:

- Gode resultat på nasjonale prøver i grunnskulen
- Reduksjon i talet på elevar med spesial-pedagogiske tiltak
- Barneverntenesta har fått styrka bemanning
- Låg kostnadsauke i grunnskuledrifta.
- Nøysemd i barnehagdrifta

Alt i alt seier kommunalsjef seg godt nøgd med dei resultata som kjem fram i Kostratala for 2022.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Bilar Oppvekst	500	549	500	549
IKT investeringar Oppvekst	-	-	5 930	1 711
Sum	500	549	6 430	2 260

Statustekst investeringar

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,03 %	7,50 %	10,53 %

Status sjukefråvær og HMS

Ser ein vekk frå dei første månadene i 2022, er sjukefråværet i sektoren akseptabelt og innanfor det som er målsetnaden. Det høge fråværet i utgangen av pandemien gir eit høgare sjukefråvær samla sett for året enn det ville ha vore til vanleg. Elles er det barnehagedrifta som har høgast fråvær. Likevel er det positive endringar å spore mellom nokre av barnehagen i kommunen, ei utvikling som vonleg vil halde fram.

Stab oppvekst

Kommentar til status økonomi


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	2 816	3 070	3 083	13	0,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 351	2 275	2 729	454	16,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 542	3 960	4 591	630	13,7 %
Overføringsutgifter	9	223	230	7	2,9 %
Sum Driftsutgifter	10 718	9 528	10 632	1 104	10,4 %
Salgsinntekter	54	0	0	0	0,0 %
Refusjoner	-9 228	-9	-108	-99	92,1 %
Overføringsinntekter	45	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-9 129	-9	-108	-99	92,1 %
Netto resultat	1 589	9 519	10 524	1 005	9,5 %


Grafer Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Bilar Oppvekst	500	549	500	549
IKT investeringar Oppvekst	-	-	5 930	1 711
Sum	500	549	6 430	2 260

Statustekst investeringar

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,79 %	0,71 %	1,50 %

Barnevern Volda

Skildring av tenesteområde

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal barnevernsteneste også ein del av den interkommunale barnevernstenesta. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune. I 2022 har ei budd seg på at Vanylven kommune skal inn i samarbeidet frå 01.01.23.

Tenesta er organisert i seksjonar, som arbeider etter fasane ei barnevernssak. Seksjonane har faste møte ein gong i veka, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle fasane og det skal kome tydeleg fram i arbeidet; kva barna seier om sin situasjon. Endringane som lover og føreskrifter legg opp til er førande for arbeidet.

Tverrfagleg samarbeid har eit sterkt fokus for tenesta og tilsette tek del i fleire faglege fora i kommunane som er med i samarbeidet.

Tenesta har eit Familieteam, som arbeider direkte med endringstiltak i familiane på oppdrag frå seksjonane i tenesta.

Seksjon mottak og undersøking

Teamet tek i mot og går gjennom meldingar og gjer undersøkingar.

Seksjon Tiltak

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet.

Seksjon omsorg

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følgjer også opp dei som har fylt 18 år, og som samtykker til ettervern. ”

Viktige hendingar

Barnevernsreforma som vart sett i verk i 2022 har prega oss på fleire måter. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Vi har i 2022 tatt del i Bufdir sitt tilbod om tenestestøtte og vil ta med oss dette arbeidet vidare i 2023. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å i møtekomme kompetansekravet som vert stilt i ny Barnevernslov. Vi har også på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal prosjekt-ansvar for eit eige prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vert overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Reforma er også ei oppvekst-reform der det vert eit auka fokus på samhandling for å kome tidleg inn. Tenesta tek medansvar for denne mellom anna ved å ta del i ulike møter med fokus på samhandling i våre kommunar og ved å delta i BTI/BTS prosessen i kvar kommune. Vi er aktive i Barn og unge helseteneste som er eit prosjekt frå Helse Møre og Romsdal og har også tatt del i KOSIP kartlegginga.

Tenesta har over tid arbeidd bevisst med å gjere arbeidet med undersøkingar meir effektivt og ser no resultat av dette arbeidet. Talet på fristbrot er sterkt redusert i 2022. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta med dette og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å nå dette målet.

Det har ikkje vore saker i nemnd og rett gjeldande barn i Volda i 2022.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Barnevernteneste	11 535	8 290	8 889	-2 646	-29,8 %
Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet	552	1 609	1 609	1 057	65,7 %
Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	7 792	10 503	10 503	2 712	25,8 %
Sum	19 879	20 402	21 001	1 122	5,3 %

Kommentar til status økonomi

Det har i 2022 vore ei innsparing på tiltak utanfor familien. Dette skuldast at ein har funne andre løysningar for barn på institusjon. Kostnadene for barn i statlege tiltak har så høg pris at dette førar til store endringar både i utgifter og innsparingar. Ein ser også etter kvart effekten av at barnevernstenesta har utarbeidd eit føreseieleg system for godtgjering av fosterheimar.

Rekneskap


Beløp i 1000

Årsmelding 2022


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	2	1 598	1 599	1	0,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	0	-4	0	4	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	15 606	18 353	19 402	1 049	5,4 %
Overføringsutgifter	-10	1	0	-1	0,0 %
Sum Driftsutgifter	15 598	19 948	21 001	1 052	5,0 %
Refusjoner	8	-70	0	70	0,0 %
Sum Driftsinntekter	8	-70	0	70	0,0 %
Netto resultat	15 606	19 879	21 001	1 122	5,3 %

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Driftsinntekter



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Produktivitet					
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-22 år) med tiltak (B)					
Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (B)	128 417	183 562	453 932	340 936	408 509
Dekningsgrad					
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	4,2 %	3,8 %	2,9 %	3,2 %	3,8 %
Kvalitet					

Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,0	5,0	5,1	4,7	4,8
--	-----	-----	-----	-----	-----

Samandrag status investeringar

Helsestasjon

Skildring av tenesteområde

Helsestasjonen er ei teneste for alle mellom 0-20 år. Det omfatter helsestasjonsteneste 0-5 år, skulehelseteneste 6-20 år, helsestasjon for ungdom og studenter (HFUS) og mottakssamtalar/oppfølging av flyktningar. Helsesjukepleier gjennomfører grupper for småbarnsforeldre og skulebarn kring ulike emne.

Kommunejordmor er tilsett på helsestasjonen og dekker svangerskaps- og barselomsorg, og tek del i ulike tverrfaglege grupper rundt det enkelte par/den gravide.

Kommunepsykolog er og tilsett på helsestasjonen og dekker psykologteneste for barn og unge opp til 23 år.

Barnefysioterapeut vart ein del av helsestasjonen i 2019. Fysioterapeut gjennomfører individuelle vurderingar av småbarn, gjennomfører grupper for småbarn og på skular, er med i undervisning i klasser og på foreldremøte .

FUR (foreldre- og ungdomsrettileiar) vart tilsett i 2021. FUR er barnevernspedagog, og har god kompetanse på arbeid med ungdom. Ho har vore nytta inn i grunnskulen og vidaregåande skule med trefftid og oppfølgjande samtalar. Ho har jobba med foreldrerettileing i tett samarbeid med helsesjukepleiarar og psykolog.

Kommune helse- og omsorgstjenesteloven, helsepersonelloven og nasjonale faglege retningslinjer er bl.a. førande for tenestene ved helsestasjonen.

Viktige hendingar

2022 har vore prega av fleire utviklingsarbeidet i heile sektor oppvekst. På helsestasjonen har arbeidet med BTI og kartleggings- og arbeidsverktøyet 'Tidlig Inn' inn imot gravide og småbarnsfamilie 0-2år vore ein viktig satsing som har vore kompetansehevande på tvers av ulike fagområde. Hausten 2022 vart det gjennomført ei større kartlegging av tenestene og resultata var lagt fram i november 2022. BTI er pågåande og implementering er forventa gjennomført hausten 2023.

“Barn og unge si helsetjeneste i Møre og Romsdal” ei satsingen inn imot psykiske vanskar hjå barn og unge. Helsestasjonen har her hatt ei rolle både på styringsgruppenivå i fylket og i arbeids- og ressursgruppa lokalt. Satsing er pågåande.

I høve barn og unge si psykiske helse i Volda ser ein at pandemien truleg har hatt negativ innverknad på større barn og ungdomar. Fleire synest å streve med si psykiske helse, som angst, depresjon og ufrivillig skulefråvær. Det blei difor søkt om midlar frå Statsforvaltaren til tiltak retta mot denne gruppa.

Ein ser føre eg å oppretta eit lågterskeltilbod med “ei dør inn” til dei tenesta som dei unge treng (helsestasjon, NAV, legeteneste, Rus og psykisk teneste oa.) samla på ein felles møteplass. Søknaden blei godkjennt og det er løyvd 600 000 kroner til dette arbeidet.

Kommentar til status økonomi

Helsestasjonen har halde dei budsjettrammene som vart løyvde.

Store delar av mindreforbruket gjeld eit tilskot som skal setjast av til bruk i 2023.

Rekneskap


Beløp i 1000



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	11 474	13 755	14 085	330	2,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	577	1 114	885	-229	-25,8 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	63	44	44	0	0,0 %
Overføringsutgifter	18	14	2	-11	-484,6 %
Sum Driftsutgifter	12 132	14 926	15 016	90	0,6 %
Salgsinntekter	-66	-303	-400	-97	24,2 %
Refusjoner	-1 975	-2 283	-1 661	622	-37,5 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-2 041	-2 587	-2 061	526	-25,5 %
Netto resultat	10 091	12 340	12 955	615	4,8 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022





KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B)	3 486	4 088	3 204	3 746	3 735
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	13 446	15 733	12 154	14 911	15 026

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,46 %	6,53 %	9,99 %

Status sjukefråvær og HMS

Siste del av koronapandemien prega helsestasjonen med smitte i eiga eining.

Helsestasjonen har hatt 2 langtidssjukemeldingar som gir stort utslag prosentvis.

Barnehage

Skildring av tenesteområde

Volda kommune som barnehageeigar har det overordna ansvaret for at dei kommunale barnehagane vert drive i samsvar med gjeldande lov og regelverk jf. barnehagelova § 7. Det følgjer eigaransvaret å ha ei forsvarleg styring, og nødvendige rammer for å kunne oppfylle krava i barnehagelova.

Barnehagen er første trinn i utdanningsløpet og skal leggje grunnlaget for vidare utvikling, læring og danning. Forsking viser at hjernen er særleg mottakeleg og sensitiv for stimulering for seinare utvikling og læring. Det barna opplever desse åra, har stor betydning for seinare utvikling og læring. God støtte til barn i barnehagealder har større innverknad på barna si utvikling enn tiltak seinare i livet.

Kommunen er lokal barnehagemynde jf. § 10 i barnehagelova, og skal sjå til at alle barn får eit pedagogisk og trygt barnehagetilbod i samsvar med barnehagelova og rammeplan. Kommunen som barnehagemynde har ansvar for planlegging, kvalitetsutvikling og tilsyn med heile barnehagesektoren i kommunen. Barnehagemynde har tre verkemidlar til disposisjon: rettleiing, tilsyn og godkjenning. Risikovurdering skal ligge til grunn for val av verkemiddel. Barnehagemynde skal aktivt gi informasjon/rettleiing til barnehageeigar om eigar sine plikter i tråd med barnehagelova med føreskrifter. Statsforvaltar gjennomførte tilsyn med Volda kommune jf §54 kommunen som barnehagemynde <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> Statsforvaltaren fører tilsyn med Volda kommune. Tema for tilsynet er kommunen som barnehagemyndigheit og ansvaret for å drive rettleiing og tilsyn med barnehageeigarane. Tilsynet har som formål å kontrollere om barnehagemyndigheita i kommunen tek i vare ansvaret sitt for å sjå til at regelverket vert etterlevd hos barnehageeigar, jf. §§ 10 og 53, og at barnehagemyndigheita sin saksgang i samband med tilsynet er i samsvar med forvaltningslova. Volda kommune har omfattande planar og møteverksemd som syner at dei har eit tett samarbeid med barnehagane i kommunen, både kommunale og private. Det vi har fått tilsendt av dokumentasjon og informasjonen vi har fått gjennom intervju, tyder på at kommunen gjer mykje godt arbeid i barnehagesektoren. Funn Vi har ikkje funne regelverksbrot i tilsynet og kan dermed avslutte tilsynet.

Volda kommune har 14 barnehagar.

Kommunale barnehagar	Private barnehagar
Bratteberg barnehage	Hjellbakkane barnehage
Engeset barnehage	Rotset barnehage
Folkestad barnehage	Trollsletta barnehage
Hornindal barnehage inkludert Austefjord	Tunåsen barnehage
Lauvstad barnehage	Røysmarka barnehage
Mork barnehage	Øyra barnehage
Oppigarden barnehage	Volda opne barnehage (drift august-desember)

Koordinator for støttetiltak, spesialpedagogar og språkassistentar er organisatorisk lagt til avdeling barnehage. Det er innført lovendringar som skal sikre barna eit godt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagane arbeider for at barna skal ha eit inkluderande, trygt og godt leikemiljø. Barn sine behov for oppfølging krev at personalet er tilgjengelege og kan vere tett på. Det er utarbeidd felles rutine for førebyggjande arbeid med psykososialt barnehagemiljø.

Koordinator for støttetiltak fyl opp barnehagane og gir tilbakemelding på følgande: «Barnehagane har i stor grad kompetanse til å arbeide førebyggjande og å handtere utfordringar, men dei har ikkje nok bemanning til å setje tiltaka ut i praksis. I nokre tilfelle ville barnehagen med auka bemanning klart å avhjelpe barnet sine behov innanfor det ordinære barnehagetilbodet».

Etterdønning av korona

Barnehagane har framleis høgt sjukefråver. Mange endringar og lite stabilitet skaper stress hos både barn og vaksne. Mangel på vikarar har medført at det til tider har vore svært krevjande dagar. Leiarane har brukt mykje tid på avdeling for å halde avdelingane/ barnehagane opne ,og det har ført til at dei sjølv ikkje får utført sitt daglege arbeid. Det er ikkje berekraftig over tid. Det er emosjonelt krevjande å arbeide i barnehage. Avdelingsleiar barnehage trur at låg løn og generelt dårlege arbeidsvilkår/rammer kan vere medverkande til at det er færre som ønsker å arbeide i barnehage.

Dei viktigaste tiltaka for at barna skal få eit godt pedagogisk tilbod i barnehagane er:

1. Auka bemanning hos dei eldste barnehagebarna (3-5 år)
2. Betre det fysiske miljø inne og ute i dei kommunale barnehagane.
3. Auka nærvær og stabilitet i personalgruppa
4. Digital infrastruktur og verkty

Viktige hendingar

Alle barn med lovfesta rett har fått tildelt barnehageplass. Barn som ikkje har lovfesta rett og/eller som har flytta til i løpet av året har fått barnehageplass. Det betyr at dei kommunale barnehagane som har ledig kapasitet, må ligge over minimumskravet til pedagogtettleik, slik at dei har nok barnehagelærarar til å kunne ta inn barn i løpet av året. I ein periode med mykje fråvere så har personalet i Bratteberg barnehage vore positive til å ta imot flyktningar. Dei har vore engasjerte og har teke utfordringa med å opprette eit barnehagetilbod på kort varsel. Vi var heldige at vi hadde assistentar som har ukrainsk og arabisk som morsmål. Då det ikkje er ledige barnehageplassar i sentrum så må ein i større grad vurdere

å nytte barnehageplassar i dei barnehagane på bygdene som har ledig kapasitet. Det viktig at kvaliteten på barnehagetilbodet er høg. Det vil kunne føre til at behovet for ekstra tilrettelegging på sikt kan reduserast.

Barnehagane fekk auka bemanninga i småbarnsavdelingane. Det er eit viktig tidleg-inn tiltak som medverkar til at dei tilsette i større grad kan vere tett på og følgje opp dei yngste barna. Personalet har fått auka kunnskapen om psykisk helse hos barn og vi held fram arbeidet med å implementere ny kunnskap og kompetanse i organisasjonen. Kurs og implementering av tryggleikssirkelen (COS) held fram sjølv om prosjektet gjennom BUFDIR er avslutta.

Kommentar til status økonomi

Det viser seg ved gjennomgang av økonomistatus at vi treng ein korrigering i høve funksjon 201 og 211 i dei kommunale barnehagane. Det vil redusere mindreforbruket på funksjon 211. Det er gjennom året kommunisert stor usikkerheit knytt til tilskot til private barnehagar og det vart difor gjennomført ei budsjettkorrigering. Vikarutgiftene er lågare enn det reelle kostnaden då styrarne har blitt nytta mykje på avdeling på grunn av mangel på vikarar.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	72 825	81 080	80 864	-217	-0,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 609	3 082	3 388	306	9,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	40 671	41 169	40 634	-534	-1,3 %
Overføringsutgifter	289	52	12	-40	-337,2 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	116 394	125 383	124 898	-485	-0,4 %
Salgsinntekter	-10 152	-10 162	-10 276	-113	1,1 %
Refusjoner	-9 527	-9 475	-7 894	1 581	-20,0 %
Overføringsinntekter	-241	-4	-4	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-19 921	-19 641	-18 173	1 468	-8,1 %
Netto resultat	96 474	105 742	106 725	983	0,9 %



Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	187 667	194 290	195 511	186 097	182 861
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	170 061	176 441	184 320	185 760	179 625
Dekningsgrad					
Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)	8,9 %	13,6 %	12,1 %	8,2 %	4,5 %
Andel barn 1-2 år med	94,5 %	88,0 %	93,5 %	89,9 %	87,1 %

barnehageplass i forhold til
innbyggere 1-2 år (B)

Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	99,7 %	100,8 %	99,5 %	98,2 %	97,1 %
--	--------	---------	--------	--------	--------

Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	59,9 %	60,9 %	63,0 %	48,1 %	55,4 %
--	--------	--------	--------	--------	--------

Kvalitet

Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	5,7	5,5	5,5	6,0	5,8
---	-----	-----	-----	-----	-----

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,75 %	9,12 %	13,87 %

Status sjukefråvær og HMS

Barnehagar er ei av sju bransjar under IA-avtalen som det blir retta ekstra innsats mot - spesielt med tanke på eit høgt sjukefråvær og helseslitasje. Sjukefråveret i dei kommunale barnehagane er framleis høgt. Fråveret skaper vanskar med omsyn til den daglege drifta, det medfører kostnader, og det påverkar kvaliteten på tenestene.

Vi held fram samarbeidet med NAV Arbeidslivssenter. Tillitsvalde, verneombod og arbeidsgjevar har ei viktig rolle i arbeidet med å auke nærveret. NAV Arbeidslivssenter har vore deltakane på barnehageleiar- og STIM-møte. Opplæring og oppfølging på leiarnivå er noko vi framleis skal ha stor merksemd på. Avdelingsleiar og personalavdelinga har tett dialog med styrarane og styrarane som har tett dialog med tilsette som er fråverande. Fråveret er knytt til covid, omgangssjuke og planlagde operasjonar. Etterdønning med stor slitasje i barnehagane etter tida med pandemi er også medverkande til frå.

I samband med satsingsområde for HMS-arbeidet i 2021 i Volda kommune vart Avonova Helse spurt om å kartlegge støytilhøva i dei kommunale barnehagane. Tilsette har over tid opplevd støy som ei belastning, og vi vil sjå på om systematiske tiltak for å redusere støybelastninga kan bidra til å redusere fråvere i barnehagane, og generelt eit betre arbeids- og læringsmiljø for både tilsette og born. Det er viktig at desse rapportane blir følgt opp gjennom budsjettarbeidet. Rapportane skisserer konkrete tiltak som kan bidra til å betre arbeidstilhøve for både barn og tilsette i kommunale barnehagar.

Utfordringa med høgt sjukefråvær er; at det går ut over det pedagogiske arbeidet og at slitasjen på dei tilsette som er på arbeid etterkvart også kan føre til auka fråvær. Bemanning og det fysiske miljøet jf. rapport frå Avonova er og blir viktig å ha merksemd på framover. Det er faktorar som kan vere avgjerande for om vi lukkast med å redusere fråveret. Høgt sjukefråvere og mangel på vikarar har medført at fleire av styrarane har vore mykje på avdeling. Konsekvensen er at administrativt arbeid har blitt liggjande og det medfører stor slitasje for leiarane. Tiltak med auka bemanning vil vere eit viktig tiltak for meir stabilitet og betre kvaliteten for barna.

Skule

Skildring av tenesteområde

Kommunen har 7 grunnskular som utfører oppgåver styrt av opplæringslova m. forskrift og læreplanverket for grunnskulen. Kulturskulen og logoped er organisatorisk lagt til avdeling skule.

Viktige hendingar

Tida med korona har vore svært krevjande både organisatorisk og menneskeleg for einingane. Vi forventa i 2021 at 2022 skulle bli betre. Dessverre vart det ein tøff start på 2022 med mykje sjukefråvær som var knytta til pandemien. I februar 2022 inntraff også krigen i Ukraina og i løpet av sommaren 2022 hadde vi klart opplegg for Ukrainske elevar på tre av skulane. Volda kommune tok imot 32 ukrainske grunnskuleelevar, tre returnerte før nyttår. Det var på mange måtar krevjande å ta imot, kome i møte og forstå behova desse elevane og føresette hadde. Med god hjelp og støtte i sektoren løyste ein oppgåvene og utfordringane. Det fulgte pengar med Ukraina-krisa, men det har vore krevjande å få dei menneskelege ressursane på plass. Grunnskulen i Volda kommune er ein attraktiv arbeidsstad og vi rekrutterar både leiarar, lærarar og andre tilsette utan store utfordringar i dei ordinære utlysingane på våren. Unntaket kan vere når det gjeld td særskilde språk.

Vikarbehovet gjennom året i 2022 var stort. Tilfeldige vikarar var til tider ikkje å få tak i. Store skular har omorganisert sine vikarordningar. Ein skal jobbe med å utvikle dette vidare.

Kommentar til status økonomi

Totalt går skuleområdet med ei lite underforbruk på 1,1% i 2022.

I 2022 er det svært varierende mellom skulane korleis kvar eining kjem ut med over- eller underforbruk og kva som er grunnane til det. Det er ikkje alt einingane klarar å avsløre, men det meste finn ein grunnen til.

Når ein ser på tala pr konto går løn totalt sett med eit underforbruk på 1,4 % i avdeling skule.

Utgifter går med 13,4% overforbruk, men også dette er ulikt frå eining til eining. Ansvar 20500 sitt overforbruk på drift er 6% og er betra seg i høve utfordringane i 2021 som gjald at nokre utgifter flytta til dette ansvars området som gjeld krav om spesialundervisning og refusjonar frå staten. Ansvar 20500 fekk inn mindre refusjonar enn budsjettert. Alle einingane har overforbruk på drift. Det er ei signal om at kostnadane har auka. Dei fleste tek dette inn på andre delar av budsjettet men ikkje alle klarar det.

Inntektene viser at vi får inn 4,1% meir enn forventa. sjølv om brukarinnbetalingane er ca 200 000,- under forventa. Grunnen til meir-inntekta er refusjonar frå staten som er større enn budsjettert.

Totalt sett er dette tilfredsstillande resultat, men det er ynskjeleg å treffe betre pr eining.

Oppsummering tiltak

I 2022 har avdeling skule fordelt 200 000,- ekstra ut på driftsbudsjetta til skulane i høve politisk vedtak. Dette har kome godt med sjølv om tala viser at det likevel er behov for meir på drift.


Rekneskap

Beløp i 1000



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	153 538	160 161	161 646	1 485	0,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	6 098	7 118	6 852	-266	-3,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 215	2 207	1 373	-833	-60,7 %
Overføringsutgifter	361	50	35	-14	-40,2 %
Sum Driftsutgifter	162 211	169 535	169 906	371	0,2 %
Salgsinntekter	-6 258	-6 173	-6 372	-199	3,1 %
Refusjoner	-13 890	-22 886	-21 474	1 412	-6,6 %
Overføringsinntekter	-290	-147	-113	34	-29,9 %
Sum Driftsinntekter	-20 438	-29 206	-27 959	1 247	-4,5 %
Netto resultat	141 774	140 330	141 948	1 618	1,1 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	110 587	111 619	108 872	109 667	104 258
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	3 265	3 355	2 324	3 729	2 962
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B)	3 365	5 652	6 619	7 244	6 973
Produktivitet					
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-	11,5	11,2	12,5	12,1	13,1

Årsmelding 2022

10.årstrinn (B)

Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B)	20 210	18 702	21 984	21 451	22 851
--	--------	--------	--------	--------	--------

Dekningsgrad

Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	0,0 %	0,0 %	1,7 %	5,2 %	3,1 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	17,4 %	19,4 %	11,9 %	19,7 %	14,0 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	6,6 %	5,7 %	6,2 %	9,7 %	7,8 %

Kvalitet

Begge kjønn Universitets- og høgskoleutd. med annen pedagogisk utdanning Lærere (prosent)	12,2	13,4	12,8	10,8	13,0
Begge kjønn Universitets- og høgskoleutdanning. med en lærerutdanning Lærere (prosent)	81,8	79,9	81,0	77,3	74,0
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,2	4,2	4,4	4,1	
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	50,0	50,0	50,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk	50,0	51,0	50,0	49,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	51,0	52,0	49,0	49,0	
Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	50,0	50,0	50,0	50,0	
Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	55	55	52	53	
Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	54	56	53	53	

Kostra indikatorane for område skule teiknar eit ganske nøytralt bilete av voldaskulen. Driftsutgifter på grunnskule ligg nesten uendra er ikkje svært avvikande frå samanliknbare kommunar. Driftsutgiftene er eit resultat av både effektive og mindre effektive organiseringar. Det er ikkje mogleg å drive effektivt i ordet sin rette forstand til ei kvar tid. Skulane skal drivast forsvarleg og etter lova. Det betyr at rett person med rett kompetanse skal vere på rett stad til ei kvar tid i si arbeidstid. Når dette gjeld alle tilsette på alle einingar er det eit umogleg puslespel. Dette kan vere krevjande å få til både på mindre og større einingar. Når alle forhold ligg til rette får ein optimal gruppestorleik og tilsette sin kompetanse klaffar med det som er behovet til akkurat denne eleven, gruppa eller klassen. Slik er det ikkje i praksis og ei må gå på kompromiss med nokre faktorar utan at det blir uforsvarleg drift. Om ei gruppe er 9 elevar eller 25 så må der vere ein lærar tilstades med rett kompetanse eller ein elev med omfattande samansette vanskar skal møte sine trygge, kompetente vaksne. Brikkene skal leggst med blick på både oppgåvene som skal løysast og med blick på dei som skal løyse oppgåvene. Einingane er gode på organisering men ein kan alltid bli betre.

At talet på elevar som får spesialundervisning går ned er ikkje i seg sjølv eit mål, men er positivt i den forstand at det indikerar at elevane får meir tilpassa undervisning. Driftsutgiftene går ikkje ned og dermed fordelar ein større del av ressursane på fleire, eller styrer ressursbruken mot område eller grupper der ein meiner det gjev meirverdi. Dette er eit mål i oppvekstplanen for sektoren.

Driftsutgiftene til SFO har auka frå 2021 til 2022. Det kan mellom anna vere eit resultat av endring i vedtektene som opna for fleire plasstilbod.

Volda kulturskule tilbyr undervisning til alle elevane som søker om plass, der er ikkje venteliste.

Det er små variasjonar å finne i resultat på Elevundersøkinga og Nasjonale prøver frå 2021 til 2022 for voldaskulen. Alle forbetringar ser ein positivt på og det er alltid eit mål at elevane våre både trivast, har det godt og meistarar. På alle område unnateke Rekning på 5. trinn, der ein ligg likt, gjer ein det betre enn snittet i Fylket. Samanlikna med Volda i 2021 er vi likt eller har ein framgang.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,52 %	6,74 %	9,26 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet har auka gjennom 2022 i avdeling skule for alle einingane, det gjeld både korttids og langtidsfråvær. Det betyr at fråværet har auka både i 2021 og vidare i 2022.

Det er stor variasjon på sjukefråværet gjennom året. Vinteren 2022 toppa det totale fråværet seg med 17,3% i mars månad, medan hausten har ein heilt annan utvikling. August starta med 3,7% fråvær og utviklinga har vore betre utover hausten 2022 enn i 2021. Fråværet samla sett i desember 2022 var 8,5%. Alle einingane melder at Covid, influensa og forkjøling auka korttidsfråværet og bidrog til mykje fråvær i starten av 2022. I siste del av 2022 ser det ut som langtidsfråværet er det som aukar.

AVONOVO har avtale med, og held fram samarbeidet i 2022 med to skular som var initiert i 2021.

Vaksenopplæring og integrering

Skildring av tenesteområde

Vaksenopplæring og integrering har ansvar for grunnskule og spesialundervisning for vaksne, norskopplæring og gjennomføring av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Volda læringssenter er lokalisert på det som før var Vikebygda skule. Tenesta utfører oppgåver styrt av opplæringslova, introduksjonslova og integreringslova.

Viktige hendingar

Krigen i Ukraina har i stor grad prega Volda næringssenter og Volda kommune. Vedtaket om å busette 25 overføringsflyktningar blei i kommunestyret omgjort til å 150 der 125 av desse skulle vere frå Ukraina.

Dei første flyktningane frå Ukraina kom i mai/juni, men storparten av dei busette kom i andre halvdel av 2022.

I august blei ny leiar tilsett ved Volda læringssenter.

Årsmelding 2022

Tenesta blei vesentleg styrka som eit resultat av flyktningstraumen som skuldast krigen i Ukraina i september/oktober. Per i dag er det 135 elevar ved Volda læringssenter og dette talet vil truleg auke inn i 2023.

Det er no ca. 30-35 tilsette ved Volda læringssenter, i tillegg kjem vikarar og tolkar.

Flyktningane har motteke språkopplæring i norsk og kvalifisering til skule og arbeid. Tilbodet om kvalifisering har vore noko redusert på grunn mangel på undervisningslokale.

Ukraina-prosjektet har vore ein stor dugnad for mange frivillige, for Volda kommune og Volda læringssenter i 2022. Ved utgangen av 2022 hadde Volda kommune nådd målet og busett 147 flyktningar.

Kommentar til status økonomi

Volda læringssenter sitt nettoresultat i 2022 viser eit lite mindreforbruk på 128548 kroner og eit avvik på 0,6 prosent. Dette resultatet viser fornuftig økonomistyring.

Oppsummering tiltak

Det blei gjort nokre justeringar av budsjettet i samband med auka busetting av flyktningar og meirforbruk på introduksjonsstønad.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	16 916	25 508	25 606	98	0,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 235	2 268	1 897	-372	-19,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	135	14	235	222	94,2 %
Overføringsutgifter	195	9	9	0	0,0 %
Finansutgifter	1	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	19 482	27 799	27 747	-52	-0,2 %
Salgsinntekter	-23	-43	0	43	0,0 %
Refusjoner	-5 753	-6 733	-6 595	137	-2,1 %
Overføringsinntekter	0	-9	-9	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-5 776	-6 784	-6 604	181	-2,7 %
Netto resultat	13 706	21 015	21 143	129	0,6 %



Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B)	0,7	1,2	0,4	0,7	0,6
Kvalitet					
Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder)	8	6	7	0	0

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,18 %	6,10 %	7,28 %

Status sjukefråvær og HMS

Det er eit forholdsvis normalt/forventa sjukefråvær ved Volda læringssenter, men med ein topp i juni/juli og deretter ein jamn nedgang i fråveret til desember månad som er den månaden med lågast sjukefråvær. Vi er usikre på kva som er årsakane til mange sjukemelde på slutten av skuleåret 21/22, men flytting til Vikebygda, stort arbeidspress med busetting i samband med krigen i Ukraina og Covid/andre virussjukdommar, kan vere grunnar til høgare sjukefråvær i juni og juli. Vi har prøvd å tilrettelegge for å få langtidssjukemelde tilbake i jobb og har i stor grad lukkast med dette.

I tillegg har samlokalisering av heile Volda læringssenter vore svært positivt.

Fleire tilsette har også redusert arbeidspresset som var altfor høgt i sommarmånadane.

Samfunnsutvikling

Skildring av tenesteområde

Sektoren har seks avdelingar og ansvarsområdet til sektoren er stort og har ei nøkkelrolle med omsyn i å utløyse auka verdiskaping i kommunen på fleire felt. Sektoren ønskjer å følgje opp visjonen «*Der teknologi og tradisjon møtest*» ved å vere ein god tilretteleggjar for lokalsamfunnet. I rolla som arbeidsgjevar skal ein bidra og stimulere til skaparkraft og kreativitet blant eigne tilsette.

Ved å vere dynamiske og ha endringskultur i organisasjonen er ein klar til å nå dei krav og målsetjingar som vert satt for sektoren til ei kvar tid. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på.

Eigedom

Ansvarsområdet har eitt samordna ansvar for ei forsvarleg, fagleg, rasjonell og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning. Forvaltning av kommunen sine eigedomar slik skal vere berekraftig og ein skal ivareta brukarane sine behov for gode, raske og tilfredstillande løysingar.

Vatn og avløp

Ansvarsområdet vatn og avløp skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte. Ein skal gjennomføre arbeid og prosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggjarane/ brukarane gode, sikre, funksjonelle og kostnadseffektive anlegg med omsyn til framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Veg og park

Ansvarsområdet skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innafor

tenester knytt til veg med tilhøyrande infrastruktur inkl. veglys, kyrkje, park, idrettsområde, friområde og leikeplassar, hamn og EKOM (breiband).

Utvikling

Ansvarsområdet skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innafor tenester knytt til eigedomsskattekontor, spelemidlar og idrettsplan, areal-/reguleringsplanlegging, bygge-/ delesakshandsaming, kart/oppmåling, landbruk, oppfølging av ulovleg forureining, overordna kommuneplanlegginga inkl kommunedelplanar, temaplanar, ROS mv og miljø og klimasaker

Brann

Ansvarsområdet omfattar brann og redning og skal følgje opp brannlova §1 sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønska tilsikta hendingar.

Kultur

Ansvarsområdet omfattar bibliotek, kino, ungdomsklubb, kulturformidling, frivilligsentral og skapande verksemd mot frivillige aktørar.

Viktige hendingar

Innleiande

2022 har vore eit aktivt år med både utfordringar og endringar som gir moglegheiter for utvikling. Organisasjonen har utvikla seg digitalt og nyttar digitale verktøy på nye og betre måtar. Digital samhandling i applikasjonar og stor grad av digitale møter har gjort oss meir effektive i kvardagen og det er naudsynt med tilsette frå minst 21 ulike nasjonar. Sektoren har arbeidd svært godt med digitalisering og innføring av MS365 gjennom heile organisasjonen

Nokre utvalde hendingar siste år:

- Alle tilsette i eigedom har data/nettbrett som vert nytta i dagleg arbeid
- Fokus på å implementere gode arbeidsverktøy for å kunne ha ein stødig og kvalitativ investeringsplan og vedlikehaldsplan.
- Første del av legionella-kontroll er montert
- Digg min skole - deltaking i eit forskingsprosjekt kring inneklime der Volda kommune deltek i saman med Oslo kommune, KLP, NILU, NTNU med fleire.
- Arbeid med oppgradering av brannførebyggande installasjonar
- Reinhold og vidare arbeid med heiltids-kultur der avdelinga idag har ein gjennomsnitt stillingsstorleik på 85,53%
- Overtaking av heimebasert reinhold frå helse og omsorg
- Ny samfunnsdel for heile kommunen vedteke i fjor med implementering av FN sine berekraftmål
- Avgjerd i motsegn sak kring arealplan for tidlegare Volda kommune
- Ny områdeplan for Volda sentrum satt igong
- I 2022 kunne vi ta i bruk ny brannstasjon i Hornindal.
- Vi fekk godkjent utdanningsplanen vår hjå Norges brannskule som sikrar oppfølging av grunnutdanning
- Sikker og god innsats frå brannmannskapet mot 138 hendingar.
- Bistand til å finne bustadar til flyktningar med fokus å branntryggleik og at ein skal kunne bu trygt

- Vi har følgd opp satsinga på trafikktryggleik
- Vi har lagt til rette for og gjennomført arbeidspraksis for menneske frå Volda næringssenter, NAV, STYRK og kriminalomsorgen.
- Auka fokus på generering av inntekt gjennom tilskot som har gjort det mogleg å starte fleire prosjekt
- Gjennomført populære aktivitetar for barn og unge saman med sine familiar i prosjektet "sommarprogrammet" i juli.
- Flytta inn i samfunnshuset som har vore spennande og gitt rom for nye aktivitetar og samarbeid
- Utarbeidd grunnlaget for av kulturminneplan
- Styrka kulturavdelinga med ny prosjektleiar på kultur
- Ny samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om Ung kunst og kultur
- Flytting av Bua til nye lokale samfunnshuset
- Bistått arbeidet knytt til mottak av ukrainske flyktningar og koordinering av arbeidet opp mot frivillige lag og organisasjonar
- Volda filmteater har vore auka det tverrfaglege arbeidet med andre tenester
- Vedtak om å slutte seg til strategien om at Volda kommune saman med samarbeidspartane for Norsk Innovasjonssenter as er aktiv pådrivar for å realisere Innovasjonssenteret i Aasenkvartalet.
- Kontrakt for nytt symjeanlegg vart signert
- Vedtak om ny forvaltningsplan og retningslinjer for UKL-området Hjørundfjorden og Norangsdalen
- Vidareføre og deltaking i reiselivsprosjekt i DÅS
- Vedtak om å starte opp eit prosjekt for å sikre utleigebustadar med tilvisings- og/eller tildelingsavtale i Volda sentrum.
- Kjøp av Hamna 20
- Ny avdelingsstruktur med reine prosjektleiarar i ei prosjektgruppe og ei rein driftsgruppe
- Volda har gått føre i etableringa av eit samarbeidsforum for VA og veg i sjustjerna.
- På Grodås er det i 2022 opna eit oppgradert vassverk
- Prosjekt med nytt høgdebasseng i Volda sentrum vart starta opp
- I 2022 fikk vi endeleg og landa løysing for renseanlegget på Vikeneset
- Engesetvegen vart ferdigstilt

Internkontroll og tilsyn

Internkontroll

Gjennom 2022 har sektoren arbeidd vidare med å styrke og sikre det interne kontrollarbeidet i sektoren slik at lover og forskrifter vert følgd opp. Internkontrollen eller eigenkontrollen for sektor samfunnsutvikling er ein del av heile kommunen si verksemd. Det er ikkje nokon sentralt fastsett mal for internkontrollsystem, og den enkelte kommune må tilpasse dette ut frå eigne behov for å ha god kontroll og setje ambisjonsnivå for kommunen.

Arbeidet fortsetter i 2023 der det skal leggest fram ein heilskapleg oversikt for sektoren.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
31-Stab samfunnsutvikling	2 381	1 741	-640	-36,7 %
32-Eigedom	27 856	28 268	412	1,5 %
33-Utvikling	7 570	9 380	1 810	19,3 %
34-Brann/feiring	12 608	14 046	1 438	10,2 %
35-Veg/park	21 562	21 631	68	0,3 %
36-Vatn/Avløp	0	450	450	100,0 %
37-Kultur	7 015	8 540	1 525	17,9 %
Sum	78 992	84 056	5 064	6,0 %

Kommentar til status økonomi

Samfunnsutvikling

Sektoren kjem i 2022 ut med eit mindreforbruk på 5,1 mill kroner som tilsvaret eit avvik mellom budsjett og rekneskap på omlag 6,1 %.

Avdelingane viser god økonomistyring og ved avvik arbeidar ein godt med interne omprioriteringar. Ein registrerer at det har vore nytt år med særst stor aktivitet noko som og gir ein peikepinn på attraktivitet og positiv retning for utvikling av lokalsamfunnet vårt.

I dei ulike avdelingane er det kommentert meir i detalj det økonomiske resultatet.

Oppsummering tiltak

Samla sett så er økonomien i tråd med dei krav og forventningar som er lagt til grunn for sektoren si verksemd. Større avvik og justeringar er meldt i eigne saker gjennom året.

Det har ikkje vore naudsynt med tiltak utover det som har vore har vore meldt av korreksjonar til politisk nivå gjennom året.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	71 961	77 770	80 576	2 806	3,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	52 125	56 128	52 008	-4 120	-7,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 273	4 059	5 098	1 039	20,4 %

Årsmelding 2022



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Overføringsutgifter	26 492	1 604	2 079	475	22,8 %
Finansutgifter	24 801	28 989	15 943	-13 046	-81,8 %
Sum Driftsutgifter	180 652	168 551	155 705	-12 846	-8,3 %
Salgsinntekter	-61 875	-66 938	-62 488	4 450	-7,1 %
Refusjoner	-8 454	-9 666	-8 878	787	-8,9 %
Overføringsinntekter	-132	-228	-227	1	-0,5 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-9 288	-12 728	-56	12 672	-22695,8 %
Sum Driftsinntekter	-79 749	-89 559	-71 649	17 910	-25,0 %
Netto resultat	100 904	78 992	84 056	5 064	6,0 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.
- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Heiltidsandel for Volda totalt			86	Gjeld reinhald for 2022
		Høg rolleklarheit		4.1	3,8	Samla måling for sektor og alle avdelingar i 2022.
		Sjukefråvær i organisasjon	9.1	9,0 %	10,2 %	Kort og langtidsfråvær for sektor 2022
		Meistringsorientert leiing		4,0	3,9	Samla måling for sektor og alle avdelingar i 2022.
		Meistringsorienterte Meistringstru		4.2	4,2	Samla måling for sektor og alle avdelingar i 2022.
		Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjetttramme	100,0 %	100,0 %	100,0 % Samla budsjettutnytting for sektoren er 93,9%
		Investering i samsvar med budsjettammer	90,0 %	95,0 %	85,7 %	Revidert investeringsbudsjett 2022 var på 277 831 075 kroner med ein forbruksprosent på 85,7% ved årskiftet
Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.	Gjennom samskaping med innbyggjarar og næringsliv legg Volda kommune til rette for blomstrande kultur og møter mellom folk både ute og inne.	Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	2.2	3.5	2,4	Tal for 2022

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	2.2	3.5	2,4	Tal for 2022
		Besøk per kinoforestilling (antall)	16,0	10,0	25,0	Det er halde 241 framvisingar med 5988 besøkande som gir eit snitt på 25 som er opp 12 frå 2021.
		Oppgraderte leikeplassar i kommunen		3,0	4,0	Ein tildelte midlar til oppgradering av 4 leikeplassar i kommunen iht søknadsordningen har etter gjeldande retningsliner for tilskot til leike- og aktivitetsområde Kommunen har etter gjeldande retningsliner for tilskot til leike- og aktivitetsområde
		Tal søknader til tilskotsordning kulturmidlar		10,0	19,0	I 2022 var det 19 søknadar om kulturmidlar
	Volda kommune tilrettelegger for transformasjon og nye, bærekraftige og attraktive næringsområde.	Utbygging av ØRN 3		Planlegging	Planlegging	Arbeidet er under førebuing
	Vi utviklar Volda kommune til ein unik reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur, autentiske og eksklusive opplevingar.	Ansatte i overnattings- og serveringsvirksomhet	72	75	103	SSB 13164 Samla resultat for 3 første kvartal i 2022
		Turisme: opne kommersielle bedrifter februar månad	10	11	6	SSB 12893 Tal for februar 2022 (ned 1 frå 2021)
		Turisme: Overnattingar	5 404,0	5 900,0	19 789,0	SSB 12895 Februar til november 2022 (opp 1772 frå 2021)
Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.	Volda kommune bygger ut og legg til rette for miljøvennleg infrastruktur	Antall km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for	8	8	8	SSB 11485 2022 tal

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat 2022	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		Elbil per ladepunkt (antall)	17,0	16,9	22,0	SSB 13227 2021 tal
		Elbiler i kommunen (antall)	300,0	330,0	469,0	SSB 13227 - 2021 tal
		Hurtiglading (antall)	8,0	26,0	16,0	SSB 13227 2022 tal
		Normallading (antall)	9,0	10,0	13,0	SSB 13227 2022 tal
Volda kommune energieffektiviserer og optimaliserer si verksemd	Formålsbygg, kommune Strøm Energibruk (MWh)	6 869	6 869	6 821	SSB 13231 2022 tal	
	Herav energikostnader per kvadratameter (kr)	89,0	88,0	100,0	SSB 12190 2022 tal	
Volda kommune er klimavenleg i sine innkjøp	Del av kommunen sin person- og varebilpark som er elbil	10,0 %	30,0 %	35,0 %	Stipulert til 35 % for 2022	
	Klimakrav i anbod og kontrakt	Ja	Ja	Ja	Standardkrav i innkjøpsstrategien	
Volda kommune sikrar sjølve og gjennom sitt renovasjonsselskap at avfall gir verdi	Kildesortering mat-papir-plast	Ja	Ja	Ja	Uendra	
	Materialgjenvinning gjennom VØR	58.6	59,0 %	56,4 %	Rettelse på måling: Materialgjenvinningsgraden var for 2022 56,4. I 2021 var denne 54,4.	

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B)	3,4 %	3,3 %	2,6 %	1,8 %	2,1 %
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	10,4	11,5	10,8	15,3	16,1
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	5	4	6	6	5
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	477	396	285	595	494
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	197	207	217	116	132
Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B)	3,1 %	-1,0 %	0,4 %	0,5 %	0,4 %
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 711	1 365	1 962	2 314	2 429
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B)	-50	5	105	61	70
Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B)	1 249	1 360	1 099	1 198	923
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (B)	0,5 %	0,7 %	0,8 %	0,8 %	0,6 %
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B)	147	129	112	157	106
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	9,1 %	8,4 %	7,6 %	8,3 %	9,1 %
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger (B)	86	1	913	529	619
Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger (B)	99	91	164	324	245
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B)	24	22	70	65	165
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B)	208	312	311	265	242
Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder per innbygger (B)	307	422	315	227	249
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B)	25 151	24 330	16 568	20 628	22 387
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år (B)	1 532	1 788	2 180	2 395	2 585
Netto driftsutgifter, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,4 %	0,4 %
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B)	1,7 %	1,9 %	1,7 %	1,8 %	1,4 %
Tilrettelegging og bistand for	2 142	-756	271	306	238

Årsmelding 2022

næringslivet nettodriftsutgifterbeløp
pr innb (kr)

Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B)	1 320	1 352	1 420	1 427	1 269
--	-------	-------	-------	-------	-------

Produktivitet

Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	846	952	1 536	1 315	
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	77 260	91 395	76 535	94 270	96 723
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	135 667	155 271	126 796	162 210	174 733
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	113	100	80	87	181
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	88 068	101 260	85 682	102 897	106 449
Netto utgift per kvm, formålsbygg samlet (B)	1 333	1 389	895	1 001	1 269
Tilknytningsgebyr vann (ekskl. mva) - én sats (kr)	2 500,0		18 320,0	7 683,5	6 532,7
Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	559	528	528	504	684
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb)	2 326	2 492	2 879	2 406	
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (kr)	2 795	3 095	3 095	3 519	3 217
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	2 827	3 832	2 594	3 671	4 559

Dekningsgrad

Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger	16,38	16,15	14,37	11,16	8,57
Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	11	11	25	26	20
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	259	255	132	97	146
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B)	20		23	22	18

Kvalitet

Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune)	176	179	176	0	0
Vann - Estimert vannlekkasje per meter kommunal ledning per år (m3/m/år) (B)	6,0	5,4	8,2	3,3	2,7
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	495	610	786	620	475

Andre nøkkeltal

Antall søknader per 1000 innbyggere (B)	11,3		7,6	7,6	6,5
Netto driftsutgifter (221) Førskolelokaler og skyss	5 799	6 264	5 643	143 389	366 020

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Avløpsanlegg	-	-	11 567	5 692
Bustadfelt under utbygging	34 403	954	1 163	845
Elbilar og kommunal infrastruktur	15 125	11 138	11 444	6 466
Garantiansvar	-	-	1 250	310
Grunn og næringsutvikling	-	-	16 250	11 852
Kommunale vegar	-	-	4 255	2 502
Ledningsprosjekt	75 300	2 088	1 597	871
Maskin og utstyr eigedom	2 004	1 762	2 004	1 762
Maskin og utstyr Utvikling	2 163	1 126	400	359
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	-	-	940	603
Maskin, bilar og utstyr brann	-	-	1 512	0
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	12 224	5 084	6 478	3 648
Ny ungdomsskule	220 000	164 170	105 041	112 603
Nytt vassverk HB2	28 500	28 904	15 859	15 561
Oppgradering kommunale bygg	-	-	28 540	22 795
Sentrum og friluftstiltak	-	-	23 517	13 729
Svømmehall	241 125	15 031	15 359	11 425
Trafikktrygging	-	-	3 500	783
Utbygging kommunale vegar	60 403	30 638	25 411	25 669
Utbyggingsavtalar	-	-	1 142	55
Vassverk	16 200	2 108	2 200	2 060
Sum andre prosjekt	0	81 824	2 360	7 636
Sum	707 446	344 829	281 790	247 228

Statustekst investeringar

Avløpsanlegg

Økonomi

Prosjektet ombygging Vikeneset RA har overført 8,5 millionar kroner frå 2022 til 2023. Totalramma er ikkje endra.

Framdrift

Framdrifta på ombygging Vikeneset er forsinka med ca. 6 mnd, men arbeidet og oppføring følgjer no siste gjeldande framdriftsplan.

Bustadfelt under utbygging

Urbakkefoten - prosess med grunnnerverv har teke lenger tid enn planlagt. Ein forventer oppstart av prosjektet i 2023

Heltne/Bratteberg (kommunal del) - under bygging

Heltne/Bratteberg (privat del) - skjønn er gjennomført, men er anka til overskjønn. Forventer avgjerd i skjønnsretten før ferien 2023

Elbilar og kommunal infrastruktur

Ladeinfrastruktur - ny stor ladepark er ferdigstilt og opna på øvre Rotset

Ny bilpark helse og omsorg - del levering av bilpark er gjennomført.

Garantiansvar

Garantiansvar er løpande og knytt til tidlegare avslutta prosjekt

Grunn og næringsutvikling

Infrastruktur VCA - midlar satt av til moglege garantisaker i 2022.

Strategisk eigedomsutvikling - sak om kommunal eiendomsstrategi er vedtatt i kommunestyret og vert følgt opp vidare

Strategisk grunnnerverv vert vurdert løpande

Kommunale vegar

Prosjektet omfattar ei rekkje underprosjekt knytt til område veg og desse tiltaka er lagt til grunn utført i 2022:

- Den øvste delen av Lønnevegen manglar autovern. Vert ferdigstilt 23
- I Bjørkevegen (frå Askevegen og austover) er det ikkje ført opp autovern. Vert ferdigstilt 23
- I Løvland byggefelt er ikkje dei interne kommunale vegane asfalterte. Ein har lagt eitt lag med asfalt, men vegen er ikkje ferdigstilt.
- Ferdigstilling av veg og montering av rekkverk i samsvar med reguleringsplan for Bergsvegen. Vert ferdigstilt i 2023

Ledningsprosjekt

Økonomi

Det er ingen endring i den totale ramma på leidningsprosjekt og unytta investeringsmidlar på ikkje fullførte prosjekt er overført til 2023.

Framdrift

Framdrifta på ulike ledningsprosjekt ligg bak skjema som har si årsak i ressursdisponering i sektoren.

Maskin og utstyr eigedom

Ingen endring sidan førre rapportering. Elektriske varebilar er kjøpt inn og bilane fungerer godt. Det er vanskelig å halde bilar i god orden, samt ha kontroll på utstyr og oversikt for effektiv utføring av arbeid. Ein ser behov for å innreie bilane på lik linje med bilar i det privat som t.d elektrikartenester, rørleggartenster og driftstenester for effektiv drift.

Maskin og utstyr Utvikling

GPS er kjøpt inn og prosjektet er ferdig

Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp

Økonomi

Det er ikkje gjort økonomiske endringar

Maskin, bilar og utstyr brann

Ingen endring sidan førre rapportering. Venter fortsatt på levering av kjøretøy, noko som er mykje forsinka.

Maskin, bilar og utstyr Veg og Park

Vi har stort sett fullført alle innkjøp, men grunna lang leveringstid vil vi måtte vente truleg til 2023 før levering av alt.

Ny ungdomsskule

Hovudmilepålane for byggjeprosessen er:

Overlevering bygg, klar til innreiing og utstyr – 01.04.2023

Riving av gjenståande bygningsmasse og ferdigstilling av uteområdet – 20.06.2023-01.11.2023

Prøvedrift fram til 01.04.2024

Arbeidet er i rute og følgjer plan

Nytt vassverk HB2

Økonomi

Totalramma for nytt vassverk HB2 er justert ned med 1.5 millionar kroner og om fordelt til eit nytt prosjekt for oppgradering av dammane på Dinglavatn. Prosjektet ligger inne med finansiering i resten av økonomiplanperioda.

Framdrift

Framdrifta på Nytt vassverk HB2 er forsinka med 8 mnd.

Oppgradering kommunale bygg

Dei aller fleste investeringsprosjekta i portefølje er i rute. Økonomi er godt følgt opp og ingen prosjekt har prognose for meirforbruk. Der er noko manglande finansiering oppgradering av SD anlegg, dette blir finansiert gjennom prosjekt med mindreforbruk

Sentrum og friluftstiltak

Amfi og servicebygg Volda sentrum.

Ferdigstilt

Moritzmarka

Modulbygg til venterom med toalett vart bestilt med levering 2023 i tråd med plan for ferdigstilling av bubilparkering

Groparken

Arbeidet i 2022 har gått på planlegging av ute-området med plan om ferdigstilling vår 2023.

Botnasanden.

Ferdig bygd parkeringsplass, tilkomst og turvegar, etablert grasbakke, montert informasjonstavle m.m. Motteke tilskot på kr 700 000,-

Høydalen

Ferdig opparbeid parkeringsplass for turfolket.

Prestholmen.

Det er lagt fram straum til Prestholmen.

Berkneset kystfort.

Montert informasjonstavle og turstiskilt i området med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Rehabilitering av kai på Yksnøya

Prosjektet er ferdig.

Svømmehall

Prosjektet er i utførelsefase og følger fastsett plan

Etter planen skal anlegget vere ferdig i 2024, deretter startar ei prøvedriftsperiode på 12 månader.

Trafikktrygging

Prosjekt er knytt til prioritering i TFU og vert ferdigstilt etter årleg plan.

Utbygging kommunale vegar

Engesetvegen - ferdigstilt

Urbakkfoten - grunnnerverv må løysast før utbetring.

Raudemyrvegen - er avhengig av at vegen forbi Urbakkfoten er bygd.

Lidavegen - ikkje prioritert i budsjettet.

Kleppevegen - førebuing til regulering av vegen

Utbyggingsavtaler

Økonomi

Det er ingen endring i den totale ramma på utbyggingsavtalar.

Ramme for utbyggingsavtale Rotsetfjøra Panorama er flytta til 2024.

I Strandfeltet er alt arbeid ferdig, men ein har ikkje motteke slutfaktura.

Framdrift

Framdrift på utbyggingsavtalar er avhengig av eksterne utbyggjarar.

Vassverk Økonomi

Det er ingen endring i den totale ramma på vassverk. Det er flytta 250.000 frå Nytt reinseanlegg i HB2 til Grodås vassverk innanfor 2022 ramma. Samtidig har ein tatt ned totalramma på nytt reinseanlegg HB2 med 250.000.

Det er gjennomført ei periodisering for nytt vassverk i HB2 der ein har periodisert 9mill frå 2022 til 2023.

Framdrift

Framdrifta på Høydal vassverk har blitt utsett grunna personalsituasjonen 2024. Kommunal overtaking er vedtatt og er under gjennomføring.

Nytt vassverk i HB2 er forsinka med ca. 6mnd per no og dette kan auke avhengig av prosjekteringsarbeidet og omfanget av ombygginga.

Samandrag status investeringar

Investeringsportefølje vert meldt gjennom året på økonomi og framdrift. Revidert investeringsbudsjett 2022 var på 277 831 075 kroner med ein forbruksprosent på 85,7% ved årskiftet. Dette gir eit avvik på 39 744 197 kroner.

Nokre viktige tiltak gjennom 2022:

- Del I av oppgradering Bratteberg skule er gjennomført med totalrenovering av alle klasserom, del II er under planlegging med areal for tilsette, SFO og fellesareal.
- Kyrkjekontor er utvida med 65m², der ein har mellom anna fått inn 3 nye kontor.
- Det er gjennomført totalrenovering av 2 kommunale bustadar, der ein har bygd opp nye husvære etter dagens krav.
- Mork barnehage er totalrenovert og ein har utvikla betre akustikk tiltak i tråd med gjennomført støyrapport.
- Samfunnshuset sin fasade er oppgradert og ferdigstilt.

- Engeset barnehage har fått delvis oppgradering med kjøkkenfasilitet, kontor til styrar, utskifting av alle vindauge, oppgradert uteområde/leikeplass mm.
- Omsorgssenteret i Volda står ovanfor større oppgradering, dette tiltaket vart starta på i 2022.
- Oppdatering av kart i samarbeid kommunar på Søre Sunnmøre, Kartverket og andre offentlege aktørar.
- Ny GPS er kjøpt inn og prosjektet er ferdig.
- Rehabilitering av kai på Yksnøya er ferdigstilt
- Førebuing av venterom med toalett ved bussterminalen på Moritzmarka med ferdigstilling Q1 2023.
- Botnasanden friluftsområde -innløyst omlag 16 da grunn til friluftslivsområde
- Servicebygg og amfi - Volda hamn - bygging av amfi og servicebygg på austsida av molen i sentrumshamna
- Førebuing av parkanlegg i Groparken på Grodås. Det skal m.a. byggast natursteinsamfi ved strandområdet.
- Høydalen friluftsområde - innløyst omlag 1 da grunn og etablert parkeringsplass for friluftslivsområde i Høydalen
- Skifta ut Dodge frå 1982 ved brannstasjonen i Hornindal. Ny utrykningsgodkjent varebil er kjøpt inn
- Gjennomført asfaltprogrammet for 2022
- Trafikktrygging - fleire prioriterte tiltak er ferdigstilte etter TFU-utvalet sine prioriteringar
- Kjøp av strategiske eigedomar- Hamna 20

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,94 %	8,26 %	10,20 %

Status sjukefråvær og HMS

Samla sett er sjukefråværet fortsatt noko høgt, men det er store skilnadar mellom avdelingar. Utfordringane ligg i hovudsak innan reinhaldsseksjonen og det vil vere naudsynt å setje inn eigne tiltak innan seksjonen for å forebygge og redusere fråværet.

Stab samfunnsutvikling

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar kommunalsjef, innkjøpsrådgivar og 30 % ressurs mot anna administrativt arbeid. Arbeidsområdet er variert og er til støtte for heile sektoren

Viktige hendingar

Aktiviteten i sektoren skjer i hovudsak dei ulike avdelingane. Stab sitt ansvarsområde er å koordinere og bidra til effektiv ressursforvaltning i sektoren på tvers av fagområder. Vidare er dialogen og samarbeid mellom sektorar, politisk nivå , næringsliv, mellom kommunar, regionale og nasjonale funksjonar og innbyggjarar sentrale arbeidsområder for staben. Oppfølging av Volda Utvikling og Norsk Innovasjonssenter er to av mange sentrale arbeidsfelt for staben siste år i tillegg til all næringsretta verksemd smått og stort.

Kommentar til status økonomi

Ansvarsområdet har eit meirforbruk, men dette er relatert til utlegg som er ført på ansvarsområdet som ikkje naturleg høyrer heime i andre avdelingar (advokatutgifter og takseringar) Deler av kostnadane som er ført på ansvarsområdet skal vidare fakturerast i 2023. Vidare er lønsutgiftene noko høgare enn budsjett, men dette har si forklaring i at utgifter til innkjøpsrådgivar er ført på ansvarsområdet og det ikkje er henta inn tilsvarande inntekt for konsulentoppdrag frå avdelingar og andre sektorar.

Oppsummering tiltak

Ikkje naudsynt med ytterligare tiltak innan ansvarsområdet.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	1 549	2 065	1 562	-503	-32,2 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	806	360	177	-183	-103,5 %
Overføringsutgifter	24 293	52	2	-50	-2134,9 %
Sum Driftsutgifter	26 648	2 477	1 741	-736	-42,3 %
Salgsinntekter	-6	-56	0	56	0,0 %
Refusjoner	-541	-41	0	41	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-546	-96	0	96	0,0 %
Netto resultat	26 101	2 381	1 741	-640	-36,7 %

Grafar Økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Bustadfelt under utbygging	34 403	954	1 163	845
Elbilar og kommunal infrastruktur	15 125	11 138	11 444	6 466
Grunn og næringsutvikling	-	-	16 250	11 852
Ny ungdomsskule	220 000	164 170	105 041	112 603
Svømmehall	241 125	15 031	15 359	11 425
Utbygging kommunale vegar	60 403	30 638	25 411	25 669
Sum andre prosjekt	0	81 824	2 360	7 636
Sum	571 056	303 755	177 029	176 496

Statustekst investeringar

Bustadfelt under utbygging

Urbakkefoten - prosess med grunnnerverv har teke lenger tid enn planlagt. Ein forventer oppstart av prosjektet i 2023

Heltne/Bratteberg (kommunal del) - under bygging

Heltne/Bratteberg (privat del) - skjønn er gjennomført, men er anka til overskjønn. Forventer avgjerd i skjønnsretten før ferien 2023

Elbilar og kommunal infrastruktur

Ladeinfrastruktur - ny stor ladepark er ferdigstilt og opna på øvre Rotset

Ny bilpark helse og omsorg - del levering av bilpark er gjennomført.

Grunn og næringsutvikling

Infrastruktur VCA - midlar satt av til moglege garantisaker i 2022.

Strategisk eigedomsutvikling - sak om kommunal eiendomsstrategi er vedtatt i kommunestyret og vert følgt opp vidare

Strategisk grunnnerverv vert vurdert løpande

Ny ungdomsskule

Hovudmilepålane for byggjeprosessen er:

Overlevering bygg, klar til innreiing og utstyr – 01.04.2023

Riving av gjenståande bygningsmasse og ferdigstilling av uteområdet – 20.06.2023-01.11.2023

Prøvedrift fram til 01.04.2024

Arbeidet er i rute og følgjer plan

Svømmehall

Prosjektet er i utførelsefase og følger fastsett plan

Etter planen skal anlegget vere ferdig i 2024, deretter startar ei prøvedriftsperiode på 12 månader.

Utbygging kommunale vegar

Engesetvegen - ferdigstilt

Urbakkfoten - grunnnerverv må løysast før utbetring.

Raudemyrvegen - er avhengig av at vegen forbi Urbakkfoten er bygd.

Lidavegen - ikkje prioritert i budsjettet.

Kleppevegen - førebuing til regulering av vegen

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,88 %	2,20 %	4,08 %

Eigedom

Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet har eitt samordna ansvar for ei forsvarleg, fagleg, rasjonell og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning. Forvaltning av kommunen sine eigedomar skal vere berekraftig og ein skal ivareta brukarane sine behov for gode, raske og tilfredstillande løysingar.

Viktige hendingar

Eigedom har arbeidd svært godt med digitalisering og innføring av MS365 gjennom heile organisasjonen. Digitalisering skal gjere det enklare, dette har eigedom hatt fokus på, der vi har tilsette med bakgrunn frå 21 ulike nasjonar! Alle tilsette har data/nettbrett i dagleg arbeid og fått god og grundig opplæring. I eigedom finn du alt du treng digitalt 2 stadar, FamacWeb og MS365. Dette gjer det enkelt å kommunisere, enkelt å finne fram og alle tilsette opplev meistring og vær ein del av den nye digitale kvardagen.

Det har vore ein viktig faktor å arbeide med gode arbeidsverktøy for å kunne ha ein stødig og kvalitativ investeringsplan og vedlikehaldsplan. Gjennom 2022 har vi fått på plass gode planar som skal vere styrande for 2023. Avdelinga har arbeidd med komplettering av rammeavtalar på fagområde innanfor avdelinga, kombinasjonen av eigne tilsette som raskt kan omstille seg, samt langsiktige rammeavtalar

gjør at ein er mindre sårbar. Avdelinga arbeidar godt innanfor dei ressursar som er tildelt, men med snart 100.000 m² bygg, så er det krevjande med små vedlikehaldsbudsjett. Inflasjonen stig, kostnadsauke på driftsmidlar gir mindre rom for vedlikehald. Det er viktig å følgje opp med vedlikehaldsmidlar etterkvart som vi får auka bygningsmasse for å ta vare på dei verdiane som er skapt.

Gjennom 2023 har avdelinga arbeidd godt med fleire viktige områder, vi kan nemne nokre områder:

- Første del av legionellakontroll der vi har montert reinseanlegg på vassinntaket på Omsorgssenteret, Legesenterbygget, Fjordsyn, Folkestadtun og Hornindal Omsorgssenter. Eit viktig tiltak som gir god tryggleik. Det blir spelt inn forslag om vidare arbeid innan dette i budsjett for 2024.
- Digg min skole - eit forskingsprosjekt Volda kommune deltek i saman med Oslo kommune, KLP, NILU, NTNU med fleire. Det er eit viktig og spanande prosjekt der vi ser på inneklima i skulen og kva som påverkar dette. Elevar og tilsette er like viktige bidragsytarar som driftpersonell og tekniske anlegg. Volda kommune har velt ut Øyra skule og Bratteberg skule for å delta i prosjektet. Då har vi ein heilt ny skule og ein skule som har vore i drift i mange år. Vi ser fram til resultatet av dette prosjektet og kva vi kan ta med oss vidare for å bidra til å gi tilsette og elevar det beste inneklimaet i Volda skulen framover.
- Arbeid med oppgradering av brannførebyggjande installasjonar har starta opp, eit prosjekt som vil gå over 2-3 år for å lukke dei avvika som vi har her. Avvika vil bli lukka etter TG/KG og kva som har størst grad av prioritet. Oppgradering og modernisering med sentral overvaking vil gi større tryggleik og vil frigjer tid til brukt til kontrollar i dag. Avdelinga vil trenge noko meir investeringsmidlar til dette i 2024.
- Reinhold har i mange år arbeidd med heiltidskultur, dette har vore viktig arbeid over tid for å skape gode tilhøve for dei tilsette. Det har vore ein ambisjon om å få mest mogleg heile stillingar. Dette bidreg også til at Volda kommune blir ein attraktiv arbeidsplass. Det passa godt at prosjektet heiltidskultur blir sett på kartet. Reinhold har i dag ein gjennomsnitt stilings storleik på 85,53%!
- Førebuande arbeid for overtaking av heimebasert reinhold har vore viktig ei viktig oppgåve. Eigedom tek over dette frå helse og omsorg frå 01.02.2023.

Kommentar til status økonomi

God oppfølging på økonomi, vakante stillingar og ein del langtidsfråvær har gjort at ein har mindreforbruk.

Driftskostnad til avdelinga vert vurdert underbudsjettet med omlag 2 mill. Dette gir mindre midlar til vedlikehald og vedlikehalds-gapet vert større for kvart år og ein har merka dette spesielt dei siste 2 åra med stigande inflasjon innanfor bygg og anlegg. Skal ein i framtida kunne vedlikehalda bygga godt og ta vare på verdiane, så er det naudsynt å setje av nok midlar til dette, samt finansiere opp dei driftskostnadane ein ikkje har dekning for i dag.

Oppsummering tiltak

Utfordringer på driftsbudsjettet og gradvis oppjustering av vedlikeholdsbudsjett bør vurderast i komande budsjett og økonomiplanarbeid.


Rekneskap

Beløp i 1000



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	25 860	27 531	30 010	2 479	8,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	26 292	25 914	22 138	-3 777	-17,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	6	0	-6	0,0 %
Overføringsutgifter	85	3	3	0	0,0 %
Finansutgifter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	52 237	53 455	52 151	-1 304	-2,5 %
Salgsinntekter	-19 475	-20 951	-19 461	1 489	-7,7 %
Refusjoner	-3 274	-4 646	-4 422	225	-5,1 %
Overføringsinntekter	-24	-1	0	1	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-22 773	-25 598	-23 883	1 715	-7,2 %
Netto resultat	29 464	27 856	28 268	412	1,5 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	5	4	6	6	5
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	477	396	285	595	494
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	9,1 %	8,4 %	7,6 %	8,3 %	9,1 %
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger (B)	86	1	913	529	619

Årsmelding 2022

Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger (B)	99	91	164	324	245
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B)	25 151	24 330	16 568	20 628	22 387
Netto driftsutgifter, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,4 %	0,4 %
Produktivitet					
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	113	100	80	87	181
Netto utgift per kvm, formålsbygg samlet (B)	1 333	1 389	895	1 001	1 269
Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B)	559	528	528	504	684
Dekningsgrad					
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B)	20		23	22	18
Andre nøkkeltal					
Antall søknader per 1000 innbyggere (B)	11,3		7,6	7,6	6,5
Netto driftsutgifter (221) Førskolelokaler og skyss	5 799	6 264	5 643	143 389	366 020

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Reknesk
Garantiansvar	-	-	1 250	3
Maskin og utstyr eigedom	2 004	1 762	2 004	1 7
Oppgradering kommunale bygg	-	-	28 540	22 7
Sum	2 004	1 762	31 793	24 8

Statustekst investeringar

Garantiansvar

Garantiansvar er løpande og knytt til tidlegare avslutta prosjekt

Maskin og utstyr eigedom

Ingen endring sidan førre rapportering. Elektriske varebilar er kjøpt inn og bilane fungerer godt. Det er vanskelig å halde bilar i god orden, samt ha kontroll på utstyr og oversikt for effektiv utføring av arbeid. Ein ser behov for å innreie bilane på lik linje med bilar i det privat som t.d elektrikartenester, rørleggartenester og driftstenester for effektiv drift.

Oppgradering kommunale bygg

Dei aller fleste investeringsprosjekta i portefølje er i rute. Økonomi er godt følgt opp og ingen prosjekt har prognose for meirforbruk. Der er noko manglande finansiering oppgradering av SD anlegg, dette blir finansiert gjennom prosjekt med mindreforbruk

Samandrag status investeringar

God framdrift på oppgradering av kommunale bygg, det er gjort mange tiltak på fleire bygg.

Uttrekk av nokre viktige tiltak gjennom 2022:

- Del I av oppgradering Bratteberg skule er gjennomført med totalrenovering av alle klasserom, del II er under planlegging med areal for tilsette, SFO og fellesareal.
- Kyrkjekontor er utvida med 65m², der ein har mellom anna fått inn 3 nye kontor.
- Det er gjennomført totalrenovering av 2 kommunale bustadar, der ein har bygd opp nye husvære etter dagens krav.
- Mork barnehage er totalrenovert og ein har utvikla betre akustikk tiltak i tråd med gjennomført støyrappport.
- Samfunnshuset sin fasade er oppgradert og ferdigstilt.
- Engeset barnehage har fått delvis oppgradering med kjøkkenfasiliet, kontor til styrar, utskifting av alle vindauge, oppgradert uteområde/leikeplass mm.
- Omsorgssenteret i Volda står ovanfor større oppgradering, dette tiltaket vart starta på i 2022.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,49 %	14,79 %	18,28 %

Status sjukefråvær og HMS

Avdelinga har arbeidd svært godt med HMT og internkontroll, det er etablert eit overordna strategidokumen for HMT og internkontroll som held oversikt over heile området til avdelinga. Verneombod, tillitsvalt og leiarar har samarbeida godt for å få på plass naudsynte og gode rutinar. Dette er eit kontinuerlig arbeid som ein har arbeidd inn i årshjulet til avdelinga.

I seksjon reinhald er det relativt stort sjukefråvær, det har også i andre seksjonar vore noko langtidsfråvær. Det blir aktivt arbeidd med dialog og seksjonsleiarar har tidleg meldt inn ynskje om dialogmøte til NAV, for aktivt og tidleg tilrettelegging. Seksjon reinhald har siste åra arbeidd godt med heiltidskultur og har ein prosent på 85,53. Store stillingar kan også vere nok meir utsett for sjukefråvær i samband med tungt arbeid og stor slitasje. Alt langtids sjukefråvær har godt dokumenterte medisinske årsakar. Avdelinga samarbeida med personal og bedriftshelseteneste for aktivt finne tiltak som passar den enkelte.

Utvikling

Skildring av tenesteområde

Avdelinga har totalt 9 stillingsheimlar som er fordelt slik:

- Ein leiar som også jobbar ein god del med byggjesak og eigedomsskatt
- Ein kommuneplanleggar som har overordna koordineringsansvar for alt kommuneplanarbeid
- To planleggarar som i hovudsak har sakshandsaming av reguleringsplanar og dispensasjonar
- Ein plan- og miljørådgjevar som har kombinert stilling. Klimasaker er også ein del av stillinga.
- Ein byggjesakshandsamar som også har ansvar for eigarseksjoneringar
- To landmålarar som gjennomfører oppmålingsforretningar og ajourføring av kartdata
- Ein prosjektleiar for sentrumsutviklingsprosjektet som også handsamar delesaker

I tillegg så kjøper vi inn noko teneste innafor byggjesak og plan frå tidlegare tilsett.

Skog- og landbrukstenester vert kjøpt frå Ørsta kommune der dei er vertskommune for felles landbrukskontor.

Viktige hendingar

På grunn av mange små og store byggeprosjekt i Volda kommune så har det vore stort arbeidspress på avdelinga i lang tid og det vil det også vere framover. Våre planleggarar har hatt mykje arbeid med ulike reguleringsplanar, både private og kommunale. På byggjesak har det vore veldig stor aktivitet og vi har sett behovet for å få inn ein ny fast stilling her. For å frigjere lønsmidlar til dette omorganiserte noko internt og lyste ut stillinga første gang ved årsskiftet 22/23. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere til denne stillinga og ho er no lyst ut for 3.gong. Mellombels løyser vi situasjonen med å leige inn ein tidlegare tilsett for å ta unna den store arbeidsmengda på byggesak.

I tillegg til mykje arbeid med detaljregulering på plan så blei ny samfunnsdel for heile kommunen vedteke i fjor. FN sine berekraftmål har vore viktige grunnprinsipp i dette planarbeidet. Vi er også i gang med arbeidet med ny områdeplan for Volda sentrum og har tett oppfølging mot Statens vegvesen i arbeidet med om regulering av E39 - Voldatunnelen.

I sommar så slutta ein oppmålingsingeniør hos oss. Det tok litt tid å få tilsett ein ny, men mot slutten av året fekk vi inn ein ny person i denne stillinga. Oppmålingsavdelinga har fått unna mange saker dette året og fått inn mykje gebyrinntekter.

Eigedomsskattekontoret har sendt ut litt over 5000 vedtak om eigedomsskatt og fått taksert mange nye eigedomsskatteobjekt. Kommunen fekk inn ca 27,5 mill kr i eigedomsskatteinntekter i fjor.

Det blei gitt tilskot på tilsaman 50 000 kr i fjor fordelt på 4 gode prosjekt knytt til leikeplassar:

1. Støttelaget for Samhald fekk 10 000 kr til oppgradering av leikeareal ved forsamlingshuset Samhald i Austefjorden
2. Øvre Smalebakken Velforening fekk 10 000 kr til oppgradering av friområde mellom Lyngåsen og Solhøgda
3. Morkaåsen Velforening fekk 10 000 kr til opparbeiding av leikeplass i Morkaåsen bustadfelt
4. Dalsbygd Grendalag fekk 20 000 kr oppgradering av tidlegare skuleplass ved Dale skule.

Kommentar til status økonomi

Utviklingsavdelinga hadde i 2022 eit mindreforbruk på kr 1 810 168. Det er i hovudsak to grunnar til dette store mindreforbruket:

1. Omtrent halvparten av dette mindreforbruket kjem grunna meir gebyrinntekter enn budsjettert. På oppmåling har ein fått unna mange saker og fått inn nesten 700 000 kr meir enn budsjettert. Byggesak har også fått inn meir gebyrinntekter enn budsjettert.
2. Resten av mindreforbruket kjem i hovudsak av mindre lønsutgifter enn budsjettert. Ei stilling på oppmåling har stått i vakant fleire månadar i haust. I tillegg er det ein planleggar som har hatt uløna permisjon i ein del av stillinga si gjennom heile året.

Rekneskap


Beløp i 1000

Årsmelding 2022



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	7 513	7 738	8 153	415	5,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 918	2 821	2 430	-391	-16,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	2 402	1 410	2 167	757	34,9 %
Overføringsutgifter	72	122	72	-50	-69,0 %
Sum Driftsutgifter	12 904	12 092	12 823	731	5,7 %
Salgsinntekter	-4 765	-4 295	-3 355	940	-28,0 %
Refusjoner	-877	-226	-87	139	-159,8 %
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-5 642	-4 522	-3 442	1 080	-31,4 %
Netto resultat	7 262	7 570	9 380	1 810	19,3 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostrat-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	197	207	217	116	132
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B)	147	129	112	157	106
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B)	208	312	311	265	242

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Reknesk
Maskin og utstyr Utvikling	2 163	1 126	400	3
Sentrum og friluftstiltak	-	-	23 517	13 7
Sum	2 163	1 126	23 917	14 0

Statustekst investeringar

Maskin og utstyr Utvikling

GPS er kjøpt inn og prosjektet er ferdig

Sentrum og friluftstiltak

Amfi og servicebygg Volda sentrum.

Ferdigstilt

Moritzmarka

Modulbygg til venterom med toalett vart bestilt med levering 2023 i tråd med plan for ferdigstilling av bubilparkering

Groparken

Arbeidet i 2022 har gått på planlegging av ute-området med plan om ferdigstilling vår 2023.

Botnasanden.

Ferdig bygd parkeringsplass, tilkomst og turvegar, etablert grasbakke, montert informasjonstavle m.m.
Motteke tilskot på kr 700 000,-

Høydalen

Ferdig opparbeid parkeringsplass for turfolket.

Prestholmen.

Det er lagt fram straum til Prestholmen.

Berkneset kystfort.

Montert informasjonstavle og turstiskilt i området med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Rehabilitering av kai på Yksnøya

Prosjektet er ferdig.

Samandrag status investeringar

Avdelinga arbeider godt og systematisk med prosjekt som er tildelt. Ein har satt av eigne ressursar til oppfølging av prosjekt som sikrar god gjennomføringsevne gjennom året

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,00 %	1,33 %	1,33 %

Status sjukefråvær og HMS

Vi har generelt hatt lågt sjukefråvær.

Brann/feiing

Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet omfattar brann og redning og skal følgje opp brannlova §1 sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønska tilsikta hendingar. Avdelinga har oppfylt kravet med gjennomføring av ROS-analyse som grunnlag for vedteken brannordning.

Avdelinga er, i tråd med krava i Dimensjoneringsføreskrifta delt inn i beredskaps- og førebyggjande avdeling og består av 68 personar inklusive administrasjonen. Brannkonstablane har stillingar frå 0,58% til 2% noko som tilsvara 12 til 40 timar årleg, og er fordelt på stasjonane i Hornindal og Volda sentrum, samt depot på Bjørke, Straumshamn, Steinsvik og Dravlaus.

Forebyggjande avdeling har ansvar for tilsyn med særskilte brannobjekt, feiing, bustadtilsyn og informasjonsarbeid. Etter at krav om feiing og tilsyn med hytter og fritidsbustadar kom inn i lovs form ser vi at det er noko avgrensa resursar til å rekke over dette.

Sjølv om det er krevjande å rekke over å dekke alle behov så opplever ein at alle tilsette på alle nivå er svært godt motiverte for jobben, og innbyggjarane i Volda skal kunne vere trygge på å få bistand frå kompetente og dyktige brannkonstablar og brannforebyggjarar om behov oppstår.

Viktige hendingar

I 2022 kunne vi ta i bruk ny brannstasjon i Hornindal. Endelig fekk mannskapet flytte inn i ein moderne stasjon som er i tråd med Arbeidstilsynet sine krav. Alle avvik som gjaldt brannstasjon vart med dette lukka. Og ikkje minst er auka tryggleik og trivsel viktige moment. Skal brannkonstablane gjere ein god jobb er motivasjon viktig.

Grunna forseinkingar med utrulling av deltidsreforma kom vi ikkje i gong med den lovpålagte grunnutdanninga som alle brannkonstablar ved stasjonar skal gå gjennom. Men på tampen av året fekk vi godkjent utdanningsplanen vår hjå Norges brannskule slik at alt er klart for oppstarting på nyåret.

Brannmannskapet har vore utkalla til ulike hendingar 138 gongar. Av desse var 3 bygningsbrannar, 16 trafikkulukker, 13 helse-oppdrag/hjertestans og 17 brannhindrande tiltak. Dei fire depota har samla vore på 10 oppdrag, Hornindal 20 og Volda sentrum 114.

Forebyggande avdeling, tilsyn og feiing er nokolunde i rute og prioriterer oppgåvene basert på risikoanalyser, fyringsmønster og behov. Ein ser at tilsyn ofte er det viktigaste for det er der ein avdekka avvik på fyringsanlegg som i verste fall kunne ført til brann.

Avdelinga har også delteke i kommunen sitt arbeid med å finne bustadar til flyktingar. Oppgåva vår har vore å sjå til at bustadane som vert leigt har dei branntryggingstiltaka som trengs for at ein skal kunne bu trygt. Dette har også vore ei fin muligheit til å få ut informasjon til utleigarar på og vi opplever responsen til å vere svært god.

Kommentar til status økonomi

Brannvern

Beredskapsavdelinga har gått ut med eit mindreforbruk i 2022. Årsaka til dette er at ein, grunna manglande godkjenning og øvingsplan frå Norges brannskule, ikkje kunne kome i gong med lovpålagt grunnopplæring for brannmannskap og såleis ikkje har brukt midlar som var avsett til dette. Drifta ellest har vore nøktern og ligg omlag som budsjettet.

Feiing

Teneste for brannforebygging / feiing balanserast i 0 etter at kr 76.196,- er overført til driftsfond. Sidan driftsfondet har bygt seg opp over fleire år er avgifta for 2023 sett ned med kr 75,- pr år for dei med normal behov, 3-6 års intervall, for feiing. Driftsfondet vil etter kvart bli tappa ned, og ein må vere budde på at avgifta vil måtte settast opp at om 2-3 år. Etter at det kom inn krav om feiing og tilsyn med fritidsbustadar må ein vere budde på at det kan bli behov for meir resursar innafor tenestområdet.

Rekneskap


Beløp i 1000

Årsmelding 2022



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	10 681	11 627	11 511	-116	-1,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 232	2 922	3 945	1 023	25,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	958	774	898	124	13,8 %
Overføringsutgifter	3	7	2	-5	-201,6 %
Finansutgifter	562	115	22	-93	-424,3 %
Sum Driftsutgifter	14 437	15 446	16 378	932	5,7 %
Salgsinntekter	-2 701	-2 543	-2 075	468	-22,5 %
Refusjoner	-548	-236	-203	34	-16,5 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	-59	-54	5	-9,2 %
Sum Driftsinntekter	-3 248	-2 838	-2 332	506	-21,7 %
Netto resultat	11 188	12 608	14 046	1 438	10,2 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	10,4	11,5	10,8	15,3	16,1
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B)	-50	5	105	61	70
Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B)	1 249	1 360	1 099	1 198	923
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B)	1,7 %	1,9 %	1,7 %	1,8 %	1,4 %

Kvalitet

Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr)	495	610	786	620	475
--	-----	-----	-----	-----	-----

Volda er i kostragruppe 7 i lag med 37 kommuner.

I kostar er det berre teke omsyn til folketal og rammebetingelser, ikkje faktiske tilhøver. Stort sett alle kommunar i kostragruppe 7 har ein geografi og utstrekning som gjer at dei klarar seg med ein brannstasjon og 16 - 20 brannkonstablar. I vår kommune er det 2 sentra, Hornindal og Volda som gjer at ein har 2 brannstasjonar, 4 branndepot for å ha ein viss beredskap på bygdene. Til saman 65 brannkonstablar er tilsett i små deltidsstillingar ved dei ulike stasjonar og depot. Så langt ein ser er det ingen kommuner i kostragruppe 7 som har ein så omfattande brannberedskap, og er såleis lite relevant å samanlikne seg med.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Maskin, bilar og utstyr brann	-	-	1 512	0
Sum	0	0	1 512	0

Statustekst investeringar

Maskin, bilar og utstyr brann

Ingen endring sidan førre rapportering. Venter fortsatt på levering av kjøretøy, noko som er mykje forsinka.

Samandrag status investeringar

Det har ikkje vore store investeringar i 2022. Ny bil til staumshamn let vente på seg sidan VW ikkje har lukkast med å levere bilen innan avtalt frist. Dette har med verdssituasjonen og ikkje noko vi får gjort noko med.

Einaste investeringa er utskifting av den gamle Dodgen frå 1982 i Hornindal. Der fekk vi på plass ein utrykningsgodkjent varebil som vil dekke behovet for transport av både utstyr og mannskap.

Ein må framover dei komande 7-8 åra rekne med nokre tunge investeringar. Om 7 år er hovudbilen i sentrum 20 år gamal og moden for utskifting. Sidan det er lang leveringstid på slike bilar må prosessen må startast minst 3 år før. Tankbil Hornindal er frå 80 talet, og er allereie moden for utskifting. Men er, tross alder, i god stand så held truleg nokre år til. Ein del anna materiell og kjøretøy må også påreknast utskifta.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,42 %	0,85 %	2,27 %

Status sjukefråvær og HMS

Beredskap:

Sjukefråværet er i gjennomsnitt 1,6 %, altså svært lågt. Det har imidlertid i enkelte periodar vore noko fråvær som har ført til at vi måtte sette inn ekstravakter.

Brannforebygging/feiging:

Gjennomsnittleg fråvær i avdeling for brannforebygging / feiing har vore 3,34%. Det har ikkje vore sjukefråvær relatert til jobben og ein må kunne anta at dei tiltaka avdelinga har sett i verk for god HMS verkar. Det har dei siste åra vore lagt stor vekt på at brannforebyggarane skal ha gode verktøy og rutiner som gjer at jobben med feiing ikkje gjev unødig belastning. Variert arbeid, der ein vekslar mellom feiing, tilsyn og andre førebyggjande oppgåver, gjer at arbeidet ikkje vert for statisk slit at ein unngår slitasjeskader. Det er særskilt feiing av skorsteinar som har vore stor belastning for skudrar, nakk og rygg, noko lettar og meir funksjonelt verktøy har bedra vesentleg.

Veg/park

Skildring av tenesteområde

Avdelinga har ei stor breidde av tenester vi yter til innbyggjarane og andre kommunale einingar. Vi er bevisst på "kven vi er her for" og har ei tydeleg haldning både til det til kvifor vi er tilsette her. Vi yter tenester som dei fleste innbyggjarar har behov for (her kan nemnast vintervedlikehald, veglys, parkdrift og kyrkjegardsarbeid). Vi er difor svært synlege for alle og får av same grunnar mange tilbakemeldingar på godt og vondt. Vi har tydeleg merka endringane etter kommunesamanslåinga med auka oppdragsmengd og færre ressursar til rådvelde. Generell innsparing for både sektor og avdelinga gjer også ein stor innverknad i kva vi har mogelegheit å levere. Dette medfører og at vi må prioritere hardare korleis ein nyttar tilgjengelege ressursar. Det er vel ikkje til å stikke under ein stol at dei negative reaksjonane frå innbyggjarane har auka i høve noko reduksjon eller endring i tenestene vi leverer.

Vi har fått høve til å investere i moderne reiskap og utstyr, noko som gjer oss meir effektive og veg litt opp for auken i oppdragsmengder. Her kan nemnast klippe robotar for plen vedlikehald, effektive køyrety med stor kapasitet og spesial utstyr som reduserer bruken av maskiner. Det er sær viktig at slike løyvingar til effektivisering og kostnadsreduksjonar held fram.

Den menneskelege faktoren er likevel heilt avgjerande. Vi har ein sær kompetent arbeidsstyrke og har lukkast å rekruttere nye kompetente medarbeidarar dei siste åra som er ansvarsbevisste gjer eit framifrå arbeid.

Vi har 8 ulike budsjettområder som er omtala nedanfor.

Ekonomi:

Avdelinga har driftsansvar for kommunen sitt fibernett og breibandsnett. I budsjettet ligg utgifter til drift og feilrettingsavtale med ekstern entreprenør. Det er ikkje medteke ressursar til nye anlegg eller feilretting dersom dette oppstår i driftsåret. Det er avgjerande at dette vert teke med i framtid, då kommunen sitt nett har auka i mengd og lengd og vi allereie har fått skader som skal dekkjast inn utan midlar til rådvelde.

Personal og lagerbygg (Myrtun):

Avdeling veg og park har ansvar og budsjett for garasje og personalbygg på Myrtun som vi fysisk deler med avdeling vatn og avlaup. Det har blitt gjort nokre nye investeringar siste åra, mellom anna strøsandlager, tilbygg til garasjebygg, nye brakker for kontorplassar og nytt tak på garasjebygget. I 2022 vart det for synte gong lagt til rette for eigen damegarderobe, noko som var naudsynt. Bygningane er generelt sett etter kvart blitt gamle og utdaterte.

Kommunale vegar:

Arbeidsområde og omfang har stor breidde der vi og dekkjer eit stort geografisk arbeidsområde. Vi er svært synlege i det vi gjer, då dei fleste av oss som innbyggjarar har ein relasjon til det avdeling har ansvaret for. Vi mottek relativt mange henvendingar om mange ulike problemstillingar og set vår ære i å svare innbyggjarane våre tydeleg og konstruktivt.

Vi har etter kvart relativt moderne utstyr og hjelpemiddel, noko som er naudsynt for å auke vår effektivitet samstundes som kostnader skal reduserast. Desse satsingane må halde fram i åra som kjem.

Volda har mange kilometer med veg og jobbar hardt for å skape høg trafikktryggleik og legge til rette for god infrastruktur for innbyggjarane våre. Vi har dei siste åra gjennomført ei omfattande asfaltering av tidlegare grusvegar. Vi trur dette vil føre til betre tryggleik og framkomelegheit for innbyggjarane, reduserte kostnader og betre oppleving for alle som ferdast i kommunen vår. I tillegg har vi utarbeida plan for trafikktryggleik og satsa ein del på utbetringar spesielt knytt til born, unge og mjuke trafikantar. Denne satsinga vil halde fram vidare.

Kommunale veglys:

Vi har gjennom fleire år gjort nye investeringar i veglys. Dette har redusert straumkostnadene monaleg og betra trafikktryggleiken. I 2022 vart dei siste gamle "HQL armaturane" (kvikksølv damplampar) skifta ut. desse var det ikkje råd å få pærer til og kost/nytte vurderinga tilsa at det beste alternativet var å byte desse i moderne LED armaturar. I tillegg har kommunen valt å sjå til kartlegginga "barnetråkk" som vart gjennomført i samarbeid med høgskulen. Her vart det kartlagt kva vegar og stiar som vert mest nytta av born og unge. Dette la grunnlag for ei satsing på belysning langs slike gangvegar/stiar som vart opplevde som mørke og trasige. Her har vi bygt nytt og oppgradert fleire stadar. Vidare har ein lagt opp til forsterka belysning på stader med fotgjengarfelt. Denne satsinga vil halde fram i 2023.

Hamn:

Vi har dei siste åra fornya hamne regulativet i tråd med nytt lovverk. Vi har innført sterkare kontroll med båtar som kjem og innført nytt betalingsregime for hamn og kai. Dette inneber elektronisk registrering for alle båtar ved almenningsskai, Vikeneskai og den nye flytebrygga for småbåtar. Betalingsordningane varierer mellom faktura for større båtar og vipps for småbåtar.

Kommunale parkar og uteområde:

I Volda kommune har vi om lag 166 mål med plen som vi klipper heile vekstsesonen. Dette er krevjande og vi har hatt stor glede av flinke sommarhjelper gjennom mange år. Dei siste 2 åra har vi i tillegg investert i robotklipparar og utvida dette i 2022. Dette vil gjere oss meir effektive og er heilt naudsynt, då vi har overteke stadig fleire mål med grøntareal som skal stellast samstundes som driftskostnader skal kuttast. Park eininga har og ansvaret for kyrkjegardane, friluftsområde, badeplassar og parkar.

Kyrkjegardar:

Volda kommune har avtale med Volda kyrkjelege fellesråd om stell av i alt 9 kyrkjegardar i kommunen. Vi har og i oppgåve å legge fysisk til rette for gravferder (graver), samt stell av uteområda på kyrkjegardane. I enkelte tilfeller kan vi avhjelpe også med andre oppgåver og situasjonar i samråd med kyrkjevevje.

Vintervedlikehald:

i 2022 vart det for fyrste gong vart det oppretta eige budsjettområde for vintervedlikehald. Dette er eit ressurskrevjande arbeid som er utfordrande å budsjettere på. Vi "styrer ikkje" været, men må ta det vi får. Volda har 17 ulike roder på bygdene for brøyting av kommunale vegar og 17 ulike stadar for brøyting kring kommunale bygg og plassar. Dette vert leigt inn frå lokale firma og entreprenørar. Vegane i sentrum av Volda og på Grodås, vert brøytt med eigne mannskap. Vi legg mykje vinn på å halde alle vegar, gangvegar og plassar godt tilgjengelege og trafikktrygge for våre innbyggjarar. Ved store snømengder kan dette vere utfordrande å få til, då vi ikkje er dimensjonerte for ekstremvær. Vintervedlikehaldet utgjør 34-38% av det totale budsjettet for avdelinga og har auka monaleg siste året. Dette har si årsak i generell pris og kostnadsauke, samt spesielt mykje sting av vegar i 2022.

Viktige hendingar

Vi har innført betalingsordning eller justert desse for Hamn og kaileige, fellesføring på veglysstolpar eigd av kommunen, graveløyver, gravferder for innbyggjarar heimehøyrande utanfor kommunen, og mindre oppdrag for verksemder eller lag som ikkje er konkurranseutsett næring. Dette er bevisste handlingar der kommunen har høve til å gjennomføre dette og dette er med på å kompensere litt for dei kostnadsreduksjonane som avdelinga er pålagde å gjennomføre.

Vi har følgd opp satsinga på trafikktryggleik og dei investeringane som der vart tildelt midlar for. Også andre investeringar både i høve anlegg og maskiner/utstyr er følgde opp, alt innanfor tildelte rammer.

Vi har lagt til rette for og gjennomført arbeidspraksis for menneske frå Volda næringssenter, NAV, STYRK og kriminalomsorgen.

Det har vore utført mange oppgåver for andre avdelingar og sektorar internt i kommunen, samt mykje innsats på investeringar som andre avdelingar har hatt ansvaret for.

Vi har gjennomført ny tilsetjingar og lukkast å rekruttere fleire kvinner inn i driftsmiljøet som har vore relativt manns dominert. Dette er ein bevisst strategi, som vi ser positive resultat frå i høve arbeidsmiljøet.

Det har og vore ei målsetting for oss at vi skal svare ut/avklare dei henvendingar og spørsmål vi får gjennom året rimeleg raskt. Dette meiner vi at vi har lukkast med.

Kommentar til status økonomi

3501 Ekom:

Vi har eit lite mindreforbruk i 2022. Det er ikkje satt av midlar til feilretting (berre beredskapskostnader) og kan verte eit utfordring i framtida

3502 Personal og lagerbygg (Myrtun)

Vi har eit lite overforbruk her, som skriv seg til ombygging av lokale for å opprette damegarderobe. Kostnadene er minimale, då mesteparten av arbeidet er gjort med interne mannskap.

3503 Kommunale vegar

Vi har eit tydeleg mindreforbruk her, som har si årsak i hard prioritering og mykja arbeid for andre samt investeringar. Dette er gjort med hensikt, då vi veit at vintervedlikehald i eit gjennomsnittsår kan vere utfordrande. Vi ser at dette ikkje vil halde fram i 2023 på same måten og vi vil få behov for å nytte meir av desse driftsmidlane til det dei er berekna for. Vi har inntekter til dette ansvaret frå vintervedlikehald, men 40-50% av intern timeføring kjem frå VA-avdelinga, noko vi er avhengig av også i framtida. Då vert det ei utgift på vintervedlikehald (inntekt for VA avdelinga) og ikkje ei inntekt til 3503.

3504 Kommunale veglys

Her har vi eit lite overforbruk som mest skriv seg frå skader og kabelfeil. Skader der vi ikkje kjenner skadevoldar, må kommunen ta på eiga kappe. Kabelfeil er ofte svært kostbare, då det ofte medfører graving og kabelutskifting. Det kan nemnast at vi har hatt betydeleg inntekter i form av fakturering av fellesføringskostnader der kommunen eig stolpen og det vert montert fiberkabel i kommunal infrastruktur. Vi er truleg einaste kommunen på Sunnmøre som tek oss betalt for dette.

3505 Hamn

Vi har hatt eit pynteleg overskot på dette og har justert satsane for kaileige i tråd med marknadsprisar. Vi "styrer" ikkje desse inntektene, dei kjem når båtar har behov for kaiplass. Kan nemnast at vi utanom straum, har hatt svært lite utgifter på dette ansvaret i 2022.

3506 Park

Her har vi eit lite mindreforbruk som er resultat av same innsparingane som for vegbudsjettet. Det er ikkje sannsynleg at vi kan kutte ned på slike driftskostnader fleire år på rad og det vil vere behov for å nytte ramma fullt ut i 2023.

3507 Kyrkjegardar

Her har vi stram kostnadsstyring og tek oss betalt for gravferd for innbyggjarar som ikkje er heimehørande i kommunen. Vi har eit lite mindreforbruk og ein del av timane som vert førte her, vert ført som inntekt til 3506. Det er ein balansert avtale vi har med kyrkjeleg fellesråd og tenestene vi yter er viktige for lokalsamfunnet.

3508 Vintervedlikehald

Dette er eit nærast umogeleg budsjett å halde seg til. Vi har ikkje styring på dette slik som for andre budsjett og ei "snørid" på nokre få dagar har kostnader som godt kan vere på over ein million kroner. Vi har eit tydeleg overforbruk i 2022, noko som skrive seg frå auka timeprisar, høgare dieselpisar, særskild mykje strøring (noko mindre brøyting) og generell kostnadsauke for vedlikehald og drifta av maskiner og utstyr. Kostnadsnivået innan ansvarsområde vil utfordre tildelt ramme-


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	9 514	10 663	9 958	-705	-7,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	10 343	12 520	12 969	449	3,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	186	250	64	25,7 %
Overføringsutgifter	5	2	2	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	19 861	23 371	23 179	-192	-0,8 %
Salgsinntekter	-221	-711	-268	443	-165,4 %
Refusjoner	-486	-1 098	-1 281	-183	14,3 %
Sum Driftsinntekter	-707	-1 809	-1 549	260	-16,8 %
Netto resultat	19 154	21 562	21 631	68	0,3 %

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	77 260	91 395	76 535	94 270	96 723
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	135 667	155 271	126 796	162 210	174 733
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	88 068	101 260	85 682	102 897	106 449

Årsmelding 2022

Dekningsgrad

Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger	16,38	16,15	14,37	11,16	8,57
Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	11	11	25	26	20
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	259	255	132	97	146

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Kommunale vegar	-	-	4 255	2 502
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	12 224	5 084	6 478	3 648
Trafikktrygging	-	-	3 500	783
Sum	12 224	5 084	14 233	6 932

Statustekst investeringar

Kommunale vegar

Prosjektet omfattar ei rekkje underprosjekt knytt til område veg og desse tiltaka er lagt til grunn utført i 2022:

- Den øvste delen av Lønnevegen manglar autovern. Vert ferdigstilt 23
- I Bjørkevegen (frå Askevegen og austover) er det ikkje ført opp autovern. Vert ferdigstilt 23
- I Løvland byggefelt er ikkje dei interne kommunale vegane asfalterte. Ein har lagt eitt lag med asfalt, men vegen er ikkje ferdigstilt.
- Ferdigstilling av veg og montering av rekkverk i samsvar med reguleringsplan for Bergsvegen. Vert ferdigstilt i 2023

Maskin, bilar og utstyr Veg og Park

Vi har stort sett fullført alle innkjøp, men grunna lang leveringstid vil vi måtte vente truleg til 2023 før levering av alt.

Trafikktrygging

Prosjekt er knytt til prioritering i TFU og vert ferdigstilt etter årleg plan.

Samandrag status investeringar

Investering kommunale vegar:

Vi har gjennomført asfaltering innanfor kostnadsramme. Andre investeringar er oppstart, men ikkje avslutta. Det er god kostnadskontroll og det er ikkje noko som talar for overskridingar, trass i generell auke i marknadsprisar.

Investering - trafikktrygging:

Fleire av dei prioriterte tiltaka er ferdigstilte og andre er oppstart eller planlagde. Det er TFU-utvalet som gjer prioriteringane og alt er gjort innanfor gjeldande kostnadsrammer. Det er god kostnadskontroll.

Investering maskinar, bilar utstyr:

Investeringane så langt er innanfor tildelte rammer og vi har gjort ein grundig jobb både vedkomande førespurnad og innkjøp. Likevel kan det seist at ein opplever ein tydeleg kostnadsauke og svært lange leveringstider. Det betyr at vi får "mindre for pengane" men det gjeld ikkje spesielt for vår avdeling. Det som er leit med dette, er at vi er heilt avhengig av ein moderne maskinpark for å vere effektive og kunne gjennomføre meir arbeid med same/færre hender. Vi ser at dette kan verte i stor utfordring i tida som kjem. Vi er heilt avhengig av at slike investeringar knytt til modernisering/efgfektivisering, held fram. Investeringane så langt er innanfor tildelte rammer og vi har gjort ein grundig jobb både vedkomande førespurnad og innkjøp.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,48 %	5,07 %	5,56 %

Status sjukefråvær og HMS

Vi har god og tett oppfølging i høve sjukefråvær. Mesteparten av fråværet skuldast langtidsfråvær og her inngår planlagde operasjonar og tilhøve som ikkje skuldast vårt arbeid. Vi har ikkje hatt alvorlege skader eller ulukker i 2022. Vi vil halde fram med tett og god oppfølging av sjukefråværet.

Vatn/Avløp

Skildring av tenesteområde

Året 2022 var eit godt år der 3 nye medarbeidarar vart tilsett (2 prosjektleiarar og 1 driftsingeniør). Den nye avdelingsstrukturen med reine prosjektleiarar i ei prosjektgruppe og ei rein driftsgruppe har satt seg og fungerer godt .

Avdelinga har arbeidd med internkontrollsystem og fått på plass saman med eigedom og veg ein eigen HMS dag som skal gjennomførast kvart år. HMS dagen vart godt mottatt av dei tilsette. Det gjenstår ein del arbeid med internkontrollsystemet som må videreførast i 2023 og truleg inn i 2024.

På drift har ein fått etablert eit godt system for å systematisere arbeidsoppgåver og har jamlege internmøter for å gjennomgå arbeidsoppgåvene for å sikre rett prioritering.

Avdelinga ynskjer i tida framover å utvikle betre system i å kvalitetsikre arbeidsoppgåver og dokumentasjon. Til dømes digitalt system for oppfølging av sprinklaranlegg, olje- og fettutskiljarar og tilbakeslagsventilar. Automatisk innhenting av data frå private vassmålarar har heller ikkje blitt prioritert i 2023.

Volda har gått føre i etableringa av eit samarbeidsforum for VA og veg i sjustjerna. I 2022 vart det gjennomført 2 møter og eit felles tilsyn på avløpsanlegget RA3 i Herøy. Målet med forumet er å kunne utveksle erfaringar og finne smarte, effektive og gode løysingar på tvers av kommunegrensane.

På vatn har ein hatt fokus på å redusere vasslekkasje ved Volda vassverk. Dette har vore ein suksess og syner at dersom ein setter av ressursar og arbeidar målretta mot lekkasje reduksjon gir det resultat. Det gjenstår framleis mykje arbeid på dette området, og mange år med å søke etter feil, men det er positivt at vi kan måle positiv effekt av arbeidet ein legg ned. I 2022 har ein hatt mange store vasslekkasjar som

bekreftar behovet for leidningsutskifting og at dette må har prioritet i åra som kjem. Eit eksempel på dette er Søstervegen der vi har hatt 3 vasslekkasjar på ei strekning på 80 meter.

På Grodås er det i 2022 opna eit oppgradert vassverk til det beste for innbyggjarane og abonnentane i området. Det oppgraderte vassverket tar høgde for vasskvaliteten til kjelden og ein skal difor kunne produsere trygt og godt drikkevatt uansett kva årstid og kor mykje det regner.

Høgdebassenget vart nesten ferdig innanfor året 2022. Det nye høgdebassenget vil gi ein auka tryggleik for abonnentane i Volda då det lenger ikkje blir like kritisk dersom det oppstår ei lekkasje eller ein feil på leidningsstrekke mellom Dinglavatn og vassverket. Når arbeidet med sjølve vassverket tar til i 2023 og ein vidare får oppgradert dammane på Dinglavatn har ein eit godt utgangspunkt for å starte den omfattande jobben med å renovere og skifte ut leidningsanlegget knytt til vassverket.

I 2022 fikk vi endeleg og landa løysing for Vikeneset og arbeidet med å få på plass eit nytt avløps-reinseanlegg for Volda sentrum kom godt i gang. Det nye anlegget bidreg til ein mykje betre reinseeffekt enn Volda tidlegare har hatt.

Året 2022 vart eit godt år og gir grunn til optimisme for framtida til vatn og avløp. Ein har no eit solid fundament og bygge vidare på og mange dyktige medarbeidarar som kan bidra til å utvikle avdelinga vidare.

Viktige hendingar

Hendingar i 2022

- 3 nye medarbeidarar vart tilsett (2 prosjektleiarar og 1 driftsingeniør).
- Ny avdelingsstruktur med reine prosjektleiarar i ei prosjektgruppe og ei rein driftsgruppe
- Volda har gått føre i etableringa av eit samarbeidsforum for VA og veg i sjustjerna.
- Positiv effekt av lekkasjesøkarbeidet
- På Grodås er det i 2022 opna eit oppgradert vassverk
- Nytt høgdebassenget i Volda sentrum vart starta opp
- I 2022 fikk vi endeleg og landa løysing for renseanlegget på Vikeneset
- Engesetvegen vart ferdigstilt

Kommentar til status økonomi

Vatn

Innanfor ansvarsområde vatn er det god balanse mellom budsjett og rekneskap til tross for auke i renteutgifter gjennom året.

På utgiftssida er kostnaden 8,6 millionar over budsjett og dette er relatert i hovudsak mot avsetning til bunde fond og avskrivningar.

Inntektssida er 8,5 millionar over budsjett og dette er relatert til bruk av disposisjon fond for å balansere sjølvkostområdet.

Utover dette kan ein kommentere at ein har halde vakant ei stilling i 2022 samt auka trend på driftsutgifter mot auka priser på teneste, produkt og straum.

Avløp

På utgiftssida er kostnaden 5,2 millionar over budsjett og dette er relatert i hovudsak mot finansutgifter og avskrivingar.

Inntektssida er 4, 9 millionar over budsjett og dette er relatert til bruk av disposisjon fond for å balansere sjølvkostområdet.

Generelt ser ein auka kostnadar på alle faste og variable utgifter på avløp. Innanfor ansvarsområde hadde ein og større utgifter på reparasjonsarbeid enn føresett .

Generelt er det god sammenheng mellom budsjett og rekneskap med eit avvik på omlag 1 million kroner innan kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon

Oppsummering tiltak

Innanfor ansvarsområdet er det god økonomistyring og det er ikkje vere behov for spesifikke tiltak, men meir tekniske justeringar for å få budsjettet i balanse.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	10 402	10 820	11 650	830	7,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 077	8 819	7 769	-1 050	-13,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	1 832	1 586	1 717	131	7,6 %
Overføringsutgifter	25	0	0	0	0,0 %
Finansutgifter	24 239	28 874	15 921	-12 953	-81,4 %
Sum Driftsutgifter	43 574	50 099	37 057	-13 043	-35,2 %
Salgsinntekter	-34 093	-37 385	-36 572	813	-2,2 %
Refusjoner	-192	-45	-34	11	-32,4 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-9 288	-12 668	0	12 668	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-43 574	-50 099	-36 606	13 493	-36,9 %
Netto resultat	0	0	450	450	100,0 %


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B)	1 320	1 352	1 420	1 427	1 269
Produktivitet					
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	846	952	1 536	1 315	
Tilknytningsgebyr vann (ekskl. mva) - én sats (kr)	2 500,0		18 320,0	7 683,5	6 532,7
Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning	2 326	2 492	2 879	2 406	

Årsmelding 2022

(kr/tilkn.innb)

Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr)	2 827	3 832	2 594	3 671	4 559
---	-------	-------	-------	-------	-------

Kvalitet

Vann - Estimert vannlekkasje per meter kommunal ledning per år (m3/m/år) (B)	6,0	5,4	8,2	3,3	2,7
--	-----	-----	-----	-----	-----

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Avløpsanlegg	-	-	11 567	5 692
Ledningsprosjekt	75 300	2 088	1 597	871
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	-	-	940	603
Nytt vassverk HB2	28 500	28 904	15 859	15 561
Utbyggingsavtaler	-	-	1 142	55
Vassverk	16 200	2 108	2 200	2 060
Sum	120 000	33 100	33 305	24 843

Statustekst investeringar

Avløpsanlegg

Økonomi

Prosjektet ombygging Vikeneset RA har overført 8,5 millionar kroner frå 2022 til 2023. Totalramma er ikkje endra.

Framdrift

Framdrifta på ombygging Vikeneset er forsinka med ca. 6 mnd, men arbeidet og oppføring følgjer no siste gjeldande framdriftsplan.

Ledningsprosjekt

Økonomi

Det er ingen endring i den totale ramma på leidningsprosjekt og unytta investeringsmidlar på ikkje fullførte prosjekt er overført til 2023.

Framdrift

Framdrifta på ulike ledningsprosjekt ligg bak skjema som har si årsak i ressursdisponering i sektoren.

Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp

Økonomi

Det er ikkje gjort økonomiske endringar

Nytt vassverk HB2

Økonomi

Totalramma for nytt vassverk HB2 er justert ned med 1.5 millionar kroner og om fordelt til eit nytt prosjekt for oppgradering av dammane på Dinglavatn. Prosjektet ligger inne med finansiering i resten av økonomiplanperioda.

Framdrift

Framdrifta på Nytt vassverk HB2 er forsinka med 8 mnd.

Utbyggingsavtalar

Økonomi

Det er ingen endring i den totale ramma på utbyggingsavtalar.

Ramme for utbyggingsavtale Rotsetfjøra Panorama er flytta til 2024.

I Strandfeltet er alt arbeid ferdig, men ein har ikkje motteke slutfaktura.

Framdrift

Framdrift på utbyggingsavtalar er avhengig av eksterne utbyggjarar.

Vassverk

Økonomi

Det er ingen endring i den totale ramma på vassverk. Det er flytta 250.000 frå Nytt reinseanlegg i HB2 til Grodås vassverk innanfor 2022 ramma. Samtidig har ein tatt ned totalramma på nytt reinseanlegg HB2 med 250.000.

Det er gjennomført ei periodisering for nytt vassverk i HB2 der ein har periodisert 9mill frå 2022 til 2023.

Framdrift

Framdrifta på Høydal vassverk har blitt utsett grunna personalsituasjonen 2024. Kommunal overtaking er vedtatt og er under gjennomføring.

Nytt vassverk i HB2 er forsinka med ca. 6mnd per no og dette kan auke avhengig av prosjekteringsarbeidet og omfanget av ombygginga.

Samandrag status investeringar

På eit overordna nivå er framdrifta i prosjekt som ligg til avdelinga bra. Avdelinga har hatt større utskiftingar enn tidlegare og har fått 3 nye prosjektleiarar av totalt 4 tilsette. Det er positivt at gjennomføringsgrad på prosjekt har betra seg.

Dei to viktige prosjekta Vikeneset avløpsanlegg og nytt høgdebasseng og vassverk vil vere ferdig i løpet av 2023. Dette er milepåler innan vatn og avlaup og sikre leveringstryggleik på vatn og renseeffekten på avlaupsanlegget betydeleg.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	0,74 %	1,44 %	2,19 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråvær på vatn og avløp er lavt og det er ikkje naudsynt med særskilde tiltak.

Kultur

Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet omfattar bibliotek, kino, ungdomsklubb, kulturformidling, frivilligsentral og skapande verksemd mot frivillige aktørar.

Ansvarsområdet omfattar bibliotek, kino, ungdomsklubb, kulturformidling, frivilligsentral og skapande verksemd mot frivillige aktørar.

Viktige hendingar

- Auka fokus på generering av inntekt gjennom tilskot har gjort det mogleg å starte fleire prosjekt knytt til satsingsområdet Barn og unge! Aktiv fritid for barn og unge, auka aktivitet på Ung i Volda
- Samarbeid mellom tenesta har gjort det mogleg å gjennomføre populære aktivitetar for barn og unge saman med sine familiar i prosjektet "sommarprogrammet" i juli.
- Oppseiing av leigekontrakt på Hamna frå 31.06. og innflytting i lokalar på samfunnshuset har vore spennande og gitt rom for nye aktivitetar og samarbeid
- Utarbeiding av kulturminneplan - planen har vore på høyring i sommar og skal handsamast i haust
- Ny prosjektleiar på kultur har starta frå 01. august - arbeidet med vidare planlegging av kravspesifikasjon og behovsanalyse knytt til ombygging av samfunnshuset er godt i gang. Ny samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om Ung kunst og kultur- med eit tilskot på 150 000,- ,gjer det mogleg å auke aktivitetane for ungdom i kommunen.
- Flytting av Bua til lokalar samfunnshuset har starta
- Vi har frå april nytta 50% stillingsprosent til arbeidet knytt til mottak av ukrainske flyktningar og koordinering av arbeidet opp mot frivillige lag og organisasjonar
- Volda filmteater har vore auka det tverrfaglege arbeidet med andre tenester og hatt fleire arrangement i samarbeid med både biblioteket, ung i Volda, studentsamskipnaden, lag og organisasjonar, sommarprogrammet m.m.
- Sjukefråværet vore kraftig redusert mot slutten av året
-

Kommentar til status økonomi

Avdelinga har god kostnadskontroll og arbeidet systematisk og godt med økonomioppfølging. Det er henta inn auka inntekter gjennom eksterne tilskot til aktivitet:

- Korona-kompensasjon: kino
- Nytt tilskot: aktivitetar for barn og unge Bufdir
- Nytt tilskot: Ung kunst og kultur
- Nytt tilskot: Ung Orakel

Vidare kan tala forklarast ut i frå følgjande endringar:

- ikkje blitt fakturert for leige av lokalar på Hamna (til og med juni)
- Volda Filmteater har motteke tilskot/driftskompensasjon frå stat i samband med nedstenging pandemi i tillegg har besøket tatt seg noko opp igjen pandemien.
- Noko meirforbruk på bibliotek fleire mindre uforutsette utgifter
- Ikkje budsjettert inntekt frå tidlegare utlegg i prosjekt for fritidskortet på lønnskostnader
- Mindreforbruk fastlønn - tilsette med omsorgspermisjon
- Fleire tilskotsinntekter er inntektsført på ansvar 3701
- Budsjettert inntekt for Frivilligsentralene er en - men har fått til begge fra staten.
- Sunnmøre Friluftsråd kr 193 800 - ny justert sum utbetalt 214 000,-
- Tilskot til 17.mai feiring, kulturpris/ frivilligpris og kulturmidlar ført på ansvar 3705 ikkje 3701(vert ført på 3701 frå 2023) (utgjør ca. 230 000,-)
- Frivilligsentral lønn vikar o.l. kontert andre område (Ukraina prosjekt, prosjekt Buf.dir med fleir).

Ikkje utbetalt:

- Nullspel tilskot til leige av lokalar Fyrmuseum- ikkje internfakturert ca. 230 000,-
- Grendalag kr 90 000 (årleg støtte) - - ikkje utbetalt - politisk sak med vurdering av totalramme i 2023
- Grendahuset Vesttun kr 75 000 (gjeld til og med år 2022) ikkje utbetalt

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	6 444	7 326	7 733	407	5,3 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 457	2 771	2 580	-190	-7,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	82	97	66	-31	-46,8 %
Overføringsutgifter	2 009	1 417	1 997	580	29,0 %
Sum Driftsutgifter	10 992	11 610	12 376	765	6,2 %

Årsmelding 2022


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Salgsinntekter	-615	-996	-757	239	-31,6 %
Refusjoner	-2 536	-3 373	-2 851	522	-18,3 %
Overføringsinntekter	-108	-226	-226	0	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	0	0	-2	-2	100,0 %
Sum Driftsinntekter	-3 258	-4 596	-3 836	759	-19,8 %
Netto resultat	7 734	7 015	8 540	1 525	17,9 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

Prioritet	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 711	1 365	1 962	2 314	2 429
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (B)	0,5 %	0,7 %	0,8 %	0,8 %	0,6 %

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,19 %	8,28 %	9,47 %

Status sjukefråvær og HMS

Prosent sjukemeldte har gått drastisk ned, det har vore ein god utvikling i avdelinga frå starten av året mot slutten.

Helse og Omsorg

Skildring av tenesteområde

Forvaltningskontoret har ei viktig rolle når alle søknader om tenester skal vurderast. Volda kommune har vedtatt ein kvalitetsstandard som gir gode føringa på kva innbyggjarane kan forvente av tenester. Alle søknader skal vurderast individuelt og det er viktig å få fram "kva er viktig for deg"- perspektivet når ein skal vurdere tenestebehov. Ein må vurdere og finne kva er rett innsplagspunkt i tenestetrappa for nettopp denne søkjaren og kva er tilstrekkeleg tenesteomfang for å imøtekome lovkrav. Det er ikkje alltid tenestetilbodet samsvarar med det søkjaren hadde tenkt ein skulle ha av teneste. Det kan også skje at kommunen må tilby teneste ein annan plass enn det søkjaren hadde forventa.

Innan eldreomsorga har heimetenestene utvikla seg mykje siste åra. Det er avanserte oppdrag som vert utført i private heimar. Pasienten kjem kanskje rett frå avklart sjukehusopphald og heimebaserte tenester vidarefører behandling. I eit samfunnsperspektiv er det fornuftig bruk av resursar. Tenester på lågast moglege omsorgsnivå. Utviklinga med meir og meir slik organisering må fylgast tett, for ein må heile tida sikre naudsynt kapasitet og kompetanse for å levere forsvarlege tenester. Når talet eldre aukar vil talet heimebaserte oppdrag auke. Ulike typar velferdsteknologi kan bidra til å skape tryggleik, ikkje for alle, men for mange. Nokon kan få hjelp frå aktive alarmer som varslar om noko unormalt skjer, andre kan få hjelp frå passive alarmer, dei ein aktiverer sjølv. For dei som vert vurderte til å ikkje lenger kunne bu heime, må kanskje opp eit trinn i innsatstrappa som kan vere omsorgsbustad utan bemanning, eller høgare oppe i trappa, med bemanning. Dei som får tilbod om institusjonsplass, som er øvste kommunale trinn i innsatstrappa, må verkeleg ha behov for det. Institusjonsplass skal vere for dei som er sjuke og verkeleg treng slik plass, så å bruke begrepet "bu på sjukeheim", vert feil. Det vert nesten som å seie ein bur på sjukehuset. Dette jobba vi med i 2022, og dette vil ha fokus vidare. Skal kommunen lukkast å løyse eldreomsorga vidare, må ein gjere meir av dette.

I bu- og habiliteringstenesta har ein hatt tilsyn både frå statsforvaltarane og arbeidstilsynet siste to åra. Lucking av avvik har strekt seg over tid. Det har skjedd mykje positivt utviklingsarbeid i denne perioden. Retningslinjer knytt til bruk av tvang er skjerpa og det er etablert rutinar for kontinuerleg kompetanseheving. Det har også vore stort fokus på utforming av arbeidsplassane og tilhøve for dei tilsette.

Vi fekk tilsett ny kommuneoverlege i haust. Det har hatt uvurderleg effekt på ei pressa legeteneste. Det var god timing på tilsettinga og viktig at denne var på plass når utfordringane i fastlegetenesta verkeleg slo til i Volda. Ein har erfart viktigheita av å ha denne kompetansen på plass.

Rus- og psykisk helseteneste har hatt eit krevjande år med stor auke i henvisningar totalt sett. Ein har også hatt enkeltsaker som har tatt stor kapasitet og har store økonomiske konsekvensar. Det er annonsert fleire særleg krevjande saker som vil prege innsatsen i denne avdelinga vidare. Gjennom året har ein i større og større grad også uroa seg for fleire saker med yngre personar som treng ein type hjelp ein i kommunen ikkje har kome langt nok med endå.

Viktige hendingar

I 2022 vart av ny helse- og omsorgsplan vedtatt etter ein lang og omfattande prosess. Planen, som strekker seg til 2032 og skildrar utfordringsbiletet kommunen står i innanfor dei ulike tenesteområda som ligg til sektoren. Demografiske tal og statistikkar syner godt at kommunen står over for mange omstillingar skal ein kunne levere dei lovpålagde tenestene kommunen skal levere. Omstilling og tøffe prioriteringar vil måtte prege helse- og omsorgstenestene framover, noko som også har prega tenestene også i 2022.

Fastlegekrise rundt om landet har vi høyrte mykje om, men vi opplevde at den kom til Volda hausten -22. Plutselig var det vanskeleg å få vikarar inn for fastlegar i permisjon og dei fastlegane vi har opplevde at kvardagane stramma seg ytterlegare. Med godkjenning på oppretting av ein ny fastlegeheimel frå 01.11.22, vart ny heimel fullt opp av nedtrekk frå dei andre fastlegane sine lister. Dette var viktig, men er også eit signal om eit behov for oppretting av fleire heimlar om ikkje lenge.

Heimebaserte tenester i Hornindal starta med eiga nattevakt i 2022, for første gang. Det markerer også at kommunen må legge betre til rette for at folk skal kunne bu heime lenge som råd. Utan moglegheit for tenesteyting på natt er vegen oppover i innsatstrappa rask. Eit viktig tiltak for betre bærekraft i tenestene. Ein fekk også starta dagsentertilbod for eldre på Hornindal omsorgssenter. Ved å omdisponere ressursar kunne ein klippe snora for eit tilbod ein dag i veka. Tilbodet har hatt god oppslutnad frå dag 1.

I 2022 auka henvisningane til kommunal psykisk helseteneste med over 70%. Dette gav naturlegvis lang ventetid på handsaming av søknader og teneste-tildeling, og eit svært krevjande oppdrag for dei tilsette. Mange av henvisningane kom frå unge vaksne og ein uroar seg for denne utviklinga.

Søre Sunnmøre legevakt sende ein god søknad til helsedirektoratet om prosjektmidlar til digital heimeoppfølging(DHO). Bak søknaden stod også kommunehelsetenesta i Volda, Ørsta og Ulstein i tillegg til Helse Møre og Romsdal, klinikk Volda. Prosjektet fekk grønt lys og midlar til eit arbeid som truleg vil gå over tre år. Prosjektet er viktig med tanke på samhandling mellom tenestenivå/ i helsefellesskapet og opnar for å bruke teknologi på tvers til beste for pasient.

I høve helseplattforma jobba Volda kommune godt med dei førebuingane som var forventa i 2022 og vi var ajour med tidsplan. Vi er kjende no med eitt år utsetjing av oppstart.

Det har vore usikkerheit omkring lokasjon for Hamna dagsenter etter at coop berre ville forlenge leigeavtalen med to år. Med Volda kommune som ny eigar av Hamna 20, gir dette vilkår for å utvikle bygget og området vidare. Dette er positivt for ei teneste som er viktig for mange av våre innbyggjarar.

Internkontroll og tilsyn

Helse- og omsorgssektoren baserer internkontrollsystemet omkring bruk av årshjul. Absolutte krav som avdelingar og seksjonar skal gjennomføre for å støtte internkontrollkrav vert formidla i lina. I opprinneleg plan var tanken å bruke outlook kalender gjennom compilo som rapporteringssystem. Tilbakemelding på utført oppdrag skulle rapporterast der, men ein fann at dette ikkje var godt nok integrert og litt tungvint å bygge vidare. Ettersom kommunen har valt no å kjøpe "plandisc", vil vi starte prosessen med å integrere vårt internkontrollsystem inn i dette verktøyet.

Utkast til overordna plan for "helsemessig og sosial beredskap er utarbeidd" for sektornivået. Når denne er godkjend skal det breddast ut tilsvarande plan for alle avdelingar i sektoren. Det vert parallelt jobba med overordna ROS for dei ulike avdelingane i sektoren.

I sektoren har det to siste åra vore tilsyn frå statsforvaltaren på bruk av tvang og makt overfor utviklingshemma. Dette var eit omfattande tilsyn, der det vart jobba med å rette alle avvik gjennom 2022. Statsforvaltaren godkjende alle tiltak nyleg og godkjende arbeidet som har vore lagt ned.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn på nokre av personalbasene i bu- og habiliteringstenesta i 2022. I samarbeid med eigedomsavdelinga er mykje retta. Det siste pålegget vert retta ved kjøp av leilegheit/ personalbase i tilknyting til Bømmarka.

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
41-Stab Helse og Forvaltning	37 722	29 975	-7 748	-25,8 %
42-Legeteneste	24 746	26 274	1 528	5,8 %
43-Institusjonstenester	92 575	94 785	2 209	2,3 %
44-Heimetenester	71 929	76 837	4 909	6,4 %
45-Bu- og habiliteringstenester	75 963	76 270	306	0,4 %
46-Rus- og psyisk helse	26 562	26 287	-275	-1,0 %
49-Søre Sunnmøre legevakt	544	615	71	11,5 %
Sum	330 042	331 042	1 000	0,3 %

Kommentar til status økonomi

Sektoren kjem ut med eit mindre forbruk på 1 mill kroner og eit avvik på 0,3 % i høve budsjett og seier seg godt nøgd med dette etter eit krevjande år. Det starta med svært høgt sjukefråvær, i all hovudsak på grunn av pandemien, i dei fleste tenestoområda. Heldigvis fekk kompensert for dei fleste av desse ekstraavgiftene.

Heimetenestene har stadig erfart utfordringa med å få inn vikar ved sjukefråvær. Ofte har ein ikkje lukkast med å finne vikar og ein har gjort endringar på tilsette sine oppdrag. På denne måten har ein mange gongar "spart" utgifter til vikar. Ein leverer likevel fagleg forsvarlege tenester, men slitasjen på

dei tilsette aukar når dette skjer ofte. I eit lengre perspektiv vil dette verte ei utfordring med tanke på veksten i heimebaserte tenester ein må forvente framover.

Gjennom god planlegging og forvaltning av tilgjengelege plassar har ein med nesten utan unntak kunne ta imot alle utskrivningsklare pasientar frå sjukehuset. Unntaka var tidleg på året då oppopninga av pandemien førte til krevjande tilstandar fleire plassar. Det gav seg utslag i nokre betalingsdøgn til sjukehuset.

På slutten av året fekk sektoren ei tung og svært ressurskrevjande sak. På kort tid måtte ein etablere ei eiga teneste som spiste opp store ressursar av midlar som var tenkt til eit anna tiltak, men som er midlertidig utsett.

Det er innarbeidd ein god styringskultur i sektoren. Seksjonssleiarane har tett og god dialog med avdelingsleiarane og avdelingsleiarane er tett fulgt opp av kommunalsjef. I tillegg gjer økonomiavdelinga ein svært god jobb både på rapporteringssystem og med konkret rettleiing.

Kommunestyret ber administrasjonen utgreie alternative flåtestyringsprogram for best mogleg utnytting av bilparken i helse- og omsorgstenesta. I dette ligg også å vurdere moglegheita for å utnytte bilparken til internutleige.

Kommentar: Bilparken til helse- og omsorgsavdelinga vert styrt gjennom bookingsystem i outlook, men med utgangspunkt i at ulike avdelingar har tilgang til eit visst tal bilar. Om andre enn aktuell avdeling skal booke bilar i arbeidstida vil det kunne føre til at utføring tenesteoppdrag ikkje kan gjennomførast. Dette er situasjonen på dagtid. På kveldstid er ikkje alle bilar i bruk då aktiviteten er lågare på ettermiddag/ kveld og helg. Tenester som ikkje har tilgang på bilar på dagtid får då tilgang på bilar, mellom anna barnebustad/ avlastingsteneste og andre føremål innanfor bu- og habiliteringstenesta.

Helse- og omsorgsavdelinga har ikkje avsett tilstrekkeleg ressursar til oppfølging av eksisterande bilpark. Det vert utført som oppgåve utover dei faglege operative oppgåvene. Å sjå føre seg eit system der andre skal ta ut bilar til internutleige er vanskeleg å sjå føre seg utan det er avsett ressursar til eit slikt oppdrag. Å tru at dette går utan tilsyn og sørge for at bilane etter bruk er på rett plass, fulladda og feilfrie er ein risiko i høve den logistikken sektorren er heilt avhengig av for å levere tenestene.

Innsparingskrav på 3 mill. på institusjonsdrift.

Kravet skal gi effekt frå 2024. Administrasjonen vurderer ulike alternativ for dette innsparingskravet. Ein vil innhente ekstern analyse for å vurdere talmaterialet i ei framtidig bærekraftig helse- og omsorgsteneste. Ein vurderer alternative tiltak etter rapporten ligg føre.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	341 988	353 940	367 108	13 168	3,6 %
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	31 385	35 492	28 915	-6 577	-22,7 %
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal	23 485	48 457	35 938	-12 518	-34,8 %

Årsmelding 2022



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
egenproduksjon					
Overføringsutgifter	8 331	5 417	9 793	4 375	44,7 %
Finansutgifter	36	0	200	200	100,0 %
Sum Driftsutgifter	405 226	443 306	441 954	-1 352	-0,3 %
Salgsinntekter	-26 181	-27 646	-26 308	1 338	-5,1 %
Refusjoner	-86 754	-85 409	-84 410	999	-1,2 %
Overføringsinntekter	-148	-252	-94	157	-167,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-124	42	-100	-142	142,5 %
Sum Driftsinntekter	-113 208	-113 264	-110 912	2 352	-2,1 %
Netto resultat	292 018	330 042	331 042	1 000	0,3 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.
- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.
- Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska Oppnådd Statusbeskriving 2021 resultat resultat indikator 2022		
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Heiltidsandel for Volda totalt			Prosjektoppstart 2023
		Høg rolleklarheit	4.1	4,2	Høg rolleklarheit medfører at forventningar til jobben medarbeidaren skal utføre er tydeleg definert og kommunisert.
		Sjukefråvær i organisasjon	9.1	9,0 %	13,4 % Korttidsfråvær 3,49% - langtidsfråvær 9,88% - samla 13,37%.
		Meistringsorientert leiing	4,0	4,0	Leiing som legg vekt på at den einskilde medarbeidar skal få utvikle seg og bli best mogleg ut frå eigne føresetnader, slik at medarbeidaren opplever meistring og yt sitt beste.
		Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru	Meistringstru	4.2	4,2 Meistringstru speglar kvar einskild medarbeidar si tru på eiga kompetanse og moglegheiter til å meistre utfordringar i jobbsamanheng.
Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.	Ei drift i samsvar med budsjetttramme		100,0 %	100,0 %	99,7 % Avvik frå budsjetttramme enda med ca 0,3 % og eit lite mindreforbruk på 1 mill kr
		Investering i samsvar med budsjetttrammer	90,0 %	95,0 %	50,0 % Kjøp av El bilar er prega av lange leveringstider. Bilar er

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska Oppnådd Statusbeskriving		
			2021 resultat	2022 resultat	indikator
					bestilt, men utsett levering og ikkje betaling før levering. Når det gjeld velferdsteknologi er det knytt store lisensutgifter til kjøp av teknologi. Driftsbudsjettet er ikkje tilstrekkeleg justert med tanke på anskaffing meir teknologi. Investeringsbudsjett er derfor redusert til - 23.
Volda kommune er pådrivar i samarbeidet med næringsliv og andre samfunnsaktørar for å tilrettelegge for arbeidsplassar og busetnad, og styrke den regionale posisjonen.	Gjennom samskaping med innbyggjarar og næringsliv legg Volda kommune til rette for blomstrande kultur og møter mellom folk både ute og inne.	Tal aktive Aktivitetsvennar	25,0	30,0	26,0 Opptelling utført av frivilligkoordinatorane i helse- og omsorg.
Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.	Volda kommune er klimavenleg i sine innkjøp	Del av kommunen sin person- og varebilpark som er elbil	10,0 %	30,0 %	43,0 % Før årsskiftet hadde vi fått 13 EL- bilar. Sju bilar er levert etter jul, siste åtte kjem i april.
	Volda kommune sikrar sjølve og gjennom sitt renovasjonsselskap at avfall gir verdi	Kildesortering mat-papir-plast	Ja	Ja	Vi sorterer plast, elektroutstyr, batteri, papp og papir
Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar	Volda kommune planlegg og legg til rette for at innbyggjarane kan bu lengst mogleg i eigen heim	Alder ved tildeling av døgnbemanna omsorgsbustadar for eldre.	84,0	84.5	84,0 Ikkje endring frå 2021
		Alder ved tildeling av langtidsopphald i institusjon	85,0	85.5	84,0 Indikatoren vil bli endra. Ein har ikkje system på splitting av opplysningar knytt til tildeling somatisk plass eller plass i bu

Årsmelding 2022

Hovudmål	Mål	Indikator	Ønska Oppnådd Statusbeskriving	
			2021 resultat	2022 resultat indikator
				gruppe for demens. Dette påvirker sterkt denne indikatoren og gir ikkje eit godt bilete av alder ved tildelingstidspunktet.
		Alt i alt, kor fornøgd er du med helse- og omsorgstenestene du har hatt siste året	5.4	Karakterar 1-6, 6 høgst. Volda= V, Noreg =N Institusjonsteneste V4,9 - N4,9 Ambulerande heimeteneste, V5,5 - N4,9 Omsorgsbustader for eldre, V5,1 - N4,9 Dagsenter for eldre, V5,7 - N5,4 Bu- og habilitering, V4,4 - N4,6
		Sakshandsamingstid for søknader om heimebaserte tenester og praktisk bistand	32,0	24,0
				Det viser seg at statistikken for dette ikkje får vist oss det no og manuell stelling har ein ikkje hatt kapasitet til. Neste år skal denne vere på plass.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Befolkning					
Befolkning - Personer som bor alene, 45 år +	23,5	23,5	23,8	24,9	
Prioritet					
Aktivering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	6,2 %	6,3 %	3,6 %	4,6 %	4,7 %
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	40,3 %	36,9 %	42,8 %	39,4 %	38,8 %
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)	35,5 %	37,4 %	38,2 %	38,8 %	33,2 %
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger (B)	261	208	490	418	478
Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B)	426	577	1 558	1 423	1 575
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	2,7 %	3,6 %	3,7 %	3,7 %	4,7 %
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B)	3 096	4 396	4 598	4 542	5 531
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B)	449	335	358	393	399
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	53,1 %	56,5 %	52,6 %	55,6 %	55,8 %
Oppvekst og levekår					
Oppvekst og levekår - Trives på skolen, 10. klasse	87,0	85,0	87,0	85,0	
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	46 386	55 770	136 176	46 398	58 042
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	321 458	335 313	265 328	341 580	331 732
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 193 698	1 187 557	1 459 099	1 509 845	1 464 696
Dekningsgrad					
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	21,8 %	18,4 %	18,5 %	19,2 %	18,4 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B)	14,0 %	15,1 %	21,9 %	18,1 %	17,0 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	16,2 %	22,0 %	16,5 %	18,0 %	16,6 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	35,4 %	41,8 %	34,6 %	35,9 %	34,5 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-	2,4 %	2,4 %	2,5 %	3,6 %	3,8 %

Årsmelding 2022

66 år (B)

Reservekapasitet fastlege (B)	99,2	97,5	96,2	100,2	99,5
-------------------------------	------	------	------	-------	------

Økonomi

Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B)	12,7	12,7	12,1	10,6	11,2
---	------	------	------	------	------

Helsetilstand

Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år	23,0	22,0	27,0	24,0	
--	------	------	------	------	--

Grunnlagsdata (Nivå 3)

Fastlønnnet kom.helsetj. kn. til fysioterapi- og legeårsv. avt. fysio.årsv. per 10 000 innbyggere (årsv.)	5,5	5,8	5,5	4,0	4,0
---	-----	-----	-----	-----	-----

Fastlønnnet Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.)	5,9	6,4	6,0	106,7	233,1
--	-----	-----	-----	-------	-------

Tilskudd Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.)	5,6	5,6	5,4	141,3	274,5
---	-----	-----	-----	-------	-------

Andre nøkkeltal

Effektivitet Sosiale tjenester					
Gjennomsnittlig listelengde (B)	938,9	874,2	758,1	945,9	977,5

Kostratalla viser at kommunen har dreia utgifter i innstastrappa frå 2021 til 2022. Netto driftsutgifter til institusjonsdrift sett i forhold til utgifter pleie- og omsorgstenester er gått ned medan tilsvarande har gått opp for heimebaserte tenester. Spesielt viser det auke i utgifter heimetenester til personar over 80 år, der ligg vi høgt i forhold til Ørsta, Møre og Romsdal og til kostragrupe 7. I aldersgruppa 0 - 66 år ligg vi omlag på same nivå som dei andre, medan aldersgruppa 67 - 79 er vi lågast.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Helseplattforma	36 200	489	600	489
Inventar, bilar og utstyr	-	-	625	499
Helse og omsorg				
Velferdsteknologi og IKT	-	-	1 500	550
Helse og omsorg				
Sum	36 200	489	2 725	1 538

Statustekst investeringar

Velferdsteknologi og IKT Helse og omsorg

Prosjektet er i rute

Samandrag status investeringar

030043 Elbilar og kommunal infrastruktur

Helse- og omsorgssektoren er i ferd med å legge om frå leasing av tenestebilar til kjøp av el- bilar. I 2022 fekk ein levert 11 Nissan Leaf og bestilt 7 Nissan Townstar og 7 Toyota bZ4X(med 4wd). På grunn av leveringsvaksnar, kjem dei siste bilane tidleg på sommaren -23.

040001 Velferdsteknologi

Gjennom året fekk ein levert attende alle Evondos medisinspensarar. Vi var ikkje fornøgde med produktet og fann ikkje tilstrekkeleg gevinst med det. Ny digital medisin-dispenser er under utprøving i - 22. Det vart kjøpt inn mange fleire Somnofy, eit digitalt apparat som melder om helsetilstand og tilstedeverelse i seng. Eit godt hjelpemiddel som lettar nattevakter sitt arbeid og reduserer behovet å gå inn på pasientrom om natta for å sjekke tilstand.

040005 Helseplattforma

Lokal innføringsleiar har vore i drift sidan mai-22, med eit avbrekk pappapermisjon på hausten. Ein har fått oppgradert digitale einheiter(pc, mobilar mm) for å stette kravspesifikasjon på utstyr helseplattformen har definert. Kommunen leverte alt som var kravet så langt i prosessen.

140061 Bil rørslehemma

Det vart bestilt El-bil med plass til åtte personar til transport av eldre for å kunne kome til og frå dagsentertilbodet ved Folkestadtun. Fleire frivillige står på lista over dei som hjelper til med transporten.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,49 %	9,88 %	13,37 %

Status sjukefråvær og HMS

Det er ein klar trend at avdelingane med berre dagarbeid har lågare fråvær ein avdelingane med døgnturnus. Dette gav store utslag tidleg på året og covid hadde med stort sannsyn ei viktig rolle i høgt fråvær då. Oppopninga etter pandemien gav fråvær omkring 20% i dei store avdelingane våre, mellom anna institusjonsteneste og heimebaserte tenester. Trenden flata etterkvart ut og har vore lågare utetter året. Det vert ikkje rapportert med forhold på arbeidsplassen som årsak til fråvær, men graviditet fører til at mange vert sjukmelde kortare eller lengre tid og det påverkar samla fråvær på arbeidsplassen.

Av samla fråvær på 13,7% for heile sektoren, utgjer langtidsfråværet nesten 10%. Korttidsfråværet handlar i hovudsak om sesongdiagnosar som forkjølelse, influensa, covid og måtte vere heime på grunn av barns sjukdom.

Det er god fokus på arbeid med sjukefråvær, både på individnivå og gjennom systematisk arbeid dvs tema i Stimgruppene og i dialog med NAV. I mange av sakene med

langtidsfråvær ligg det ofte lange forløp med arbeidsavklaring inkludert dialog med NAV og fastlegar.

Stab Helse og Forvaltning

Skildring av tenesteområde

Seksjon førebygging og rehabilitering har ansvar for fylgjande tenesteområde:

- Fysio- og ergoterapitenesta som gir tilbod om undersøking og tiltak til menneske med utfordringar knytta til rørsle og aktivitet. Tenesta driv også med helsefremjande og førebyggjande arbeid. Målet er å redusere risikofaktorar som kan føre til nedsett helse. Ergoterapeutane har i tillegg ansvar for å søkje, tilpasse og følgje opp hjelpemiddel.
- Frisklivssentralen der målgruppa er menneske med sjukdom eller auka risiko for sjukdom, som treng støtte til å endre levevanar og meistre helseutfordringar.

Forvaltningskontor:

- Det er forvaltningskontoret i sektoren som tek imot og handsamar søknadar om helse- og omsorgstenester. Sakshandsamarane skal gje informasjon, råd og rettleiing i høve tenestene, og ein kan også få hjelp til å søkje eller klage.
- Koordinerande eining har ansvaret for at personar som har behov for langvarige og koordinerte tenester, opplever ein heilskapleg samanheng i tenestene.
- Kreftkoordinator skal koordinere og tilretteleggje kvardagen for kreftsjuke og pårørande på best mogeleg måte.

Kjøkkendrift:

- Kjøkkenet lagar mat til pasientar og bebuarar på sjukeheim og omsorgsbustader, samt middag til heimebuande med vedtak om matombringning.
- Det blir også gitt cateringtilbod.
- Kjøkkenet driftar to avdelingar, Volda omsorgssenter og Hornindal omsorgssenter.

Drift:

- Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av elektroniske anlegg og installasjonar.
- Reparasjonsarbeid.
- Ansvar for mottak, montering, utlevering og opplæring i bruk av hjelpemiddel.
- Sjøførteneste.

Tenestetilboda er lokalisert på Volda omsorgssenter i 1 etasje.

Viktige hendingar

- Seksjon forvaltning har dette året gjennomført endringar i høve innhald-/oppgåver i 2,4 årsverk konsulentstillingar ved kontoret. Dette er tilsette som i 2023 går av med pensjon. Nokre av oppgåvene er fordelt utover i organisasjonen, og innhaldet i dei resterande stillingane er meir spissa i høve oppgåver og ansvar. Ein har såleis rekruttert inn ein spesialkonsulent og ein barnekoordinator innanfor eksisterande ramme.
- Ny seksjonsleiar vart i desember tilsett ved sentralkjøkkenet. Vedkomande har bachelor i kostøkonomi, og det er allereie gjennomført merkbare endringar i seksjonen.
- Frisklivssentralen har starta opp med DUG (dans utan grenser), dette som eit lavterskeltilbud til barn og unge i kommunen. I tillegg er arbeidet med trenings-/støttekontakter iverksett.
- Det er satsa stort på arbeidet ved korttidsavdelinga dette året, og endringar i høve haldningar knytt til rehabilitering er styrka gjennom teamarbeid. Omdisponering av ressursar frå ergo- og fysioterapitenesta har gjort dette mogeleg.

Kommentar til status økonomi

Stab Helse og Forvaltning

Det negative avviket er kort oppsummert knytt til den auka årsveksten i 2022, som medførte at dei fleste varer og tenester auka i pris. Særleg har ein merka denne veksten i høve matvarer og anna generelt forbruk. Reduksjon i inntekter knytt til ressurskrevjande tenester forklarar det negative avviket på inntektssida.

Teknisk drift, Helse og omsorg

Meirforbruket er knytt til utgiftspostane. Månadleg gjennomgang med driftsleiar er gjennomført i 2022. Ein har i tillegg hatt gjennomgang av alle avtalane i sektoren saman med innkjøps rådgjevar i kommunen. Ein har starta arbeidet med å forhandle om nokre av desse.

Forvaltningskontor, Helse og omsorg

Positivt avvik er knytt til mindreforbruk oppdragstakarar-/støttekontakt.

Kjøkkendrift

Meirforbruket er i all hovudsak knytt til auka prisvekst i mat- og forbruksvarer.

Førebygging og rehabilitering

Stilling som seksjonsleiar har stått vakant gjennom året.

Fysioterapi

Auke i statlege refusjonar (fastlønstilskot) gir seksjonen eit mindreforbruk.

Ergoterapi

Det har stått vakant 20 % stilling store delar av året.

Interkommunalt NAV

Mindreforbruk på kvalifiseringsstønad og sosialhjelp forklarar overskotet.


Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	28 982	28 368	31 019	2 652	8,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	19 267	23 045	17 946	-5 099	-28,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	14 407	25 196	19 406	-5 790	-29,8 %
Overføringsutgifter	7 424	5 084	9 446	4 362	46,2 %
Finansutgifter	40	0	200	200	100,0 %
Sum Driftsutgifter	70 120	81 692	78 017	-3 675	-4,7 %
Salgsinntekter	-23 887	-25 653	-24 639	1 014	-4,1 %
Refusjoner	-25 136	-18 321	-23 299	-4 978	21,4 %
Overføringsinntekter	-5	-38	-5	33	-688,7 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-124	42	-100	-142	142,5 %
Sum Driftsinntekter	-49 151	-43 970	-48 043	-4 073	8,5 %
Netto resultat	20 969	37 722	29 975	-7 748	-25,8 %


Grafer Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)




Detaljvisning drift (graf)

Driftsutgifter



Driftsinntekter



Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap
Helseplattforma	36 200	489	600	489
Inventar, bilar og utstyr	-	-	625	499
Helse og omsorg				
Velferdsteknologi og IKT	-	-	1 500	550
Helse og omsorg				
Sum	36 200	489	2 725	1 538

Statustekst investeringar

Velferdsteknologi og IKT Helse og omsorg

Prosjektet er i rute

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	2,28 %	5,27 %	7,54 %

Status sjukefråvær og HMS

Samla sjukefråvær er på 7,54 %, og det er langtidsfråværet som er høgast. Som det går fram av tabellen er fråværet ulikt fordelt mellom seksjonane.

Legeteneste

Skildring av tenesteområde

Avdeling for legetenesta i Volda har ansvaret for drifta ved seksjonane Volda Legesenter og Hornindal Legekontor. I tillegg er Volda kommune vertskommune for Søre Sunnmøre Legevakt, og denne seksjonen inngår også i avdeling for legeteneste. Vidare er avdelinga ansvarleg for kommunale legeoppgåver, som kommuneoverlege, sjukeheimslege, helsestasjonslege, smittevern og liknande.

I Volda har vi i dag 13 fastlegar, fordelt mellom 11 legar i Volda sentrum og 2 i Hornindal. Fram til i dag har vi rekruttert godt, og greidd å erstatte legar som sluttar og å utvide med ekstra heimlar når det har vore behov for det. Vi utvida sist med ein heimel så seint som 01.11.22. Fleire legar har deretter gjort uttrekk frå sine lister slik at denne siste legen allereie har full liste. I tillegg til fastlegane har vi i Volda to LIS1 (legar i spesialisering, tidlegare kalla turnuslegar); 1 i Volda og 1 i Hornindal.

- Volda Legesenter

- 11 fastlegar, 1 LIS1 (turnuslege)
 - 8,1 årsverk hjelpepersonell, fordelt på 10 tilsette
- Hornindal Legekontor
 - 2 fastlegar, 1 LIS1 (turnuslege)
 - 1,8 årsverk hjelpepersonell, fordelt på 3 tilsette
- Søre Sunnmøre Legevakt
 - Legevakttenester på kveld, natt og helg for Søre Sunnmøre
 - 16,5 årsverk sjukepleier/ambulansearbeider
 - Omkring 50 legar tilknytta ordninga

Legane i Volda sentrum har ei overordna avtale med kommunen frå 2013. Denne avtalen seier at legane får utbetalt basistilskotet og deretter leiger lokalar og tenester av Volda kommune, herunder lokalane i Stormyra 6 med tilhøyrande inventar, datautstyr og medisinsk utstyr, tenester frå hjelpepersonell, drift av lokala (straum, reinhald og vedlikehald), administrative tenester frå løn, personal og økonomi og IKT-støtte. Kostnadene for dette dekkast av legane etter ein eigen fordelingsnøkkel. Av desse kostnadene dekker kommunen likevel 1,2 årsverk hjelpepersonell, 0,3 årsverk for dagleg leiar og IKT-ansvarleg og 15 % av dei øvrige kostnadane som ein kompensasjon for at fastlegane driver legevakttenester på dagtid. Vidare dekker kommunen 0,7 årsverk hjelpepersonell på grunnlag av at LIS1 driver frå legesenteret.

Legane i Hornindal har ei enklare avtale, ei såkalla «nullavtale», der kommunen beheld basistilskotet og i staden dekker heile kostnadane knytt til husleige og drift.

Legevakt på kveld, natt og helg er organisert med interkommunal legevakt i Hovdebygda, med Volda kommune som vertskommune. På Søre Sunnmøre Legevakt er legane timelønnte arbeidstakarar. Den interkommunale avtalen har gjort at presset for å dekke inn vakter er lavare enn før og legane er generelt godt nøgde med legevakta og avtalane som er gjort der. Legevakta tilbyr også tenester av svært god kvalitet.

Viktige hendingar

Nytilsett kommuneoverlege frå 01.09.22. Kommuneoverlegen har starta eit arbeid med ein plan for legetenesta som vil verte politisk behandla ila 2023. Kommuneoverlegen har også engasjert seg i arbeid med rus og psykisk helse blant barn og unge, og er leiar for ei arbeidsgruppe som evaluerer dagens tenestetilbod til denne gruppa.

Ny fastlegeheimel frå 01.11.23, klarte å rekruttere til denne.

Fekk store vansker med å rekruttere vikarar til legar i permisjon. Fekk ikkje rekruttert ferdig utdanna legar. Måtte bruke tid på å gå i dialog med KS, Statsforvalter, HELFO med fleire for å avklare alternative løysingar, og må i 2023 nytte ei unntaksordning som tillet at LIS1 (tidlegare kalla turnuslegar) har vikaransvar for fastlegelister. Dette er ei ordning som vi på førehand veit vert kostnadsdrivande.

Kommentar til status økonomi

Avdelinga har brukt noko mindre enn budsjettert i 2022.

Hovudårsaka til dette er at kommuneoverlegestillinga stod vakant fram til 01.09.22. Funksjonen vart stetta av ein lege i 40 % deltidsstilling. Vi ser også at LIS1 har fått inn noko meir i refusjonar enn det vi hadde budsjettert med. Dette vil naturleg variere med kven som er tilsett som LIS1.

Det er gjort eit arbeid med å skilje ut Søre Sunnmøre Legevakt som eige område i budsjettet. Volda kommune sine kostnader med Søre Sunnmøre Legevakt er flytta over til drifta for kommunal legeteneste, difor budsjettauke i 2022.

Søre Sunnmøre Legevakt brukte noko meir enn budsjettert i 2022, hovudsakleg på grunn av stor aktivitet og behov for overtid og vikarinnleige på legevaktssentralen. For Volda kommune vart kostnaden for Søre Sunnmøre Legevakt om lag 7,1 million, mot 6,5 millionar i budsjettet.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	27 210	16 239	17 631	1 392	7,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	4 139	3 668	3 123	-545	-17,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	7 416	15 111	14 214	-897	-6,3 %
Overføringsutgifter	359	298	326	28	8,7 %
Finansutgifter	-5	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	39 119	35 316	35 294	-22	-0,1 %
Salgsinntekter	-958	-272	-468	-196	41,9 %
Refusjoner	-16 083	-10 178	-8 552	1 626	-19,0 %
Overføringsinntekter	0	-120	0	120	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-17 041	-10 570	-9 020	1 550	-17,2 %
Netto resultat	22 077	24 746	26 274	1 528	5,8 %



Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger (B)	261	208	490	418	478
Dekningsgrad					
Reservekapasitet fastlege (B)	99,2	97,5	96,2	100,2	99,5
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Fastlønnet kom.helsetj. kn. til fysioterapi- og legeårsv. avt. fysio.årsv. per 10 000 innbyggere (årsv.)	5,5	5,8	5,5	4,0	4,0
Fastlønnet Kommunehelsetj. knyttet	5,9	6,4	6,0	106,7	233,1

til fysioterapi- og legeårsv. Avt.
fysio.årsv. (årsv.)

Tilskudd Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.)	5,6	5,6	5,4	141,3	274,5
---	-----	-----	-----	-------	-------

Andre nøkkeltal

Gjennomsnittlig listelengde (B)	938,9	874,2	758,1	945,9	977,5
---------------------------------	-------	-------	-------	-------	-------

Gjennomsnittleg listelengde for fastlegane har gått ned på grunn av oppretting av ny heimel. Dette gjer vi for å i større grad greie å rekruttere og behalde fastlegane.

Statustekst investeringar

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	1,54 %	6,36 %	7,90 %

Status sjukefråvær og HMS

Det er snakk om ei relativt lita avdeling. Enkeltpersonar har hatt lange sjukefråver, dette gir store utslag. Fråveret har ikkje skuldast forhold på arbeidsplassen. Den siste perioden av året ser vi ei flott betring av dette.

Institusjonstenester

Skildring av tenesteområde

Volda Omsorgssenter er inndelt i 4 seksjonar og har samla 77,75 årsverk :

- **Selje / Hasletunet** : For personar med demens diagnose, 19 bebuarar fordelt på to bu grupper
- **Pile / Kleppetunet** : For personar med demens diagnose ,18 bebuarar fordelt på to bu grupper. Seksjonen er tilrettelagt for personar som har behov for ekstra skjerming.
- **Otta /Karvestova** : somatisk langtids-seksjon med 19 rom fordelt på to bugrupper.
- **Korttidsseksjonen** : gruppe 1 og gruppe 2, har18 rom , ein kan ha 3 dobbelt rom , samla 21 plassar. 1 rom er pr d.d langtidsplass, men ved høve vert den omgjort til korttidsplass.

Hornindal Omsorgssenter er ein seksjon og har 19,77 årsverk :

- Er fordelt på 3 grupper, 23 langtidsplassar og 1 korttidsplass.
- **Elvakrokjen** : gruppe for 6 bebuarar med demens
- **Utsikta** : gruppe med 8 bebuarar og ein korttidsplass
- **Årestova** : gruppe med 9 bebuarar

Vaskeritenester for pasientttøy:

- Lokalisert på begge institusjonane , **samla 1,15 årsverk**

Legedekning

- Institusjonane har samla **1,5 årsverk** for tilsynslegeordning.

Viktige hendingar

Felles for institusjonstenestene

- Gjennomført brukarundersøking på korttidsseksjonen og 3 av 4 langtidsseksjonar, på skjerma eining vil ein ha pårørande undersøking i 23.
- Gjennomført 10 faktor undersøking hos tilsette. Det vert jobba med handlingsplanar for tiltak / vidare arbeid
- Seksjonane har i 2022 hatt jamlege bebuarmøter , personal-møter for ulike grupper (dag/kveld+natt+ spl gruppe) og STIM møter.
- Alle seksjonane utførte vernerundar i feb /mars 22

Volda Omsorgssenter :

- Har frå hausten 2022, jobba med korleis ein skal rigge seg no når det er utvida frå 12 korttidsplassar til 20 (skal bli 21)
- Korleis skal vi fortsatt greie å levere dei gode tenestene som vi gjer pr idag
- Ein har bestemt å kalle seksjonen for Kortidsseksjonene (gruppe 1 og gruppe 2).
- Vi har no ein Rehabsjukepleiar 40% prosjektstilling, og fast Fysioterapeut 80 % og Ergoterapeut 80 % st som utgjør rehabiliteringsteamet. Dette teamet gir råd og rettleiing til dei tilsette korleis jobbe med rehabilitering i fokus, med mål om at pasienten skal kunne reise heim. Har gitt ei positiv dreining av tenkemåte for mange tilsette.
- Alle seksjonane har hatt ulike arrangement for sine bebuarar (vårfest-haustfest-julebord)
- Fleire bebuarar m/ pårørande var i haust på tur med hurtigruta i regi av frivillig koordinatorane
- Fleire bebuarar m/ pårørande var på julebord på Sæbø i regi av frivillig koordinatorane.
- Har hatt periodar med kovid smitte både hjå bebuarar og tilsette i 2022.
- Bebuarar som skal ha det, er vaksinert med dose 4

Hornindal Omsorgssenter:

- Stort sett gjennomført aktivitetar som vanleg i 2022.
- Andakt med prest ca kvar 14. dag, erindringsgruppe med demensforeininga ca kvar 14. dag, Kløvertur v/sanitetsforeininga kvar veke på sommarhalvåret, besøk av barnehagane, sansehagen rundt, fest v/ frivilligkoordinatorane og andre frivillige, Adventstund v/Sanitetsforeininga og julefeiring som vanleg.
- Div. konsertar med omreisande trubadurar i tillegg til arrangement frå den kulturelle spaserstokken.

- Ut over dette prøvar personale å aktivisere med gåturar, trappetrening, fellestrening/styrkeøvelsar, motiview sykklar, puslespel, sangstunder mm når dei rekk det i kvardagen
- Har hatt periodar med kovid smitte både hjå bebuerar og tilsette i 2022.
- Bebuerar som skal ha det, er vaksinert med dose 4

Kommentar til status økonomi

- Økonomisk sett går avdelinga pluss for 2022.
- Ein har hatt få betalingsdøgn til Helse føretaket i 2022, dei var heilt i byrjinga av 2022.
- Det har kome midlar inn frå KS , “coronamidlar” som har gått til å dekke overtida på 200 og 300%.
- Har også fått inn refusjonar på sjukefråvær.
- Har fått inn refusjonar frå NAV på mentormidlar, arbeidstrening og pleiepengar.
- Det er sendt inn rapport frå seksjonsleiar på ekstra ressurskrevjande brukar, denne refusjonen er ikkje på plass enda.
- Ein har vore nøysam og realistisk i høve innleie ved sjukdom: leigd inn kortare vakter, vurdert behov. Men alltid passa på at drifta er forsvarlig.
- Fleire vakante stillingar og fødselspermisjonar i tillegg til sjukefråvær har gitt spesielt utfordringar på helg, men også resten av veka. Har difor hatt vikarbyrå inne på frå mars 22 til ut året i 3 av 5 seksjonar. Dette gir overforbruk på posten : kjøp av produksjon frå private..
- Utfordringar med å skaffe nok ferievikarar på sommaren og med coronautbrudd blant både hos pasientar og tilsette vart det både forskyvingar og overtid for å få til ei forsvarleg drift.

Oppsummering tiltak

- Korttids seksjonen, har hausten 2022, jobba med med korleis skal ein fortsette å levere dei gode tenestene, når ein no har auka tal korttidsplassar på Kapteinstova.
- Ein har bestemt at ein no skal kalle seksjonen for Korttids seksjonen gruppe 1 og gruppe 2
- Ein har i korttids seksjonen både Ergoterapeut og Fysioterapeut 80 % på kvar, noko som gir ei positiv utvikling av seksjonen. Dei er der og gir rettleiing til dei tilsette.
- Har og ein Rehab-sjukepleiar i 40% prosjektstilling. Ho gir rettleiing til tilsette og er ein positiv ressurs
- Det kan etterkvart verte behov for auka ressursar på fag tilsette, Ergo-og Fysioterapeutar, når ein har auka opp korttidsplassar frå 12 til 20. Pasientane som kjem er meir komplekse og krev meir.


Rekneskap

Beløp i 1000



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	92 930	95 439	99 274	3 835	3,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	229	238	381	142	37,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	4	2 914	669	-2 245	-335,5 %
Overføringsutgifter	206	0	0	0	-0,6 %
Sum Driftsutgifter	93 368	98 591	100 324	1 733	1,7 %
Salgsinntekter	-57	-57	-55	2	-3,4 %
Refusjoner	-5 818	-5 915	-5 445	470	-8,6 %
Overføringsinntekter	-37	-44	-40	4	-9,6 %
Sum Driftsinntekter	-5 912	-6 016	-5 540	476	-8,6 %
Netto resultat	87 456	92 575	94 785	2 209	2,3 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	40,3 %	36,9 %	42,8 %	39,4 %	38,8 %
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 193 698	1 187 557	1 459 099	1 509 845	1 464 696
Økonomi					
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B)	12,7	12,7	12,1	10,6	11,2

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,00 %	11,16 %	15,16 %

Status sjukefråvær og HMS

- Institusjon har eit høgt sjukefråvær med samla 20 % i starten av året, og har gått ned til 10 % i utgangen av året, som gjev eit snitt på 15 %.
- Sjukefråværet varierar for dei ulike seksjonane
- Avdelinga har samla hatt 7 svangerskapssjukmelde, der det ikkje har vore mogeleg å tilretteleggje for å halde dei i arbeid. Desse starta å gå ut i permisjonar frå sommaren av, og det viser seg i nedgang av samla langtidsfråvær % på slutten av året .
- Anna langtidsfråvær er knytt til brudd- planlagde operasjonar , dette er ikkje jobb-relatert.
- Korttidsfråværet er stort sett knytta til sesongdiagnosar t.d - forkjøling, influensa, Covid og fråvær pga sjuke born.
- Vi har hatt covidrunder i fleire av seksjonane i avdelinga.
- Har tilsette med kronisk sjukdom, der ein prøver å gi god tilrettelegging i utfordrande periodar, dette året klart å halde lågt fråværet for desse.
- Ein har fokus på sjukefråværsoppfølging og ein fyl dei vedtekne retningslinjene i Volda kommune.
- Trass i ein del fråvær har ein levert godt på tenestene.

Heimetenester

Skildring av tenesteområde

Heimetenestene yter helsehjelp og praktisk bistand til personar som bur eller oppheld seg i Volda kommune, og som på grunn av sjukdom, skade eller funksjonssvikt har behov for bistand i ei kortare eller lengre periode.

Avdelinga består av seks seksjonar med kvar sin seksjonsleiar som har personalansvar og ansvar for den daglege drifta.

Ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2:

- Om lag 30 årsverk
- Felles base ved Volda omsorgssenter
- Gruppe 2 inkluderer Folkestadtun med 11 leilegheiter med døgnbemanning
- "Heimetrenarar" i Kvardagsrehabiliteringsteam er tilsett her

Ambulerande heimetenester gruppe 3:

- Om lag 10 årsverk med base ved Hornindal omsorgssenter.
- Yter tenester i distriktet Hornindal, Bjørke, Viddal, Leira, Osdalen og Kalvatn.

Dagsenter for eldre:

- 3,8 årsverk
- driftar dagaktivitetstilbod i Volda sentrum, i Hornindal og på Folkestad

Fjordsyn omsorgsbustader:

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, har 17,5 årsverk og 29 leiligheiter

Barstadtun omsorgsbustader:

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, har 16,5 årsverk og 25 leiligheiter

I tillegg er hukommelsesteam og koordinator for velferdsteknologi organisert direkte under avdelingsleiar.

Utfordringar

- Hovedtyngda av brukarane er eldre med fleire sjukdomar, såkalla multisjuka eldre.
- Fleire skal bu lengre heime og ein ser at omfanget av tenester til den enkelte tenestemottakar aukar og stadig fleire har behov for samansette tenester.
- Brukarar som får plass på bemanna omsorgsbustad har større omsorgsbehov når dei først flytter heimafrå, medan ressursar på bustad har vore lite justert
- Tal oppdrag som krev sjukepleiarkompetanse auker i omfang og tid, då den medisinske behandlinga held fram etter utskriving frå spesialisthelsetenesta og/eller institusjon.
- Samhandlingsavtalen med helseføretaket gir oss kort tid på å førebu oss på å ta i mot pasientar med behov for nye eller utvida tenester
- Det er eit aukande tal brukarar i private heimar som vert ivaretatt av heimetenestene i siste fase av livet.
- Geografien med lange avstandar og til dømes manglande nattferjer gir ekstra utfordring for drifta i ambulerande heimetenester.
- Rekruttere og behalde sjukepleiarar

Strategi

- Jobbe meir med tverrfagleg tilnærming, tidleg innsats, bruk av validerte kartleggingsverktøy, eigenmestring, samt brukar- og pårørendeinvolvering.
- Arbeide med kontinuerleg kompetanseheving av personalet
- Sørge for at dei helsefaglege ressursane får jobbe helsefagleg, arbeide for anna organisering av oppdrag som til dømes reingjering og transport av mat/middag
- Større bruk av velferdsteknologiske løysingar for å støtte tryggleik og meistring og bruke fagressursane der det trengst mest

Viktige hendingar

Januar 2022 vart dagaktivitetstilbod for eldre opna i oppussa lokalar i underetasjen ved Hornindal omsorgssenter. Dette var eit etterspurt og etterlengta tilbod. Det vart ikkje tilført personalressursar for å drifta dette, men 20 % stilling er trekt ut frå fagtilbodet i sentrum for å drifte dette dagtilbodet. Tilbodet har seks plassar og er ope kvar onsdag.

På hausten vart det gjennomført pårørandeskule for nære pårørande til personar med demens, i samarbeid med Ørsta kommune og dei to demensforeiningane. 50 personar frå Volda og Ørsta deltok, og tilbodet fekk gode tilbakemeldingar.

Ein såg i løpet av året at tal brukarar som mottok helsetenester i heim, var aukande, og at timetalet på tenester til kvar enkelt auka enda meir. For ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2 med base i Volda sentrum, var tal timar med helsetenester i heim i januar og februar 2022: 1846 timar. Mot 1147 timar i same periode året før. I desse to seksjonane var det ei lang periode med ekstrainnleige av personell på våren.

På våren vart jobba med nye turnusar ved Fjordsyn og Barstadtun, som i årsbudsjettet fekk tildelt 0,5 nye årsverk kvar for å styrke sjukepleiartenesta ved desse to store døgn-bemanna omsorgsbustadane. Frå hausten var den nye turnusen i full drift, og fører til at sjukepleiarar i større grad vert frigjort frå andre oppgåver og kan jobbe meir direkte sjukepleiarretta.

I oktober starta drifta av nyoppretta nattevaktsstilling i ambulerande heimetenester gruppe 3, som har base ved Hornindal omsorgssenter. Dette var eit naudsynt tiltak for i det heile å kunne tilby lovpålagte tenester døgnnet rundt til bebuarane i det distriktet.

I oktober vart brukarundersøkingar gjennomført i alle seksjonane, med svært gode resultat.

Kommentar til status økonomi

I alle seksjonane er det eit mindreforbruk, og totalt har avdelinga drifta nesten 5 mill innanfor budsjetttramma. Det er mange årsaker til dette. Hovedårsaken er nok at det er spara mykje ved fråvær, enten ved at det ikkje har vore faglærte vikarar å få tak i, og av og til ikkje vikarar å skaffe i det heile tatt. Dette er ei innsparing med ein viss bismak, fordi det fører til ei større belastning på personalet som er på jobb, og kan føre til slitasje over lengre tid. Og det er utfordrande å levere god nok kvalitet på tenestene med for få personar på jobb, eller at dei som er på jobb ikkje har tilstrekkeleg fagkompetanse. Andre perioder har det vore mindre trykk på tenester, slik at det har vore meir ukomplisert å drifte med færre personar på jobb.

I budsjettet for 2022 vart tilført eitt årsverk til saman til Fjordsyn og Barstadtun, desse ressursane vart ikkje fullt ut nytta på vårparten. Ambulerande nattevaktsteneste i Hornindal vart ikkje sett i drift før i oktober. Første halvår vart desse ressursane nytta inn i eit einetiltak i privat heim. Medan i juli, august og september vart ressursane ikkje nytta medan drift av det nye tilbodet var under planlegging. Ein seksjonsleiar har også vore ute i delvis foreldrepermisjon utan at der har vore innleigt vikar.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	71 558	75 515	80 719	5 204	6,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	722	711	2 299	1 587	69,1 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal	645	2 670	0	-2 670	0,0 %

Årsmelding 2022



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
egenproduksjon					
Overføringsutgifter	222	9	9	0	0,0 %
Finansutgifter	1	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	73 149	78 904	83 026	4 122	5,0 %
Salgsinntekter	-49	-53	-40	13	-33,3 %
Refusjoner	-7 505	-6 898	-6 124	774	-12,6 %
Overføringsinntekter	-83	-24	-24	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-7 636	-6 976	-6 189	787	-12,7 %
Netto resultat	65 513	71 929	76 837	4 909	6,4 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	53,1 %	56,5 %	52,6 %	55,6 %	55,8 %
Produktivitet					
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	321 458	335 313	265 328	341 580	331 732
Dekningsgrad					
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år	21,8 %	18,4 %	18,5 %	19,2 %	18,4 %

Årsmelding 2022

(B)

Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år	14,0 %	15,1 %	21,9 %	18,1 %	17,0 %
---	--------	--------	--------	--------	--------

(B)

Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	16,2 %	22,0 %	16,5 %	18,0 %	16,6 %
--	--------	--------	--------	--------	--------

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær

Korttid Langtid Samla
fråvær

Årleg sjukefråvær 2022	3,51 %	11,12 %	14,63 %
------------------------	--------	---------	---------

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet har variert i periodar og er ulikt frå seksjon til seksjon. Barstadtun og Dagsenter for eldre har høgast nærver. Dagsenteret har over mange år hatt minimalt med fråvær, men då personalgruppa er lita slår det fort ut på prosenten viss ein person vert sjuk.

Ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2 vart hardt råka av covid-utbrot i januar og februar, samtidig som tenesta fekk ei stor auke i tal brukarar som trengde helsetenester. Dette førte til stor belastning på dei tilsette og kan også ha ført til meir sjukefråvær i etterkant av pandemien.

Seksjonsleiarane jobbar godt med førebyggjande tiltak og med oppfølging av sjukemeldte. STIM-gruppene er ein viktig arena for systematisk arbeid med betring av arbeidsmiljø og førebygging av sjukefråvær.

Under syner fråværsstatistikk for kvar seksjon for dei siste fire åra. Tal frå RS.

Sjukefråværsprosent pr år pr seksjon 2019-2022				
	Snitt 2019	Snitt 2020	Snitt 2021	Snitt 2022
4401 - Ambulerande gr. 1+2	9,5	8,4	11,2	12,8
4402 - Ambulerande gr 3	5	5,1	9,5	14,7
4403 - Dagsenter for eldre		0	1,2	7,7
4404 - Fjordsyn omsorgbustadar	13,1	10,8	14,1	12,8
4405 - Barstadtun omsorgbustadar	9,1	8,4	10,7	8

Bu- og habiliteringstenester

Skildring av tenesteområde

Seksjon Bu og habilitering har ansvar for fylgjande tenesteområde:

- Fire sam-lokaliserte bustadar for personar med utviklingshemming som lokalisert i Volda eller Hornindal sentrum.
- Barnebustad er eit bu - og tenestetilbod til barn med omfattande omsorg- og eller oppfølgingsbehov som følgje av store funksjonsnedsetjingar. Foreldra har ansvaret, men tilsette i barnebustaden ivareteke den dagleg omsorga for barnet på vegne av foreldra.
- Avlasting er for born og unge funksjonshemma som framleis bur heime. Føremålet er at pårørande får naudsynt kvile og fritid. I Volda kommune er barnebustaden og avlastinga lokalisert i Blåbærhaugen og Kleppevegen. Avlastinga er den tenesta som er mest uforutsigbar. På kort varsel kan ein få beskjed frå forvaltningskontoret om at det er eit behovet for å legge til rette eller auke avlastingstilbodet i forhold til eit barn eller ein person med nedsett funksjonsevne.
- Hamna dagsenter er eit interkommunalt tilbod mellom Volda og Ørsta kommune. Senteret er eit tilrettelagt arbeids- og aktiviseringsstilbod for personar med ulik grad av psykisk utviklingshemming. Det er eit dagtilbod der arbeidsdagen og arbeidsoppgåvene er tilpassa den enkelte brukar. Eit overordna mål er at brukarane skal oppleve meistringskjensle, og utvikle seg igjennom aktivitetar og arbeidsoppgåver. Hamna har faste arbeidsoppdrag, i tillegg legg ein til rette for fysisk, kulturell og kreativ aktivitet.

Tenesta yter teneste til 66 tenestemottakarar.

Viktige hendingar

Bu og habilitering hadde tilsyn av arbeidstilsynet våren 2022.

Kommentar til status økonomi

Oppsummering tiltak

Bu og habilitering har hatt eit meir forbruk i 2022. Årsaker er høgt sjukefråvær, over tidsbruk, fleire brukarar og at brukarar har hatt behov for auke i tenester som det ikkje har vore budsjettet med.

Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	73 572	81 338	81 438	100	0,1 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 159	2 275	2 198	-77	-3,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	55	53	0	-53	0,0 %
Overføringsutgifter	90	0	0	0	0,1 %
Sum Driftsutgifter	75 877	83 667	83 637	-30	0,0 %
Salgsinntekter	-145	-118	-266	-148	55,7 %
Refusjoner	-8 165	-7 586	-7 101	484	-6,8 %

Årsmelding 2022



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Overføringsinntekter	-1	0	0	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-8 311	-7 703	-7 367	336	-4,6 %
Netto resultat	67 566	75 963	76 270	306	0,4 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Samandrag status investeringar

Hamna 20 vart kjøpt i desember 2022.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,73 %	10,63 %	14,35 %

Status sjukefråvær og HMS

Bu og habilitering har i fleire seksjonar hatt eit høgt sjukefråvær. Fråværet er i forhold til både langtidssjukemelde og covid.

Rus- og psyisk helse

Skildring av tenesteområde

Rus og psykisk helseteneste har fire seksjonar; lågterskeltilboda Styrk-arbeid og Gnisten i Prestegarden, dagtenester, ambulerande heimebaserte tenester og 7 omsorgsbustader i Myra bufellesskap. Tenesta har til saman knappe 30 årsverk fordelt på desse fire seksjonane.

Psykisk helse- og rusarbeid skal bidra til fleire friske leveår for innbyggjarane og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å betre levекåra for personar som har eit rusmiddel- og/eller psykisk helseproblem, førebyggje og redusere problemutviklinga og fremje meistring i eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddel- og/eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte eller avlastning.

Seksjon Lågterskeltilbod

- Møteplassen Gnisten er eit lågterskeltilbod som har eller har hatt rus- og/eller psykiske vanskar/lidingar. Her møtes ein i ei trygg atmosfære og driv ulike aktivitetar.
- Styrk-arbeid er eit arbeidstreningstiltak for unge vaksne som droppar ut av utdanning eller jobb. Ein legg til rette for meistring., både praktisk og sosialt, slik at vegen tilbake til arbeid eller skule blir enklare. Ein får tett oppfølging og kan og få bistand til jobbsøking og/eller ekstern praksisplass.
- Styrk-aktiv tilbyr aktivitet for sosialhjelpsmottakar under 30 år med vilkår om aktivitet etter sosialtenesteloven i samarbeid med NAV Ørsta Volda. Gjennom tiltaket skal ein styrke den enkelte si moglegheit for overgang til arbeid eller utdanning, eller å bli sjølvforsørger på anna måte.

Seksjon Utetenester og Seksjon ambulerande tenester

- Utetenesta tilbyr bistand på dagtid, medan seksjon for ambulerande tenester yter helsehjelp både på dag og kveldstid til brukarar med meir omfattande bistandsbehov. det er og i samarbeid med nattevaktsprosjektet mogleg å få helsetenester på natt.
- Tenestene tilbyr støttesamtaler for å styrke brukaren og pårørande sine meistringsstrategiar, nettverksarbeid, praktisk hjelp og støtte i heimen, samt medikamentadministrasjon. Ein tilbyr vidare bistand til søknad om tverrfagleg spesialisert rusbehandling og behandling innan psykisk helsevern, og tenester i påvente av behandling eller etter utskriving.

Seksjon Myra bufellesskap

- 7 bemanna omsorgsbustader (forsterka bustader) med særleg kompetanse på alvorlege, langvarige samtidige rus og psykiske lidningar. Ein kan også få bistand på natt, dersom det er behov for helsehjelp då. Helsehjelpa ein får tilsvara helsehjelpa som ein elles tilbyr i andre seksjonar i avdelinga.

Det er særst viktig at alle seksjonane samarbeider godt med spesialisthelsetenesta om å styrke psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunen, samt å få til eit godt samarbeid med pårørande. Vi gir generell informasjon til pårørande om rettigheter, vanleg praksis på området, sakshandsaming, moglegheit for opplæring og fagleg informasjon om rus og psykiske lidningar og vanleg behandling ved å halde jamlege pårørandesamlingar og pårørandekurs.

Viktige hendingar

Med bakgrunn i einetiltak vi fekk tilvist i september, med oppstart oktober har i eit stort meirforbruk i 2022. i tillegg opplever vi massiv auke i tilvisingar og har opptil 3 månaders ventetid på nye tilvisingar, mot 4 veker i periodar i 2021. Det kjem fleire saker inn, enn vi klarer å avslutte i same periode, noko som gjer kapasiteten sprengd med dei ressursane vi har til rådighet pr no.

Kommentar til status økonomi

Rus og psykisk helseteneste - oppsummering

Visma og Framsikt viser pr. no eit meirforbruk på kr. 274 877. Dette vil bli endra, då ei inntekt på 4602 (kommunalt rusarbeid) er søkt overført i si heilheit for 2023. I tillegg er 325 000,- av lønsmidlar i Myra bufellesskap gjennom 2022 kontert på dette prosjektet, dette må korrigrast. Året vil difor sjå om lag slik ut for rus og psykisk helseteneste:

Rus og psykisk helse	-1 345 877
4601 Lå	411 738
4602	-2 425 832
4603	328 322
4604	339 895

Lavterskeltilbod rus og psykisk helse

Både høgare inntekter og høgare utgifter enn budsjettert. Dette bunnar fyst og framst i auka aktivitet. Også prisauka på matvarer og drivstoff har slått inn.

Meirutgifter innan matinnkjøp (konto 11150) og forbruksmateriell/driftsmidler (konto 11200 og 12000).

Dette heng saman med økt aktivitet i sal av mat/drikke samt og sal av arbeidsoppdrag (Styrk Arbeid). Denne økte aktiviteten gjenspeiler seg i under konto 16 (Brukerbetaling) som har eit markant positivt avvik i inntekter.

Elles er der markant positivt avvik i Refusjon frå staten (konto 17000). Dette er både refusjon for mentortilskot i Styrk og andre tilskot frå staten.

Dagteneste rus og psykisk helse

Stort meirforbruk grunna einetiltak frå barnevernet. Måtte vidareføre einetiltak med 2:1 bemanning med 14 dagars varsel, og kunne såleis berre løysast med kjøp av private helsetenester, i tillegg til to årsverk omdisponert frå eiga teneste. Einetiltaket hadde med kjøp av private tenester, leige av lokale, innkjøp av driftsmidlar ein kostnad frå oktober til desember på kr 2 025 000,- Då er ikkje omdisponerte ressursar internt rekna med, som igjen førte til kostnader på vikarinnleige. Einetiltaket forklarar heile meirforbruket i seksjonen på 2 425 000,-

I tillegg ligg der ei inntekt på kr 750 000,- som ikkje er nytta i 2022. Dette grunna midlane kom seint og rekruttering av personell til prosjektet tok tid. Dette er ikkje flytta. Er søkt overført i si heilheit til 2023 i rapportering til Statsforvalteren/Helsedir.

Heimbasert rus og psykisk helse

Rekneskapen treff godt på fastlønn, omtrent i null. Har brukt meir enn budsjettet på overtid og løn til vikarar. Har ei lengre periode hatt lite tilgang på vikarar (vanskeleg å rekruttere)- som har bidrege til meir overtidbruk. Har og i periodar av året hatt større stillingar ståande vakant, som har medført enda større behov for vikarar, og "overforbruk" av dei vikarane ein har tilgjengeleg.

Elles ein stor utgiftspost på "kjøp av produksjon" som eg ikkje klarer å sjå kva er.

Myra bufellesskap

Mindreforbruk gjennom året på 664 898,-. Mindreforbruket er omtrent det halve. 325 000,- av løna er ført på prosjekt kommunalt rusarbeid og må omposterast, då dette ikkje er midlar vi kan bruke på drift i Myra i 2022. Prosjektmidlar inn i 2022 ligg til Rustenesta (4602) og er i heilheit søkt overført til 2023 (750 000,-)

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	25 962	26 751	28 885	2 134	7,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	924	1 233	548	-686	-125,2 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	160	1 867	200	-1 667	-833,4 %
Overføringsutgifter	30	21	6	-15	-238,4 %
Sum Driftsutgifter	27 075	29 872	29 639	-233	-0,8 %
Salgsinntekter	-285	-254	-120	134	-111,6 %
Refusjoner	-4 544	-3 031	-3 207	-176	5,5 %
Overføringsinntekter	-22	-25	-25	0	0,0 %
Sum Driftsinntekter	-4 851	-3 310	-3 352	-42	1,3 %
Netto resultat	22 224	26 562	26 287	-275	-1,0 %



Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B)	449	335	358	393	399

I 2022 auka vi opp med eitt årsverk på slutten av året, som ikkje vil vise i rekneskapen før 2023 grunna rekruttering tok noko tid. Dette er prosjektfansiert over 4 år, men vil nok legge oss på snitt på kostra, ikkje litt under som i 2022.

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,51 %	10,47 %	14,98 %

Status sjukefråvær og HMS

Har vore jobba godt med sjukefråvær over år i alle seksjonar, likevel stort langtidsfråvær totalt sett. Felire tilsette med alvorleg sjukdom og lengre løp med nav for å avklare arbeidsevne/restarbeidsevne.

Personal

Skildring av tenesteområde

Personalavdelinga har fagansvar for løn og lønsforhandlingar, tilsettingar, permisjonsreglement og arbeidsreglement, sjukepengar og refusjon, pensjon og generell personalforvaltning. I tillegg har avdelinga eit overordna fagansvar for personalsaker, det vere seg disiplinærsaker, konflikthandtering, mobbing og trakassering og saker om vald og truslar om vald.

Personalavdelinga har i tillegg det administrative ansvaret for lærlingordninga i kommunen, samt for frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Ansvaret for partsamarbeidet og samarbeidet med arbeidstakarorganisasjonane ligg også til personal.

Årsverk	År 2022
Personal	6,0
Lærlingar	18,8
HTV og Verneombod	2,7
Personal	27,5

Viktige hendingar

Første halvår av 2022 var sterkt prega av innføringa av Visma Enterprise. Alt var på plass til lønnskøying i januar. Det var gjennomført mange aktivitetar blant dei tilsette knytt til opplæring, konvertering, oppsett for integrasjonar, testing og utføring av andre delar av programmet, og av tilleggsprogram som t.d Visma Tid, Visma Expençe (reiserekning) og Visma læring (opplæringsmateriell) . Det var også gjennomført mykje opplæringsaktivitet for leiarane.

Ved innføring av personalmelding i Visma har vi blitt heildigitale på midlertidige tilsettingar. Dette har ført til mykje høgare kvalitet på arbeidsavtalane, mykje raskare saksgang på grunn av digital signering og leiarane kan no følgje prosessen frå dei sender personalmelding om ny tilsett til vedkommande har

signert og er lagt inn i systemet. Dette var ein av dei store gevinstane ein ønskte ved overgang til nytt system.

Personalavdelinga var første halvår med på anbudsprosess på bedriftshelseteneste for kommunane på Sunnmøre. Avonova vann anbudet og vil fortsatt vere vår leverandør på desse tenestene.

Personalavdelinga starta opp forarbeidet til prosjekt Heiltidskultur i eit samarbeid med KS Konsulent og ei nedsett prosjektgruppe med Nina Kvalen frå administrasjonsstaben som prosjektleiar. Prosjektet får formell opp-start i 2023.

Personalavdelinga var ansvarleg for leiargruppeutvikling i leiargruppene til dei tre kommunalsjefane. Opplegget var basert på forskinga til Henning Bang og bruk av kartleggingsvertøyet "effect".

Lønsforhandlingane hausten 2022 vart gjennomført i kap 3 og 5 med bruk av den nye forhandlingsmodulen i Visma. Det var ikkje lokale forhandlingar i kapittel 4, og som kjent gjekk Unio sine lærarorganisasjonar til streik under dei sentrale forhandlingane.

Økonomi- og personalavdelinga var ansvarleg for felles fag-samling for kommunane i sjøstjerna i september.

Det vart gjennomført medarbeidarundersøking 10-faktor i oktober, og personalavdelinga var teknisk ansvarleg for førebuing, utsending og informasjon knytt til dette.

I november var personalavdelinga ansvarleg for ei felles opplæring i Hovudavtalen for leiarar og tillitsvalde.

Tilsette frå personalavdelinga deltok på KS Advokat sitt årlege arbeidsrettskurs.

Internkontroll og tilsyn

Status økonomi

Beløp i 1000

Avdeling	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
51-Personal	10 003	11 558	1 555	13,5 %
52-Fellestenester personal	2 379	3 080	702	22,8 %
Sum	12 381	14 638	2 257	15,4 %

Kommentar til status økonomi

Personal

Totalt kjem personalavdeling ut med eit mindreforbruk på kr. 1 555 435. Dette skuldast i all hovudsak færre lærlingar enn budsjettert og høgare tilskot frå Opplæringskontoret enn budsjettert, totalt kr. 1 314 625. Det resterande mindreforbruket skuldast meir inntekter enn budsjettert for tenester levert til Søre Sunnmøre barnevern og Eigedomsavdelinga. .

Budsjettet til lærlingar blir stat ut frå politiske vedtak. Volda kommune har vedteken å ha 21 lærlingar. Av ulike årsaker kan dette talet variere mellom året. I tillegg blir tilskotet frå Opplæringskontoret justert på årsmøtet medio mars/april kvart år. Det er viktig å justere budsjettet fortløpande.

Fellestenester personal

På 5201 Fellestenester ligg all aktivitet som ikkje er knytta til personalavdelinga, men som vi har ansvar for. Dette gjeld pensjon, forsikringar, bedriftshelseteneste, lisensar, leirsamlingar (opplæring og utvikling).

Vi ser det av og til blir bokført inntekter/utgifter på 5101 istaden for 5102, og omvendt. Det vil vere eit mål for 2023 å ha større internkontroll slik at dette blir korrekt.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	11 170	10 987	11 989	1 002	8,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 656	2 995	3 292	297	9,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	0	14	450	436	96,9 %
Overføringsutgifter	1	35	11	-24	-208,1 %
Sum Driftsutgifter	13 827	14 031	15 742	1 711	10,9 %
Salgsinntekter	-57	-2	0	2	0,0 %
Refusjoner	-1 726	-1 648	-1 104	544	-49,2 %
Sum Driftsinntekter	-1 782	-1 650	-1 104	546	-49,5 %
Netto resultat	12 045	12 381	14 638	2 257	15,4 %



Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
			2022			
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Høg rolleklarheit		4,1	4,2	
		Sjukefråvær i organisasjon	9.1	9,0 %	2,3 %	
		Meistringsorientert leiing		4,0	4,0	
		Meistringsorienterte Meistringstru		4.2	4,1	
		Ei drift i samsvar med budsjettramme	100,0 %	100,0 %	87,1 %	
		Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.				

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	3,89 %	3,25 %	7,14 %

Status sjukefråvær og HMS

Det har vore lite sjukefråvær i personalavdelinga og blant dei frikjøpte hovudtillitsvalde. Det har vore til dels høgt sjukefråvær blant lærlingane. Lærlingetida er ofte det første møte ungdommane har med arbeidslivet, og det er viktig at dei får god oppfølging, og kjem seg raskt attende til arbeidsplassen. Næraste leiar fylgjer opp etter dei rutinar vi har, samt at dei med særskilte utfordringar i tillegg får tett oppfølging frå Opplæringskontoret.

Økonomi

Skildring av tenesteområde

Økonomi har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellesråd.

I avlinga har vi 5,5 årsverk fordelt på 6 tilsette.

Viktige hendingar

Innføring av Visma

Innføring av Visma Entrepriise har tatt mykje av ressursane dette året. Det har vore ei svært hektisk periode med stor arbeidsinnsats frå alle tilsette på økonomi, men også på brukarane ute i sektorane. Resultatet er at vi har dei fleste løysingar i prosjektet på plass og kan no vise til fleire digitaliserte arbeidsprosessar. Dette betyr at alle bilagstyper (inngåande faktura, utgåande faktura, hovudbilag, korrigeringar, tilskot, stønadar m.m) er elektronisk, frå registrering ute i sektorane til bank og bokføring.

Som følge av at det har tatt tid å få på plass alt i overgangen frå UBW til Visma har dette medført forseinkingar og avvik i rekneskapen for år 2022. Mellom anna ser vi at vi har betalt for lite i minimumsavdrag.

Det å gå over til elektronisk registrering er ein endringsprosess som fleire opplever meir tidkrevjande no i ei oppstartsfase. Der ein tidlegare har brukt tid på å skrive utfyllande informasjon på papir eller epost - skal ein no inn i eit datasystem for å gjere registreringar. Det er då viktig at vi på økonomi set av nok tid til god opplæring. Spesielt til dei som ikkje gjer desse oppgåvene dagleg. Tilbakemelding frå dei som har mange utbetalingar, sender mange tilfeldige faktura og dermed er inne i systemet ofte er at dette også er tidsbesparande og enklare for dei. I tillegg til å prosessane vert enklare har ein også no eit digitalt oppslagsverk i rekneskapen.

Startlån

Vi har i 2022 tildelt 11,8 mill kr i startlån. I tillegg er det tildelt kr 100 000 i tilskot.

Saker som er handsama gjeld mellom anna refinansiering slik at søkjarar har behaldt bustad. Søkjarane her er både barnefamiljar og andre med helsemessige årsaker. Omfanget av refinansieringssaker har vore mindre enn forventa. Truleg kan her kome meir av dette i 2023.

Andre tildelingar er inn mot bustad og tilpassingar til søkjararar med funksjonsnedsetjing og til familiar som har vore enten på det kommunale eller det private leigemarkedet lenge og som no er klare for å kunne kjøpe sin egen bustad.

Vi har hatt ein del pågang frå unge, einslige i etableringsfasen, men desse er ikkje i prioritert gruppe frå Husbanken si side så lenge dei er i stand til å spare seg opp eigenkapital sjølve.

Banken gir ikkje lenger finansiering til søkjarar utan eigenkapital eller moglegheit for kausjonist, difor vert det ekstra stor pågang av søkjarar hos kommunen.

Internkontroll og tilsyn

Internkontrollen i økonomiavdelinga handlar mykje om kontroll opp i mot forskrift av ny kommunelov, momsreglar og rutinar i økonomireglementet. Internkontroll er noko vi ønskjer å få meir tid til og oppfølging av. Dette vil vi prioritere å få på plass i 2023 då vi ser på dette året som eit av dei første "normalåra" sidan kommunesamanslåinga.

Kommentar til status økonomi

Mindre forbruk på 1,6 % og vel 0,5 mill kr kjem som følgje av at vi i store delar av året har hatt ei vakanst stilling.

Rekneskap


Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	-29 923	-30 626	-28 913	1 713	-5,9 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	2 012	1 456	1 524	68	4,5 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 003	2 001	1 200	-801	-66,8 %
Overføringsutgifter	23 113	27 319	28 019	700	2,5 %
Finansutgifter	56 250	61 398	61 398	0	0,0 %
Sum Driftsutgifter	56 456	61 548	63 227	1 680	2,7 %
Salgsinntekter	-337	-89	-250	-161	64,2 %
Refusjoner	-23 413	-21 688	-22 156	-468	2,1 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-64 338	-69 953	-70 598	-645	0,9 %
Sum Driftsinntekter	-88 088	-91 730	-93 003	-1 273	1,4 %
Netto resultat	-31 632	-30 183	-29 776	407	-1,4 %



Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2022



Detaljvisning drift (graf)



Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune reduserer sitt klimaavtrykk og førebygger med sikte på å redusere negative konsekvensar av klimaendringar.

Status måltabell

Hovudmål	Mål	Indikator	2021	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
			2022			
Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.	Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmende arbeidsplassar	Høg rolleklarheit		4.1	4,6	
		Sjukefråvær i organisasjon	9.1	9,0 %	6,6 %	
		Meistringsorientert leiing		4,0	4,6	
		Meistringsorienterte Meistringstru		4.2	4,4	
		Ei drift i samsvar med budsjettramme	100,0 %	100,0 %	98,4 %	
		Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar.				

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Volda 2021	Volda 2022	Ørsta	Møre og Romsdal	Kostragruppe 07
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B)	134	124	146	148	127
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B)	759	721	588	721	633
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter (B)	1,1 %	1,0 %	0,8 %	1,0 %	0,9 %

Status investeringsprosjekt

Statustekst investeringar

Eableringstilskot barnefamiliar - eige til leige

Løpande prosjekt utan bevegelse i år.

Forskotering til lag og organisasjonar

Løpande prosjekt utan bevegelse i år.

Samandrag status investeringar

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2022	4,02 %	2,53 %	6,55 %

Status sjukefråvær og HMS

Avdelinga har i siste tertial hatt høgare sjukefråvær enn normalt, noko som også slår ut på samla sjukefråvær i året.

Vedlegg

Årsmelding landbrukskontoret Ørsta Volda 2022

Årsmelding landbrukskontoret Ørsta Volda 2022

Landbrukskontoret Ørsta Volda

ÅRSMELDING 2022

Frå 2020 er det endringar i kommunegrensene som gjer at dei kommunevise tala for Ørsta og Volda i årsmeldinga ikkje er direkte samanliknbare med tidlegare år.

RESSURSAR

Ørsta og Volda kommunar har hatt vertskommuneavtale om felles landbrukskontor sidan 1. september 2014. Ørsta kommune er vertskommune, og landbrukskontoret var organisert som ei eining i seksjon kultur og landbruk fram til 01.09.22. Etter denne dato vart landbrukskontoret eitt av fire tenesteområde i ny sektor Teknisk, eigedom og landbruk. I 2022 har kontoret hatt 6 tilsette med 4,9 årsverk fram til 01.09 og 5,3 årsverk etter denne dato.

Det har vorte sendt ut to infoskriv til gardbrukarar og andre interesserte på e-post og heimesidene til kommunane.

Planar/forskrifter/avtalar som er rullerte i løpet av året:

- Retningsliner for UKL-ordninga

LANDBRUKSMYNDE

Ørsta har landbruksutval og vilt- og innlandsfiskeutval, medan Volda har tenesteutval for forvaltning og utvikling med begge desse funksjonane. Dei tilsette har vore sakshandsamarar i aktuelle saker.

Omdisponering av jord 2022 (tal rapportert i Kostra):

<u>Ørsta</u>	<u>Volda</u>	
Jordlova (enkeltsaker)	2,1 da dyrka	3,9 da dyrka
	1,7 da dyrkbar	0 da dyrkbar
Plan- og bygningslova	2,1 da dyrka	0 da dyrka
	0 da dyrkbar	0 da dyrkbar

Tal rapportert etter plan- og bygningslova er frå reguleringsplanar som er endeleg godkjende i 2022. For Ørsta gjeld dette reguleringsplan for hytteområde på Masdal.

Ørsta kommune fekk i 2022 kr 100 000 i tilskot frå Landbruksdirektoratet, til utarbeiding av ein jordvernstrategi. Dette er ei ny tilskotsordning, og arbeidet med strategien skal gjerast i 2023.

Landbrukskontoret har sakshandsaming for viltforvaltninga i Volda og hjorteviltforvaltninga i Ørsta, og har organisert jegerprøveeksamen for begge kommunane. Kommunane er med på merkeprosjekt for hjort gjennom NIBIO.

Arbeidet med oppfylging av driveplikta på jordbruksareal held jamt og trutt fram. Arbeid med dette vart starta i 2019 i Ørsta, og i 2021 i Volda. Det vert sendt ut brev til eigarar som ikkje driv sjølv eller der vi ikkje har motteke jordleigeavtalar. Der det manglar respons vert det purra for å få avklaring, og vonleg få på plass avtalar om leige. Siste året har ein fått starta opp med meir handsaming av søknadar om fritak.

JORDBRUK

Dei økonomiske verkemidlane i landbruket som kommunen har avgjerdsmynde på, er delegert til landbrukskontoret. Det vart handsama søknader som gav ein total sum tilskot utbetalt i 2022 på 51,8 mill. kr til gardbrukarar i Ørsta, og 58,7 mill. kr til gardbrukarar i Volda. Dette er ein auke frå året før, m.a. pga. ekstrautbetalingar på hausten som kompensasjon for auka utgifter i næringa. Innsatsfaktorane i landbruket, m.a.kunstgjødsel, kraftfôr og straum, har hatt ein sterk kostnadsvekst.

Tal bruk/føretak i drift i 2022 var 153 i Ørsta og 182 i Volda. Det er eitt føretak mindre i Ørsta enn i 2021, i Volda er det same tal som i 2021.

Det var fatta vedtak i 7 saker med godkjenning av plan for **nydyrking**, 3 saker i Volda på til saman 19 daa og fire saker på totalt 53 daa i Ørsta. Det vart i tillegg handsama søknader om planering av dyrka jord. I ein av søknadene var det myr på dyrkingsfeltet, og her valde Statsforvaltaren å overprøve positivt vedtak med å sende det tilbake til kommunen for ny handsaming. Søknaden vart meir utgreidd, fekk ny handsaming, og det nye vedtaket vart ikkje påklaga.

Mjølkeproduksjonen vart i 2022 nedjustert etter to år med auka forholdstal grunna covid-pandemien. Forholdstalet for kumjølkkvotene vart endra frå 1,07 til 0,99 slik at ein kunne levere mindre mengde dette året. For geitemjolk steig forholdstalet til 0,95.

Kommune:	Tekst:	Hentestader:	Aktive kvoter i liter:	Levert mjølk:
Ørsta	Kumjolk	49	9.087.360	8.010.937 (88,2%)
Volda	Kumjolk	51	9.886.347	8.923.735 (90,3%)
Ørsta	Geitmjolk	3	223.468	184.230 (82,4%)
Volda	Geitmjolk	4	544.666	432.115 (79,3%)

Tabell: Mjølkekvoter og –leveranse i 2022

Kommunane Ørsta og Volda har 16 aktive **beitelag** som organiserer beiting i utmark for sau, geit og storfe. Laga får driftstilskot ut frå tal sleppte dyr. Størst tap hadde eit lag med 15 % tap på lam.

År	Aktive medl.	Vaksne sauer sleppt	Vaksne sauer tapt	Taps% Vaksen sau	Lam sleppt	Lam tapt	Taps% lam	Geit sleppt	Geit tapt	Taps% geit	Storfe sleppt	Storfe tapt	Taps% storfe
2022	126	3610	123	3,41	5830	405	6,95	353	2	0,01	1669	17	1,02

Tabell: Organisert beitebruk - samla oversyn for 16 beitelag i Ørsta og Volda.

Statsforvaltaren tildeler kommunevise rammer for tilskotsordningar vi forvaltar. Til SMIL-tiltak fekk Ørsta kommune tildelt ei ramme på kr 450.000 og Volda kommune kr 450.000. I tillegg kom midlar som vart trekt inn frå tiltak som ikkje vart realisert. Det vart handsama 46 søknader med ei kostnadsramme på ca. 6,5 mill. kr totalt for begge kommunane. Åtte søknadar fekk avslag.

Til **dreneringstiltak** fekk Ørsta kommune ei ramme på kr 200.000 og Volda kommune kr 250.000. Det er for liten pågang etter tilskot til drenering, mykje pga. låge satsar, og midlar vart returnert til

Statsforvaltaren. Det vart handsama og løyvd til 20 søknader med totalt kr 261.956 i tilskot. 5 av søknadene var i Ørsta og 15 i Volda.

Hjørundfjorden - Norangsdalen fekk status som **UKL-landskap (Utvalde kulturlandskap)** i 2018. Frå 2020 er forvaltningsoppgåva for UKL delegert til Ørsta kommune. I 2022 er det utarbeidd og godkjent nye lokale retningslinjer for UKL-ordninga. Lokale retningslinjer er godkjent både i Ørsta kommune og Volda kommune. Løyvingar gitt i 2022 er i samsvar med gjeldande forskrift, forvaltningsplan (2020) og lokale retningslinjer (2022).

UKL i Hjørundfjord og Norangsdalen har hatt ei samla ramme på kr 1 243 408 i 2022. Etter nye retningslinjer er det betalt ut kr 28 900 i arealtilskot og kr 511 848 i beitetilskot. Det er gitt løyvingar på til saman kr 689 160 til investeringstiltak. Rest på kr 207 652 er overført til 2023, og bunde opp til prosjekt om fjerning av piggtråd i UKL-området.

I 2022 kom det inn 27 søknader om beitetilskot, 8 søknader om arealtilskot og 17 søknader om investeringstiltak. Eitt tiltak fekk avslag og eitt vart trekt. Det er gitt løyving til 15 investeringstiltak gjennom UKL-ordninga. NB! Desse tilskota er ikkje tekne med i tabellane som er vedlegg til årsmeldinga.

I ordninga «**Tilskot til tiltak i beiteområde**» kom det inn seks søknadar i 2022. Dette er investeringsmidlar som går til tiltak knytt til utmarksbeitinga. Her har beitelaga knytt til organisert beitebruk, som søker på fellestiltak, prioritet. Potten til fylket var på 1 mill kr. Av dette fekk Ørsta/Volda kr 200.000 til fordeling. Tildelinga skjer etter lokale retningslinjer. Det vart ytt støtte til samleke og elektronisk overvakingsutstyr (bjøller, drone og NoFence).

Året 2022 vart utfordrande med ein sær sars våt sommar. I siste del av juni og i juli månad regna det jamt og trutt. Mange måtte vente med 1. slåttan i påvente av betre ver, som ikkje kom, og 2. slåttan vart tilsvarande utsett. Sein slått og våte markar førte til sær mykje køyreskader og dårleg kvalitet på avlinga, som ikkje kunne haustast då fôrverdien var best. Mykje areal vart og berre delvis hausta. Det var 9 som søkte om støtte grunna avlingssvikt. For å få støtte må avlinga vere mindre enn 70 % av norm. På slutten av året vart det betalt ut erstatning for avlingssvikt med kr 672.462,-.

Fristen for spreiding av husdyrgjødsel utan dispensasjon er lik for Volda og Ørsta, den 15.09. Dette er vedteke i lokale forskrifter.

Tal dispensasjonar i 2022 vart diverre påverka av det dårlege veret. Mange fekk ikkje ut husdyrgjødsel mellom slåttane då jorda var for oppbløtt. Utkøytinga måtte vente til seinare på sesongen:

Kommune:	Tal føretak med husdyr:	Tal søknadar om dispensasjon:	Mengde søkt spreidd etter frist:
Ørsta	130	6	865 m3
Volda	159	15	2.995 m3

Rekruttering og fornying av driftsapparatet er viktig for utviklinga i landbruksnæringa. I 2022 vart det sendt inn 10 søknader på finansiering gjennom Innovasjon Norge (IN). Til landbruket har Innovasjon Norge IBU-midlar (investering og bedriftsutvikling i landbruket).

I alt fekk 12 søknader finansiering i IN i 2022, av desse 3 i Ørsta og 9 i Volda. Søknadane gjeld investeringar innan mjølk, ammeku, geit, gris, sau og tilleggsnæringar. Fem av søknadane vart fremma i samband med brukar-/generasjonsskifte. Kostnadsoverslaga i 2022 hadde spenn frå 120 tusen til 4,6 mill kr. Fornyng av driftsbygningane er ei viktig prioritering med omsyn til dyrevelferd og krav som vert sett til t.d. kalvings-/sjukebingar som kjem i 2024.

Utfordringar knytt til forskrift om hold av storfe.

1. januar 2024 trer det i kraft to krav som vil få innverknad for dei som driv med storfe og då særleg dei med båsfjøs. Det vert innført krav om kalvingsbingar for mjølke- og ammekyr, og utvida beitetid og mosjon for storfe i båsfjøs. Frå rådgjevingstenesta er det utarbeidd forslag til korleis ein på ulike måtar kan få på plass kalvingsbinge. Fleire har søkt Innovasjon Norge om støtte til slike tiltak.

Eit større byks vert det i 2034, då ein legg opp til at båsfjøsa skal fasast ut og at alt storfehald skal føregå i lausdrift frå 1. januar 2034. I Ørsta og Volda er det framleis ein stor andel båsfjøs.

Figuren til høgre syner forholdet mellom fjøsa der det vert produsert kumjølke i kommunane Ørsta og Volda. Tala syner at nesten 2 av 3 fjøs der det vert produsert kumjølke er båsfjøs. Når ein ser på produsert mengde så er forholdet at om lag 4 av 10 liter vert produsert i båsfjøs.	
--	---

Ei anna utfordring som vi ser vert forsterka, er misforholdet mellom kvar ein har fôr og kvar ein har dyr. Behovet for fôr er i høg grad avhengig av at ein har aktive husdyrbruk i rimeleg nærleik. Vi ser no at einskilde bygder, i både Ørsta og Volda, har få og ingen husdyrbruk att, og dermed står mykje areal i fare for å ikkje verte hausta. Andre bygder har høgt aktivitetsnivå med mykje husdyr, men mangel på fôr. Transportavstandar og geografiske forhold gjev oss store utfordringar i å få ei tenleg utnytting av fôrressursane internt i kommunane. Her treng vi gode idear og tiltak som kan sikre utnytting av lokalt fôr til lokale husdyr - på ein god måte.

Klimatiltak i landbruket

- Skogplanting er eit godt klimatiltak, i 2022 var det høg planteaktivitet.
- Drenering av jordbruksareal vert det gitt tilskot til, men tilskotssatsane er låge så ordninga vert ikkje nytta godt nok.
- Spreiing av husdyrgjødsel i vekstsesongen, men i 2022 spelte ikkje veret på lag.
- Unngå dyrking av myr.

SKOGBRUK

I 2022 vart det avverka 10 447 m³ i Volda, der Allskog avverka 1 832 m³, AT-skog 471 m³ og Fjordtømmer 8 144 m³. I Hornindal starta Timberman AS, ved eigar Kjetil Grodås, opp som ny skogsentreprenør i 2022.

I Ørsta var det avverka 5 207 m³ fordelt slik: Fjordtømmer 4 415 m³, Allskog 1 895 m³ og Nortømmer 97 m³.

Totalt vart det avverka 15 654 m³ i Volda og Ørsta, med ein bruttoverdi på ca. 9 millionar kroner. Det gir eit snitt på ca. 580 kr/m³ som er over 100 kroner meir enn i 2021. Grunna høgare kostnader til diesel, maskiner, deler, osv. har driftsprisane også auka vesentleg den siste tida.

340 000 granplanter vart planta i 2022, 300 000 planter meir enn i 2021. Av desse var 113 000 i Volda og 227 000 i Ørsta, og dette utgjer ca. 1 400 dekar. Det vart utført ungskogpleie på 116 dekar i Ørsta og 38 dekar i Volda. Det var også utført 9 dekar med markberedning og 210 meter med suppleringsgrøfting i Volda. Til saman vart det utbetalt 925 000 kroner i tilskot til skogkultur, etter at kommunane fekk ekstraløyving frå Statsforvaltaren på 450 000 kroner.

Etter fleire år med låg planteaktivitet var det svært gledeleg at planteaktiviteten tok seg betydeleg opp i 2022.

I 2022 fekk Ørsta tildelt 350 000 kroner i LUF-midlar (taubane og skogsveg). Totalt LUF-forbruk i Ørsta var på ca. 500 000 kroner. Ca. 70 000 kroner vart nytta til taubane, felling og treslagsskifte. 430 000 kroner til fem vegprosjekt.

Volda fekk 200 000 kroner i LUF-midlar i 2022. Totalt vart LUF-forbruket Volda i 2022 på ca. 1,1 millionar kroner. Ca. 200 000 vart nytta til drift (treslagsskifte, felling og maskinvinsj) og ca. 900 000 kroner til totalt seks vegprosjekt.

Kommunane fekk ca. 800 000 kroner i ekstra LUF-midlar frå Statsforvaltaren, samt at ein trakk inn nokon midlar frå eldre prosjekt. Midlane vart fordelt mellom Volda og Ørsta.

Årsmelding 2022

Skogprosjektet med Håkon Eliassen som prosjektleiar såg på gamle og ferske plantefelt i 2022. I 2023 vil prosjektet ha eit forsøkt med treslagsskifte frå lauv (bjørk og platanlønn) til gran på Barstad i Ørsta.

Det vart arbeidd mykje med dei nye skogbruksplanane i Volda i 2022, og dei ferdige planane vart levert til skogeigarane på starten av 2023.

Ørsta, 22.03.2023

Liv Bente Viddal

Peder Magnussen

Tenesteleiar landbruk

Fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Årsmelding NAV Ørsta - Volda 2022

Årsmelding NAV Ørsta - Volda 2022

NAV sitt samfunnsoppdrag er å bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og fremme overgang til arbeid og aktivitet. Det skal vi gjere ved å

- Få fleire i arbeid og aktivitet
- Sikre gode levekår for dei vanskelegaste stilte
- Sikre økonomiske rettar gjennom god forvaltning
- Ha tilgjengelege tenester med god service

Dei tilsette ved NAV skal vere tydelege, til stades og løysingsdyktige.

NAV Ørsta-Volda er eit interkommunalt samarbeid mellom Ørsta og Volda kommune, der Ørsta er vertskommune. Kontoret er eit 50/50 partnerskap mellom kommune og stat.

Årsmelding 2022

Kontoret har både statlege og kommunalt tilsette, og yter både statlege og kommunale tenester.

NAV Ørsta-Volda har til saman 30 tilsette, der 10 er kommunalt tilsette og 20 er statleg tilsette.

	Tal stillingar	Kjønn M K	Stillingsstorleik (antal 50% >)	Totalt årsverk
Kommune	9 - rettleiarar/ sosialkuratorar 1 – gjeldsrådgj.	Kvinner – 10	6 - 100% 1 – 85% 1 – 80% 1 – 60% 1 – 50%	8,75 komm. årsverk

Kontoret hadde lavt sjukefravær på kommunalt tilsette i 2022 med 1,46%.

Dei kommunale oppgåvene som ligg til NAV Ørsta-Volda er økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet, midlertidig bustad, råd og rettleiing samt individuell plan.

Økonomisk sosialhjelp						
År		2018	2019	2020	2021	2022
Sosialhjelpsmottakarar (antal)		184	205	187	175	227
Antal sosialhjelpsmottakarar 18-24 år		56	61	53	57	53
Sosialhjelpsmottakarar med hjelp i 6 mnd eller meir (antal)		60	57	59	53	-
Antal familiar med barn som mottok						65

sosialhjelp (antal						
--------------------	--	--	--	--	--	--

Antal mottakarar av økonomisk sosialhjelp har gått opp sidan 2021. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp har auka mykje i løpet av 2022. Dette er en direkte årsak av krigen i Ukraina og auken i antal flyktningar som har kome til kommunen. Den første perioden flyktningane kjem til kommunane våre, så treng dei stønad frå dei kommunale tenestene til livsopphald, utstyr, etablering, tannbehandling mm.

Brutto utbetalt økonomisk sosialhjelp (1000 kr)					
År	2018	2019	2020	2021	2022
Sum	6768	7609	6707	7170	10543

NAV Ørsta-Volda søkte om prosjektmidler frå Statsforvalteren våren 2021, og fekk tildelt midlar til 1 prosjektstilling.

Kontoret fekk tilsett prosjektmedarbeidar og starta prosjektet 1. desember 2021.

Prosjektet har målgruppe flyktningar, og auka kvalitet i tenestene til denne gruppa.

Målet med prosjektet er å auke kvaliteten i dei tenestene NAV Ørsta-Volda gjev denne gruppa, og auke samarbeidet med aktuelle instansar både i Volda kommune og Ørsta kommune. Det skal utarbeidast nytt kartleggingsverktøy som kan nyttast både hos NAV og andre samarbeidspartar som har mandat inn mot same gruppa.

I løpet av 2022 har prosjektet lansert eigen podkast med namnet «Jalla NAV Ørsta-Volda», der ekspertgruppa med flyktningar har stått for tema, gjennomføring og intervju.

Andre halvår 2022 har det vore brukt store ressuser på planlegging av integrerings- og jobbmessa Give a Job som skal arrangerast 24. januar 2023. Det vert søkt om prosjektmidler for 3. året ved nyttår 2022/2023.

Årsmelding Søre Sunnmøre legevakt 2022

Årsmelding Søre Sunnmøre legevakt

Oppgjør for Søre Sunnmøre legevakt 2022 er no klart. Som de ser så er det i 2022 eit negativt avvik mellom akonto-innbetalingane og endeleg oppgjør. Dette er presisert i vedlegget. Gjennom 2022 er det jobba med å få betre rutinar for økonomistyring og oversikt, og i budsjettet for 2023 er avvik frå førre år tatt høgde for. Årsaker til avvik i sluttoppgjæret kan forklarast slik:

- Innleige av ekstra personell på overtid grunna:
 - Stor aktivitet på Legevaktsentralen har ført til behov for innleige utover minimumsbemanning.
 - Nokre sjukepleiarar slutta/gjekk ut i permisjon, og rekruttering og opplæring av nytt personell tek tid og er ressurskrevjande.
 - Sjukmeldingar
- Auke i kostnader for forvaltning og drift av naudnett
- Kursing
- Generell kostnadsauke
- Nye dataprogram
- Taksting av telefonråd
- Helfo-refusjonar
- Bruk av beredskapslege
- Manglande justering av budsjett og akonto-beløp gjennom året.

Det er strenge krav til formell kompetanse og opplæring av sjukepleiarar på Legevaktsentralen, jfr akuttmedisinforordninga og Nasjonal vegleiar for legevakt og legevaktsentral. Dette gjer at det er ressurskrevjande å rekruttere nye sjukepleiarar til sentralen. Når ein får ein situasjon med utskifting av fast personell kombinert med stor aktivitet og nokre sjukmeldingar, så blir det stort forbruk av kostbar overtid. Samstundes har vikarar som jobba på legevaktsentralen ved sjukehuset og som ein tidlegare nytta mykje, vore lite tilgjengelege pga stort arbeidspress og mykje overtid også på sjukehuset. Det er teke grep for å betre situasjonen i 2023, m.a. gjennom ei mindre auke i faste stillingar og oppretting av nye helgestillingar som ein håper å få tilsett i snarleg. Å vere sjukepleiar på legevaktsentralen er ei særskild krevjande oppgåve, med periodevis svært stor pågang og der avgjerder om hastegrad og hjelpebehov skal takast under tidspress. Samstundes er det få heile stillingar og mykje ubekvem arbeidstid. Rekrutteringsarbeid og stabilisering av sjukepleiargruppa er difor svært viktig, for ein ser at stor utskifting av personell både vil vere svært kostnadskrevjande og sette kvaliteten under press.

Det har vore ei auke i drifts- og forvaltningskostnadane for naudnett som har medverka til noko høgare felleskostnader. Det er seinare varsla ei reduksjon i desse kostnadane i 2023 pga utsetjing av nytt telefonisystem for legevaktsentralane. Den generelle kostnadsauken har og medverka til auka totalkostnad.

Kompetanse og kvalitetssikring er høgt prioritert i Søre Sunnmøre legevakt. I 2022 vart det gjennomført omfattande kursverksemd. M.a. vart det arrangert 2 fagdagar for alt personell og det var deltaking på nasjonal legevaktkonferanse. Fagdag for alt personell er svært viktig for å formidle felles informasjon om prosedyrar og rutinar, fagleg oppdatering og dialog mellom leiing og personellet. M.a. i forhold til å gå gjennom praktisering av taksting. Utover lønskostnadar har ein i 2022 hatt svært låge kostnadar til desse fagdagane, då eksterne førelesarar har vore frå Helseføretaket og har stilt opp utan kostnad. Ein har kursa opp eget personell til å drive den viktigaste fagutviklinga på legevakta, nemleg BEST-treningar. Kursing av desse vart ein kostnad i 2022, men som vil gje stor nytte i åra som kjem. I 2023 vert det lagt opp til meir intern kursverksemd, og noko lågare kostnadar til eksterne kurs.

Ved oppstart av legevakta i 2021 vart legevaktsentralen driven vidare med programvare frå tidlegare legevaktsentral på sjukehuset. Dette var ei mellombels løysing, som innebar at ein måtte ha avtale med helseføretaket om bruk av denne programvaren. Grunna pilotering av sky-løysing som tok meir tid enn føresett vart det først i 2022 teke i bruk ny løysing, og med denne kom ei auka kostnad som følgje lisenskostnad. I dette nye Amis-programmet er det lagt opp til at telefonråd frå sjukepleiar kan takstast. Dette kom ein ikkje i gang med i 2022. Årsak til dette er at det då må installerast ein kommunikasjonsmodul som har ein kostnad, samstundes som det er usikkerheit knytt til Helfo sin praktisering av refusjonar til legevaktsentralar for sjukepleiarråd.

Det har vore ei større bruk av beredskapslege og bakvakt enn budsjettert. Bruk av beredskapslege har direkte samanheng med aktiviteten på legevakta, og vil variere. 2022 er første år med drift av legevakta heile året, og er dermed første år ein har tal for bruk av beredskapslege gjennom heile året.

Det har vore jobba for å betre økonomioversikta for legevakta i Volda kommune. Men ein ser at det i 2022 har vore for lite oversikt og dermed ikkje blitt gjort naudsynte justeringar av budsjett og akonto-beløp gjennom året.

I 2022 fekk Volda kommune på plass Arne Drabløs som kommuneoverlege og avd.leiar for kommunal legeteneste. Han har saman med økonomisjef gjort ein god jobb for å betre oversikta og økonomistyringa i si avdeling, herunder å få betre oversikta over Søre Sunnmøre legevakt i rekneskapen. Vi ser likevel at det i 2022 ikkje vart gjort nok for å justere budsjett og akontobeløp gjennom året, slik at det no blir eit avvik.

Dei tiltak som er sett inn for 2023 vil gje betre oversikt gjennom året, og ein har og grunn til å tru at ein vil få betydeleg reduksjon i overtidskostnadane. I eit litt vidare perspektiv har ein og jobba med å få dokumentert det ein meiner er manglar i takstreglementet. Dette viser at ei fastløna, kvalitativt god og effektiv legevakt får lågare Helfo-refusjonar grunna innrettinga av takstsystemet. Det er difor ei betydeleg lågare inntekt frå Helfo etter oppstart av Søre Sunnmøre legevakt enn det som var tilfelle tidlegare.

Årsmelding for interkommunal PP teneste 2022

Årsmelding for interkommunal PP teneste 2022

Årsmelding for interkommunal pedagogisk psykologisk teneste 2022.

Ulstein er vertskommune for den interkommunale PP - tenesta og samarbeidskommunane er Hareid, Volda og Ørsta. Samarbeidet vart etablert 1/8 – 2017. PPT har eit samarbeidsorgan, der kommunalsjefane og seksjonsleiarane for barnehage og skule utgjer samansettinga i samarbeidsorganet saman med ein representant for dei tilsette. Oppvekstsjef i Volda er leiar for samarbeidsorganet.

Organisering og stillingar

PPT er organisert med leiar, nestleiar, 3 teamkoordinatorar, administrativ konsulent, rådgjevarar og merkantil. Tenesta er inndelt i tre team, førskuleteam, barneskuleteam, team for ungdomsskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring. PPT har til saman 18,55 stillingar, der 2,5 stillingar går til Fylkeskommunen. I 2022 hadde PPT til saman 78 einingar å yte teneste til. Fylket med dei vidaregåande skulane (VGO) har si eiga årsmelding.

Fordeling etter elev- og barnetal

Ressursane er fordelt på elev - og barnetal (GSI i 2022/2023) frå dei fire kommunane. Dette kjem fram i tabell 1. Det som er angitt i % er ressursfordeling per kommune.

Tabell 1

Elevtal frå GSI (skule og barnehage)

Henta frå GSI år 2022/2023

	Barnehage	Grunnskule	Barnehage- grunnskule	%
Ulstein	492	1068	1560	24,75 %
Hareid	279	668	947	15,03 %
Ørsta	614	1376	1990	31,58 %
Volda	580	1225	1805	28,64 %
Totalt	1965	4337	6302	100 %

Tabell 2

Kostnadar for interkommunalt PPT i 2022 kjem fram i tabell 2. Tabellen syner og korleis kostnadane vert fordelt mellom dei fire samarbeidskommunane.

Kostnader interkommunalt PPT 2022

Løn	16 431 820
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	928 982
Husleige/vask av lokale	1 192 420
Refusjonar(sjukeløn/fødselspengar/OU-midlar/tilskot)	-1 187 344
Total løns- og driftskostnader	17 365 878
Administrasjonskostnad	50 000
Total kostnad	17 415 878
 Grunnlag for fordeling til fylkeskommune	 17 415 878
Fordelt til fylkeskommune (2,5 stilling av 18,55 årsverk)	-2 278 454
 Grunnlag for fordeling av kostnadane mellom kommunane	 15 137 424

Kostnad 2022 fordelt på deltakarkommunane

Ulstein (24,75%)	3 746 512,44
Hareid (15,03%)	2 275 154,83
Ørsta (31,58%)	4 780 398,50
Volda (28,64%)	4 335 358,23

Mål for PPT og oppvekstsektoren

Det er eit mål at PPT til ein kvar tid skal arbeide etter gjeldande lover og forskrifter. Ein må og sikre at ein held tritt og arbeider etter politiske føringar, korleis dette skal utøvast i praksis må skje i nært samarbeid med leiinga i dei fire samarbeidskommunane.

Etter lova skal PPT bistå skule og barnehage med fylgjande:

1. Kompetanseheving – dette er eit avgrensa og konkret arbeid. Kompetanseheving kan t.d vere lesekurs eller kompetanseheving rundt tilpassa opplæring for elevar med ADHD.
2. Organisasjonsutvikling – er eit endringsarbeid, som gjerne går over fleire år og som krev initierings -, implementerings - og vidareføringsfase. Dette arbeidet omfatta kunnskap og kompetanseheving til fleire eller alle i ein organisasjon eller i ei kommune.
3. Sakkunnig vurdering – PPT har 25 ulike paragrafer i lova som dei skal skrive sakkunnige vurderingar på. I tillegg til dette skriv PPT sakkunnige uttalar t.d i samband med dysleksi. Den største delen av arbeidet når det gjeld sakkunnig vurdering er § 5-1 i Opplæringslova Spesialundervisning og § 31 i Barnehagelova som omhandlar spesialpedagogisk hjelp. Spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp vert tilrådd der eleven/ barnet ikkje har tilfredstillande utbytte av det ordinære, inkluderande, tilpassa og likeverdige tilbodet.

Dei seinare åra har PPT sett ein aukande etterspørsel etter å skrive sakkunnig vurdering etter § 2-1 fjerde ledd i opplæringslova, heilt eller delvis fritak for opplæringsplikta.

Det er eit mål at oppvekstsektoren skal arbeide meir med langsiktig, felles utviklings - og endringsarbeid i tråd med overordna føringar og behov som er tilpassa den enkelte kommune eller eining. Målet i barnehage - og skulesektoren er å styrke det ordinære tilpassa, likeverdige og inkluderande tilbodet for heile mangfaldet. Det å sjå menneske som subjekt, ha fokus på ressurs - og mestringsperspektivet, løfte fram sterke sider og utviklingsmuligheitene til både organisasjon og det enkelte menneske er viktig med tanke på å utvikle menneske sin eigen verdi, sjølvverd og som likeverdig medborgar. Overordna føringar peikar og på at PPT i enno større grad skal bistå barnehagar og skular med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Barnekonvensjonen og barnet/eleven sitt beste står sentralt i alt vi gjer.

Leveranse av PP - teneste

Årsmelding 2022

Dei øvrige tabellane i årsmeldinga syner ei oversikt over søknad om bistand som kjem på bistandsskjema til PPT frå skule og barnehage/ heim. I tillegg peikar meldinga på status og tiltak som er sett i verk for å nå mål for arbeidet.

Tabell 3 og 4 syner:

Personsaker som er arbeid med sakkunnig vurdering/ uttale – aktive personsaker, nye saker, saker utan sakshandsamar, tal på utarbeida sakkunnige vurderingar og tal på avslutta saker fordelt på kommune.

Kompetanseheving/ organisasjonsutvikling syner tal på tiltaksmøte, aktive systemsaker, kompetanseheving, organisasjonsutvikling, avslutta saker og nye systemsaker.

Tabell 3 syner tal frå 2019, 2020, 2021 og 2022. Ein tar med dei føregåande åra for å samanlikne tala, slik at ein kan sjå endringar og utvikling siste åra.

Tabell 4 syner personsaker fordelt på kommune.

		Ulstein				Hareid				Volda				Ørsta				Totalt 2019	Totalt 2020	Total 2021	Total 2022
		2019	2020	2021	2022	2019	2020	2021	2022	2019	2020	2021	2022	2019	2020	2021	2022				
Personsaker	Aktive personsaker pr. 31.12	95	45	40	50	60	35	23	36	97	61	57	63	73	49	51	88	325	190	171	237
	Nye saker	32	25	61	77	16	21	37	56	44	44	81	95	42	43	93	124	134	133	272	352
	Saker u/sakshands.pr. 31.12	4	0	0	1	2	0	5	2	7	0	5	7	2	0	1	7	15	0	11	17
	Sakkunnig vurdering	90	50	52	42	32	33	26	35	82	72	73	47	81	59	94	77	285	214	245	201
	Avslutta saker	107	74	68	64	58	47	44	40	74	75	89	84	105	62	104	81	344	258	305	269
Komp.heving/ Organisasjonsutv.	Tiltaksmøte	18	32	35	51	14	19	30	31	17	48	39	45	30	60	75	99	79	159	179	226
	Aktive systemsaker pr. 31.12	9	11	13	11	3	13	14	11	2	26	33	29	3	7	9	10	17	57	69	61
	Kompetanseheving	1	3	6	7	1	12	11	9	1	26	32	28	3	7	7	8	6	48	56	52
	Org. utvikling	7	8	7	4	2	1	3	2	1	0	1	1	0	0	2	2	10	9	13	9
	Avslutta systemsaker	2	3	12	9	2	3	11	7	1	4	11	12	2	13	24	6	7	23	58	34
	Nye systemsaker	12	3	9	5	4	14	12	3	0	28	33	5	3	12	11	5	19	57	65	18
Obs: Uttale av logos kartlegging 72, adm.saker 37																					
Tiltaksmøte 7 Møre- Herøy																					

Tabell 3


Det som er spesielt viktig å merke seg at her er den kraftige auken når det gjeld talet på nye personsaker, i alle fire kommunane. I tillegg til dette har og aktive systemsaker auka noko i kommunane.

Når det gjeld talet på utarbeidde sakkunnige vurderingar, er det ein nedgang frå 2021 i Ulstein frå 52 til 42 til 2022. I Hareid har det vore ei auke frå 26 til 35. I Volda har det vore nedgang 73 til 47 og i Ørsta har det vore nedgang frå 94 til 77. Nedgangen i systemsaker, kan handle om at skular og barnehagar etterspør mindre hjelp på kompetanseheving og organisasjonsutvikling enn tidlegare. Noko som ikkje er i tråd med målsettingane/retninga for i PPT. Vi må framleis jobbe med betre forståing og kunnskap om PPT sitt mandat.

Tiltaksmøta er i stor grad på individnivå, det må vere ei framtidig målsetting å endre tiltaksmøta meir over på organisasjonsnivået. Årsakene til auken i saker er samansett, slik vi ser det så heng det saman med samfunnsutviklinga, økonomi, meir utfordringar med stress, psykiske lidingar hjå barn unge og familiar. I tillegg til dette ser vi ringverknader for skular, barnehagar og hjelpeapparatet etter korona. Det vert viktig å analysere årsaka til denne sterke auken som omhandlar søknad om bistand, samt avklare forventningar mellom kva rolle og ansvar som skal gjelde mellom skule, barnehage og PPT. Dette er ei viktig oppgåve for leiinga i kommunane, samt det å vidareutvikle kommunen sitt forsvarlege system § 13-10 i Opplæringslova.

Den sterke auken i talet på saker, og diverre mange sjukmeldingar, har bidrege til at PPT ikkje har greidd å halde seg innafor fristane når det gjeld å utarbeide sakkunnige vurderingar mot slutten av året. PPT hadde 31.12.22 ca. 80 nye saker som ikkje var påbegynt. Vi ser også at dette førte til at det blei utfordrande å få kapasitet til å arbeide godt nok med systemsakene. Det vert viktig å sjå på prioritering av PPT sine oppgåver opp i mot ressursane PPT har til disposisjon. Målet er meir arbeid med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Kompetanseheving som PPT har bistått einingane med er mellom anna langvarige og komplekse mobbesaker, høgt fråvær, systemperspektivet, tankevirus, klasseleiing/ relasjonsleiing, Ross Greene – PGS, lesekurs, kurs i ADHD og tilpassa opplæring, korleis lukkast med fasane i endringsarbeid, ASK – alternativ og supplerande kommunikasjon. I tillegg syner det og kompetanseheving på det autoritative perspektiv, sjå menneske som subjekt/ aktør og verdisyn.

Tabell 4



Tiltak i denne perioden for å nå mål i arbeidet

Målet for PPT er å arbeide i tråd med lovkrava og kvalitetskriteria for PPT. Vi har hatt spesielt fokus på å arbeide med tiltak både internt i PPT og saman med leiarnivået i dei fire kommunane for å vidareutvikle gode system og kvalitet i arbeidet. Når det gjeld internt arbeid, så har PPT hatt stort fokus på fylgjande tiltak:

- **Sakshandsamingstid** – Hovudregelen er å levere sakkunnig vurdering innan ca 3. mnd. Vi har hatt stort fokus på å lage rutinar i alle fasane i arbeid med sakkunnig vurdering, frå vi får inn søknad og dokumentasjon frå einingane, sjølv utgreiingsfasen og avsluttings – og vidareføringsfasen. PPT har hatt stort fokus på å effektivisere sakshandsaminga, med kvalitet i alle ledd.

- **Mal for sakkunnig vurdering med rettleiar** – PPT har laga ny mal for grunnskule som er heilt oppdatert etter lova. Vi har lagt stor vekt på eleven og føresette sin medverknad. Vi har og hatt stort fokus på realistiske mål, samt kva muligheiter skulen har for å gi tilfredstillande, likeverdig og opplæring i det ordinære tilbodet. Rettleiaren som ligg ved malen skal hjelpe rådgjevarane i å utforme innhaldet i sakkunnig vurdering.
- **Tiltaksmøte** – FFlytskjema som er ein del av kommunen sitt forsvarlege system etter § 13 – 10 i Opplæringslova, vert nytta i alle tiltaksmøte. PPT vil vidareutvikle kvaliteten på tiltaksmøta saman med einingane. Alle skal vere godt budde til møte, med mellom anna å gjere grundig forarbeid. Målet er og å heve kvaliteten i det ordinære tilbodet, avklare lovverk, ansvar, roller og forventningar mellom barnehage, skule og PPT. Tiltaksmøte er enkelt å få i stand ved at barnehage eller skule tek direkte kontakt med teamkoordinator på det aktuelle teamet i PPT. Flytskjema har medført meir bevisstheit om kva lova krev i det ordinære tilbodet. Gjennom samarbeid, tiltak og god dialog har mange saker enda i at skulen eller barnehagen finn løysingar i det Side 6 ordinære tilbodet. PPT ser at einingane etter kvart fokuserer på systemet rundt eit individ i større grad. Einingane ber no om noko meir bistand på kompetanseheving og organisasjonsutvikling.
- **Kompetanseløft** – PPT har vore med i kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Ei ordning i regi av Udir. Skule, barnehage og PPT i Hareid og Volda har vore igjennom ei kartlegging av kompetanse. Formålet er å kartlegge kommunen sin samla kompetanse. Resultat frå undersøkinga skal brukast til å få innsikt i kompetansebehov, slik at ein kan sikre at kommunar har nødvendig kompetanse og tverrfagleg samarbeid i «laget rundt barna» til raskt å kunne gi eit inkluderande læringsmiljø og dekke behovet for særskilt tilrettelegging hjå barn og unge. Kartlegging av behov og kompetanseutvikling er basert på samarbeid mellom aktørane i «laget rundt barna/elevane» og universitet- og høgskulesektoren. Resultata frå kartlegginga vil og danne grunnlag for forskning, slik at det i neste omgang kan brukast i lærarutdanningane. Kompetanseområde som kom fram hjå PPT var mellom anna meir kunnskap og kompetanse på organisasjonsutvikling, samt det å drive utviklingsarbeid, ASK, språk og kommunikasjon, innagerande åtferd, inkludering og relasjonsleiing. Dette skal PPT bruke som utgangspunkt for strategiplan internt på PPT, samt å vidareutvikle kommunen sitt forsvarlege system etter §13-10 i opplæringslova

Det å ha gode tiltaksmøte, effektiv sakshandsaming, utarbeide plan og avklare/avslutte sakkunnig vurdering er og viktig med tanke på å kome i posisjon til å arbeide meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Andre viktige tiltak for å nå mål for arbeidet er at PPT deltek på kompetanseheving, organisasjonsutvikling og samarbeidsarenaer utanom det som kjem fram i statistikken. Dette er møte eller samarbeidsfora som PPT deltek i ved dei ulike kommunane på ulike nivå i oppvekstsektoren. Desse fora er viktige for mellom anna å få til tilpassa opplæring, inkludering, samarbeid, felles forståing av lovverk, roller og ansvarsfordeling, meir felles forståing av systemperspektivet og vaksenrolla, haldningsendring og fylgje overordna føringar for å nå målsettingane for arbeidet i oppvekstsektoren. Felles for alle kommunane er mellom anna møte i samarbeidsorganet, eigarmøte og møte med politikarane.

Her er ei oversikt på faste samarbeidsarena PPT deltek på i dei ulike kommunane. Det er viktig å merke seg at PPT har varierende deltaking i desse viktige samarbeidsfora. Rektormøte og styrarmøte er avgjerande for PPT å delta i for å kunne utvikle gode system og arbeidsmåtar til det beste for barn og unge. Det same gjeld for PPT si deltaking i ulike utviklingsarbeid som går føre seg på overordna nivå i samarbeidskommunane. Desse samarbeidsarena har gjort til at det vert etablert meir felles forståing for kva som er administrasjonen, barnehage, skule og PPT sine ulike roller og lovpålagde oppgåver.

Ulstein:

- Tverrfaglege samhandlingsmøte på overordna nivå
- Rektormøte og styrarmøte
- Arbeidsmøte
- Fast møte med vaksenopplæringa

Hareid:

- Tverrfaglege samhandlingsmøte på overordna nivå
- Rektormøte og styrarmøte
- Tverrfagleg samarbeid i alle skular og barnehagar
- Kompetanseløftet i regi av Udir
- Fast møte med vaksenopplæringa

Volda:

- Rektormøte og styrarmøte
- Ressursteam
- Fast møte med vaksenopplæringa
- Tverrfagleg samhandlingsgruppe (TSG) i alle skular og barnehagar

Hausten 2021 gjennomførte Volda kommune ei brukarundersøking av PPT. Etter at undersøkinga var gjennomført blei Ulstein kommune bedde om å gi svar til Volda kommune på fleire område. Alle samarbeidskommunane fekk høve til å kome med sine kommentarar og innspel på det foreløpige svaret, som Ulstein kommune hadde utarbeidd til Volda kommune. Ulstein kommune tok så stilling til i kva grad dei tok innspela frå samarbeidsorganet med i det endelege svaret til Volda kommune. Saka vart vidare tatt opp i kommunestyret i Volda den 17/2 – 22. Kommunalsjef for oppvekst Gry Nordal og leiar for PPT Ingrid Evebø Haug var inviterte til møte for å orientere om PPT, samt svare på spørsmål.

Ørsta:

- Tverrfaglege samhandlingsmøte på overordna nivå
- Rektormøte
- Fast møte med vaksenopplæringa

Konklusjon og vegen vidare

Det å lage forsvarlege system i kommunane etter § 13-10 i opplæringslova er tidkrevjande. Endring tar tid, ein ser større grad av felles forståing av PPT sitt mandat, spesielt på leiarnivå.

Statistikken viser at det er ein sterk auke i søknad om bistand frå PPT på personsaker/ sakkunnig vurdering. Det er og ein svak auke i søknad om bistand som handlar om kompetanseheving og organisasjonsutvikling. PPT har totalt 352 nye personsaker i 2022 mot 261 i 2021.

Når det gjeld saker som omhandlar kompetanseheving og organisasjonsutvikling syner statistikken noko auke. Det er verd å merke seg at 226 av desse sakene er tiltaksmøte, dei resterande omhandlar anna type kompetanseheving og organisasjonsutvikling. Det er og verd å merke seg at vi no er med på rektormøte i samarbeidskommunane, dette er systemsaker som ikkje er tekne med i statistikken. Når det gjeld styrarmøte er vi fast med i Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda.

Tiltak som PPT har sett i verk med å fylgje lova og kvalitetskriteria for PPT, har ført til ein tydelegare praksis som til dømes rolleavklaring, avklare ansvarsområde, tiltaksmøte, sakshandsamingstid og avslutting av saker. Dette har gjort til at PPT og oppvekstsektoren er meir i posisjon til å nå måla for

arbeidet. PPT er blitt tydelegare og meir fagleg kompetent. PPT er og meir tilgjengeleg og medverkar til heilskap og samanheng. PPT kjem tidlegare inn Side 8 og arbeidar meir førebyggjande, noko som er i tråd med kvalitetskriteria for PPT. Det er tydelegare forventningar, klarare rollefordeling og saksgang, frå tiltaksmøte, søknad om bistand, utarbeiding av utgreiingsplan og avslutting av personsak. Generelt skal dette føre til at barn og elevar får tidlegare hjelp. Når det likevel har vore ei opphoping av saker i den seinare tid, så vert dette rekna som ein situasjonsbestemt og forbigåande kneik som mellom anna har sin bakgrunn i opphopning etter korona, samt mange sjukmeldingar i PPT. Vi ser ein ende på den spesielle situasjonen.

Når det gjeld andre tiltak og arena for samarbeid vil det vere viktig for PPT å framleis delta i kommunane sine overordna satsingar og utviklingsarbeid. Dette er avgjerande for å nå målsettingar for arbeidet rundt barn og unge. Målet er å inkludere mangfaldet av barn og elevar i fellesskapen. Det å utøve og finne eleven sine styrkar, mogelegheiter og behov står sentralt saman med Barnekonvensjonen. Målet er å styrke det allmennpedagogiske tilbodet slik at fleire elevar og barn får utbyte av opplæringa utan spesialpedagogiske tiltak. Det å snu fokus frå vanske med individ og over på kompetanseheving eller organisasjonsutvikling til dei tilsette i ein organisasjon vil ta tid. Dette føreset fagleg kompetanse, kunnskap om lovverk, tydelege og realistiske forventningar til PPT, barnehagane og skulane sitt arbeid og rolleavklaring mellom overordna nivå barnehage/skulen og PPT. Dette vil krevje kulturendring, haldningsendring, kunnskap og kompetanse på fleire nivå hjå alle samarbeidspartar.

Skal ein nå måla, så må ein samarbeide på fleire nivå, arbeide langsiktig og strategisk med utvikling og tiltak må prøvast ut over tid. På denne måten kan vi saman kome i enno betre posisjon i skule og barnehage til å arbeide meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

Ulsteinvik 10.03.23

Konstituert leiar for Interkommunalt PPT

Randi Lyngbø Ottesen

Årsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. Rev. bud. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Rammetilskot	-412 181	-397 607	-420 733	-430 616	9 883	2,3 %
Inntekt- og formuesskatt	-294 601	-299 899	-306 716	-309 852	3 136	1,0 %
Eigedomsskatt	-21 715	-28 044	-28 044	-27 424	-620	-2,2 %
Andre generelle driftsinntekter	-33 911	-41 437	-69 977	-71 866	1 889	2,7 %
Sum generelle driftsinntekter	-762 407	-766 986	-825 470	-839 758	14 288	1,7 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto	685 398	697 424	744 326	735 860	8 466	1,1 %
Avskrivningar	64 338	54 691	71 338	69 953	1 385	1,9 %

Årsmelding 2022

	Rekneskap 2021	Opph. Rev. bud. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum netto driftsutgifter	749 736	752 115	815 664	805 813	9 851	1,2 %
Brutto driftsresultat	-12 671	-14 872	-9 806	-33 945	24 139	246,2 %
Renteinntekter	-2 877	-7 671	-11 033	-8 065	-2 968	-26,9 %
Utbytte	-7 149	-7 110	-7 110	-6 963	-147	-2,1 %
Gevinster og tap på finansielle omløpsmiddel	-6 942	-7 300	2 500	1 891	609	24,4 %
Renteutgifter	21 732	35 685	41 029	36 850	4 179	10,2 %
Avdrag på lån	51 313	58 761	55 557	58 588	-3 032	-5,5 %
Netto finansutgifter	56 076	72 366	80 943	82 302	-1 359	-1,7 %
Motpost avskrivningar	-64 338	-53 851	-70 498	-69 953	-545	-0,8 %
Netto driftsresultat	-20 933	3 643	640	-21 596	22 236	3476,4 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	850	662	188	22,2 %
Avsetninger til bundne driftsfond	19 883	774	6 633	19 814	-13 180	-198,7 %
Bruk av bundne driftsfond	-17 531	-54	-14 395	-21 355	6 960	48,3 %
Avsetninger til disposisjonsfond	27 732	0	13 656	22 476	-8 819	-64,6 %
Bruk av disposisjonsfond	-9 152	-4 363	-7 385	0	-7 385	-100,0 %
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	20 933	-3 643	-640	21 596	-22 236	-3476,5 %
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. bud. 2022	Rev. bud. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Administrasjonsstab	37 858	30 942	36 475	43 044	-6 569	-18,0 %
Oppvekst	279 498	290 143	313 776	309 161	4 615	1,5 %
Samfunnsutvikling	100 904	74 567	84 056	78 992	5 064	6,0 %
Helse og Omsorg	292 018	292 845	331 042	330 042	1 000	0,3 %

Årsmelding 2022

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Personal	12 045	13 648	14 638	12 381	2 257	15,4 %
Økonomi	-31 632	2 068	-29 776	-30 183	407	1,4 %
Kommunestyret	2 130	0	0	130	-130	0,0 %
Sum løyvingar drift, netto	692 820	704 213	750 211	743 567	6 644	0,9 %

Av dette:

Avskrivninger	64 338	54 691	71 338	69 953	1 385	1,9 %
Motpost avskrivninger	-64 338	-53 851	-70 498	-69 953	-545	-0,8 %
Netto renteutgifter og -inntekter	3 925	5 229	5 227	6 917	-1 689	-32,3 %
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	
Avsetninger til bundne driftsfond	12 785	774	774	13 158	-12 384	-1600,2 %
Bruk av bundne driftsfond	-9 288	-54	-957	-12 368	11 411	1192,4 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto	685 398	697 424	744 326	735 860	8 466	1,1 %

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Investeringar i varige driftsmidler	187 115	449 322	295 970	254 461	41 508	14,0 %
Tilskot til andre sine investeringar	1 519	0	0	197	-197	
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 180	0	50	2 136	-2 086	0,0 %
Utlån av eigne midlar	6 752	0	2 086	0	2 086	100,0 %
Avdrag på lån	4 649	0	0	0	0	
Sum investeringsutgifter	202 214	449 322	298 106	256 794	41 311	13,9 %

Kompensasjon for meirverdiavgift	-23 885	-74 153	-49 388	-39 238	-10 150	-20,6 %
Tilskot frå andre	-15 811	-450	-3 959	-8 233	4 273	107,9 %
Sal av varige driftmiddel	-33 832	0	0	-5 699	5 699	
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	-190	190	
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	-53	0	0	-53	53	
Bruk av lån	-145 252	-394 719	-262 122	-214 234	-47 889	-18,3 %
Sum investeringsinntekter	-218 833	-469 322	-315 470	-267 646	-47 824	-15,2 %

Vidareutlån	13 149	20 000	20 000	8 818	11 182	55,9 %
Bruk av lån til vidareutlån	0	0	0	0	0	
Avdrag på lån til vidareutlån	0	0	0	4 615	-4 615	
Mottatte avdrag på	-9 507	0	0	-8 180	8 180	

Årsmelding 2022

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
vidareutlån						
Netto utgifter vidareutlån	3 641	20 000	20 000	5 252	14 748	73,7 %
Overføring frå drift	0	0	-550	-662	112	20,3 %
Avsettingar til bundne investeringsfond	6 532	0	0	5 352	-5 352	
Bruk av bundne investeringsfond	-2 428	0	0	-1 786	1 786	
Avsetningar til ubunde investeringsfond	8 872	0	0	4 831	-4 831	
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	-2 086	-2 136	50	2,4 %
Dekning av tidlegare års udekket beløp	0	0	0	0	0	
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	12 976	0	-2 636	5 599	-8 235	-312,4 %
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	-2	0	0	0	0	

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
IKT investeringar	0	4 410	5 025	3 634	1 391	27,7 %
Volda kommune						
IKT investeringar	0	5 678	5 930	1 711	4 219	71,1 %
Oppvekst						
Bilar Oppvekst	0	0	500	549	-49	0,0 %
Grunn og næringsutvikling	0	14 001	16 250	11 852	4 398	27,1 %
Flaumsikring	0	0	0	5 742	-5 742	
Elbilar og kommunal infrastruktur	0	11 000	11 444	6 466	4 979	43,5 %
Bustadfelt under utbygging	0	15 035	1 163	845	317	27,3 %
Bustadfelt - Garanti og sal	0	625	625	220	405	64,8 %
Ny ungdomsskule	0	112 083	105 041	112 603	-7 562	-7,2 %
Svømmehall	0	100 000	15 359	11 425	3 934	25,6 %
Utbygging kommunale vegar	0	52 858	25 411	25 669	-258	-1,0 %
Garantiansvar	0	1 250	1 250	310	940	75,2 %
Oppgradering kommunale bygg	0	35 456	28 540	22 795	5 744	20,1 %
Maskin og utstyr	0	2 004	2 004	1 762	241	12,0 %
eigedom						
Brannstasjon	0	0	1 735	1 477	259	14,9 %

Årsmelding 2022

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Hornindal						
Sentrum og friluftstiltak	0	14 260	23 517	13 729	9 788	41,6 %
Maskin og utstyr	0	400	400	359	41	0,0 %
Utvikling						
Maskin, bilar og utstyr brann	0	1	1 512	0	1 512	100,0 %
Kommunale vegar	0	4 255	4 255	2 502	1 753	41,2 %
Trafikktrygging	0	3 000	3 500	783	2 717	77,6 %
Maskin, bilar og utstyr Veg og Park	0	5 481	6 478	3 648	2 831	43,7 %
Vassverk	0	10 400	2 200	2 060	140	6,4 %
Ledningsprosjekt	0	9 000	1 597	871	725	45,4 %
Utbyggingsavtaler	0	7 460	1 142	55	1 087	95,2 %
Maskin, bil og div.utstyr for vatn og avløp	0	940	940	603	337	35,8 %
Nytt vassverk HB2	0	17 000	15 859	15 561	298	1,9 %
Avløpsanlegg	0	20 000	11 567	5 692	5 875	50,8 %
Velferdsteknologi og IKT Helse og omsorg	0	1 500	1 500	550	950	63,3 %
Inventar, bilar og utstyr Helse og omsorg	0	625	625	499	126	20,2 %
Helseplattforma	0	600	600	489	111	18,6 %
Investeringar i varige driftsmidar	0	449 322	295 970	254 461	41 508	14,0 %

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Håmyra bustadfelt - overtaking 1	0	0	0	197	-197	0,0 %
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	197	-197	0,0 %

3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Egenkapitaltilskot KLP	0	0	0	2 086	-2 086	0,0 %
Kjøp og sal av aksjar	0	0	50	50	0	0,0 %
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	0	50	2 136	-2 086	-4171,5 %

4. Utlån

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Egenkapitaltilskot KLP	0	0	2 086	0	2 086	100,0 %
Utlån av egne midlar	0	0	2 086	0	2 086	100,0 %
Sum del 1-4	0	449 322	298 106	256 794	41 311	13,9 %

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Rammetilskot	-412 181	-397 607	-420 738	-430 616	9 878	2,3 %
Skatt på inntekt og formue	-294 601	-299 899	-306 716	-309 852	3 136	1,0 %
Eigedomsskatt	-21 715	-28 044	-28 044	-27 424	-620	-2,2 %
Andre skatteinntekter	-2 618	-1 050	-3 688	-6 738	3 051	82,7 %
Andre overføringer og tilskot frå staten	-31 293	-40 387	-66 290	-65 128	-1 162	-1,8 %
Overføringer og tilskot frå andre	-252 938	-159 580	-244 212	-245 683	1 471	0,6 %
Brukarbetalingar	-36 515	-37 525	-36 154	-37 519	1 364	3,8 %
Sals- og leigeinntekter	-70 653	-77 551	-78 100	-82 415	4 314	5,5 %
Sum driftsinntekter	-1 122 512	-1 041 643	-1 183 942	-1 205 375	21 433	1,8 %
Utgifter til løn	592 923	566 393	642 948	621 649	21 299	3,3 %
Sosiale utgifter	139 003	146 275	153 565	149 857	3 707	2,4 %
Kjøp av varer og tenester	230 374	232 588	250 836	275 388	-24 551	-9,8 %
Overføringer og tilskot til andre	83 204	26 824	55 449	54 583	866	1,6 %
Avskrivningar	64 338	54 691	71 338	69 953	1 385	1,9 %
Sum driftsutgifter	1 109 841	1 026 771	1 174 136	1 171 430	2 706	0,2 %
Brutto driftsresultat	-12 671	-14 872	-9 806	-33 945	24 139	246,2 %
Renteinntekter	-2 877	-7 671	-11 033	-8 065	-2 968	-26,9 %
Utbytte	-7 149	-7 110	-7 110	-6 963	-147	-2,1 %
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-6 942	-7 300	2 500	1 891	609	24,4 %
Renteutgifter	21 732	35 685	41 029	36 850	4 179	10,2 %
Avdrag på lån	51 313	58 761	55 557	58 588	-3 032	-5,5 %
Netto finansutgifter	56 076	72 366	80 943	82 302	-1 359	-1,7 %

Årsmelding 2022

	Rekneskap 2021	Opph. Rev. bud. bud. 2022	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Motpost avskrivningar	-64 338	-53 851	-70 498	-69 953	-545	-0,8 %
Netto driftsresultat	-20 933	3 643	640	-21 596	22 236	3476,4 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	0	0	850	662	188	22,2 %
Avsettingar til bundne driftsfond	19 883	774	6 633	19 814	-13 180	-198,7 %
Bruk av bundne driftsfond	-17 531	-54	-14 395	-21 355	6 960	48,3 %
Avsettingar til disposisjonsfond	27 732	0	13 656	22 476	-8 819	-64,6 %
Bruk av disposisjonsfond	-9 152	-4 363	-7 385	0	-7 385	-100,0 %
Sum	20 933	-3 643	-640	21 596	-22 236	-3476,5 %
Disponeringar eller dekning av netto driftsresultat						
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	

§ 5-8 Balanserekneskap

§ 5-8. Balanseregnskapet			
Tall i 1 kroner	Note	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler:			
Faste eiendommer og anlegg	4	1 962 617 317	1 785 578 541
Utstyr, maskiner og transportmidler	4	236 900 606	234 933 043
Finansielle anleggsmidler			

Årsmelding 2022

Aksjer og andeler (eiendeler)	5	170 740 573	168 804 844
Obligasjoner (eiendeler)			
Utlån	6	82 924 457	82 295 938
Immaterielle eiendeler		0	0
Pensjonsmidler	11	1 206 702 967	1 124 284 617
Sum anleggsmidler	2	3 659 885 920	3 395 896 983
Omløpsmidler			
Bankinnskudd og kontanter		243 142 115	186 918 177
Finansielle omløpsmidlar:			
Aksjer og andeler (omløpsmidler)	7	140 135 467	71 655 472
Obligasjoner (omløpsmidler)	7	54 126 160	54 558 952
Sertifikater			0
Derivater (omløpsmidler)			0
Kortsiktige fordringer			
Kundefordringer		57 687 093	8 243 026
Andre kortsiktige fordringer		18 935 666	71 783 918
Premieavvik (kortsiktige fordringer)		90 793 475	81 739 016
Sum omløpsmidler	1	604 819 975	474 898 561
Sum eiendeler		4 264 705 895	3 870 795 544
EGENKAPITAL OG GJELD			
<i>Egenkapital</i>			

Årsmelding 2022

Egenkapital drift			
Disposisjonsfond		-96 143 717	-73 668 091
Bundne driftsfond	13	-54 599 532	-56 140 555
Merforbruk i driftsregnskapet			0
Egenkapital investering			
Ubundet investeringsfond		-78 487 565	-75 792 418
Bundne investeringsfond	13	-26 394 819	-22 828 999
Udekket beløp i investeringsregnskapet			0
Annen egenkapital			
Kapitalkonto	2	-766 496 721	-743 005 059
Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift		-645 008	-645 008
Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering			0
Sum egenkapital		-1 022 767 361	-972 080 130
Langsiktig gjeld			
Lån			
Gjeld til kredittinstitusjoner	9	-991 845 944	-645 041 546
Obligasjonslån	9	-600 315 196	-595 315 196
Sertifikatlån	9	-223 691 380	-391 210 298
Pensjonsforpliktelse	11	-1 204 659 613	-1 117 681 380
Sum langsiktig gjeld	2	-3 020 512 133	-2 749 248 420
Kortsiktig gjeld			

Årsmelding 2022

Leverandørgjeld		-99 326 552	-28 650 761
Likviditetslån			0
Derivater (kortsiktig gjeld)			0
Annen kortsiktig gjeld		-118 793 698	-116 743 723
Premieavvik (kortsiktige gjeld)		-3 306 152	-4 072 510
Sum kortsiktig gjeld	1	-221 426 402	-149 466 994
Sum egenkapital og gjeld		-4 264 705 895	-3 870 795 544
MEMORIAKONTI			
Ubrukte lånemidler	1,2	124 893 371	94 126 941
Andre memoriakonti		69 736 807	71 470 756
Motkonto for memoriakontiene		-194 630 178	-165 597 697
Sum memoriakonti		0	0
Sum balanse		0	0

§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar

§ 5-9. Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar				
Driftsrekneskap				
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2022 etter strykningar	Rekneskap 2022 før strykningar	Revidert budsjett 2022	Opphavleg budsjett 2022
Netto driftsresultat	-21 596	-21 596	640	3 643

Årsmelding 2022

Overføring til investering	662	662	850	0
Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	-1 541	-1 541	-7 762	720
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne fond	22 476	22 476	6 272	-4 363
Sum budsjett Disposisjonar	21 596	21 596	-640	-3 643
Årets budsjettavvik	0	0	0	0

§ 5-9. Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar				
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2022 etter strykningar	Rekneskap 2022 før strykningar	Revidert budsjett 2022	Opphavleg budsjett 2022
Investeringsrekneskap				
Sum inntekt og utgift eksklusive lån	208 634	208 634	264 758	390 334
Avsetning til bundne investeringsfond	5 352	5 352	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-1 786	-1 786	0	0
Bruk av lån	-214 234	-214 234	-262 122	-390 334
Overføring frå drift	-662	-662	-550	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	4 831	4 831	0	0
Dekning av tidlegare års udekka	0	0	0	0
Årets budsjettavvik	0	0	0	0

Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar etter § 5-9 er nye obligatoriske oppstillingar for høvesvis drifts- og investeringsrekneskapen. Formålet er dels å synleggjere kva

beløpet på botnlinja i rekneskapen ville ha vore dersom eigenkapitaldisposisjonar vart gjennomførte i tråd med budsjetterte beløp og bruk av delegert mynde. Vidare skal oppstillingane vise kva årsavslutningsdisposisjonar som er blitt gjort.

§ 5-10 Faste noteopplysningar om arbeidskapitalen

§ 5-10. Faste noteopplysningar om arbeidskapitalen			
Endring av arbeidskapital basert på bevilgningsrekneskapet			
Tall i 1 kroner	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
Driftsrekneskapet:			
Inntekter driftsdel	-1 205 417 356	-1 120 015 741	-1 040 800 803
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar driftsdel	0	-17 429 422	-15 927 058
Utgifter driftsdel	1 101 477 039	1 021 534 326	960 236 254
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar driftsdel	0	73 421 606	74 848 215
Netto driftsresultat	-103 940 317	-42 489 230	-21 643 391
Investeringsrekneskapet:			
Inntekter investeringsdel	-53 155 753	-49 599 043	-53 725 642
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar investeringsdel	-240 094 280	-168 856 261	-188 669 190
Utgifter investeringsdel	254 658 676	188 635 988	209 507 741

Årsmelding 2022

Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar investeringsdel	115 337 481	26 729 096	17 608 155
Netto utgifter i investeringsrekneskapet	76 744 748	-3 090 221	-15 278 935
Sum anskaffelse/anvendelse av midlar	-27 195 569	-45 579 450	-36 922 326
Endring i ubrukte lånemidlar	30 766 430	67 430 271	-163 843 157
Endring rekneskapsprinsipp drift		0	0
Endring rekneskapsprinsipp investering		0	0
Endring i arbeidskapital (bevilgningsregnskapet)	-57 961 999	-113 009 721	126 920 831

Tall i 1 kroner	Endring 2022	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Endring 2021
Endring av arbeidskapital basert på balanserekneskapet				
OMLØPSMIDLAR				
Endring premieavvik	9 054 459	-72 684 557	81 739 016	31 955 469
Endring kortsiktige fordringar	-3 404 186	-83 431 130	80 026 944	15 452 452
Endring aksjar og	68 479 995	-3 175 477	71 655 472	-97 484 701

Årsmelding 2022

andelar				
Endring obligasjonar og sertifikat	-432 792	-54 991 744	54 558 952	54 558 952
Endring betalingsmidlar	56 223 938	-130 694 239	186 918 177	91 085 728
Sum endring omløpsmidlar	129 921 414	-344 977 147	474 898 561	95 567 901
KORTSIKTIG GJELD				
Endring premieavvik	0	0	-4 072 510	1 371 872
Endring kortsiktig gjeld	-71 959 407	74 435 078	-145 394 485	18 442 828
Sum endring kortsiktig gjeld	-71 959 407	73 435 078	-149 466 995	19 814 700
Endring i arbeidskapital (balanserekneskapet)	57 962 007	-271 542 069	325 431 567	115 382 601

§ 5-13 Notar til balansen, fond

§ 5-13. Notar til balansen, fond				
Tall i 1 kroner	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Justert budsjett 2022	Rekneskap 2021
DISPOSISJONSFOND				
Disposisjonsfond pr. 1.1	73 668 091	73 668 091	73 668 091	55 087 355
Avsett til disposisjonsfond	22 475 626	0	13 656 428	27 732 437
Bruk av disposisjonsfond	0	4 363 000	7 384 512	9 151 701
Disposisjonsfond pr	96 143 717	69 205 091	79 940 007	72 66 091

Årsmelding 2022

31.12				
UBUNDNE INVESTERINGSFOND				
Ubundne investeringsfond pr. 1.1	75 792 418	75 792 418	75 792 418	66 920 250
Avsett til ubundne investeringsfond	4 830 875	0	0	8 872 168
Bruk av ubundne investeringsfond	2 135 726	0	0	0
Ubundne investeringsfond pr.31.12	78 487 564	75 792 418	75 792 418	75 792 418
BUNDNE INVESTERINGSFOND				
Bundne investeringsfond pr. 1.1	22 828 999	22 828 999	22 828 999	19 844 630
Avsatt til bundne investeringsfond	5 351 732	0	0	6 531 876
Bruk av bundne investeringsfond	1 785 911	0	0	2 428 292
Overført til bundne driftsfond	0	0	0	1 119 215
Bundne investeringsfond pr. 31.12	26 394 820	22 828 999	22 828 999	22 828 999
BUNDNE DRIFTSFOND				
Bundne driftsfond pr. 1.1	56 140 555	56 140 555	56 140 555	52 669 566
Avsett til bundne driftsfond	19 813 741	773 897	6 633 401	19 883 211
Bruk av bundne driftsfond	21 354 764	54 185	14 394 926	17 531 438
Overført til bundne driftsfond	0	0	0	1 119 215

Bundne driftsfond pr. 31.12	54 599 532	56 860 267	48 379 030	56 140 554
--	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med kommuneloven, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Dei gjeldande rekneskapsprinsipp er fastsett i Kommunelovens §14-6, samt i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett og årsberetning kapittel 3.

Det heiter blant anna at all tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunens verksemd skal gå fram av drifts- eller investeringsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapen skal ikkje finne stad.

Vidare skal alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar rekneskapsføres brutto. Dette gjeld også for dei interne finansieringstransaksjonane. Det betyr at det ikkje skal gjerast frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftene, og inntektene skal ikkje stå fram med frådrag for eventuelle tilhøyrande utgifter.

Anordningsprinsippet inneber at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året skal takast med i årsrekneskapen for vedkommande år, anten dei er betalt eller ikkje når årsrekneskapen avsluttast. I den grad enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt ved tidspunktet for rekneskapsavslutning, skal man registrere eit estimert beløp i årsrekneskapen for vedkommande år.

Om storleiken på eit beløp er usikkert, brukes beste estimat.

For lån skal berre den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året førast i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, registrerast som memoriapost.

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp i 2008 og seinare skal førast direkte mot konto for prinsippendringar frå og med 2008.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost.

Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar vert vurdert til virkelig verdi.

Lån som er tatt opp etter kommuneloven [§ 14-15](#) første eller andre ledd, [§ 14-16](#), [§ 14-17](#) første ledd eller kirkeloven [§ 15](#) sjette ledd, klassifiseres i balanseregnskapet som langsiktig gjeld. Anna gjeld er kortsiktig gjeld.

Alle obligatoriske oversikter og informasjon frå eksterne parter (til dømes pensjonsleverandørar) er på bokmål.

Note 1 Endring i arbeidskapital

BALANSEN	31.12.2022	01.01.2022	Endring
Omløpsmidler	604 819 976	474 898 561	129 921 415
Kortsiktig gjeld	-221 426 403	-149 466 995	-71 959 408
Arbeidskapital	383 393 573	325 431 567	57 962 006
DRIFTS- OG INVESTERINGSREGNSKAPET (bevilgningsoversikter)			2022
Netto driftsresultat			21 596 123
Netto utgifter/inntekter i investering			5 599 445
Endring ubrukte lånemidler (økning +/reduksjon-)			30 766 430
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet			57 961 998
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering			8,27

Note 2 Kapitalkonto

BALANSEN	31.12.2022	01.01.2022	Endring
Anleggsmidler	3 659 885 920	3 395 896 983	263 988 937
Langsiktig gjeld	-3 020 512 133	-2 749 248 420	-271 263 713

Årsmelding 2022

Endring ubrukte lånemidler (auke +/reduksjon-)	124 893 371	94 126 941	30 766 430
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker anleggsmidler			
Endring i rekneskapsprinsipp som påvirker langsiktig gjeld			
Berekna kapitalkonto	764 267 158	740 775 504	23 491 654
Bokført kapitalkonto	-766 496 721	-743 005 059	-23 491 662
Avvik	-2 229 563	-2 229 555	-8

Det er eit avvik mot kapitalkonto på 2,2 mill. Dette avviket ser vi heilt tilbake til 2012. Kapitalkonto er korrekt avstemt:

Saldo kapitalkonto 1.1.2022	743 005 059
Økning av kapitalkonto (kreditposter):	
Aktivisering fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	254 417 176
Reversert nedskrivning eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	0
Kjøp av aksjer/andeler	2 135 729
Reversert nedskrivning aksjer/andeler	0
Utlån	8 817 981
Avdrag på eksterne lån	60 714 530
Endring pensjonsforpliktelser (reduksjon)	0
Endring pensjonsmidler SPK	
Endring pensjonsmidler KLP	89 629 601
Endring pensjonsmidler andre selskap	
Reversert oppskrivning utenlandslån	
Aktivert egenkapitalinnskudd KLP	

Oppskriving utlån, 259900503	900
Reduksjon av kapitalkonto (debetposter):	
Salg av fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	5 457 736
Avskrivning: Eiendom,anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	69 953 099
Nedskrivning: Eiendom,anlegg, utstyr, maskiner og transportmidler	0
Salg aksjer/andeler	190 256
Nedskrivning aksjer/andeler	9 744
Avdrag på utlån	8 190 365
Avskrivning på utlån	0
Bruk av lånemidler	214 233 570
Endring pensjonsforpliktelser (økning)	86 978 233
Endring pensjonsmidler SPK	7 211 251
Endring pensjonsmidler KLP	
Endring pensjonsmidler andre selskap	
Urealisert kurstap (oppskriving) utenlandslån	
Saldo kapitalkonto 31.12.2022	766 496 721

Note 3 Vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp

Det er ikkje gjort vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp i 2022.

Det er heller ikkje gjort vesentlege korrigeringar av tidlegare års feil.

Note 4 Anleggsmidlar

	Tomt	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år
Maks levetid		5 år	10 år	20 år	40 år	50 år

Avskrivningsplan	Ingen	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær
Bokført verdi 1.1	177 365 038	21 446 516	47 388 616	166 097 911	1 166 548 585	441 664 917
Tilgang	11 556 927	6 783 583	18 541 588	15 173 538	200 148 964	2 212 577
Avgang	5 457 736				23 929 600	
Avskrivninger		7 344 477	7 189 740	10 252 888	34 249 412	10 916 583
Nedskrivninger						
Reverserte nedskrivninger						
Bokført verdi 31.12	183 464 229	20 885 622	58 740 464	171 018 561	1 332 448 137	432 960 911

Spesifikasjon av vesentlige finansielle leigeavtaler

Ingen

Spesifikasjon av nedskrivninger

Ingen

Spesifikasjon av avgang

Ingen

Vurderingsreglane for balanseføring av verdier står i §3-4 i Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)

- 5 år: IKT-utstyr og programvare, kontormaskinar og liknande.
- 10 år: Inventar og innreiing, større utstyr, verkty og maskinar, kjøretøy og liknande.
- 15 år: Programvare
- 20 år: Brannbilar og andre større nyttekjøretøy, større anleggsmaskinar, båtar, ferjer og liknande.
- 40 år: Barnehagelokale, skolelokale, idrettshallar og idrettsanlegg, boligar og lokalar til bofellesskap, veger og parkeringsplassar, terminalbygningar, kaier og kaianlegg, forbrenningsanlegg, reinseanlegg, pumpestasjonar, høyegebasseng og leidningsnett og liknande.
- 50 år: Administrasjonslokalar, institusjonslokalar, kulturbygg, lagerbygg, brannstasjonar og liknande.
- Tomter vert ikkje avskrivne.

Note 5 Aksjar og andelar i selskap

Årsmelding 2022

SELSKAP	Verdi pr 31.12.22	Tal aksjar
Tussa Kraft AS (B-aksjar)	138 101 525	484
Folkestad Vassverk SA	7 500	
Furene Holding AS	31 500	126
Sunnmøre Kulturnæringshage AS	60 210	45
Dag og Tid AS	1 902	14
Volda Skisenter AS	209 000	2 090
Bygderadio Vest AS	25 823	104
LL Høydal Vassverk	6 000	3
AV-Senteret AS	50 000	50
LL Dalsbygd Vassverk (Dalsbygd Vatn og Kloakklag SA?)	12 720	2
LL Dalsbygd Vatn- og Kloakklag SA	160 000	17
Muritunet AS	40 000	40
Rovdefjordsambandet AS	25 000	5
Hareid fastlandssamband AS	45 806	85
Fefast AS	30 632	10
Voldsfjordkryssing AS	350 000	350
Hornindal skisenter AS	202 500	
IN Via AS	47 500	
Volda utvikling AS	30 000	30
Nordfjordbrua AS	25 000	25
Runde Forsking AS	100 000	30
Globalskolen AS	100 000	100
Eigenkapitalbevis i Sparebank1 Søre Sunnmøre	802 672	7 718
Eigenkapitalinnskott KLP	30 275 283	

SUM	170 740 573	
------------	-------------	--

Volda kommune eig 100 % av aksjane i Volda Utvikling AS

Volda kommune eig 100 % av aksjane i Globalskolen AS

Note 6 Utlån (finansielle anleggsmidler)

Utlånt til	Utestående 31.12.2022	Utestående 01.01.2022	Tap på hovudstol	Tap påløpte renter mv.	Samla tap
Utlån finansiert med innlån					
Bustadsosiale formål (startlån)	75 387 327	74 748 797	0	0	0
Sum lånefinansierte utlån	75 387 327	74 748 797	0	0	0
Utlån finansiert med egne midlar					
Sosiallån	115 928	73 440	0	0	0
Hornindal skisenter rentefritt lån	52 500	105 000	0	0	0
Forskotering spelemlar VTI Fotball	617 000	617 000	0	0	0
Forskotering spelemlar Volda Rideklubb	5 417 701	5 417 701	0	0	0
Forskotering spelemlar Hornindal Skisenter	1 334 000	1 334 000	0	0	0
Sum eigenfinansierte utlån	7 537 129	7 547 141	0	0	0
Sum	82 924 456	82 295 938	0	0	0

Note 7 Markedsbaserte finansielle omløpsmidlar

AKTIVAKLASSE	Markedsverdi 1.1.	Kjøp/sal/flytting	Resultatført verdiendring	Markedsverdi 31.12
Rentepapirer	52 831 744	70 000 000	2 225 829	125 057 573
Aksjefond	18 823 728		-3 745 834	15 077 894
Egenkapitalbevis	802 672	-	61 744	802 672
Sertifikater				-
Obligasjoner	54 558 952		-432 792	54 126 160
SUM	127 017 096	70 000 000	-1 891 053	195 064 299

Finansielle omløpsmidlar, portefølje fordelt på forvaltar

Odin	IB 01.01.2022	UB 31.12.2022	Kjøp/sal/flytting	Avkastning 2022
Odin Norge A	3 046 134	2 852 984		-193 150
Odin Global A	11 304 569	9 251 962		-2 052 607
Odin Norden A	2 335 288	1 843 170		-492 118
Odin Eigedom A	2 137 737	1 129 778		-1 007 959
Sum aksjefond	18 823 728	15 077 894		-3 745 884
Odin Europeisk Obligasjon A	27 239 420	26 654 820		-584 600
Odin Norsk Obligasjon A	27 319 532	27 471 340		151 808
Sum obligasjonar	24 558 952	54 126 160		-432 792
Odin Likviditet A	52 831 744	125 057 573	70 000 000	2 225 829

Sum renter	52 831 744	125 057 573	70 000 000	2 225 829
Sum portefølje Odin	126 214 424	194 261 627	70 000 000	-1 952 797
Samla gevinst				2 377 637
Samla tap				-4 330 434
Avkastning 2021				-1 952 797

Samla tap på porteføljen i 2022 er kr 1 952 797.

Note 8 Sikring av finansielle eigendelar og forpliktelsar

Volda kommune har ingen sikringar pr 31.12.2022.

Note 9 Langsiktig gjeld

Låneporteføljen til Volda er fordelt mellom Husbanklån, ordinære lån med både fast og p.t rente, sertifikatlån og obligasjonslån:

Eksterne lån	Bokført verdi 01.01.22	Endring i året	Bokført verdi 31.12.22
Obligasjonslån	595 315 196	5 000 000	600 315 196
Sertifikatlån	391 210 295	-167 518 918	223 691 380
Andre lån	557 181 220	331 418 918	888 600 138
Husbanklån	87 810 326	15 385 480	103 195 806
Lånegjeld Volda	1 631 517 040	184 285 480	1 815 802 520

Nøkkeltal i låneporteføljen

Lån med forfall i 2023	599 006 576
Herav lån som må refinansierast	599 006 576
Langsiktig gjeld med fast rente	357 181 220
Langsiktig gjeld med flytande rente	1 458 621 300
Rentebindingstid	1,25 år
Vekta gjennomsnittsrente	2,82 %
Kapitalbinding	5,36 år

Rentebindingstid:

Porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Talet viser tida renta på sertifikat, lån og obligasjonar er fast. Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege renteinnbetalingar har ei rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

Kapitalbinding:

Porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Talet viser tida det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Til høgare tal, til mindre er Refinansieringsrisikoen i porteføljen.

Rentebytteavtale (rente-SWAP)

Ein rentebytteavtale er ei avtale om å bytte vilkår på lån eller innskot. Den eine parten byter flytande mot fast rente, og den andre parten byter fast rente mot flytande rente.

Rentebytteavtalen er uavhengig av dei underliggande låna.

Volda kommune har ingen aktive rentebytteavtale (renteswapp) pr 31.12.2022.

Avdrag formidlingslån

Årsmelding 2022

Avdrag formidlingslån (Husbank)	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Avdrag på innlån ordinære avdrag	4 438 083	4 649 311
Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	3 565 821	4 858 167
Betalt avdrag og avsetning til fond for nedbetaling	8 003 904	9 507 478
Avdrag på utlån ordinære avdrag	-2 828 619	-2 975 602
Avdrag på utlån ekstrarodinære avdrag	-5 351 732	-6 531 876
Mottatt avdrag på utlån	-8 180 351	-9 507 478
Avvik		-
Fond nedbetaling Husbanken	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Inngående balanse per 01.01	-14 690 804	-9 832 637
Ekstraordinært avdrag (nedbetaling lån)		-
Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	-3 565 821	-4 858 167
Utgående balanse 31.12.	-18 256 625	-14 690 804

Bokføring av avdraga for formidlingslån frå Husbanken, både innlån og utlån, ordinært og ekstraordinært skjer i investeringsrekneskapen. Fondsavsetjing nedbetaling Husbanken skal brukast til ekstraordinært avdrag på innlån.

Langsiktige bindingar utover langsiktig gjeld

Leigeavtalar for hus (husleigeavtalar)

I 2022 hadde Volda kommune kr. 9 471 054 i leigeutgifter der kommunen er leietakar.

Kr 1 220 052 av betalt husleige gjeld leigde lokale for det interkommunale barnevernet.

Leigeavtalar for grunn (festeavgift)

Volda kommune betalte kr 865 721 i grunnleige (festavgift) i 2022 basert på 31 ulike avtalar.

Finansiell leasing

Leasingavtalar som vert definerte som finansielle, skal først i investeringsrekneskapen under føresetnad av at dei har ein totalverdi på kr 100 000 eller meir. Volda kommune har ikkje hatt finansielle leasingavtalar i 2022.

Operasjonell leasing

Leasingavtalar som ikkje vert definerte som finansielle, er operasjonelle og skal først i driftsrekneskapen.

Volda kommune har registrert 75 leasingsavtalar med restverdi pr. 31.12.2022. Av desse gjeld 33 avtalar leasing av bilar, 37 gjeld leasing av kopimaskinar, 4 gjeld leasing av kaffimaskinar og 1 leasing av vatnkjølar.

Note 10 Minimumsavdrag

Etter berekningar skal Volda kommune **fysisk** betale kr 58 588 433 i minusmavdrag i år 2022. Dette er kostnadsført i rekneskapen, men det som er betalt inn i avdrag er 55 556 907 kr kroner, dvs omlag 3 mill kr mindre enn det berekningane viser. Differansen er bokført som ei fordring og må betalast inn i år 2023.

Minimumsavdraget vert rekna ut etter ei vekting av bokført verdi av anleggsmidlar, lånegjeld og avskrivningar i året:

Minimumsavdrag	Beløp
Berekna minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd	58 588 433
Korrigerings for mottatte avdrag vidareutlån til avdrag andre lån	
Betalte avdrag	55 556 907
Differanse mellom berekna, korrigererte og betalte avdrag	3 031 527
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 01.01.22	1 843 146 544
Bokført verdi lånegjeld	1 543 706 714

Årsmelding 2022

01.01.22	
- Herav unytta	0
- Herav lån til vidare utlån	0
Avskrivninger 2021	69 953 099

Note 11 Pensjon

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik	Beløp
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	60 617 962
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	35 420 727
- Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-39 893 480
Administrasjonskostnader	2 887 173
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	56 145 208
Årets pensjonspremie	72 641 354
Årets premieavvik	22 216 175
Amortisering:	
Amortisert premieavvik	13 608 973
Akkumulert premieavvik	76 868 707

Premiefond	Beløp
Innestående på premiefond 01.01.	61 301 406
Tilført premiefondet i løpet av året	21 313 000
Bruk av premiefondet i løpet av året	23 782 284
Innestående på premiefond 31.12.	58 832 122

Årsmelding 2022

Volda kommune hadde i 2022 eit samla positivt premieavvik på 22 216 175 kr.

Amortisering av tidlegare års premieavvik er rekneskapsført med ein kostnad på 13 608 973 kr. Samla sett påverkar dette rekneskapen til Volda kommune med ei inntekt på 8,6 mill kr.

Volda kommune brukte i 2022 kr. 23 782 284 av premiefondet.

Pr 31.12.2022 er det kr. 58 832 122 på premiefondet.

Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser	Beløp	Arbeidsgjevaravgift
Brutto påløpte pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	1 204 912 122	169 892 609
Pensjonsmidler pr. 31.12.	1 206 702 967	170 145 118
Netto pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	-1 790 845	-252 509

Beregningsforutsetninger	KLP	SPK
Forventet avkastning pensjonsmidler	3,5 %	3,0 %
Diskonteringsrente	3,0 %	3,0 %
Forventet årlig lønnsvekst	1,98 %	2,0 %
Forventet årlig G (2,48%- og pensjonsregulering (1,71%))	1,98 %	2,0 %

Note 12 Kommunen sitt garantiansvar

Garanti gitt overfor	Type garanti	Opprinneleg garantiansvar/lån	Beløp 31.12.2022	Beløp 31.12.2021	Garantien sin utløpstidspunkt
Hornindal Idrettslag	Simpel	1 958 252	0	75 687	15.09.2022
Bratt sykkelklubb	Simpel	1 200 000	1 200 000	802 000	12.05.2030
Volda skisenter AS	Sjølvskyldnar	1 615 000	1 486 708	1 567 249	10.10.2036
Volda skisenter AS	Sjølvskyldnar	3 795 000	3 168 496		15.07.2035
Volda Rideklubb	Sjølvskyldnar	6 000 000	2 361 350	2 253 580	24.02.2048
Volda Rideklubb	Sjølvskyldnar	1 597 441	1 511 850	1 568 910	03.05.2049
Volda Campus Sparebank 1 Arena	Sjølvskyldnar	50 000 000	47 945 210	49 315 070	07.12.2057
Volda Campus Sparebank 1 Arena	Sjølvskyldnar	5 000 000	4 887 105	5 000 000	09.12.2058
Volda Campus Sparebank 1 Arena	Sjølvskyldnar	90 000 000	38 214 851	0	25.02.2058
Volda småbåtlag	Simpel	1 000 000	522 395	593 281	11.04.2029
Mork Grendahuslag	Simpel	421 342	212 343	240 000	27.02.2029
Øyra barnehage	Simpel	15 800 000	7 636 239	8 338 467	07.11.2033
Volda Turn og	Sjølvskyldnar	3 270 000	629 314	744 958	15.05.2027

Årsmelding 2022

Idrettslag Allid					
Volda Turn og Idrettslag Allid	Sjølvskyldnar	2 000 000	267 460	300 000	13.11.2023
Volda Turn og Idrettslag Fotball	Simpel	7 031 246	5 813 759	6 066 251	15.12.2038
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	6 364 583	0	135 431	15.06.2022
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	2 025 000	0	101 250	27.03.2022
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	4 500 000	0	140 625	25.04.2022
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	3 000 000	650 000	750 000	25.04.2029
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	800 000	180 000	220 000	27.03.2027
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	9 200 000	3 335 000	3 565 000	27.03.2037
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	11 300 000	3 228 550	3 874 270	01.11.2027
Volda og Ørsta Reinhaldsverk	Sjølvskyldnar	60 600 000	25 865 856	27 343 904	30.06.2040
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	1 750 000	1 436 743	1 481 641	02.11.2054
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	600 000	253 442	293 960	19.05.2029
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	2 000 000	1 010 528	1 122 808	19.11.2031
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	1 690 000	1 525 689	1 549 162	02.01.2055
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	2 852 000	2 693 556	2 772 778	15.12.2056
Volda Kyrkjelege Fellesråd	Sjølvskyldnar	8 111 310	6 759 390	6 984 710	21.06.2052
Volda KFUK-KFUM	Simpel	10 500 000	7 682 922	8 195 118	12.12.2037
Hjellbakkane	Simpel	1 000 000	548 464	585 184	01.05.2033

Årsmelding 2022

Barnehage Stiftelse					
Fyrlykta Kulturhus SA	Simpel	300 000	62 067	94 923	11.09.2024
Rotset barnehage	Simpel	6 500 000	5 708 768	5 941 968	02.07.2039
Garantiar for husleigedepositum 57 stk (62 stk)					
Garantiar for husleigedepositum 39 stk (28 stk)					
Sum garantiar/lån ved kausjon		323 781 174	176 798 055	142 018 185	

Volda kommune har ikkje hatt tap på garantiar i 2022.

Note 13 Bundne fond

Bundne fond - formål	Bokført verdi 01.01.	Bevegelse	Bokført verdi 31.12.
Bundne driftsfond	34 059 890	-1 157 573	32 902 315
Selvkostfond	10 631 847	574 901	11 206 747
Næringsfond/Kraftfond	10 231 170	-917 143	9 314 028
Gavefond	1 217 655	-41 208	1 176 447
Sum bundne driftsfond	56 140 562	-1 541 023	54 599 537
Bundne investeringsfond	22 828 999	3 565 820	26 394 819
Sum bundne investeringsfond	22 828 999	3 565 820	26 394 819

Note 14 Resultat for gebyrfinansierte kommunale sjølvkosttenester

Årsmelding 2022

Sjølvcostkalkylen for 2022 er utarbeidd i samarbeid med EnviDan Momentum AS som har meir enn 15 års erfaring med sjølvcostproblematikk og brei erfaring rundt alle problemstillingar knytt til sjølvcost.

Samlet etterkalkyle 2022

Etterkalkylene for 2022 er basert på regnskap datert 22. februar 2023.

Etterkalkyle selvcost 2022	Vann	Avløp	Feiling		Totalt
Direkte driftsutgifter	11 738 384	8 379 616	2 362 484		22 480 484
Avskrivningskostnad	5 230 808	4 314 200	140 808		9 685 815
Kalkulatorisk rente (3,54 %)	4 318 909	2 917 978	39 217		7 276 104
Indirekte driftsutgifter (netto)	349 388	291 232	55 111		695 731
Indirekte avskrivningskostnad	927	664	186		1 778
Indirekte kalkulatorisk rente	413	296	83		792
Driftskostnader	21 638 829	15 903 986	2 597 890		40 140 705
- Øvrige driftsinntekter	-104 091	-731	-55 366		-160 188
Samlet selvcost (Gebyrgrunnlag)	21 534 738	15 903 255	2 542 524		39 980 517
Gebyrinntekter	22 043 298	15 282 864	2 496 598		39 822 760
Selvcostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	508 560	-620 391	-45 926		-157 757
Finansiell dekningsgrad i %	102 %	96 %	98 %		100 %
Selvcostfond 01.01	5 215 818	3 327 016	1 695 712		10 238 546
-/+ Bruk av/avsetning til selvcostfond	508 560	-620 391	-45 926		-157 757
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvcostfond	193 427	106 677	59 150		359 255
Selvcostfond 31.12	5 917 806	2 813 302	1 708 936		10 440 044

Sjølvcostmodellen Momentum Sjølvcost Kommune blir brukt av fleire enn 280 norske kommunar.

Det er avvik mellom beløp på sjølvcostfond frå Momentum og i Visma.

Årsmelding 2022

2022	Vatn	Avløp	Feiing			
Visma	-541 200	-205 211	-76 197	Avsetning til fond		
Momentum	508 560	-620 391	-45 926	Pluss=Avsetning til fond/Minus=Bruk av fond		
Diff	-32 640	-825 602	-122 123			

Mesteparten av avviket på avløp skyldes at avskrivningskostnaden i driftsregnskapet er nesten kr. 900 000 lavere enn i selvkostregnskapet.

Mesteparten av avviket på feiing skyldes at Volda kommune ikkje har avskrivningskostnader i driftsregnskapet, mens Momentum i selvkostmodellen avskriver noken feiebilal.

Note 15 Sal av aksjar

Volda kommune har ikkje solgt aksjar i 2022.

Note 16 Ytingar til leiande personar

Lønsopplysningane for ordførar, varaordførar og rådmann er pr 31.12. i rekneskapsåret. Løna til ordførar og varaordførar er knytt til Stortingsrepresentantane si årlege godtgjersle. For nye Volda kommune er det vedteke at varaordførar skal ha 40% stilling, tidlegare utgjorde dette ei 10 % stilling.

	Brutto lønn	Fast godtgjersle	Bonus	Eventuelt annen tilleggsgodtgjersle
Kommunedirektør	1 349 700			
Ordførar		1 054 318		
Varaordførar (40%)		421 727		

Lønsopplysningane for ordførar, varaordførar og rådmann er pr 31.12. i rekneskapsåret. Løna til ordførar og varaordførar er knytt til Stortingsrepresentantane si årlege godtgjersle.

	2022	2021	2020	2019	2018
Godtgjersle ordførar					
(100% still, 50% lønn)	1 054 318	988 000	988 000	484 049	453 400

Årsmelding 2022

Godtgjersle varaordførar (40%)	421 727	395 200	395 200	296 715	272 000
Løn kommunedirektør (100%)	1 349 700	1 304 700	1 264 200	1 258 900	1 218 900

Tal frå 20178- 2019 gjeld berre for gamle Volda

Årsverk

Sektor	Ansatte årsverk	Antall	Kvinner	Menn
Administrasjonsstab	10,8	12	9	3
Personalavdeling	9,05	13	11	2
Økonomiavdeling	5,1	6	5	1
Oppvekst	404,6	465	381	84
Helse og omsorg	328,3	470	382	88
Politisk verksemd	1,4	2	1	1
Samfunnsutvikling	92,91	150	45	105
Volda kommune	850,76	1116	833	283

Stillingstørrelsegruppe	Antall	Kvinner %	Menn %	Antall kvinner	Antall menn
0-24 %	123	45 %	55 %	55	68
25-49 %	59	78 %	22 %	46	13
50-74 %	171	84 %	16 %	143	28
75-99 %	226	90 %	10 %	203	23
100 %	521	72 %	28 %	374	147

Det e 1116 tilsette i Volda kommune pr. 31.12.2022. Rapporten som viser stillingsstørrelse tar ikkje med personar som leverer timelister.

Note 17 Godtgjersle til revisor

	Godtgjersle
Rekneskapsrevisjon	456 389
Rådgjevning	8 320
Sum	464 709

I honorar til revisjon inngår både rekneskapsrevisjon inkludert forenkla etterlevelseskontroll, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, attestasjon og uttalelesar frå revisor.

Note 27 Usikre, betinga eigendeler og hendingar etter balansedagen

Volda kommune har ikkje bokført nokre usikre pliktar pr. 31.12.2022.

I 2021 nemde vi at det var ein uløyst sak om grensejustering ved overtaking av Bjørke frå Ørsta kommune. Volda hadde på det tidspunkt anka dommen.

Kommunane kom til einighet i saken i 2023. Volda kommune skal betale Ørsta kommune ein prosentvis andel av inntekter i åra 2020-2031. Det er bokført inn ei kostnad på kr 8,5 mill i 2022, som gjeld for åra 2020-2022, og så vil kostnaden trappast ned dei neste åra fram til 2031.

Note 28 Skatteutgifter

Volda kommune har ingen skatteutgifter for inntekter knytt til avfallshåndtering i 2022.

Note 29 Vesentlege postar